71. Gunnar Ellertson Stølen (51 a.) fødd 3/10 1880, død 9/1 1911. Gift 1904 med Ingeborg Guria Kristiansdtr. (Skrettingland i Varh. 21 i.) fødd 25/9 1867, død 1954. Budde på Stølen bnr. 1. Barn:

- a. Eilert, f. 15/9 1905, død 1921.
- b. Kristian, f. 13/2 1907, død 1909.
- c. Anna Augusta, f. 12/12 1909, død 1910.
- d. Gunnar Gerhard, f. 15/3 1911, g. m. Anne Helene Hafsøl. Budde i Bergen.

72. Hans Mathias Sivertson Kindervåg (54 b.) fødd 7/6 1880, død 18/3 1961. Gift 1904 med Guri Svanes, fødd i Eigersund 28/4 1880, død 14/9 1943, dotter til Karen og Pitter Svanes. Budde på Kindervåg. Barn:

- a. Sigurd, f. 28/8 1905 (89).
- b. Sibilla Margrete, f. 3/1 1907. Reist til Amerika.
- c. Katharina, f. 30/6 1909, g. m. Alf J. Sirevåg (Sirevåg 200).
- d. Karen Perthea, f. 20/5 1911, g. m. Karl Matisen. Bur på Hvaler.
- e. Petter, f. 20/1 1913 (Sirevåg 188).
- f. Håkon, f. 9/11 1915 (90).

73. Laurits Kristian Hansson Kindervåg (39 e.) fødd 29/7 1879. Gift 1903 med Johanna Lovisa Svendsdtr. Hundemyr (Vatnemot 60 d.) fødd 17/8 1880. Dei flytta bort kring 1905, truleg til Time. Barn:

- a. Anna, f. 24/1 1904.
- b. Berta, f. 3/4 1905, g. m. Donchard Bore Klepp.

74. Andreas Rasmusson Haver (43 f.) fødd 13/12 1881, død 5/6 1956. Gift 1916 med Marta Gurie Vasvig, fødd 9/8 1883, død 15/6 1961. Dotter til Ludvig og Sigrid Vasvig. Han budde på bnr. 5. Barn:

- a. Klara Elisa, f. 31/4 1917, g. m. Jørgen Egeland (84).
- b. Ragnvald, f. 27/9 1918, død 31/12 1951.
- c. Laurits, f. 13/10 1920 (104).

76. Ole Tobias Olson Hagen (Sirevåg 117 e.) fødd 9/6 1877, død 15/7 1946. Gift 1907 med Elen Olsdotter Sleveland, syster til kona til Daniel Tranberg på Vatnemot, død 6/10 1946. Dei hadde ikkje barn.

77. Laurits Sivertson (49 d.) fødd 7/5 1889. Gift 1910 med Bergine Torgersen, fødd i Stavanger 13/4 1882, død 1968, dotter til Elisabet og Tobias Torgersen. Han bur på Småmyren. Barn:

- a. Sigurd, f. 1/6 1910 (Sirevåg 176).
- b. Johanna Teoline, f. 24/8 1912, g. m. Nordahl Sørskog (S-Hetland 12).
- c. Elbjørg, f. 12/3 1914, g. m. Osmund Torp. Bur i Stavanger.
- d. Lilly, f. 5/12 1924, g. m. Willy Kvalbein (Kvalbein 37).

78. Sivert Haver (67 f.) fødd 28/3 1914. Gift med Tordis Øygarden, fødd i Stokken 22/1 1916. Foreldre Gundine og Tellef Øygarden. Bur på bnr. 15 av Havraskaret.

79. Johan Karlson Østun fødd i Sogn 28/9 1914. Gift med Elisabet Kleven (Sirevåg 153 b.). Han var jernvegsarb. og budde på Leiversdalen av Haver bnr. 13. Dei flytta til Egersund i 1956. Barn:

- a. Aud Kjellaug, f. 10/8 1942.
- b. Harald Sigbjørn, f. 22/3 1945.
- c. Evy Jorunn, f. 14/9 1948.
- d. Sigrun Helen, f. 6/6 1953.

80. Trygve Tollefsen (Sirevåg 165 c.) fødd 31/12 1916. Gift med Marie Andersen, fødd i Ølen 9/4 1916. Foreldre Birgit og Martin Andersen. Han bur på bnr. 3 av Nygård etter nr. 65. Barn:

- a. Berit Irene, f. 7/9 1944. Bur på Vigrestad.
- b. Torunn Marie, f. 15/12 1947, g. m. Gunnar Evensen. Bur i Kristiansand.
- c. Agnes, f. 7/2 1953, g. m. Torjus Frøvik. Bur på Madla.

81. Tolleiv Mathias Tolleivson (58 a.) fødd 8/12 1887, død 2/3 1952. Gift 1910 med Marta Maria Sivertsdotter (54 d.) fødd 26/4 1885, død 19/10 1942. Budde på Nygård og var fiskar og småbrukar. Barn:

- a. Tarald, f. 22/9 1911 (94).
- b. Sverre, f. 21/7 1914 (95).
- c. Karen, f. 28/11 1916.

- d. Sigrid, f. 23/5 1920, g. m. Ingvard Nøddland. Bur i Eigersund.
- e. Tordis Marie, f. 3/1 1924, g. m. Einar Bø. Bur på Randaberg.

82. Laurits Mathiasson Nygård (62 b.) fødd 4/9 1896, død 19/8 1970. Gift 1918 med Elen Kirstine Svendsdotter (Herikstad i Varh. 71 a.) fødd 30/8 1895, død 15/2 1961. Dei budde på bnr. 6. Barn:

- a. Magne, f. 10/9 1921 (Sirevåg 199).
- b. Sverre, f. 13/9 1923 (99).
- c. Klara, f. 4/8 1927, g. m. Johannes Undheim. Bur på Undheim.
- d. Margit, f. 9/3 1931, g. m. Børge Merland Hommersåk.
- e. Liv, f. 19/5 1932, g. m. John Johansen (Sirevåg 190).
- f. Thomas, f. 28/10 1934 (96).
- g. Kjellaug, f. 31/8 1936, g. m. Johan Orø Vevang på Møre.
- h. Anny Eline, f. 13/8 1941, g. m. Lenh Audun Stokkeland (Stokkeland 63).

83. Andreas Ellertson Stølen (51 f.) fødd 1/4 1890, død 2/5 1972. Gift 1919 med Josefine Pallesdotter (56 a.) fødd 10/4 1892, død 23/3 1973. Han budde på Stølen bnr. 1. Barn:

- a. Eilert, f. 3/2 1921 (114).
- b. Paul, f. 2/2 1922, g. m. Kirsti Reiestad. Bur på Varhaug.
- c. Arne, f. 10/3 1923 (98).
- d. Astrid, f. 1/12 1924, g. m. Paul Gismarvik. Bur i Kopervik.
- e. Johanna, f. 25/6 1926, g. m. Magne Lintjörn (Ogna 110).
- f. Ferdinand, f. 17/5 1928, g. m. Ester Bertelsen. Bur på Hommersåk.
- g. Amund, f. 4/1 1930.
- h. Gunvor, f. 19/10 1931.
- i. Albert, f. 3/4 1936.

84. Jørgen Egeland, fødd 27/7 1912 i Kvinnherad i Hardanger av foreldre Marta og Johannes Egeland. Gift med Klara Elisa (74 a.) fødd 31/3 1917. Han har bnr. 5 frå 1962. Barn:

- a. Marit, f. 24/12 1954.
- b. Arne Johannes, f. 14/12 1956.
- c. Reidar, f. 4/6 1958.

85. Mathias Mathiasson Sirevåg (Sirevåg 148 a.) fødd 12/11 1898, død 30/4 1928. Gift med Gurina Bjånes, fødd i Sokndal. Etter Mathias var død, flytta ho heim til Sokndal med barna. Barn:

- a. Milfred, f. 28/5 1923, g. m. Sofie Bu.
- b. Sverre, f. 20/11 1927, g. m. Astri Mydland.

c. Gunda, f. 15/4 1925, g. m. Aksel Ørsland.

86. Anders Palleson Haver (57 b.) fødd 31/8 1894, død 6/1 1962. Gift med Anna Andersdotter (Sirevåg 140B d.) fødd 2/12 1891. Han budde på bnr. 4. Barn:

- a. Peder, f. 5/5 1922 (Sirevåg 196).
- b. Arthur, f. 12/7 1923 (Sirevåg 195).
- c. Audun, f. 21/8 1924 (Sirevåg 194).
- d. Ingeborg, f. 21/5 1927, g. m. Aksel Refsland (101).
- e. Arnold, f. 14/1 1929 (105).
- d. Magnus, f. 5/2 1931 (115).

87. Tønnes Elias Tolleivson Nygård (58 e.) fødd 1/3 1898. Gift med Benedikte Toks, fødd 1/7 1897 i Sokndal. Foreldre Bernt og Serina Toks. Tønnes er fiskar på bnr. 9. Barn:

- a. Karna, f. 7/10 1933, g. m. Torger Hetland. Bur på Sviland.
- b. Torleif, f. 18/8 1935 (112).

88. Johannes Johannesson Hagen (61 b.) fødd 23/10 1901. Gift med Ingeborg Melhus, fødd i Eigersund 23/2 1898. Foreldre Ingeborg og Jakob Melhus. Han er fiskar og bur på Hagen bnr. 6.

89. Sigurd Hansson Kindervåg (72 a.) fødd 28/8 1906. Gift med Anna Kristofa Viste, fødd i Randaberg 1/9 1905. Han er fiskar og småbrukar på bnr. 1 av Kindervåg. Barn:

- a. Hans Gunleif, f. 8/10 1945, g. m. Reidun Skår. Bur på Kongsberg.

90. Håkon Hansson Kindervåg (72 f.) fødd 9/11 1915. Gift med Bjørg Skandsen (Sirevåg 161 c.) fødd 6/9 1920. Han er fiskar og bur på Solheim bnr. 4. Barn:

- a. Harald Georg, f. 29/1 1944 (Sirevåg 216).
- b. Gunvor, f. 13/8 1948, g. m. Bjørn Sæternes. Bur i Egersund.
- c. Gaute Vigbjørn, f. 28/4 1952, g. m. Dagny Larsen. Bur på Varhaug.
- d. Hilde Brit, f. 11/8 1960.

91. Gerhard Andreas Nygård, fødd 20/3 1904. Fiskar på Vardevik bnr. 7.

92. Sivert Kristian E. Haver (70 a.) fødd 15/8 1906. Gift med Eva Maria Øsebak, fødd i Stavanger 26/4 1915. Foreldre Olava og Rasmus Øsebak. Han er jernvegsarb., og bur på bnr. 3 av Haver. Barn:

- a. Einar Rolf, f. 18/1 1946, g. m. Hjørdis Askeskjær. Bur i Lier.
- b. Sverre Kristian, f. 16/3 1951.

93. Johannes J. Haver (69 g.) fødd 15/7 1915, død 13/5 1968. Gift med Anny Maria Martinsdotter (Vatnemot 80 d.) fødd 5/2 1916. Han var fiskar og småbrukar på bnr. 2. Barn:

- a. Johan, f. 1/6 1945.
- b. Martin, f. 1/6 1945.
- c. Johan Magne, f. 8/12 1948, g. m. Asbjørg Marie Hetleli. Bur på Sandnes.
- d. Kari, f. 21/5 1950, g. m. Sigmund Arnfinn Foldnes. Bur i Trondheim.
- e. Trygve, f. 14/6 1956.
- f. Torunn, f. 29/5 1957.
- g. Aud, f. 27/2 1959.

94. Tarald Nygaard (81 a.) fødd 22/9 1911. Gift med Birgit Berntsen, fødd 7/2 1914 i Sokndal. Dotter til Bendix og Elisabet Berntsen. Han er fiskar på bnr. 4 av Nygård. Barn:

- a. Torbjørn, f. 29/10 1944, g. m. Britt Pedersen. Bur i Tønsberg.
- b. Marit, f. 6/9 1949.

95. Sverre T. Nygård (81 b.) fødd 21/7 1914. Gift med Jenny Holmane (Vatnamot 82 c.) fødd 10/7 1917. Han er fiskar på bnr. 11. Barn:

- a. Tor Milfred, f. 29/7 1943 (111).
- b. Tone Laila, f. 4/3 1947, g. m. Einar Hemnes. Bur på Veia i Karmøy.
- c. Arnfinn, f. 13/6 1949 (113).

96. Tomas L. Nygård (82 f.) fødd 28/10 1934. Gift med Signy Kjellaug Helland, fødd i Time 1/2 1940 av foreldre Karen og Sven Helland. Han er fiskar og bur på Nygård der han bygde seg hus i 1960. Barn:

- a. Lars Kåre, f. 2/10 1961.
- b. Svein Kjetil, f. 27/4 1964.
- c. Kjell Torfinn, f. 29/8 1965.
- d. Roy Steinar, f. 19/6 1971.

97. Erling P. Sirevåg, fødd 19/2 1913. Foreldre Elen Gurina og Per P. Vikeså. (Sjå Haver 47 d.) Gift med Margit Julie Jaarvik (Ogna 94 b.) fødd 26/10 1922. Dei bur på bnr. 90 Havreskaret som Erling overtok i 1945 etter moster si, Grete Malene, som oppfostra han etter mora var død. Barn:

- a. Leif Paul, f. 17/6 1949.
- b. Einar Johan, f. 7/5 1954.

98. Arne Stølen (83 c.) fødd 10/3 1923. Gift med Ellen Heggøy, fødd 17/9 1916 på Stord. Foreldre Birgitte og Mons Heggøy. Han er fiskar og bur på bnr. 2 av Stølen. Barn:

- a. Annemor, f. 10/2 1952, g. m. Odd Stokkeland. Bur på Varhaug.

- b. Borghild, f. 19/2 1955.
 c. Jorunn, f. 3/7 1957.
 Ellen si dotter i første gifte med Nils Tranøy:
 d. Ellinor, f. 10/2 1943, g. m. Harald K. Kverme (Kverme 34).

99. Sverre L. Nygård (82 b.) fødd 13/9 1923, død 13/9 1973. Gift med Erna Aniksdal (Aniksdal i Varh. 68 e.) fødd 5/9 1924, død 20/3 1956. Gift 2) med Gunvor Årestad, fødd 2/9 1918 i Time. Foreldre Torger og Greta Årestad. Han var fiskar på bnr. 16 av Nygård. 4 barn i første og 2 i andre gifte:

- a. Else Karin, f. 1/3 1949.
 b. Laurits, f. 14/6 1950.
 c. Elfrid, f. 1953.
 d. Jostein, f. 19/8 1954.
 e. Gerd Sonja, f. 25/7 1959.
 f. Gerd Turid, f. 14/7 1964.

100. Trygve Tollefson Ege, fødd i Eigersund 6/11 1905. Gift med Anna J.Haver (69 c.) fødd 1/7 1908. Han er fiskar og busette seg på Slettheim av Nygård i 1935. Barn:

- a. Agnes, f. 14/11 1929, g. m. Abraham Friestad (116).
 b. Karlyn, f. 14/9 1934, g. m. Torbjørn Rafos. Bur på Mariero.

101. Aksel Refsland, fødd i Øyslebø 24/5 1924. Foreldre Bernt og Anna Refsland. Gift med Ingeborg Haver (Haver 86 d.) fødd 21/5 1927, død 16/11 1973. Han er murar og bur på Haver. Barn:

- a. Agnes, f. 15/5 1948, g. m. Tron Rolfsen. Bur i Trondheim.
 b. Marit, f. 10/6 1951, g. m. Magnor Rosseland (118).
 c. Bjørg Lillian, f. 15/4 1958.

102. Sigmund Bratt Skandsen (Sirevåg 161 a.) fødd 30/7 1916. Gift med Sigfrid Matea Karlsen, fødd i Eigersund 5/7 1916. Foreldre Elen og Johan Karlsen. Han er fiskar og busette seg på Hagen bnr. 7 i 1946. Barn:

- a. Leif Georg Bratt, f. 28/4 1942, g. m. Åse Elise Aspelund. Bur i Eigersund.
 b. Vigdis, f. 1/11 1944, g. m. Peder Ødegård. Bur i Strømmen.
 c. Einar Johan, f. 10/11 1948, g. m. Anne Brith Handeland. Bur i Trondheim.
 d. Unni, f. 1/9 1950, g. m. Kjell Østrått. Bur på Sandnes.
 e. Tove Margot, f. 5/4 1958.

103. Georg Olson Haver (67 g.) fødd 21/4

1920. Gift med Karen Immanuelstr. Tårland (Fuglestad 103 a.) fødd 19/3 1927. Han er fiskar på bnr. 2. Barn:

- a. Marit, f. 9/4 1953, g. m. Einar Audun Herredsvela (Herredsvela 60).
 b. Odd, f. 23/1 1957.
 c. Emil, f. 20/10 1959.
 d. Kjell, f. 12/6 1962.
 e. Gaute, f. 24/1 1965.
 f. Kjellaug, f. 11/11 1969.

104. Laurits Andreasson Haver (74 c.) fødd 13/10 1920, død 31/12 1951. Gift med Jofrid Holmane (Holmane 95 a.). Han var fiskar på bnr. 5. Barn:

- a. Aage, f. 5/2 1947 (Holmane 104).
 b. Egil, f. 1/10 1949.
 Jofrid gift 2) med Frode Laursen, bur nå ved Porsgrunn.

105. Arnold A. Haver (86 e.) fødd 14/1 1929. Gift med Reidun Henriksen, fødd i Eigersund 25/3 1936. Foreldre Rakel og Håkon Hellvik. Han er murar. Bur på bnr. 4 som han tok over i 1957. Barn:

- a. Arvid, f. 2/4 1958.
 b. Rannveig, f. 22/3 1961.
 c. Helge, f. 3/2 1964.

106. Audun Brown, fødd i Stavanger 1/8 1925 av foreldre Astrid og Otto Brown. Gift med Bjørg Sirevåg (Sirevåg 191 b.) fødd 1/2 1928. Bur på Leiversdalen bnr. 13 som han kjøpte i 1956. Han er nattvakt på Åna i Nærbø. Barn:

- a. Brit Konstanse, f. 27/5 1949, g. m. Kai Thoresen. Bur i Nittedal.
 b. Astrid Helene, f. 17/6 1953, g. m. Ingar Amdal. Bur i Nittedal.
 c. Marion Pernille, f. 30/4 1958.
 d. Odd Ame, f. 11/2 1961.

107. Gunnar Idsal, fødd i Strand 15/3 1919. Foreldre Marthea og Magnus Idsal. Gift med Berly Irene Sand, fødd i Stavanger 17/4 1926. Dotter til Ellen og Indvald Sand. Han er fabrikkarbeidar, bur på Hagen. Barn:

- a. Berit, f. 13/4 1951, g. m. John Magne Sirevåg (Sirevåg 213).

108. Svein Helleren (Sirevåg 171 a.) fødd 25/3 1938. Gift med Aslaug Haver (Vatnemot 91 d.) fødd 2/10 1940. Han bur på Hagen og er lastebilsjåfør. Barn:

- a. Anne May, f. 31/8 1963.
 b. Trond Roy, f. 30/5 1968.
 c. Ståle, f. 28/10 1969.

109. Einar Tuen (Vatnemot 93 c.) fødd 9/2

1946. Gift med Møyfrid Skretting, fødd 23/4 1952 i Varhaug. Foreldre Elbjørg og Erik E. Skretting (Skretting i Varh. 149 f.). Dei bur på Hagen. Han er mekaniker. Barn:
a. Siri, f. 18/8 1971.

110. Odd Frausing (Holmane 82 d.) fødd 7/1 1948. Gift med Gunn Kari Orre, fødd i Klepp 4/4 1950 av foreldre Ingebjørg og Godtfred Orre. Han er sjåfør og bur på Hagen. Barn:
a. Anne Gro, f. 26/1 1969.
b. Eva, f. 6/1 1971.

111. Tor Milfred Nygård (95 a.) fødd 29/7 1943. Gift med Paula Karin Salte, fødd 28/6 1952. Foreldre Petra og Berge Salte, Sola. (Sjå Sirevåg 153 d.) Dei bur på Hagen, og han er fiskar. Barn:
a. Synnøve Karin, f. 10/4 1972.

112. Torleif Nygård (87 b.) fødd 18/8 1935. Gift med Olga Skjørestad, fødd i Hetland 14/11 1934. Foreldre Lars og Solfrid Skjørestad. Han er fiskar og bygde hus på ein part av faren sitt bruk på Nygård. Barn:
a. Trond, f. 14/9 1970.
b. Sigve, f. 9/4 1972.

113. Arnfinn Nygård (95 c.) fødd 13/6 1949. Gift med Astrid Sølvi Vetteland, fødd i Egersund 6/10 1952. Foreldre Astrid og Asbjørn Vetteland. Dei bur på Nygård, han er fiskar. Barn:
a. Svein Arve, f. 17/4 1972.

114. Eilert Stølen (83 a.) fødd 3/2 1921. Gift med Perny Løseth. Ho er fødd i Jølster

23/6 1928 av foreldre Per og Danhilda Løseth. Han har bygd seg hus på ein part av faren sitt bruk. Barn:
a. Anne Bente, f. 7/1 1963.
b. Edmund, f. 24/11 1968.

115. Magnus Haver (86 d.) fødd 5/2 1931. Gift med Kristen Øvrebø, fødd i Fister 4/9 1937. Foreldre Tore og Eli Øvrebø. Han er murer og bur på bnr. 22 av Haver. Barn:
a. Berit, f. 13/3 1960.
b. Jane, f. 23/7 1963.

116. Abraham Friestad (Friestad 70 c.) fødd 4/4 1925. Gift med Agnes Ege (100 a.) fødd 14/11 1929. Han er fiskar. Barn:
a. Håkon, f. 25/5 1950.
b. Tor Arne, f. 18/12 1956.

117. Sigmund Haver (Sirevåg 195 a.) fødd 29/1 1948. Gift med Solfrid Tønnesen (Sirevåg 217 b.) fødd 25/3 1952. Murer og bur på Stølen. Barn:
a. Sissel, f. 21/5 1968.

118. Magnor Rosseland, fødd i Time 11/3 1946. Foreldre Helga og Kåre Rosseland. Gift med Marit Refsland (101 b.) fødd 10/6 1951. Barn:
a. Kåre, f. 6/4 1971.

119. Halvard Øvrebø, fødd i Fister 11/10 1947. Foreldre Tore og Eli Øvrebø. Gift med Reidun Grøssfjell, fødd i Varhaug 8/3 1953 av Marit og Tron Grøssfjell (sjå Lintjørn 38 d.). Barn:
a. Bente, f. 27/1 1971.
b. Tore, f. 19/11 1972.

G.nr. 91. Sirevåg

Namnet Sirevåg er samansett av våg som tyder våg (fjord) og så eit urgammelt ord Seri i genitiv Sira som tyder sjø. Ein kunde vel då segja at namnet tydst vågen ut med havet. Sirevåg grensar mot sør til Nygård og Haver, mot vest til sjøen, mot nord til Ognå og mot aust til Ognå og Sørskog. Jorda er fjell med myr og sandsletter innimellom. Sirevåg låg under Ognå gard til rundt århundreskifte.

NAMNEREGISTER

1. Morten Seehuusen
2. Tore Pederson
3. Karl Ivarson
4. Sivert Ivarson
5. Peder Tormodson
6. Ola Ivarson
7. Ola Ellingson Skottevåg
8. Gunnar Sirevåg
9. Sjur Asbjørnson
10. Hans Mikkelson
11. Torkel i Skottevåg
12. Søren Sand Sirevåg
13. Erik Toreson Sirevåg
14. Tolleiv Sirevåg
15. Torier Nilsson
16. Torjus Sirevåg
17. Rasmus Sirevåg
18. Ola Tjerandson
19. Torsten Antoniusson
20. Petter Petterson
21. Størkard Erikson
22. Lars Torkelson
23. Torkel Ormson
24. Eivind Andersson
25. Jens Klausson
26. Ola Svenson Sirevåg
27. Morten Olson
28. Mathias Sirevåg
29. Johannes Ellingson
30. Jon Omundson
31. Klaus Jensson
32. Kristen Jensson
33. Halvard Erikson
34. Petter Petterson II
35. Mikkell Kristenson
36. Asser Omundson
37. Torgier Andersson
38. Morten Toreson
39. Elling Tollakson
40. Hans Torgerson
41. Sven Ivarson
42. Torger Kristenson
43. Hans Larsson smed
44. Ola Larsson Sirevåg
45. Jakob Jensson
46. Villum Toreson
47. Lars Asserson
48. Rasmus Ellingson
49. Rasmus Olson Steinen
50. Jørgen Kristenson
51. Jens Kristenson
52. Elling Mathiasson
53. Klaus Klausson
54. Einar Einarson
55. Erik Halvorson
56. Helge Bårdson
57. Anders Jakobson
58. Ivar Larsson Stokkeland
59. Johannes Svenson
60. Lars Ellingson Friestad
61. Nils Ånundson
62. Nils Ådneson
63. Reiar smed
64. Torkel skipper
65. Berta Sirevåg
66. Kristoffer Sirevåg
67. Olaus Sirevåg
68. Andreas Lauvås
69. Marta Larsdr. Sirevåg
70. Lars Olson
71. Sven Svenson Lyseheien
72. Peder Svenson

73. Lars Larsson Øvrebø
74. Sivert Toreson Høiland
75. Mikkel Mikkelson Herredsvela
76. Tore Johannesson Dahl
77. Elling Sigbjørnson
78. Aasa Villumsdtr. Sirevåg
79. Lars Børildson
80. Sven Olson Sirevåg
81. Tønnes Torkelson
82. Torkel Olson Haugland
83. Jon Einarson Kvasheim
84. Gunnar Pederson Ueland
85. Villas Kjetelson
86. Asser Larsson
87. Sivert Mikkelson
88. Sigmund Gunnarson Våge
89. Jon Pederson Kvalbein
90. Ola Ellingson Sandve
91. Marta Isaksdtr.
92. Karen Torkelsdtr.
93. Ola Olson Nygård
94. Rasmus Tjølsen Hårr
95. Sigbjørn Ellingson
96. Hans Jonson Djøseland
97. Ole Johannesson
98. Elling Pederson Kydland
99. Peder Sivertson
100. Ola Johannesson Friestad
101. Ola Johannesson
102. Mons Ellingson Halleland
103. Johannes Toreson Dahl
104. Mathias Olson Vatnemot
105. Erik Erikson Håland
106. Isak Pederson Skansen
107. Omund Larsson Steinen
108. Torkel Tønnesson
109. Kristoffer Olson
110. Salve J. Skorane
111. Johannes Jakobson
112. Daniel Danielson
113. Jens Tønnesson
114. Rasmus Jonson
115. Peder Larsson Haugland
116. Bernt Gunnarson Myklebust
117. Ola Olson Skaret
118. Mathias Olson
119. Sven Villasson
120. Olaus Ole-Johannesson
121. Johannes Olson Lunden
122. Tønnes Torkelson
123. Lars M. Larsson Daatland
124. Johannes Salvesson
125. Daniel Danielson II
126. Nils Isakson Skansen
127. Tønnes Jensson
128. Asser Jensson
129. Lars Hansson Hedlevoll
130. Omund Rasmusson
131. Eilert Bertinius Svenson
132. Abraham Aslakson
133. Kristian Vilhelm Svenson
134. Hans T. T. Våland
135. Jakob A. Johannesson
136. Ola Larsson
137. Ole Johannesson Lunden
138. Johannes Johs. Lunden
139. Mathias M. Steinen
140. Anders Peter Johannesson
141. Salve Nilsson Skansen
142. Sivert K. E. Hellenen
143. Lars Pederson Haugland
144. Lars Elias Jakobson
- 144B. Johan T. Sirevåg
145. Johan G. A. Andersson
146. Kornelius M. Mathiasson
147. Jens Asserson Kleven
148. Mathias Mathiasson Nylund
149. Oskar Omundson Høyland
150. Asser Jensson Kleven
151. Sivert Jensson Kleven
152. Johan Jensson Kleven
153. Hans Marius Kleven
154. Isak Tobias Isakson Nygård
155. Hans Bertinius Hansson
156. Mandius Kr. Mathiasson
157. Andreas M. Mathiasson
158. Kristian Toreson
159. Sivert Johannesson
160. Jakob A. Tollefson Nygård
161. Laurits G. Nilsson Skansen
162. Arnt Mathiasson Nygård
163. Johannes Jakobson
164. Kristoffer Kr. Nygård
165. Kristian Teodor Tolleivson
166. Gunvald Svanes
167. Jens Kleven
168. Sivert Kristian Hellenen
169. Edvin Sirevåg
170. Magnus Hellenen
171. Trygve Hellenen
172. Olav Haver
173. Tollef Mathias Sirevåg
174. Kristian J. Sirevåg
175. John Sirevåg
176. Sigurd Sivertson Haver
177. Peder Edvardson Haver
178. Sem Enokson Ueland
179. Isak Tobiasson Nygård
180. Jakob Johannesson Sirevåg
181. Trygve Tollefson Holmane
182. Martin Edvardson Haver
183. Sverre Sigurd Skoran
184. Jens Hansson Kleven
185. Konrad K. Nygård
186. Toralf Sirevåg
187. Tomas T. Nygård
188. Petter Kindervåg
189. Bjarne J. Sirevåg
190. John Johansen
191. Marselius K. Sirevåg

192. Bjarne Forberg
193. Torleif J. Sirevåg
194. Audun Haver
195. Arthur P. Haver
196. Peder Andersson Haver
197. Sigmund Svanes
198. Olav J. Sirevåg
199. Magne L. Nygård
200. Alf Joakim Sirevåg
201. Oddvin Nygård
202. Kurt Sirevåg
203. Ole Yrke
204. Sigbjørn Sirevåg
205. Guttorm Nygård
206. Oddvar Skandsen
207. Kjell Nygård
208. Sverre Hellenen
209. Tor Kristian Sirevåg
210. Terje Nygård
211. Ragnvald Sivertsen
212. Otto C. Roxmann
213. John Magne Sirevåg
214. Torleif Forberg
215. Olav Hetland
216. Harald Kindervåg
217. Johnny Tønneson
218. Arnold Johannes Sirevåg
219. Sverre Svanes
220. Ingolf Apneseth
221. Bjarne Forberg
222. Leif Nygård
223. Svein Olaf Gundersen
224. Kjell Hellenen
225. Tor Håkon Høiland
226. Jan Egil Haver
227. Hans S. Kleven
228. Arnfinn Høiland
229. Guttorm Tuen
230. Trygve Haarr
231. Mikal Mikalsen
232. Asbjørn Sirevåg
233. Kåre Jan Sirevåg

1. Morten Hansson Seehuusen er nemnd som eigar av eit plass i Sirevåg på Ogne grunn i 1685. Han var kjøpmann og skipsreidar i Stavanger og var komen frå Holstein, fødd 1629. Gift med Elisabet Pedersdotter Godtzen. Han åtte jordegods andre stader også. Den første som er nemnd som brukar av den nemnde plass i Sirevåg er

2. Tore Pederson, nemnd i 1665, 44 år, 82 år i 1701, død før 1710. Gift med Karen Olsdotter, død 1709, 85 år gml. Kven Tore Pederson var, er uvisst. Den 28/9 1685 "fremkom Thore Pedersen, borger til Staffuanger och boende i Sireuog, hans

hustrue, Karen Olsdatter, med en rigens steffning som er forhuerffuit offuer Ougnes opsidere, Christopher, Zigbiøm och Joen, och dennem søgende for it husmandtz-sæde som udj Sireuog er beligende, och hand en thidlang i brug haffr hafft, och nu aff dennem igien thagit, spait och saait, och en anden husmand derpaa indsadt, och samme pladtz aff førige ejer, velb. Henrich Møllers fuldmægtig, Henrich Haar, bøxlet."

Tore Pederson må ha dreve handel med fisk i Stavanger, og den 27/11 1668 er han innkalla for retten på Kvasheim: "at bekiende huor mange lax hand u-løglig af samme fischerj (på Holmen) som schal vere Ko. Ma's. fischerj vedkommende, haffuer sig tilforhandlet." Tore møtte for retten og kravde bevis for at han hadde kjøpt laks ulovleg. I 1699 er Tore atter stemnd for resterande skatt i 3 år ialt 3 rdl. Ved skifte etter kona, Karen Olsdtr. er nemnde 2 barn, ei dotter var død før:

- a. Peder Toreson, f. 1669, var reist til Holland i 1690.
- b. Berit, f. 1664, g. m. Eivind Andresson Sirevåg (24).
- c. Maren, f. 1674, død s. å.

3. Karl Ivarson, nemnd i 1665, død 1667, kring 40 år. Den 19/3 1667 er førd i Tingboka på tingstaden Stavneheim: "Fougen steffnt Siffuer, Carl, Olle Iffuersøn och Olle i Schottemogen formedelst dj sidder paa Ma(jestæts) grund, Stranden udj Zireuog, om dj iche bør aarligen rettighed derfor udgiffue." Meir veit me ikkje om han.

4. Sivert Ivarson, kunne vore bror til nr. 3, og er nemnd saman med han ovanfor. Hen er og nemnd i 1665, 46 år. Han er ikkje nemnd andre stader.

5. Peder Tormodson (Friestad 9 d.) fødd kring 1605, død 1673. Der er ikkje nemnd kona eller barn. Truleg var han barnlaus, ettersom han hadde selt 1 vet korn landskuld i Odland til Laurits Torland, som han hadde arva etter foreldrene sine, og som broren, Håvard Friestad, gjorde krav på å vera rettmessig odelsmann til. Når eg sa han ikkje hadde barn, så er nok ikkje det rett. Der er nemleg døypte, eller rettare døde 2 som må ha vore hans søner:

- a. Torjus Pederson Sirevåg, f. 1638 (16).
- b. Peder, f. 1641, død 1693.

6. Ola Ivarson var det skifte etter 28/2 1683. Han var truleg bror til nr. 3 og 4. Gift 1) med Steinvor Jonsdotter, fødd

kring 1607, død 1675, barnlaus, 2 søstre var: Malena Gramstad og Anna Breevik. Gift 2) med Karen Toresdotter, fødd kring 1624, død 1694, 45 år. Ho er då kalla Karen Toresdotter Skonefjell eller Skorefjell. Ola Ivarson hadde 2 barn i andre gifte:

a. Steinvor.

b. Berit.

Ola Ivarson åtte hus saman med Ola Ellingson Skottervågen.

7. Ola Ellingson Skottervågen, fødd kring 1630, var 70 år i 1701. Gift med Ranveig Hansdotter (Hårr, Varh. 16 b.). Det er ikkje visst om det var han som var kalla Ole i Skottervågen, men det var han som åtte hus saman med Ole Ivarsson. Ola og Ranveig hadde 5 barn som er kjende:

a. Anna, f. 1677, truleg død som barn.

b. Elling Olson, f. 1678, budde på Husebø i Eigersund i 1701.

c. Anna, f. 1681.

d. Berit, f. 1682, kunne vore dotter til nr. 6.

e. Gjertrud, f. 1685.

Ei Anna i Sirevåg fekk son ue. Jakob Jakobson, f. 1713, faren var Jakob Henrikson Åse i Eigersund.

7. Gunnar i Sirevåg, død 1676, 29 år gml. Veit ikkje meir om han.

8. Hans Asbjørnson Sirevåg, var gift 6/1 1682 med Joron Jensdotter Sirevåg. Er ikkje nemnde seinare.

9. Sjur Asbjørnson Sirevåg, gift 7/11 1680 med Åsa Andersdotter. Heller ikkje dei er nemnde seinare.

10. Hans Mikkelson og Guri Ivarsdotter Sirevåg, gift 27/11 1688. Veit ikkje meir om dei.

11. Torkel i Schoteuaagen stemnde Rasmus Stokkeland i 1671 for 7 spand korn som han skulda han for ein hest. I 1674 er like eins Torkel Schotervog for retten saman med fleire for å gjera greie for nokre bord frå eit skipsvrak, som dei skulle ha selt. Noko meir om Torkel har eg ikkje funne. Men det er nemnd ein Torkel Ormson på Sirevog i 1701, men han var truleg for ung til å vera identisk med Torkel i Skottevåg.

12. Søren Sand i Sirevåg hadde to barn til dåpen på Oгна:

a. Rasmus, dpt. 1/4 1666.

b. Jørgen, dpt. 6/3 1667.

13. Erik (Toreson?) i Sirevåg, døde i 1684, 52 år gml. Gift 1) med Ågott som døde i 1676, 49 år. Gift 2) med Anna Halvardsdotter som var enkje i 1701 og budde i Sirevåg. Han hadde 4 barn i første gifte og 2 i andre:

a. Ingeborg, f. 1660, død 1673.

b. Berit, f. 1669.

c. Ingeborg, f. 1673, død 22/9 1673.

d. Tore Erikson Sirevåg, f. 1676.

e. Halvard, f. 1681, tente på Reime i 1701, hjå Hans Omundson.

f. Tore (33), f. 1686, tente hjå Mikkel Larsson Skretting i 1701, g. m. Anna Pettersdtr. (20 a.).

14. Tolleiv i Sirevåg, fødd kring 1635, død 1674. Kona er ukjend, men 2 barn er nemnde:

a. Gjertrud, f. 1671, død 1677.

b. Lars, f. 1673, død 1676.

15. Torgier Nilsson er komen med under Haver (sjå der nr. 5).

16. Torjus Sirevåg var kanskje identisk med **Torjer i Vågen** og **Torjer Moivigen?** Dei er ikkje nemnde andre stader enn i kyrkjebøkene, når dei har hatt barn til dåpen. Der er 5 i rekkjefølgje frå 1665 til 1678, først Torjer i Vågen med eit par tvillingar, så Torjer Moivigen med ein son og så Torjus Sirevåg med to døtre:

a. Mikkel, f. 1665.

b. Malena, f. 1665.

c. Tjerand, f. 1668.

d. Guri Torjusdtr., f. 1674, død same året.

e. Ranveig, f. 1678, g. m. Lars Erikson (Haver 6).

Dessutan har eg ført Ola Torjusson Tvihaug som son til Torjus (Pederson?) Sirevåg, fødd kring 1650 (Tvihaug 13). Men om dette er rett skal vera usagt.

17. Rasmus i Sirevåg, heitte Rasmus Erikson i 1701, fødd kring 1640, var husmann og rorskar i 1701. Kona er ukjend, men 2 barn er nemnde:

a. Erik, f. 1675, død same året.

b. Johanna, f. 1683.

Dessutan er nemnd ein Omund Rasmusson Sirevåg som var for retten i 1707 skulda for å vera barnefar til eit barn til jenta Anna Jørgensdtr. Hetland. Han kunne vore son til Rasmus Erikson. Same året 1707 var Rasmus i Sirevåg for retten for slagsmål med Sigbjørn Oгна, og vart dømd å bøta "trende 6 lod sølf, som sagefalds forpagteren lovmæssig hos hannem udsøge kand inden 15 dage under lovens tvang."

18. Ola Tjerandson Sirevåg. Den 16/2 1684 hadde Mikkel Lintjøm stemnt Ola Tjerandson i Sirevåg for retten "formedelst hand i sommer haffr soldt hannem 2 qvernesteene for 2 Rdr. Dernest Michel Lindtiørn beuiste med Niels Graffdal och Olle Stocheland, at samme quernesteene aldrigen kand gjøre meel." Den 28/2 1685 var Ola Tjerandson atter for retten for å ha "giffuit Michel Lindtiørn it slaug." For det måtte han bøta ein halv Rdr. Seinare høyrer me ikkje meir gjete Ola Tjerandson Sirevåg.

19. Torsten Antoniusson, husmann, fiskar og rorskar i Sirevåg i 1701, 56 år. Han var utan tvil son til Antonius Gunnarson (Husveg, Varh. 11 c.). Kona er ikkje nemnd, men 4 barn:

- a. Peder, f. kring 1677, reist til Holland i 1697.
- b. Torgier, f. 1680, tente hjå preste-enkja på garden Skåra i 1701.
- c. Antonius, f. 1689, tente på Håland i Varhaug i 1701.
- d. Peder d. y., f. 1692, var heime i 1701. Der kunne sjølv sagt vore døtre også, men dei kom ikkje med i mantallet. Ingen barn finst å vera døypte i Oгна, og heller ikkje Torsten er nemnd seinare.

20. Petter Petterson (Lintjørn 4 a.) fødd kring 1651, død 1693. Gift med Serine Andersdotter, som var enkje i Sirevåg i 1701. I 1690 hadde Laurits Hårr, som var g. m. Petter si syster, stemnt Petter for retten for "rede penge = førrethiuffue Rdr. och 10 Rdr. i varer", som han hadde pantebrev for i Petter sitt hus, med krav på kapitalen med rente og omkostninger. Då møtte kona hans Petter, Syrine Andersdtr., og "haffde inted imod oplæste obliagtion och pantebreff at foregiffue, bad om dilation och iche retten".

Petter Petterson og Serine Andersdtr. hadde 4 barn:

- a. Anna, f. 1684, g. m. Tore Erikson Sirevåg (13 f.), g. 2) m. Elling Tollakson (39).
- b. Sissel, f. 1686.
- c. Peder, f. 1687 (Sirevåg 34).
- d. Anders, f. 1692.

21. Størkard Erikson (Kvalbein 12) budde i Sirevåg i 1685, då han hadde ei dotter til dåpen, men budde seinare på Kvalbein. Barn:

- a. Margreta, f. 1685, truleg død ugift før 1721.

22. Lars Torkelson (Oгна 12 a.) fødd 1660,

død truleg før 1701. Gift 1677 med Lisabet Andersdotter. Dei heitte Sirevåg då dei var gifte og då barna var døypte, men er ikkje nemnde der i 1701. 3 barn døypte:

- a. Anders, f. 1681.
- b. Mikkel, f. 1681. Tvillingar.
- c. Maria, f. 1688.

Ei Lisbet i Sirevåg død 1709, 57 år gml.

23. Torkel Ormson Sirevåg, 40 år i 1701, var fisker og rorskarl. Den 10/9 1712 hadde vaktmeistaren sin fullmektig ved Sirevågs Vedde (Vare), Torkel Ormson, stemnt nokre menn for "forsømmelse ved Sirevågs Vedde", Gullik Ege, som hadde styrt ein liten dreng på vakta, Johannes Ege, som hadde styrt eit barn, husmann Erik Ege, Jakob Egren, som hadde styrt ei taus på vakta, Tore Stokkeland, som og hadde styrt eit barn, og fleire. Torkel Ormson var gift med Marta Ingebretsdotter, som døde 20/1 1732, 70 år gml. Torkel døde 9/7 1747, 100 år. 1 son er nemnd:

- a. Ingebret, 2 år i 1701, død før 1727.

24. Eivind Andersson Sirevåg, 48 år i 1701, død 1711. Han var los, og kunne vore son til Anders Rapstad i Helleland og Kari Johannesdtr. som der var skifte etter 26/7 1669, men det er berre ein tanke. Gift 27/12 1686 med Berit Toresdotter (Sirevåg 2 b.) fødd kring 1664. 7 barn er nemnde:

- a. Anders, f. 1686, død 1687.
- b. Anders, f. 1694.
- c. Kari, f. 1691.
- d. Kirsten, f. 1697, g. m. Hans Torgerson (40).
- e. Gunhild, f. 1700.
- d. Tore, f. 1705, død same året.
- e. Lisbet, f. 1706, g. 9/11 1732 m. Asser Osmundson Hetluren (sjå Odland, Varh. 34).

25. Jens Klausson. I Tingboka finn me under 16/11 1694: "Ærlig och velagted mand, Jens Claussøn, skrædder boindes udj Sireuog, haffuer udj Rette steffndt Berete Vatnemoe for nogen u-bequembs ord, som hun schall haffue udført om hannem och hans quinde Zibilla Christensdatter, som iche sømmeligt er." Jens Klausson var fødd kring 1653, død 1696. Det er uvisst kvar han var frå, men sidan han var skreddar, er det muleg han var frå Stavanger. Han vart gift 1/11 1685 med Sibilla Kristensdotter. Ho gift 2) m. Morten Olson Sirevåg (27). Jens og Sibilla Sirevåg sine barn:

- a. Kristen Sirevåg, f. 1686, var i Stavanger hjå farbroren skreddar Markus Klausson i 1701 (32).

- b. Anna, f. kring 1688, g. 1) m. enk. Henrik Godtzen (Hårr 23), g. 2) m. Morten Toreson i Sirevåg (38).
- c. Klaus Sirevåg, f. 1691 (31).
- d. Inger, f. 1694, død s. å.
- e. Jannikken, f. 1695, g. m. Ola Omundson (Reime, Nærbo 15).

26. Ola Svenson Sirevåg, døde i 1700. Gift 1) med ukjend, død før 1699, gift 2) 11/6 1699 med enkja etter nr. 25, Sibilla Kristensdotter. Det var i 3dje giftermål ho vart g. m. Morten Olson. Ola Svenson hadde 2 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Kristian Olson, f. 1695.
- b. Mikkel Olson, f. 1695, tvillingar, var i Stavanger hjå Jens Kipper i 1701. Desse finst ikkje døypte i Ognå, men dei er Sibilla sine stykbarn i 1701 og er då 6 år.
- c. Sven Olson, f. 1700.

27. Morten Olson Sirevåg er ennå ein mystisk person, som eg etter mykje stræv ikkje har kunna finne opphavet til. Den 11/12 1701 vart Morten Olson Lax gift med enkja etter Ola Svenson (26), Sybilla Kristensdotter Sirevåg. Eg tenkte at han kanskje kunne vore frå Laxesvela i Bjerkreim, men det lukkast ikkje å finne prov for det. Den 4/2 1734 er gravlagd i Ognå Morten Olson (civan quemdan Stavanger?) 60 år. Kunne han ha vore identisk med Morten Sirevåg? Av tingbøkene går det fram at han dreiv ein slag handel. Den 23/11 1724 hadde Morten Olson Sirevåg stemnt Mathis Sirevåg for 22 pund røykt kjøtt som Morten hadde levert til Mathis, for at han skulle selje det, og "derfor tage penge". Mathis nekta at han hadde teke imot noko kjøtt. I denne saka er og innblanda Sven Olson og Kristen Olson Sirevåg, som eg meiner er dei som er nemnde under nr. 26 (a. og c.). I 1727 kjøpte Morten Olson Sirevåg 8 spand i Eikeland Aua av Sven Olson for 20 Rdr. og 8 sk. Sibilla Kristensdotter døde i Eigersund i 1743. Dei hadde ei dotter:

- a. Margaretha Mortensdtr. Lax, g. m. Laurits Pederson i Eigersund-strand.

28. Mathias Sirevåg, som er nemnd under nr. 27, kan eg ikkje heller plassera. Ved andre høve enn ovannemnde har eg ikkje funne han nemnd.

29. Johannes Ellingson Friestad (sjå Friestad 19) var komen til Sirevåg i 1712. Natta til 21/3 1713 vart han skåren i magen av Ola Rasmusson Ognå, og døde straks etter. Om den saka sjå meir under Friestad nr. 19.

30. Jon Omundson Sirevåg hørde i grunnen til under Haver, men er gløymd der, og me tek han difor med her. Han var husmann på Sirevåg, Haver grunn, i 1701, 50 år gml., død 1726, 80 år. Han hadde ein dreng, Omund Rasmusson frå Skjærpe i Nærbo. Kona eller barn er ikkje nemnde. Det me ellers veit om han, finn me i tingbøkene:

Den 2/4 1705 hadde futen stemnt for retten i Eigersund Jon Omundson Sirevåg skulda for å ha hatt sexualt samband med jenta Anna Jørgensdtr. Jon nekta, og sa at Anna før hadde skulda Omund Rasmusson for å vera far til barnet hennar. Anna hadde og skulda Asbjørn Haver for å vera faren, og då ho vart spurd kvifor ho skulda snart den eine og snart den andre, sa ho at det var Omund Rasmusson som hadde sagt ho skulle skulda Jon for det, og vedgjekk at ho aldri hadde hatt omgjeenge med Jon. Den Omund Rasmusson som her er nemnd var truleg han som var dreng hjå Jon i 1701.

Seinare vart Jon skulda for "begangne lejemål udj sit ågteskab" med ei tenestegjenta, Anna Stigsdtr. som har tient denne husmand, Jon Omundsøn, i 6 aar".

Jon Omundson var gift 27/12 1685 med Ragnhild Olsdotter (Haver 3 d.). Kanskje ho som døde på Kvasheim i 1741, 85 år.

31. Klaus Jensson (25 c.) fødd 1691, død 2/7 1733, skifte 17/12 det året. Gift med Anna Omundsdotter Tvihaug (Voll, Varh. 16 f.). Anna g. 2) 1738 med Mikkel Kristenson Skretting. Klaus Jensson var kalla husmann, men dreiv nok helst fiske og kanskje litt handel. I 1713 byksla han 1 pund korn landskuld i Voll i Varh. av Hospitalforstander i Stavanger Bertel Mot-tenson Colding som Sven Jonson Tvihaug hadde brukt før, og var heimen til kona hans. I 1720 flytta han til Sirevåg att. Dei hadde visst 7 barn:

- a. Lisbet.
- b. Jens.
- c. Inger, f. 1721, død før 1733.
- d. Klaus Klausson, f. 1724 (53).
- e. Sibilla, f. 1726.
- f. Janikken, f. 1729.
- g. Omund, f. 1732, død s. å.

32. Kristen Jensson (25 a.) fødd 1686. Gift 9/11 1721 med Anne Jørgensdotter. Kristen var kalla husmann. På Tinget i 1731 spurde futen allmuen og lensmannen om dei kunde vitna, at Kristen Jensson er god for å svara sin husmanns-skatt, som var årleg 2 ort. Til det svara dei, at den nemnde Kristen Jensson er "i en meget slet tilstand

geraadend, og desaarsage ej formaar at betale dend anførte huusmandsskat". Kyrkje-bøkene syner ikkje når Kristen og Anna døde, men dei levde begge i 1758, 75 og 76 år gamle. Kristen er då kalla skipper, og i 1760 heiter det at "den forhenværende strandsidder og huusmand, Christen Jensen, udgaar formedelst alderdom, da han tilligemed kone er næsten færdig at betle deres brød, da de nu ei haver mindste handel eller nærings brug, hans ejende fartøjer oplagt og bruges ej hverken af ham eller andre, vil og gieme selge det, om nogen libhabere kunde faaes. Kristen og Anna hadde 9 barn:

- a. Jens Kristenson, f. 1722 (51).
- b. Jørgen, f. 1723 (50).
- c. Sybilla, f. 1725, død 1726.
- d. Sybilla, f. 1727, g. m. Mathias Olson (Vatnemot 16).
- e. Mette Katharina, f. 1730, g. 1753 m. Asbjørn Kristofferson Drivdal.
- f. Henrik, f. 1732, død 1735.
- g. Kristen, f. 1734, død 1735.
- h. Henrikke, f. 1736, død s. å.
- i. Kristense, f. 1736, død 1742.

33. Halvard Erikson (13 c.) fødd 1681, død 1726. Gift med Ingeborg Ingebretsdatter, fødd kring 1680. Ho levde i 1758 og heitte då berre Ingeborg, alder 80 år. Var ho kanskje den Ingeborg Halvardsdr. som døde 2/11 i 1772, enkja og 90 år? Der er nemnde 3 barn:

- a. Tore, f. 10/1 1721, død 15/1 s. å.
- b. Erik Halvardson Sirevåg, f. 1722 (55).
- c. Ingebret, f. 1725.

34. Petter Petterson II (20 c.) fødd 1687, død 18/9 1757. Gift 1) 13/11 1722 med Lisabet Jonsdatter (Ogna 17 e.) fødd 1682, død 1734. Gift 2) 12/6 1735 med Kirsten Ellingsdatter (Hetland 11 d.). Den 28/11 1727 hadde Hans i Sirevåg stemnt Peter Peterson for "ærrerørig skiildsord". Peter vedgjekk at "de ord hand kand have udtalt er skeed af hastmodighed, og veed inted andet med Hans i Sirevåg end det som ærligt, christeligt og sømmeligt kand være". Petter Peterson hadde 5 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Peder Pederson (Nord Hetland 77 og Søre Hetland 3), f. 1723.
- b. Jon, f. 1725.
- c. Magdalena, f. 1728, død 1741 (Madli).
- d. Lisabet, f. 1734, død s. å.
- e. Serina, f. 1731, død 1732.
- f. Lisabet, f. 1736.
- g. Søvrin(e), f. 1741, død 1742 (Serine).
- h. Lisabet, f. 1746.

- i. Elling, f. 1737.
- j. Peder, f. 1743.
- k. Peder, f. 1745, død 9/12 1775.

35. Mikkel Kristenson (Skretting, Varh. 19 a.) fødd kring 1703, død 3/12 1749. Gift 27/5 1738 med enkja etter nr. 31, Anna Omundsdatter, fødd kring 1694, enkje og budde hjå sonen Klaus på Sirevåg i 1758. Mikkel og Anna hadde ikkje barn saman.

36. Asser Osmundson Sirevåg, var kanskje son til Osmund Buarskog. Fødd kring 1706, død 1779. Gift 1) 9/11 1732 med Lisabet Eivindsdatter (Sirevåg 24 e.) fødd kring 1705, død på Heien 6/1 1759. Gift 2) 17/6 1759 med Berta Hansdatter (Vette-land 21 a.) fødd 1724, død på Odland 11/7 1788. Asser budde på Sirevåg i 1742, men var komen til Heien i 1758. Seinare kom han til Hetluren under Odland i Varh. (sjå der 34). Han hadde 2 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Elen, f. 1734, død 1740.
- b. Anders, f. 1739, død 1742.
- c. Lisabet, f. på Heien 1762.

37. Torgier Andersson Sirevåg, er nemnd første gongen i 1724, då han hadde barn til dåpen: Anna, som døde 5/11 same året, 4 veker gml. Mora heitte og Anna og døde 1/9 1726, 39 år. Så må Torger ha gifta seg att med Malena Eriksdatter, som døde 22/10 1741, 65 år gml. Kanskje hadde Torger vore gift først 6/3 1712 og heitte då Torger Andersson Mjølhus og brura Joron Gulliksdr.? Fleire barn finst ikkje i kyrkjebøkene. Men tingbøkene gjev nokre opplysningar om han. I 1725 var Torger Sirevåg stemnd for Retten av Peder Stokkeland for slagsmål. Torger, som då var "forhyret som lotz med et skib østerpaa", møtte ikkje, men Tore Odland og Asser Høiland, som var innstemnde som vitner, møtte, og Tore forklara, at "sidstleden sommer ved Pintzetider kom han med Ole Odland roende med en baad i Sirevaagen, agtede sig til et skib. Da de foer fra skibet, møtte de Torgier Anderssen, og hørte vidnet at Per Stocheland, som var nær-værende i en anden baad, tiltalte Torgier for hand iche var tilstede da Admiralen rejste der forbi. Da spurde Torgier hvad det kom ham ved, og i det samme, da han havde roet ham saa nær med baaden, tog Torgier en baadshage i sin baad og slog efter Per dermed og ramte i hans baad. Da Per Stocheland fornam det var Torgiers alvor, rømte hand i sin baad og retirerede sig paa et skib der laag, og Torgier fulte

efter i sin baad, hvorefter vidnet roede efter dem for at afstyre klammerj. Og da han kom til skibet saa hand at Per var ombord paa skibet, og Torgier var i sin baad og truede paa Per. Men skibsfolkene hørte hand forbød Torgier at komme ombord og gjøre nogen alarm."

Det andre vitne, Asser Høiland, forklara "at den samme tiid som omforclaret er foer hand fra landet i sin baad, agtende sig ombord paa et skib. Da han var kommen et støcke ud, sa Sørinne og hendes datter at vidnet skulde skynde sig og hielpe Per Stocheland, med de ord, at Torgier jagede Per for sig og vilde sla helsen af ham, saa at hand tvende gange slog efter Per med et træ, saa skynte vidnet sig for at hindre slagsmaalet. Og vidnet kom imod skibet, saag hand Per var ombord, og Torgier i sin baad brugte trudsels ord, men var dog saa langt ifra, at han ej kunde høre hvad de sagde. Da Per omsider i følge med mange andre foer fra skibet, hørte hand at Torgier truede over hand og sagde, hvor hand kunde treffe Per skulde hand give ham saa meget hand hafde nødig."

1 1726 hadde Kristen Einarson Eikeland stemnt Torgier Andersen i Sirevåg for 2 års resterande grunnleiga, ialt 4 Rdr.

38. **Morten Toreson** (Kvalbein 13 b.) fødd 1693. Gift med enkja etter Henrik Gotzen på Hårr, Anna Jensdotter Sirevåg (25 b.) fødd kring 1688, død 22/3 1767, 84 1/2 år. Morten Toreson er kalla strandsidder og husmann, men han åtte farty og dreiv handel. I 1752 står der om han i Tingboka: "Morten Toresen Sirevåg udgår som strand-sidder, eftersom hand har forlist sine fartøye og nu ingen handel bmger, men derimod andføres som huusmand, at betale 2 ort husmandskat."

Det ser ut til at han åtte jordegods andre stader, og i 1747 byksla han 4 spand i Ægren til Nils Store Ège. Han dreiv og litt ulovleg ølsalg og var for det stemnd for retten. Kona møtte for han og sa, "at hos hende sælges aldeles iche øl, uden det just kand hænde at der kunde komme een god ven, som hun og hendes mand kunde overlade een potte øl til huusfornødenhed, men icke til at sælge." Morten Toreson er kalla både los og skipper. Dei hadde ei dotter:

- a. Elen, f. 1729, g. 1760 m. Jon Omundson (Kvalbein 17). (Sjå ellers Hårr, Varhaug nr. 28.)

39. **Elling Tollakson**, er nemnd som husmann i Sirevåg frå 1747. Han var fødd

kring 1704, død 1768, 63 år gml. Gift 1) 22/11 1733 med enkja etter Tore Erikson Sirevåg (13 f.) Anna Petersdotter, fødd 1684, død 11/12 1760. Gift 2) kring 1763 med Berta Bårdsdotter (Haugstad, Varh. 24 d.) fødd 1736, ho vart seinare g. m. Nils Ådneson (62). Elling Tollakson hadde 3 barn i andre gifte:

- a. Bendiks, f. 1764, g. 1793 m. Kirsten Omundsdtr. (sjå Skretting, Varh. 48).
- b. Tollak, f. 1766, død s. å.
- c. Elling, f. 1767.

40. **Hans Torgerson** (sjå Mjølhus 1) var fødd kring 1698, død 1769. Gift 1) 27/10 1726 med Kirsten Eivindsdotter (24 d.) fødd 1697, død 1742, skifte 1/5 d. å. Gift 2) 7/10 1742 med Malena Torgersdotter Engevig, fødd kring 1706, død 23/2 1771. Den 21/7 1727 stemnde Hans i Sirevåg Per i Sirevåg (34?) for han hadde skulda Hans for å ha stole pengar frå han. Hans møtte ikkje for retten. Den 30/9 same året stemnde Hans Per att "for ærrørig skiolds-ord". Då møtte Petter Petterson og dei vart forlikte. Hans Torgerson hadde 3 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Guri, f. 1727, g. m. Sven Svenson (71).
- b. Eivind, f. 1732.
- c. Kirsten, f. 1740, død 1741.
- d. Torger, f. 1744.
- e. Hans, f. 1747.

41. **Sven Ivarson** (Øvrabø 5) fødd kring 1661, død 1/3 1747. Gift 1) 1701 med Aasa Tørresdotter N. Braut i Klepp, død 1726, 79 år. Gift 2) 6/1 1727 med Ingeborg Olsdotter, fødd kring 1690, død 1740. Sven Ivarson er ikkje nemnd i Sirevåg i 1701, og i kyrkjebøkene er han ikkje nemnd før 1726, då første kona var gravlagd. Det er uvisst både kvar han var frå, og kvar den andre kona var frå. 4 barn i andre gifte:

- a. Åsa, f. 1728.
- b. Ivar (Peder?), f. 1734.
- c. Sven Svenson, f. 1737 (71).
- d. Kristense, f. 1739, g. m. enk. Nils Ånundson (61).

42. **Torger Kristenson**, son til Kristen Torgerson Skadberg i Eigersund og Karen Olsdtr. Fødd kring 1700, død 11/9 1741. Gift 7/12 1728 med Ingeborg Larsdotter, fødd 1705, død 13/8 1788 (Haver 6 b.?). Torger Kristenson var stemnd for ulovleg ølsalg i 1737. Der er nemnd ei dotter:

- a. Karen, f. 1729, g. m. Adrian Christenson Mosvold Lista.

43. Hans Larsson smed, er ein vidløftig herremann. Han budde i Sirevåg i 1753, men var truleg ikkje gift. Hen 11/7 1753 hadde futen Guldbrand Waager stemnt Hans Larsen smed "at liide dom, fordj hand skal have begaaet slagsmaal paa Ambiørn Rejersen Wold med samt hans qvinde og datter", mange vitner var innstemnde. Først fremstod Størcher Olsen, "som vidned, han har tient hos Ambiørn Wold paa 2dre aaret, og imidlertid har denne indstevndte Hans Larsen Smed gaad paa gaarde av og til, mest som i fortred for opsideren, holdt bræl og alarm, ja ofte truet folk med ondt. En gang forleden vinter, før Juel, slog hand og Ambiørn Wold i sin egen seng med begge næverne, saa hand (vidnet) maatte skille dem ad. For omtrent een maaned siden saa vidnet at bemelte smed slog Anbiørn Wold med een haslekiép i hovedet og ansigtet saa hand blødede. Aarsagen til alt dette er bleven formerket, skal være at smeden har skullet ville bemægtige sig hans datter, som hverken hun eller foreldrene har villet tilstaa ham. Omsider, dend sidst bemelte tiid, tog Anbiørn stocken fra ham og slog ham med den, saa hand blødte, og hvilket kom sig deraf, at smeden løb efter alle qvindfolkene med kieppen og slog efter dem, saa de maatte rømme."

Dommen over Hans Larsson lydde slik: "Thi paastaar fogden at hand bør bøde sine volds-bøder og for 3de slagsmaal tillige, samt efterdj samme person har inted skudsmaal fra nogen øfrighed, hvor hand er kommen fra, og det er bekiendt at hand har heromkring passeret for een løsgienger. Saa paastaar fogden, at hand i saa maade burde ansees. Bemeldte Hans smed, paa spørsmaal, tilstod at hand inted pass hafde fra nogen Øfrighed der øster. Er fød i Drøbak ved Christiania, men vel fra Hrr. Hans Barch i Christiania har lært kleinsmedhaandverk hos Peder Nielsen ibidem, og ej tient kongen, men 13 aar siden hand kom der øster fra, og siden opholdt sig her og der her vester, deels i Eggersund og paa landet, og deels i Stavanger, hvor hand har arbejdet, men ej har haft nogen fast tjeneste."

Den endelege dommen lydde ordrett: "Hvorom blev da saaledes dømt og avsagt: at indstevnte Hans Larsen Smed har slaget Andbøm Wold med een stock, saa hand bløde. Thj tilfindes formeldte Hans Larsen at betale sine bøder til deres Kongl. Mayst. efter loven med 9 Rdr. og i mangel av betaling at straffes efter Øfrighedens sigelse. Og da hand ellers er befunden at

have opført sig som en løsgienger, og ej haft noget vist tilholdsteed, ej heller haft heel eller halv-aarstieneste, men har foruroliget folk his og her, som inden retten er forklaret, saa kiendes for Rett, at omrørte Hans Larsen bør overleveres i næste festning til arbejde i saa mange aar hand efter eegen bekiendelse i denne act indført, som een løsgienger har omstreifet ialt, i overensstemmelse med Lovens 3die Bogs 21de Capt. 26de Art. Samt de Høy-Konge. Forordninger som samme betrefter. Det øvrige av sagen reserveres under andet søgemaal.

Efter denne denne dom var oplæst, declarerede som med arrest blev belagt, at hand underkastede siig hans Mayst.s høye naade."

44. Ola Larsson Sirevåg, fødd kring 1711, død 29/9 1784. Gift 1) 1728 med Karen Omundsdotter, fødd kring 1708, død 19/9 1741. Det er uvisst kvar dei var frå. Ola gift 2) 2/9 1742 med enkje etter Sven Kristenson Sæstad, Ingeborg Nilsdotter, fødd kring 1713, død 1773, skifte 16/6 1774. Han hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Sven Olson (80?).
 - b. Ranveig, f. 1731, g. 1) m. Isak Karlson Mjølhus, g. 2) m. Tore Mathiasson (Mjølhus 3 og 4).
 - c. Lars Olson, f. 1735 (70).
 - d. Karen, f. 1743, g. m. Lars Larsson (Sirevåg 73).
 - e. Ingeborg, f. 1746.
 - f. (Nils?), f. 1751, død 1754.
 - g. (Nils?), f. 1754, død 1759.
- Ingeborg Nilsdtr. sine barn i første gifte:
- h. Torkel Svenson, g. m. Ranveig Knutsdtr. Øxnebø.
 - i. Kristen Svenson, f. kring 1740, ug. i 1774.

45. Jakob Jensson (sjå Skjærpe, Nærbø 13) fødd kring 1686, død 12/7 1759. Gift med Sissel Pedersdotter, fødd kring 1685, død 12/4 1767. Dei budde i Sirevåg i 1758. 3 barn er nemnde:

- a. Anders Jakobson, tente hjå Peder Husveg i 1777 (sjå 57).
- b. Jens Jakobson, død før 1777 og let etter seg kona Guri Larsdtr. og ein son, Jakob, 17 år i 1777, og budde då i Stavanger.
- c. Maglena Jakobsdtr., f. 1632, g. m. Ivar Larsson (58).

46. Villum Toreson (Stokkeland 16 d.) fødd 1705, død 12/1 1772. Gift 1) 11/11

1736 med Aasa Kristensdotter (Skretting 19 c.) fødd 1712, død 12/1 1757. Gift 2) 26/2 1758 med enkja Elen (Eldrid?) Ellingsdotter (Haugstad, Varh. 23 d.) fødd kring 1730, uvisst kven ho hadde vore gift med før, men seinare vart ho g. m. Johannes Svenson (59). Villum Toreson byksla ein husmannsplass av Fabian Wulff i 1756. Han hadde 7 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Kristen, f. 23/3 1738, død s. å.
- b. Marta, f. 24/6 1740, død 1742.
- c. Kristen, f. 21/1 1743.
- d. Marta, f. 1745, død 1746.
- e. Villum, f. 8/3 1755, død 1759.
- f. Johanna, f. 1755.
- g. Aasa, f. 3/12 1758.
- h. Villum, f. 30/11 1760, død s. å.
- i. Elling, f. 9/10 1763.
- j. Marta, f. 8/10 1769.

47. Lars Asserson (Høiland 13 a.) fødd 10/11 1710. Gift 1) 6/11 1735 med Malena Olsdotter (Sandve 9 c.) fødd 9/2 1710, død 1754, skifte 21/3 det året. Gift 2) 20/7 1755 med Anna Kristensdotter, fødd 1714, død 6/7 1794, 76 år. Ho var syster til Åsa som var g. m. nr. 46 (Skretting 19 e.). På tinget 17/7 1760 spurde futen allmuen om dei visste at Lars Asserson Sirevåg som substitut til Ognna Annex formår å betala ekstraskatt med 2 dalar. Lars Asserson hadde 5 barn i første gifte og 5 i andre:

- a. Rasmus, f. på Vatnemoh. 1736, død 9/11 1760.
- b. Elen, f. i Sirevåg 1739.
- c. Ingeborg Elisabet, f. 1744, g. m. Tore Johannesson (76).
- d. Elen Maria, f. 1740.
- e. Asser, f. 1748.
30. Lauritz Smith Hiorth (29 b.) fødd 25/5 1744, død 1813. Gift 19/3 1790 med Johanna Christine Abel, fødd i Vikadal 28/1 1762, død 13/2 1827, dotter til provst og sokneprest i Jelsa, Hans Hansson Abel og Maren Povelstr., f. Schonevig. Lauritz Hiorth dreiv først handel saman med broren Jørgen i Stavanger, men i 1773 flytta han til Ognå og tok over etter faren i 1779. Han må ha vore ein driftig bonde, og var truleg sjøvand. For han fekk Landhus-holdnings-selskapet sin gullmedalje, og var både losoldermann og forlikskommisær. Men han var veikhelsa og døde av bringesott. I 1816 selde enkja til Lauritz Smith Hiorth kyrkja, som var komen i deira eiga, til Stig Erikson Heigrestad (Vettaland 29 a.) for 8 rdl. Arvingane hans gav kyrkja vederlagsfritt til almuen i Ognå i 1837. 7 barn døypte i Ognå:
- Hans Abel Hiorth, f. 16/12 1790, død 19/12 s. å.
 - Marie Smith Hiorth, f. 22/2 1792, død 15/7 1828.
 - Hans Abel Hiorth, f. 23/9 1793 (31).
 - Johanna Christine Hiorth, f. 13/2 1799.
- e. Lauritz Smith Hiorth, f. 7/12 1800 (32).
- f. Jakob Henrich de Rytter, f. 6/8 1804, g. i Egersund 1841 m. Sofie Fredrikke Tønnesdtr. Hauge. Var bakar.
- g. Johanna Margretha Hiorth, f. 30/10 1808.
31. Hans Abel Hiorth (30 c.) fødd 23/9 1793, død 14/3 1864. Gift med Katharina Abel, f. 1/8 1797, død 19/5 1835. Dotter til Karen Sibylla, f. Barth og provst og sokneprest i Vanse, Paul Severin Abel. Dei var syskinbarn. Han er førd som brukar av heile Ognå frå 1825, etter mora. I 1838 og 1850 står han med halve bruket + Ognå Laksefiske og Hetland, som er matr. 125b, 126 og 129. Han hadde vore sjømann, og var losoldermann frå 1832. Det er sagt om han, at han var ein mann med sers ordensans og førde eit tarvelegt liv, var rettferdig i si framferd og førde open og djerv tale. Barn:
- Laurits Smith Hiorth, f. 11/8 1830 (33).
 - Pauline Severine Abel, f. 2/10 1827 på Vanse prestegard, død ugift 8/6 1904.
32. Lauritz Smith Hiorth, bror til 31. Fødd 7/2 1800, død 1887. Gift 27/12 1832 med Elisabet Cecilie Aamot, fødd i Valle i Sætedal 29/6 1804, død 7/3 1836, dotter til provst og sokneprest i Valle, seinare Lyngdal, Christen Thorn Aamot og Trine, f. Birkeland. Han gjekk skipperskulen med eksamensattest frå 6/4 1821. I 1832 tok han over ein tredjepart av Ognå gard og halvparten i laksefisket i Ognååno og busette seg på Ognå. I 1864 fekk han bevilling som landhandlar. I 1875 er han førd på bnr. 1, var enkjemann og landhandler, og hadde ei Alida Elisabet Hiorth til hushalder, fødd i 1801. Ho må ha vore søster hans, men har ikkje funne henne i kyrkjeboka. Barn:
- Lauritz Kristian, f. 1/5 1834, g. m. Julie Vilhelmine Elisabet Jarmann. Budde i Oslo.
33. Laurits Smith Hiorth jun. (31 a.) fødd 11/8 1830, død 1869. Gift 2/1 1862 med Maria Danielsdtr. (Sirevåg 112 e.) fødd 18/1 1837, død 26/4 1862. Han tok over hovedparten bnr. 2 etter faren i 1864 for 5000 dalar. I 1845/47 gjekk han på Stavanger Amts Landbrukskule. Han var ein stillfarande og hjelpsam mann, men helseveik, og døde av hjerteslag på ei reis til Egersund den 2/4 1869. Barn:
- Johan, f. 16/1 1859 (34).

34. **Johan Hiorth**, fødd 16/1 1859, død 1921. Gift 25/2 1887 med Karen Berta Pedersdtr. Håland, fødd i Stavanger 1863, død 26/6 1947. Dotter til handelsmann i Stavanger Peder Tjølson Håland (Håland i Varh. 51b.). Ved skifte etter faren vart han tilskreven garden Ognå med Hetland og Laksefisket for 6000 dalar. Han tok over i 1881. I 1901 vart garden seld på auksjon til skipsreidar Johan Schanke Monssen for 40 450 kroner. Barn:

- a. Lauritz Smith, f. 4/8 1887, g. m. Elfrida Johnsen. Budde i Stavanger.
- b. Karen Maria, f. 25/10 1889, g. m. Martin Lea, Stavanger.
- c. Pauline, f. 6/4 1891, g. m. Henrik Abel.
- d. Astrid, f. 6/8 1893, g. m. Arthur Edvard Boyles, Kanada.
- e. Petro, f. 10/1 1895, død 11/2 1970.
- f. Asser, f. 14/6 1896, g. m. Magnhild Sofie Fiskeseth, Bergen.
- g. Johanna, f. 28/7 1898, g. m. Olaf Karlsen Gelin. Budde i England.
- h. Hans Abel, f. 8/3 1901, g. m. Petra Kjelsvik.
- i. Per, f. 17/7 1903, død 25/11 1959.
- j. Albert Henry August, f. 26/4 1907, g. m. Gudrund Aames. Bur i Australia.

35. **Jonas Scanke Monssen**, skipsreidar i Stavanger. Han kjøpte først bnr. 2 av Johan Hiorth si bu i 1901. Same året kjøpte han bnr. 1, så han vart eigar av heile garden med underliggjande plassar og laksefiske.

36. **Ola Tobiasson Fuglestad** (Fuglestad 86) kjøpte Ognå gard bnr. 1 saman med Gunnar Bø, Torger Enokson Fuglestad og Johan Fuglestad i 1907. Seinare tok Ola Fuglestad over alt åleine. I hans tid på Ognå blei husmannsplassene tilhøyrande garden selt (heile Sirevåg) unnattatt Olsvolden.

37. **Omund Vilhelmson** (Lintjøm 30) kjøpte bnr. 2, nytt nr. 49, 50 og 51, av Sivert Henrikson Hadland (61) i 1908.

38. **Hans Svenson Stokkeland** (Stokkeland 37 b.) fødd 16/7 1874, død 24/7 1943. Gift 1904 med Kirsten Gurina Omundsdr. (Lintjøm 30 b.) fødd 29/5 1885. Han tok over bnr. 2, d.v.s. 49, 50 og 51, etter verfare. Barn:

- a. Sven, f. 1905, g. m. Magnhild Paulsen. Bur på Bryne.
- b. Omund, f. 1906, g. m. Borgny Austbø. Bur i Brekke i Austfold.
- c. Olina, f. 17/9 1908, g. m. Edvard Kornelius (Kverme 28).
- d. Anna Kirstina, f. 1911, død.

- e. Harald, f. 1913, død 1915.
- f. Vilhelm, f. 1915, død s. å.
- g. Harald, f. 19/8 1916, g. m. Anne Lise Konvad. Bur i Stavanger.
- h. Vilhelm, f. 27/9 1918 (39).
- i. Kolbjørn, f. 19/5 1920.
- j. Ranveig, f. 12/10 1922, g. m. Morten Årsland (Årsland i Varh. 54).
- k. Asbjørn, g. m. Gudrun Hetland. Bur i Oslo.
- l. Annbjørg, f. 2/10 1928, g. m. Bjarne Lende. Bur på Sira.

39. **Vilhelm Stokkeland** (38 h.) fødd 27/9 1918. Gift med Huldeborg Helle, fødd 17/11 1921 i Nedstrand av foreldre Karina og Berge Helle. Han tok over bnr. 49, 50 og 51 etter faren i 1947. Barn:

- a. Kirsten, f. 10/12 1947.
- b. Hans Berge, f. 11/3 1949, død.
- c. Kai, f. 27/7 1952 (44).
- d. Velaug, f. 8/4 1956.
- e. Herborg, f. 21/7 1959.

40. **Karl Severin Olsen**, fødd i Stavanger 8/2 1880, død 1957. Foreldre Daniel og Johanne Olsen. Gift med Malena Grødem, fødd 14/10 1888 i Strand av foreldre Halvard og Karina Grødem. Han kom til bnr. 1 i 1922. Han dreiv og blekkslagerfabrikk og sementstøyper i "Ognå fabrikk". Barn:

- a. Daniel, f. 19/4 1915 (41).
- b. Asta Karina, f. 11/7 1917. Bur i Stavanger.
- c. Halvard, f. 24/12 1919 (43).
- d. Johannes, f. 21/2 1922 (42).
- e. Liv, f. 19/4 1924.
- f. Thor Kristian, f. 26/9 1927.

41. **Daniel Olsen** (40 a.) fødd 19/4 1915. Gift med Sigfrid Skjørestad, fødd 11/9 1915 i Hetland. Foreldre Ola og Marie Skjørestad. Død 25/8 1966. Bur nå i Stavanger. Han tok over ein part av farsgarden. Barn:

- a. Karl Magnus, f. 7/9 1950, død 2/8 1966.
- b. Ole Magnor, f. 25/2 1957.

42. **Johannes Olsen** (40 d.) fødd 21/2 1922. Gift med Marta Maria Fotland, fødd i Time 28/3 1918. Foreldre Lars og Marta Fotland. Han tok over ein part av farsgarden i 1956. Barn:

- a. Malena, f. 6/8 1957.
- b. Sigmund, f. 19/11 1958.

43. **Hallvard Olsen** (40 c.) fødd 24/12 1919. Gift 1943 med Ingfrida Charlotte

Njærheim, fødd i Nærbø 22/6 1915 av foreldre Nils og Ingeborg Njærheim (Njærheim 137 h.). Han tok over ein del av farsgarden i 1956. Barn:

- a. Norun Irene, f. 21/4 1944, g. m. Bernt Heigrestad (Lintjörn 35 a.).
- b. Møyfrid, f. 30/10 1945, g. m. Magnor Ånestad (Ånestad 127 c.).
- c. Kari, f. 2/3 1948.
- d. Tone, f. 9/2 1950, g. m. Trond Nesse.
- f. Åsta, f. 11/10 1954.
- e. Karl, f. 20/7 1957.

44. Kai Stokkeland (39 c.) fødd 11/3 1949. Gift med Tone Nilsen, fødd i Egersund 18/8 1954. Dotter til Fridtjov Nilsen og Jenny, f. Olsen. Barn:

- a. Hans Berge, f. 6/3 1972.

NOKRE FORPAKTARAR PÅ OGNA GARD

50. Nils Johannesson Hetland (sjå Lintjörn 29) var forpaktar på Ognå frå 1854 til 1860.

51. Vilhelm Torgerson Lintjörn (Lintjörn 26) forpakta Ognå frå 1860 til 1872.

52. Jesper Rasmusson Håland, bror til nr. 47, forpakta Ognå frå 1867 til 1880. Han var fødd i Time 13/9 1843, død i Amerika kring 1944. Gift 1) 27/5 1869 med Melia Gabrielsdotter Kverneland, fødd i Time 18/6 1847, død 17/2 1873. Gift 2) i Ognå 29/8 1876 med Ingeborg Larsdotter Skjelset, fødd i Time 30/1 1853. Han er førd på Ognå i 1875, og var då enkjemann og hadde hjå seg ei dotter og begge foreldrene, Rasmus Jonson Håland og Marta Jespersdotr., f. Ravndal, ei tenestejenta, Anna Kirstina Ånundsdr. frå Åseral, seinare g. m. Rasmus Håland (47), ei tenestejenta, Alida Elisabet Nilsdr., dr. til nr. 50, ei budeia, Anne Margreta Tollefsdr. (Vatnemot 24 e.) og 3 av brørne sine, Bertel, Rasmus og Jonas Håland. Etter 1881 reiste dei frå Ognå og sidan til Amerika. Jesper Håland hadde 2 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Marta, f. 21/5 1870.
- b. Rasmus, f. 8/2 1872, død 29/4 s. å.
- c. Melia, f. 24/6 1877, død 1/7 s. å.
- d. Emilia, f. 25/1 1879.
- e. Rasmus, f. 31/10 1881.

HUSMENN OG ANDRE PÅ OGNA

Grønnefed

53. Tollak Davidson Grønnefed, døde 23/9 1787, 56 år gml.

54. Peder Jensson Grønnefed (sjå Vetteland 31) fødd 21/1 1754, død 22/5 1796. Gift 29/1 1786 med Berta Gunnarsdr. (Herredsvela 23 d.) fødd 20/6 1762. Budde på Vetteland i 1791, men døde på Grønnefed. Ei dr. Joron, f. 4/12 1791, g. m. Peder Pederson (58).

55. Peder Tollakson Grønnefed (sjå Hetland 22). Gift 2) 10/8 1796 med enkja etter 54, Berta Gunnarsdotter. (Herredsvela 23 d.). Budde på Grønnefed i 1801, der 2 barn var fødte:

- a. Valborg, f. 1/3 1799, g. m. Osmund Helgeson Helvig.
- b. Peder, f. 6/1 1803.

56. Ola Svaleson Grønnefed, fødd i Bjerkreim 7/10 1781, død 19/5 1851, son til Svale Olson Holmen i Bjerkreim og Malli Larsdr., f. Bue. Han var gift 23/3 1807 med enkja etter 55, Berta Gunnarsdotter, død 28/7 1838, ho heitte Vetteland då. Dei fekk ein son:

57. Ola Olson Grønnefed, fødd 30/7 1808, død (1870?). Gift 4/5 1834 med Eli Mikkelsdotter (Topdal 15 f.) fødd 7/12 1800, enkja etter Jonas Kristofferson (Lintjörn 23). Han flytta til Lintjörn (sjå der 23).

58. Peder Pederson (Aniksdal 42 h.) fødd 14/4 1793, død 23/1 1864. Gift 19/3 1821 med Joron Pedersdotter Grønnefed (54 a.) fødd 4/12 1791, død 20/3 1881, 90 år. Dei hadde 3 barn:

- a. Sara, f. 3/5 1823, g. m. Jon Svaleson (59).
- b. Peder, f. 3/1 1826, død kring 1846.
- c. Peder Johannes, f. 2/1 1832, død 1897, ugift. Han hadde ein son, Peder Øksnebø, f. 1886.

59. Jon Svaleson (Mjølhus 8 c.) fødd 22/1 1821, død 1875. Gift 11/11 1855 med Sara Pedersdr. (58 a.) fødd 3/5 1823, død 29/3 1900. Budde på Grønnefed. Barn:

- a. Johanna Pauline, f. 24/1 1851.

60. Børild Ivarson, fødd 1851, død 17/11 1932. I manntallet for 1900 står at han var frå Nærbø og fødd i 1842, men det kan ikkje vera rett. Rette namnet hans var nok

Birkeland. Han var gift i Ognå 17/4 1879 med Johanna Pauline Jonsdtr. (59 a.) fødd 24/1 1851, død 16/1 1929. Barn:

- a. Jette Severine, f. 24/12 1879, død 8/2 1960.
- b. Ivar, f. 22/4 1885, død 28/5 1938.
- c. Berta Maria, f. 23/5 1887.
- d. Johanna Bertine, f. 8/1 1889.
- e. Sara, f. 22/10 1890, død 26/1 1974.
- f. Jon, f. 31/1 1892 (62).
- g. Pauline, f. 4/9 1894, g. m. Enevald Flåten (Voll i Varh. 165).
- h. Berta, f. 16/3 1895, død 9/11 1958.
- i. Josefine, f. 22/9 1897. Bur i Egersund.
- j. Inga, f. 8/6 1899, død 17/5 1920.
- k. Hanna, f. 31/10 1900. Gift og bur i Stavanger.

61. Sivert Henrikson (Vettaland 49 d.) fødd 13/9 1868, død 10/9 1957. Gift 1893 med Ingeborg Enoksdtr. (Fuglestad 46 c.) fødd 25/10 1870. Det er uvisst når han kom til Grønnefed, men han selde bnr. 2, det seinare bnr. 49, 50, 51, i 1908 og flytta til Vigrestad. Seinare til Amerika. Han var minst 2 gonger i Amerika og budde ei mellomstund på Opstad. Barn:

- a. Henry, f. 7/1 1894. Gift og bur i Montana, U.S.A.
- b. Emma, f. 10/5 1895, g. m. Salomon Hetland, bur i Minneapolis, U.S.A.
- c. Emil, f. 1897, g. m. Hilda Hetland, bur i Minneapolis, U.S.A.
- d. Ida, f. 1899, gift og bur i U.S.A.
- e. Inga, f. 1903, g. m. Harald Wessman. Bur i Minneapolis.
- f. Edvard, f. 1901. Budde i U.S.A., gift.
- g. Sem, f. 1905, gift og bur i Amerika.
- h. Karl Johan, f. 1907, død liten.
- i. Selma. Bur i U.S.A.

62. Jon Børildson Grønnefed (60 f.) fødd 31/1 1892, død 9/9 1957, tok over Grønnefed i 1943, ugift. Bruket seld til Vilhelm Stokkeland (39).

Kvianes

63. Mikkel Danielson Kvianes, fødd kring 1744, død på Rugland i Varhaug 16/5 1817. Det er uvisst kvar han var frå. Han var ikkje døypt i Ognå og finst ikkje i manntallet i 1758. Den 5/6 1775 vart han gift med Ingeborg Pedersdotter (Nord-Hetland 77 a.) fødd 8/8 1745, død på Rugland 15/3 1825. Han budde på Kvianes eller Olsvollen, men var kome til Rugland i 1801. 4 barn døypte i Ognå:

- a. Inger Malena, f. 4/2 1776, g. m. Hans Viste, Stavanger.

- b. Daniel Mikkelson, f. 19/10 1777 (Rugland 22).
- c. Peder, f. 8/10 1780 (Rugland 23).
- d. Mikkel, f. 2/5 1784.

64. Nils Pederson (sjå Sandve 12 e.) fødd 18/2 1753. Gift 2/3 1777 med Guri Ivarsdotter (Vatnemot 12 g.) fødd 18/5 1753. Dei kom til Kvianes frå Haugstad i 1781, der 3 barn er døypte:

- a. Peder, f. 1/2 1778.
- b. Joron, f. 23/9 1781, g. m. Johannes Toreson Dahl (Sirevåg 103).
- c. Ingeborg, f. 11/1 1784.

65. Einar Ådneson, son til Ådne Nilsson Helland i Bjerkreim og Torborg Jakobsdtr. Fødd 6/2 1746. Gift 15/6 1777 med Malena Larsdotter, fødd kring 1745, truleg dotter til Lars Aslakson Gåsland i Bjerkreim og Malena Tomasdtr. frå Lomeland i Helleland. Malena hadde 2 søstre, Inger og Valborg, som var gifte på Vetteland, og ei søster, Joron, g. m. Einar sin bror, Isak Ådneson Voll i Varhaug. Einar hadde budd på Matingsdal (14) og Egren (15). Til Kvianes kom han i 1784, då Nils Pederson flytta bort. 5 barn døypte i Ognå:

- a. Torborg, f. på Matingsdal 1778, død s. å.
- b. Ådne, f. på Egren 1779, død s. å.
- c. Malena, f. på Egren 25/3 1781, g. m. Mikkel Torgerson (Fuglestad 33).
- d. Isak, f. på Kvianes 19/12 1784 (66).
- e. Torborg, f. på Kvianes 14/12 1788, ho hadde ein son, Ola Olson, f. 18/2 1818, far Ola Rasmusson Ognå?

66. Isak Einarson Kvianes (65 d.) fødd 19/12 1784, død 12/7 1875. Gift 21/3 1819 med Elen Jakobsdotter (Bru 10 a.) fødd 21/9 1788, død 9/9 1820. Gift 2) 16/4 1820 med Rakel Johanna Jakobsdotter (Bru 10 g.) fødd 16/11 1800, død 4/9 1869. Han tok over Kvianes etter faren. 5 barn i 2) gifte:

- a. Elen, f. 11/4 1822, g. m. Lars Larsson (67).
- b. Malena, f. 20/12 1825, g. m. urmakar Gabriel Halvardson Søyland på Sandnes, f. i Stavanger 4/2 1836.
- c. Einar Isakson Kvianes, f. 15/5 1828 (68).
- d. Anna Johanna, f. 6/4 1834, g. m. Bernt Johannes Svenson (Stokkeland 31 b.).
- e. Isak Isakson, f. 7/8 1840, kom bort på sjøen i 1860.

67. Lars Larsson (Matingsdal 18 g.) fødd 3/11 1814, død 1895. Gift 1848 med Elen

Isaksdotter (66 a.) fødd 11/4 1822, død 14/5 1904. Budde på Kvianes og hadde 3 barn:

- a. Rakel-Johanna, f. 12/11 1848, g. m. Sivert Mathias Johannesson Småmyr (Haver 49).
- b. Isak Larsson, f. 18/3 1853 (69).
- c. Edvard Larsson, f. 9/9 1863 (sjå Mjølhus 15).

68. **Einar Isakson** (66 c.) fødd 15/5 1828, død 16/12 1904. Gift 8/7 1876 med Anna Margreta Johannesdotter Lunden (Sirevåg 121 e.) fødd 5/1 1850, død 15/8 1935. Både Lars og Einar var på Kvianes i 1875. Einar hadde ein son:

- a. Isak Einarson, f. 6/10 1877, død 10/12 1955, budde på Røyrmyr.

69. **Isak Larsson** (67 b.) fødd 18/3 1853, død 5/11 1905. Gift 10/11 1881 med Elisabet Olsdotter Heigrestad, fødd 7/5 1853, død 31/7 1938, foreldre Ola Kristofferson Heigrestad og Elen Margreta Eriksdtr., f. Heigrestad. Barn:

- a. Engel Lovisa, f. 27/6 1884, g. m. Hans Hansson (70).
- b. Ole Isakson Kvianes, f. 5/5 1886 (71).

70. **Hans Hansson** (Vatnemot 67 c.) fødd 5/7 1885, død 13/6 1957. Gift 1908 med Engel Lovisa Isaksdotter, fødd 27/6 1884 (69 a.). Ein adoptivson:

- a. Kåre Kvianes, f. 29/5 1915, g. m. Signy Pedersdtr. Risa, f. i Varhaug, dotter til Peder Pederson Risa og Elen Jørgine Tobiasdtr. (Sjå Voll 189.) Han omkom ved ei trafikkulukka i 1960, og ein son, Hans Kvianes, f. 2/3 1938, omkom ved ei trafikkulukka i 1964, var g. m. Maria Edland, Nærbø, og ei dtr. Signe Kari Kvianes, f. 1943, g. m. Ole Terje Underhaug, Nærbø.

71. **Ole Isakson Kvianes** (69 b.) fødd 5/5 1886, død 16/12 1962. Gift 1914 med Gunhild Jensine Pedersdotter, Kyvik, fødd 21/9 1885, død 3/9 1955, foreldre Malena og Peder Kyvik. Han tok over Kvianes, bnr. 71, i 1900. Barn:

- a. Isak Kvianes, f. 16/12 1914, død 24/12 1973.
- b. Elisabet, f. 8/7 1916, g. m. telegrafist Olav Skjeggstad. Bur på Ganddal.
- c. Malena-Gurine, f. 4/3 1920, g. m. John Fadnes. Bur på Stord.
- d. Olaug, f. 3/5 1926, g. m. Svein Eldøy. Bur på Sandnes.

Ulvsvollen

72. **Johannes Salveson** (Kverme 16 c.) budde ei tid på Ulvsvollen, men flytta til Haver i 1795 (sjå der 19).

73. **Størkard Mikkelsen** (Herredsvela 19 h.) fødd 18/8 1744, død 4/7 1831. Han hadde budd på Haver og kom til Ulvsvollen då nr. 72 flytta til Haver (sjå Haver 17).

74. **Kristian Nilsson**, var frå Hommersåk, son til Nils Toreson Breivik og Magla Nilsdotter. Fødd 12/11 1810, gift i Ogna 10/11 1833 med Ingeborg Malena Toresdotter (Bø 30 a.) fødd 30/12 1810. Han var bygningsmann og budde på Ulvsvollen til kring 1850, då dei flytta til Sandnes. 4 barn:

- a. Malena, f. 1/2 1834, g. m. Peder Jacobsen Sandvik, Sandnes.
- b. Sille Maria, f. 16/10 1836.
- c. Taletta, f. 7/9 1839, g. m. Kornelius Simonsen, Sandnes.
- d. Nils.

75. **Aslak Aslakson** (Bogsdalen 17). Han kom til Olsvollen då nr. 74 flytta bort.

76. **Johannes Johannesson** (Søre Hetland 5 f.) fødd 20/7 1818, døde visst i Eigersund. Gift 13/3 1842 med Taletta Larsdtr. (Stokkeland 25 f.) fødd 7/4 1820. Han var husmann på Bjorheim i Varhaug til kring 1860, då han kom til Olsvollen, men flytta seinare til Eigersund. Om barna sjå (Bjorheim 23).

77. **Lars Jakobson Bru** (Bru 11 c.) fødd 14/9 1829, død 1912. Gift 10/4 1861 med Johanna Mathea Isaksdtr. (Høiland 23 i.) fødd 26/7 1840, død 1893. Han kom til Olsvollen kring 1863 etter nr. 76. Barn:

- a. Jakob Kristian, f. 17/7 1863, død 1891.
- b. Gjertrud, f. 21/3 1866, død 1889.
- c. Isak, f. 8/3 1869, død 1888.
- d. Maren Elisabet, f. 16/4 1876, død 1891.
- e. Johanna Mathea, f. 16/2 1879, død 1896.
- f. Ludvig, f. 9/5 1883 (78).
- g. Anna Maria, f. 13/5 1888, død s. å.

78. **Ludvig Larson** (77 f.) fødd 9/5 1883. Gift 1911 med Anna Johanna T. Tolleivsdtr. Nygård (Haver 58 c.) fødd 6/12 1892. Han flytta til Lobek i Varhaug i 1914, men kom til Ogna igjen i 1919 og budde då i skulehuset. Seinare flytte dei til Sandefjord. Barn:

- a. Johanna Mathea, f. 1913.

79. Gustav Adolf Aarestad (Hobberstad i Varh. 50 d.) fødd 6/10 1888. Gift med Ingeborg Maria Andersdtr. (Vettaland 42 e.) fødd 2/12 1887, død 31/3 1962. Han tok over Olsvollen bnr. 98 i 1922, etter Ola Fuglestad som budde her frå 1914 til 1922 då han flytta til Egersund.

79B. Olav Omland (Kvadsheim 61 a.) fødd 30/4 1935. Gift med Solveig Marie Nygård (Brusand 18 b.) fødd 4/9 1933. Han er fiskar. Barn:

- a. Gerd Ingunn, f. 3/12 1954.
- b. Helga, f. 2/10 1957.
- c. Jan, f. 19/12 1958.
- d. Målfrid, f. 13/7 1961.
- e. Kåre, f. 22/1 1963.
- f. Ingulf, f. 28/6 1967.
- g. Stein Olav, f. 2/4 1969.

Skogaskaret

80. Anders Andersson (Kverme 19 k.) fødd 16/4 1815, død 1/10 1877. Gift 16/1 1843 med Torborg Maria Isaksdtr. Skansen, fødd 11/1 1819, død 29/2 1870 (Sirevåg 106 c.). Budde på Skogaskaret det seinare bnr. 59. Barn:

- a. Anders, f. 18/4 1847 (81).
- b. Kirsten Marie, f. 23/2 1849, g. m. Jonas Jonasson Søyland (S-Hetland 9).
- c. Ingeborg Maria, f. 10/1 1852, død 1914.
- d. Anna Malena, f. 6/2 1854.
- e. Isak, f. 1856, død 2/10 1889.
- f. Anna Regina, f. 20/8 1859, død 1894.

81. Anders Andersson II (80 a.) fødd 18/4 1847, død 16/11 1913. Gift 1877 med Elisabet Tollaksdtr., fødd i Eigersund 25/6 1856, død 1/10 1936, dotter til Tollak Johannesson og Elisabet Karlsdtr. Budde på Skogaskaret. Barn:

- a. Torborg Maria, g. m. Ola O. (Voll i Varh. 121).
- b. Olina Elisabet, f. 13/9 1881, g. m. Nils Mikal Kristofferson Hedlevoll (Fuglestad 93).
- c. Anders, f. 20/6 1884, g. m. Dora Sunde. Reist til Amerika.
- d. Tollak, f. 24/8 1886 (82).
- e. Anton, f. 29/12 1888. Reist til Amerika.
- f. Theoline, f. 4/3 1891, g. m. Tollef Tjøtta. Bur i Hillevåg.
- g. Ida, f. 31/8 1894, g. m. Kristian Theodor (Sirevåg 165).
- h. Ingvald, f. 24/3 1897 (Sørskog 14).

82. Tollak Andersson (81 d.) fødd 24/8 1886, død 26/9 1961. Gift 1908 med Anna

Maria Børildsdtr. (Skoga 84 i.) fødd 28/7 1886. Barn:

- a. Ester, f. 8/1 1909, g. m. Sivert Kristian (Sirevåg 168).
- b. Emma, f. 20/1 1912, g. m. Gudmund Fjermestad. Bur på Kvemeland.
- c. Agnes, f. 18/8 1917, g. m. Alf Fjermestad. Bur på Kvemeland.
- d. Bergit, f. 6/5 1921, g. m. Erling Friestad (Friestad 75).

82B. Kaius Sørskog (Sørskog 9 d.) fødd 2/2 1904. Han kom til Skogaskaret i 1957.

Skoga

83. Ola Børildson Lomeland, fødd i Helleland 11/7 1802, død 19/6 1861, son til Børild Larsson Lomeland og Guri Andersdtr., f. Lomeland. Gift i Helleland 29/3 1832 med Sara Larsdtr., fødd 29/10 1809, død 1867, dotter til Lars Larsson Øyne frå Mysing og Gunhild Eriksdtr. Han kom til Skoga kring 1836 for 2 barn var fødte på Helleland. Barn:

- a. Børild, f. 20/7 1833 (84).
- b. Guri, f. 6/2 1835.
- c. Elisabet, f. 9/7 1837, død 1925.
- d. Olaus, f. 30/4 1840 (Mjølhus 11).
- e. Elen Kirstina, f. 29/11 1842.
- f. Andreas, f. 26/10 1845, kom bort på sjøen i 1870.
- g. Else Maria, f. 5/11 1848, g. m. Salve Gunnarson (Kverme 26).
- h. Edvard, f. 4/8 1852.

84. Børild Olson (83 a.) fødd i Helleland 20/7 1833, død 1903. Gift 21/7 1866 med Elisabet Henriksdtr., fødd 12/9 1843, død 1925, dotter til Henrik Erikson (Vettaland 49) og Rakel Sibilla Isaksdtr. (Høiland 23 c.). Barn:

- a. Sibilla, f. 11/1 1867, g. m. Tolleiv Danielson (Veggeberg 6).
- b. Elen Olina, f. 25/4 1868, g. m. Ole Lobekk, Varhaug.
- c. Ole Andreas, f. 18/5 1870, reist til Amerika og kom bort.
- d. Isak, f. 18/12 1873, g. m. Anna Malena Jonasdtr. (Herredsvela 42 b.). Bur i Amerika.
- e. Rakel Sebilla, f. 21/9 1876, g. m. Jan Pedersen. Bur i Amerika.
- f. Elisabet, f. 8/9 1878, g. m. Bernt Evensen. Budde i Skudesnes.
- g. Bertine Olava, f. 15/11 1880, g. m. Peder Severin Skaret.
- h. Sivert, f. 29/2 1884 (85).
- i. Anna Maria, f. 28/7 1886, g. m. Tollak Anderson Skogaskaret (82).

85. **Sivert Børildson** (84 h.) fødd 29/2 1884, død 7/9 1964. Gift 1913 med Elen Kirstina Jonasdr. (Herredsvela 42 g.) fødd 14/10 1889, død 1918. Gift 2) 1919 med Anne Pedersdr. (Kverme 25 j.) fødd 1/12 1899. Budde på Skoga, og hadde 2 barn i første og 2 i andre:

- a. Enda, f. 1/2 1914, g. m. Isak Tobiasson Nygård (Sirevåg 179).
- b. Bernt, f. 29/3 1916, g. m. Målfrid Tangen. Bur i Gudbrandsdal.
- c. Einar, f. 24/10 1920.
- d. Eivind, f. 19/8 1933 (85B).

85B. **Eivind Sivertson Skoga** (85 d.) fødd 19/8 1933. Gift med Solveig Larsen, fødd 14/1 1942 i Heskestad. Foreldre Ingeborg og Toralf Larsen. Bygde seg hus på ein part av farsgården i 1963.

86. **Mikael Arntsen Lindø**, jernbanefor- mann, fødd i Sveio 26/11 1855, død 14/6 1933. Gift med Kristine Johanne Johnsen, fødd i Jelsa 23/12 1853, død 16/11 1937. Barn:

- a. Maria, f. 14/8 1883, død 20/1 1933, ugift.
- b. Petra Johanna, f. 11/11 1887, g. m. Alfred Gaustad. Budde i Avaldsnes.
- c. Mikael Kornelius, f. 22/11 1889, g. m. Ingrid Kjellberg. Budde i Egersund.
- d. David August, f. 14/9 1895 (99).
- e. Inga Magdalena, f. 26/12 1897, død 14/2 1949, ugift.
- f. Bertine, f. 20/8 1879, g. m. Abel Aalgård. Bur i Brummundal.
- g. Karoline, f. 21/1 1881, g. m. Edvard Nygård (Haver 46 h.).

87. **Johan Monsen Folkvor** var husmann og handelsmann på Ognå i 1900. Han var fødd i Høyland 24/1 1865. Gift med Elen Mathea (Vatnemot 44 c.) fødd 31/10 1863. Hadde vore bakar på Vigrestad, og reiste seinare til Amerika. Dei hadde 5 barn i 1900:

- a. Magnus Joakim, f. 27/2 1891.
- b. Erik Randolph, f. 30/1 1893.
- c. Jorine, f. 26/5 1895.
- d. John, f. 12/2 1897.
- e. Tollef Johan Konrad, f. 8/7 1899.

88. **Øystein Grov**, fødd 9/12 1870 på Stord, død 2/11 1957. Foreldre Øystein og Brita Grov. Gift med Malena Kyvik, fødd 3/2 1873, død 1/3 1948. Han var lærar ved Ognå skule. Barn:

- a. Magnus, f. 24/7 1900 (Brusand 12).
- b. Sofie, f. 12/12 1904. Reist til Amerika, gift der.

- c. Per, f. 9/4 1906, g. m. Maria (sjå Kvadsheim 46 f.). Budde på Raufoss.
- d. Gunvor, f. 26/10 1907, g. m. Karl Johan Andersen (97).

89. **Gunvald Hogstad**, fødd i Riska 31/5 1899, son til Gunnar og Rakel Hogstad. Gift med Ingrid Lund, fødd 9/6 1899 på Tengesdal av foreldre Martin og Vallemine Tengesdal. Han var lærer og klokker i Ognå. Barn:

- a. Gunvor Ingrid, f. 7/4 1939, g. m. Kjell Hammernes. Bur i Trondheim.

90. **Rasmus Bergsaker**, fødd i Stavanger 20/12 1887, død 7/4 1959. Foreldre Tomas og Berta Bergsaker. Gift med Gunhild Berntsen, fødd 16/10 1892, dotter til Andreas og Ingeborg Guria Berntsen. Han var stasjonsmester. Barn:

- a. Tomas, f. 4/12 1915 (Kvadsheim 57).
- b. Agnes, f. 10/7 1918, g. m. Kristian Solheim (Friestad 72).

91. **Christian Nielsen**, fødd i Egersund 14/6 1886, død 30/11 1961. Foreldre Ingvald og Malene Nielsen. Gift med Mikala Kjellberg, fødd 28/10 1887, død 1/7 1969. Foreldre Karoline og O. A. Kjellberg, Egersund. Han var bestyrer for elektrisitetsverkene på Ognå, Varhaug og Nærbo. Barn:

- a. Reidar Kjell, f. 12/3 1915 (95).
- b. Egil Kjell, f. 5/6 1918 (96).
- e. Signe Marie, f. 5/7 1921, g. m. Lars Kvasheim (92 a.).
- d. Randi Kristine, f. 25/9 1925, g. m. Per Hellvig. Bur på Klepp.

92. **Ola Larsson Kvasheim** (Kvadsheim 43 d.) fødd 26/9 1889. Gift 30/6 1918 med Elisabet Røgenes, fødd i Hordaland 27/6 1895, foreldre Elisabet Kanutta og Johannes Røgenes. Han har vore maskinist på kraftstasjonen. Barn:

- a. Lars, f. 22/5 1919, g. m. Signe Marie (91 c.). Bur i Egersund.
- b. Johannes, f. 20/5 1921, g. m. Marta Tollefsen. Bur i Egersund.
- c. Karl Bertrand, f. 22/9 1922, g. m. Grete Midbrød. Bur i Egersund.
- d. Kurt, f. 5/2 1924, g. m. Solfrid Lemvik. Bur i Egersund.
- e. Jan, f. 3/9 1925, g. m. Anny Skjeveland. Bur i Egersund.
- f. Odd Egil, f. 21/7 1929, g. m. Tordis Haukeland. Bur i Bergen.
- g. Hans, f. 25/10 1930, g. m. Ellinor Seim. Bur i Bergen.
- h. Einar, f. 4/12 1934, g. m. Karen Sofie Kielland. Bur i Egersund.

- i. Harald, f. 30/3 1937, g. m. Sidsel Mikalsen. Bur i Bergen.
- j. Elisabet Kanutta Gram, f. 4/10 1940, g. m. Leif Fevang. Bur i Stokke.

93. Enok Enokson Fuglestad (Fuglestad 100 d.) fødd 30/6 1898. Gift med Gudrun Sikveland, fødd 20/2 1910 i Gjesdal, dotter til Ane og Kristian Sikveland. Jernbanearb. Barn:

- a. Edith Irene, f. 10/9 1947, g. m. Kristen Kristensen (104).
- b. Kristian Arne, f. 2/10 1949.

94. Lars Kristofferson Jaarvik, fødd i Jelsa 16/5 1887, død 25/2 1966. Foreldre Berta Ragnella, f. Lovra og Kristoffer Larson Jaarvik. Gift med Josefine Sandve (Sandve 24 f.) fødd 2/3 1880, død 15/1 1946. Handelsmann. Barn:

- a. Kjell Brynjulf, f. 13/1 1920 (109).
- b. Margit Julie, f. 26/10 1922, g. m. Erling P. Sirevåg (Haver 97).

95. Reidar Kjell Nielsen (91 a.) fødd 12/3 1915. Gift med Berta Fuglestad (Fuglestad 71 g.) fødd 18/5 1915. Han er maskinist på kraftstasjonen. Barn:

- a. Reidun Margot, f. 3/6 1944, g. m. Bjørn Berntsen. Bur på Hellvig.
- b. Paula Lillian, f. 2/11 1945, g. m. Jonas Stavnheim.
- c. Kjellaug, f. 1/1 1948, g. m. Martin Sørskog (Søre Hetland 15).
- d. Rolf Ove, f. 5/11 1957.

96. Egil Kjell Nielsen (91 b.) fødd 5/6 1918. Gift med Marta Lintjörn (Lintjörn 33 b.) fødd 23/3 1916. Han er elektrisk innstallatør. Barn:

- a. Kirsti Maria, f. 14/2 1944, g. m. Per Skårland (Brusand 19 b.).
- b. Berit Merete, f. 15/9 1945.
- c. Kristian, f. 2/12 1951 (112).

97. Karl Johan Andersen, fødd i Skudenes 10/8 1905. Son til Petter og Janna Andersen. Gift i 1937 med Gunvor Grov (88 d.) fødd 26/10 1907. Han er sjømann, telegrafist. Barn:

- a. Marit Sofie, f. 23/7 1940, g. m. Arne Nilsen. Bur i Oslo.

98. Holger Knutsen, fødd i Oslo 27/8 1897 av foreldre Hulda og Ole Knutsen. Gift med Gudrun Kvaldsheim (Kvaldsheim 41 k.) fødd 4/7 1904. Barn:

- a. Odd Harald, f. 26/10 1942, g. m. Ingebjørg Mikalsen (Sirevåg 231 a.). Bur i Oslo.

99. David August Lindø (86 d.) fødd 14/9 1895, død 12/12 1963. Gift med Bertine Olsdotter Bjelland (Fuglestad 67 d.) fødd 11/8 1893. Dei fostra son til søstra hans (Petra Johanne 86 b.) Paul Gaustad, g. m. Ingebjørg Hovland. Bur i U.S.A.

100. Rasmus Rasmusson Håland, fødd i Time 10/6 1846. Gift 2/7 1877 med Anna Kristina Ånundsdotter, fødd 6/8 1847 i Åseral. Var seinare stasjonsmeister på Varhaug. Barn fødte i Oгна:

- a. Marta, f. 7/5 1878.
- b. Aagot, f. 7/6 1880.
- c. Ragnhild, f. 1/2 1883.
- d. Anna Kristine, f. 24/3 1885.
- e. Ragnvald, f. 12/8 1887.

101. Reinert Fjermestad, fødd 2/4 1936 i Time. Foreldre Salve og Magda Fjermestad. Gift i 1959 med Astrid Olafsdtr. Høiland (Høiland 35 e.) fødd 21/12 1934. Han er sjåfør. Barn:

- a. Anne Mai, f. 27/10 1961.
- b. Siw Olrun, f. 24/1 1966.
- c. Rita Anette, f. 1/7 1970.

102. Magne R. Haver (Vatnemot 91 b.) fødd 17/6 1933. Gift i 1958 med Petra Refsland, fødd i Varhaug 29/4 1935. Foreldre Peder og Susanne Refsland (Vigrestad 108 d.). (Sjå Kverme 25 h.) Barn:

- a. Reidar, f. 12/2 1959.
- b. Signe Kari, f. 16/11 1961.
- c. Per, f. 23/3 1966.
- d. Kjell, f. 9/11 1967.

103. John Sandve (Sandve 27 e.) fødd 25/7 1900. Gift med Serina Larsdtr. Aniksdal (Aniksdal 64 f.) fødd 3/8 1893, død 19/1 1963. Foreldre Lars og Serina Aniksdal. Han var linjemontør. Gift 2) med Anna Ueland (Sirevåg 178). Barn:

- a. Johannes, f. 25/8 1925, g. m. Kristine Pettersen. Bur i Egersund.
- b. Ester, f. 18/3 1931, g. m. Odd Tønnesen. Bur i Amerika.
- c. Lars, f. 11/6 1932, g. m. Maria Fosså. Bur på Ganddal.
- d. Synnøve, f. 4/10 1933. Bur i Kristiansand.
- e. Osvald, f. 20/11 1935, g. m. Gerd Ilebekk. Bur i Kristiansand.
- f. Signe, f. 20/9 1937, g. m. Gunnar Skarpeid. Bur i Kristiansand.

104. Kristen Kristenson, fødd 15/3 1945 i Egersund. Foreldre Karl Kristensen Østebrod og kona Anna, f. Løyning. Gift i 1966

med Edith Irene Fuglestad (Ogna 93 a.) fødd 10/9 1947. Barn:

- a. Kjell, f. 30/9 1966.
- b. Einar, f. 24/10 1967.
- c. Anne Gro, f. 19/10 1968.
- d. Kirsti Elin, f. 26/12 1974.

105. Anders Gustav Steen, fødd 25/1 1870 i Skaraborg len i Sverige, død 1937. Gift med Ingeborg Espetveit, fødd 19/4 1875 i Sirdal, død 4/2 1950. Foreldre Didrik og Ingeborg Espetveit. Han var anleggsarbeider. Barn:

- a. Lotte Albertine, f. 21/8 1905, g. m. Erik Vøll. Budde på Opstad.
- b. Ingrid, f. 12/4 1909. Bur på Hundvåg.
- c. Dagny Amanda, f. 11/4 1912, g. m. Jakob Byberg. Bur i Sola.
- d. Arnfinn Ingve, f. 20/2 1917.
- e. Solveig, f. 26/9 1920.

106. Emanuel Hansen, fødd 26/8 1866, død 29/11 1939. Gift med Ingeborg Sofie, fødd 14/2 1869, død 18/4 1954. Foreldre Andreas og Ingeborg Eie, Kverneland. Han var banevokter. Barn:

- a. Sivert, f. 9/10 1890, g. m. Astrid Bellesen. Budde på Hinna.
- b. Håkon, f. 6/12 1901.
- c. Johan, f. 30/12 1903. Reist til Amerika.
- d. Maria, f. 26/9 1905, g. m. Julius Kverme (Kverme 30).
- e. Harald, f. 23/9 1907.

107. Vilhelm M. Lintjøm (Lintjøm 32 e.) fødd 18/9 1912. Gift med Astrid Tveit, fødd 1/5 1919 i Strand. Foreldre Ludvig og Petra Tveit. Han er drosjesjåfør. Barn:

- a. Marit, f. 7/5 1945, g. m. Sjur Apneset (H1).

108. Karl Apneseth, fødd 12/8 1898 i Sunnfjord, død 5/2 1963. Foreldre Inger og Karl Apneseth. Gift med Janna Lundstad, fødd 8/11 1900 i Flom i Sogn av foreldre Johanna og Sjur Lundstad. Han var jernvegsarbeider. Barn:

- a. Kåre, f. 14/2 1925, g. m. Terese Jensen. Bur på Sunndalsøra.
- b. Solveig, f. 24/1 1927, g. m. Egil Bakken. Bur i Gransherrad.
- c. Ingolf, f. 14/12 1930 (Sirevåg 220).
- d. Sjur, f. 19/4 1933 (111).
- e. Karin, f. 19/6 1936, g. m. Reidar Haugen. Bur i Nordagutu.

108B. Ingvar Løge, fødd i Time 15/3 1914, son til Borghild, f. Eggebø og Ivar Løge. Gift med Maria Øgaard, fødd i Time 12/10 1913, dotter til Berta og Torvald Øgaard. Han er El.verk sjef ved Jærens El.verk. Barn:

- a. Bjørn, f. 15/1 1943, g. m. Aud Gudmestad. Bur på Bryne.
- b. Torill, f. 22/12 1946, g. m. Ole Johan Laland. Bur i Klepp.

108C. Trygve Bergeland, fødd i Hjelmeland 20/12 1907. Foreldre Brynhild og Ola Bergeland. Gift med Hilda Therese Simonsen, fødd i Randaberg 21/5 1909 av foreldre Theodora og Anton Simonsen. Han har vore lærer ved Ogna skule frå 1948. Barn:

- a. Brynhild Theodora, f. 22/6 1940, g. m. Arne Nysted. Bur i Arendal.
- b. Anders Otto, f. 13/2 1943, g. m. Kari Helgesen. Bur på Sandnes.
- c. Anne Johanne, f. 29/3 1947, g. m. Terje Klippen. Bur i Stavanger.

109. Kjell Jaarvik (94 a.) fødd 13/1 1920. Gift med Marta Kvadsheim (Kvadsheim 50 d.) fødd 7/2 1923. Handelsmann. Barn:

- a. Lars Jan, f. 13/8 1950.
- b. Ivar, f. 25/3 1955.
- c. Inger Johanne, f. 13/9 1957.
- d. Jorunn, f. 14/5 1959.
- e. Marit, f. 9/8 1961.

110. Magne Lintjøm (Lintjøm 32 h.) fødd 15/4 1923. Gift med Johanna Stølen (Stølen 83 e.) fødd 25/6 1926. Industriarb. Barn:

- a. Bjørn, f. 22/3 1954.

111. Sjur Apneseth (108 d.) fødd 19/4 1933. Gift med Marit Lintjøm (107 a.) fødd 7/5 1945. Rørlegger. Barn:

- a. Astrid Vivian.
- b. Karl Johan.

112. Kristian Nielsen (96 c.) fødd 2/12 1951. Gift med Rønnlaug Apneseth (Sirevåg 220 a.) fødd 9/9 1953. Barn:

- a. Einar Christian, f. 14/3 1974.

113. Sivert Kleven (Sirevåg 150 i.) fødd 24/5 1931. Gift med Ane Kristine Sørskog (Søre Hetland 14 c.) fødd 27/7 1936. Barn:

- a. Anne Lise, f. 3/7 1959.
- b. Gaute, f. 12/9 1961.
- c. Tove Kristine, f. 9/9 1966.
- d. Svein Arild, f. 15/2 1973.

114. Terje Hellen (Sirevåg 114) fødd 9/6 1943. Gift med Margot Paula Høyland, fødd 15/2 1944. (Voll i Varh. 205 a.) Baker. Barn:

- a. Tor Magne, f. 1/3 1961.

115. Alfred Erlandsen, fødd 25/11 1911 i Stavanger. Gift med Magretha Kvalbein (sjå Lintjøm 32 f.) fødd 4/11 1915. Han er kontrollør ved Elverket. Barn:

- a. Alf Magne, f. 4/6 1951, g. m. Kari Gjetøy. Bur i Oslo.

- b. Morten Kornelius, f. 29/4 1955.

Hennar barn i første gifte:

- a. Else, f. 20/2 1937, g. m. Eivind Lome. Bur i Oslo.

- b. Aud, f. 2/12 1939, g. m. Hans Kristian Håkestad. Bur ved Larvik.

G.nr. 96. Lintjørn

Namnet Lintjørn er ei samansetjing av orda lin og tjørn. Dei har truleg dyrka mykje lin her i gamal tid. Det har vel og vore ei eller fleire tjømar her, som ikkje er der no.

Garden grensar mot sør til Ualand, Søndre Hetland og Høiland, mot vest til Oгна, mot nord til Mjølhus og Herredsvela og mot aust til Søndre Hetland og Ualand.

Der er store vidder med moldblanda sandjord med sjølsand under, og elles fjell med myrar imellom.

NAMNEREGISTER

1. Merette
2. Anund
3. Antonius Lintjørn
- 3b. Torkel Lintjørn
- 3c. Tolleiv Lintjørn
4. Halvard Olson
5. Peder Tolleivson
6. Peder Halvardson
7. Torsten Antoniusson
8. Lars Hansson Hårr
9. Rasmus Halvardson
10. Mikkel Nilsson
11. Einar Svenson
12. Peder Hoskuldson
13. Nils Knutson Netland
14. Gunnar Tørresson Kverme
15. Knut Nilsson
16. Tollak Omundson Hetland
17. Jakob Gunnarson
18. Jon Olson Kverme
19. Kristoffer Jakobson Bru
20. Johannes Johannesson
21. Tore Mathiasson Hadland
22. Jonas Kornelius Kristofferson
23. Ola Olson Grønnefed
24. Johannes Kristofferson
25. Torger Halvardson Nedrebø
26. Vilhelm Torgerson Lintjørn

27. Morten Tobias Torgerson
28. Knut Johannesson
29. Nils Johannesson Hetland
30. Omund Vilhelmson Lintjørn
31. Gabriel Knutson
32. Morten Kornelius Omundson
33. Bernt Andreas Lintjørn
34. Kristoffer Larsson Aniksdal
35. Halvard Isakson Heigrestad
36. Ottar Mortenson
37. Egil Kjell Nilsen
38. Sverre Landmark
39. Morten Mortenson Lintjørn
40. Alf Tonning Kleven

1. Merette på Lintjørn med dreng Orm — 3 mark i 1519.

2. Anund i 1521 — 2 alen deventer.

3. Antonius Lintjørn nemnd 1563, skatta 1 dalar og 1 ort.

3B. Torkel Lintjørn, nemnd frå 1591 til 1603, segl T.O., 2 spd. korn i 1603, enken nemnd i 1628 — 2 daler skatt.

3C. Tolleiv Lintjørn var lagrettesmann frå 1613 til 1624. Odel 1624 1/2 får i St. Ege. Gift med dtr. til Lars Tollakson Store Ege, nemnd 1563-1603. Barn:

a. Peder Lintjørn (5).

4. Halvard Olson, nemnd i 1645/65, fødd kring 1596, død 1666. Gift med Marit Rasmusdotter (Fuglestad 4 a.) fødd kring 1603, død 20/1 1676, skifte etter henne 1/4 d. å. Det er uvisst kvar Halvard var frå, men i 1665 står han som eigar av heile Kartevoll i Time, og ved skifte etter Marit åtte bua odelsgods i Kartevoll og Fuglestad.

Dei hadde 9 barn:

- a. Berit, g. 1) m. Erik Larsson (Opstad, Nærbø 17), g. 2) m. Håvard Halvardson (Torland, Nærbø 14).
- b. Anna, g. m. Håvard (Kvia, Nærbø 14).
- c. Malena, g. m. Elling Olson (Sandve 4).
- d. Ingeborg, g. 1) m. Tore (Odland, Varh. 15), g. 2) m. Einar (Odland 18).
- e. Rasmus Halvardson (Lintjörn 9), knekt i 1665 — 23 år.
- f. Torgeir (Stavnheim, Varh. 12).
- g. Ola Halvardson (Sandve 5).
- h. Peder, f. kring 1650, død før skifte, ugift.
- i. Tolleiv, død før skiftet.

5. Peder Tolleivson, fødd 1610 = 55 år i 1665. Han var son til nr. 3. Nevnt 1638 under ødeg. og husm. — 1/2 dl. i skatt. Men det er lite me veit om han, korkje kone eller barn er nemnde noken stad, det eg har funne. Det er truleg han som er nemnd som brukar på Lintjörn i 1645, visst gift med Zissel Halvardsdr. Torland. Barn i 1665: a. Peder Pederson, 16 år, b. Tollef Pederson, 26 år, Ole Nielsen, knekt, 15 år, og visstnok c. datter, Barbro Pedersdr., g. m. Ole Atlakson Tengs, og de var tremenningar — som passer at Tollef (3C) hadde odel i Ege. Men den 7/6 1658 er ein Tolleiv Pederson Lintjörn, med fleire, innstemnt for Retten "formedelst de iche effter offte paa-mindelser haffr møt paa Kongsgaarden, der vdschriffuelser schulde schee, belangende Tholleff Peersen Lindtiøm, da bleff berdt, at han tienede Søren Persen i Kongens Feschevær och derfor formeente hand burde at verre frj. Aff saadan aarsag lod Fougden hans sag beroe indtil Høsteting, men begierte dom paa de andre, effter Norges Loug."

Denne Tolleiv Pederson høyrer me heller ikkje gjete meir. Dermed kunne det vore grunn til å gå over til neste, om det ikkje hadde vore for eit sørgjeleg hende i huset hjå han på Lintjörn ein preikesundag ved middagsbordet.

Eg siterar Tingboka:

"Walde Skiberedtzing dend 18 Decembris 1629. Neruerende Erlig oc Velagtet mand, Seuerin Pedersen, Ko. Ma. Foegget offuer Staffuanger Leen, oc Henrich Hanssen, Skriffuer offuer Jedderen oc Dallerne.

Laugrettet:

Olle Reimme, Torchild Aarszland, Ziffuert Huuszueg, Rasmus Brattland, Olle Hobberstad, Tørres Tiemszland.

Huor daa for Retten komb Olle Oelsen Fuglestad, som framblagde Høigbte Ko. Ma. vores allernaadigste Herres leidebreff

eller Kongedaug, dateret Ellinggaard den 4/9 Anno Christj 1629. Huorved hand haffuer erlanget frjheed til att søge proff oc vidnesbyrd udj dend drabssag, som desuerre, her paa Gaarden (Lindtiørn) ved S(alig) Joren Tostensdatter cort forleden giort ehr. Saa oc til endelig Domb i den sagh. Oc effter att udj samme Kongedaug angiffues huem hoes schall haffue veret, der den ulyche sig tildroges, som derom kunde behre proff oc vidtnisbyrd. Daa haffde forskne Olle Oelsen oc nu ved vores gunstige Leensherres schrifftlige steffning hid for osz ind eiteret, nemblig Zigbiørn Einnersen Aahrstad, Marete Roaldszdatter oc Peder Høileland, deres sandferdige proff ved høigieste eed her udinden at vere gestendigh. Oc vahr ved samme steffning ocsaa hid eiteret den dødes efftermaahls-mend, nemblig hendes fader, Tosten Ougne oc hendes effterladte husbonde, Peder Høileland, att høre paa huis vidtnesbyrde j denne sag ført bliffuer, Udj huis neruerelse Zigbiørn Einnersen paa Aahrstad først bleff frambkaldet, som proffuet, att paa den Løffuerdag nest før St. Michelsdaug sidst forleden vel paa efftermiddagen, effter att Presten oc enn deel almue effter den nye Kiercheforordning haffde den daug søgt Kierchen, huor daa Ko. Ma. Korntiende her i Ougne Sogn oc bleff schreffuen, vahr hand med Sognepresten, Hr. Torgier Hanssen, Leensmanden Tosten Ougne, Christopher Annixdall, Oelle Oelsen Fuglestad, Tierand Ougne, Joren Tostensdatter, oc fleere, indkommen till Lindtiørn med Peder Tolleffsen att faa maed. Daa bleff den Dannemand Hr. Torgier satt for boerdenden i Høigsedekrogen, Hand forskne Zigbiørn Einnersen dernest optill Christopher, oc Tierend nest derhøes. Tosten Ougne øffuerst paa forsedet, oc Oelle Oelsen Fuglestad nest hoes hannom. Oc effter att moltid vahr giort, oc maden vahr nyss optagen, daa snachede Oelle Oelsen noget till Christopher Annixdall, huad det vahr, sagde Zigbiørn iche att viide eller høre. Men Christopher hannom dertill (suarede) oc sagde: leg seer Sathan regierer digh, leg vill iche sidde hoes dig. Christopher stoed saa op oc gich paa gulffuet oc imoed dørren, satte sig siden paa benchen udenfor boeret hoed Peder Lidtiørn, oc talte intet videre.

Oc i det samme bøll sagde fome Zigbiørn sig att sidde oc snache med forbte Joren Tostensdatter, oc Presten med Tosten Ougne, oc enten Oelle Fuglestad bleff red for Christopher, der hand satte sig med siden paa hannom, eller ey, det viste hand

iche. Men Oelle j det samme toeg til sin kniff, oc holt den i haanden, oc talte adligevel iche idt ord til nogen. Der Joren Tostensdatter, som saed hoes Ziegbjørn i krogen bag boeret, saa Oelle Oelsen toeg til sin kniff, sprang hun straxt hastelig offuer boeret med forset schade att affuerge, oc falt saa forne Oelle Oelsen i favnen, der han stoed med kniffuen, oc fich i det samme hendes schade oc banne udj hendes armb som bleff synderschoren. Doeg saa hand iche, som hand proffuet, att Oelle Oellsen den tiid eller føre, stach eller schar til nogen med sin kniff. Straxt effter saadan ulyche vahr skeed gich Hr. Torgier ad dørren, oc Zigbiøm komb paa gulffuet oc ville haffue søgt døhren. Daa komb den S(alig) Quinde till hannom oc viiste hannom hendes armb, som hun haffde faaet schade udj, oc spurde hannom om der vahr raad att hand kunde hielpe hender, daa ingen raad eller menneskelig hielp att vere. Oc i det samme (hun) saa talte med hannom, saa hand att nogle haffde Oelle Fuglestad baglengdts offuer nenchen paa gulffuet.

Huilchet Tierand Ougne nu frambstoed oc betiendte, att haffue giordt, siden hand saa att den schade paa hans søster vahr skeed. Murette Roaltdzdatter, tienede paa Lindtjørn, j ligemaader frambkomb oc proffuet, att samme bemte Løffuerdauges efftermiddag, effter att maeden vahr optagen, komb hun ind i stuen, som Presten oc andre forbmte haffde faaet maed. Daa saa hun att Tierand Ougne sloeg till Oelle Fuglestad med een stoell, oc daa stoed S(alig) Joren Tostensdatter, som falt, oc holt paa hendes armb, som hun haffde faaet schade udj. Oc j det samme rush komb Oelle Fuglestad oc andre fleere tumblendes offuerende paa gullffuet, Oc der forne Oelle Fuglestad vahr opsluppen aff gulffuet, fulde hun hannem udj gaarden, thj hand ville gaa bort. Daa sagde Oelle til hende: Gud vere loffuet att leg slap med helsen ifraa dem som haffde mig paa gulffuet! Men noget førend hun fulde Oelle Fuglestad ud, daa sagde S(alig) Joren Tostensdatter til hende inde i stuen: Gud naade mig, de har mig meet! Men siden dereffter, der hun komb ud j gaarden, oc hun spurde hende huem der haffde giort det, saa suarede hun hende, att hun haffde meet sigsielff.

Den S(alig) Quinde, Joren Tostensdatters egtemand, Peder Hølleland, frambkomb oc saa att Presten effterdj baade Kongedaugen oc vores gunstige Leensherres steffning tilholt hannom sin sandheed her udinden

att bere, oc vere bekiendt. Hand sagde att det første hand fandt hans S(alig) Quinde affter att hun haffde faaet den schade, daa laa hun uden(om) døren i gaarden, oc blodet forløeb hende. Daa spurde hand hende, med det sind som huer kand tenche, huem dett haffde giort. Hand berette det hun suarede hannom, att hun haffde giort dett sielff. Saa toeg hand straxt sitt sochebaand oc bant offenom hendes armb, j meningen dermed blodet att stille. Men det vahr daa, saa bedre Gud, altfor sent. Thj hun straxt dereffter hensoff udj Herren.”

6. Peder Halvardson, nemnd i 1665. Fødd kring 1610, død 20/1 1675. Gift med Sissel Halvardsdotter (Torland, Nærbø 12 e.) som var død før Peder, antakelig enkje etter nr. 5. Den 27/11 1668 var Peder Halvardson og Torsten Antoniusson Lintjøm vitne i ei sak om nokre laksar som Rasmus Lintjøm og Ole i Skottevågen hadde ”annammet och borttaget” frå Holmens Fiskeri. Laksen hadde dei selt til Tore i Sirevåg. Ved skifte etter Peder Halvardson 3/2 1675 er nemnde 4 barn:

- a. Peter Peterson, f. 1651 (Sirevåg 20).
- b. Anna, g. m. Lars Hansson (8).
- c. Lisabet.
- d. Barbro.

7. Torsten Antoniusson er, som sagt ovanfor, nemnd som vitne saman med Peder Halvardson i 1668. Han er ikkje nemnd annan stad det eg har funne. Kanskje hadde han samanheng med nr. 3.

8. Lars Hansson (Hårr, Varh. 21) fødd kring 1645. Gift 1) 1675 med Anna Pedersdotter (6 b.) død 1690. Gift 2) med Berit Omundsdotter Reime, død 1705. Gift 3) med enkja etter Ola Salomonson Odland, Malena Olsdotter. Han budde på Lintjøm til faren, Hans Hårr, døde, då han flytta heim til Hårr. Om barna, sjå Hårr.

9. Rasmus Halvardson (4 e.) fødd kring 1642, død 21/6 1685, skifte etter han 29/9 1686. Gift 1) kring 1678 med Karen Nilsdotter, fødd kring 1645, død 1677. Ho hadde 3 brør, Ole Nilsson Tjesseim i Høyland og Torkel og Simon i Stavanger. Gift 2) med Kirsten Pedersdotter (Stavnheim, Varh. 8 f.) fødd kring 1653, død 1725. Rasmus Halvardson åtte 10 spand i Kartevoll. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Karen, f. 1679, g. 1) m. Ola Rasmusson (Ogna 20), g. 2) m. Torkel Tolleivson (Ogna 21).

- b. Marit, f. 1680, død før 1720.
- c. Halvard, f. 1682. Han var gift, men bustad og kona uvisse.
- d. Peder Halvardson, f. 1684, død 1720, ugift.

10. Mikkel Nilsson, son til Nils Ivarson frå Stensland i Bjerkreim. Fødd kring 1654, død 1687. Gift med Maren Hansdotter (Hårr, Varh. 16 c.). Han tok over bruket etter verbroren, Lars Hansson, kring 1680 eller helst før. I 1684 stemnde han Ole Tjerandson Sirevåg for "2 quernesteene for 2 Rdr. paa vilchor at dersom samme steene iche ere gode, da hand dennem at igienthage. Dernest Michel Lindtjørn beuiste med Niels Graffdal och Oelle Stocheland, at samme quernesteene aldrig kand gjøre meel". Dei fekk 5 barn:

- a. Hans, f. 1681, død s. å.
- b. Anna, f. 1679, budde i Oslo i 1729.
- c. Marit, f. 1684, levde i 1729.
- d. Hans, f. 1685, død 1704.
- e. Nils, f. 1687, død før 1729.

11. Einar Svenson, truleg son til Sven Sjurson (Aniksdal 18 b.) fødd kring 1660, død 1732. Gift 2/6 1689 med enkja etter nr. 10, Maren Hansdotter, fødd kring (1640?), død 1729, 82 år gml. Einar tok over bruket etter nr. 10 i 1720 med bykselbrev frå Hr. Daniel Rasch. (Han er ikkje førd i Futerekneskaps Bøkene i 1723.) Han hadde 3 barn:

- a. Aasa, f. 1690, død s. å.
- b. Aasa, f. 1691, g. m. Gunnar Tørresson (14).
- c. Sven, f. 1693, død før 1701.

12. Peder Hoskuldson, son til Hoskuld Helvig og Magla Rasmusdotter. Fødd kring 1666, død 1720, skifte 26/3 det året. Gift 27/6 1686 med enkja etter nr. 9, Kirsten Pedersdotter, som døde 12/8 1725. Om dette dødsfallet finst følgjande i Tingboka: "Ved extrating efter dend afdøde Kirsten Lindtjørn dend 2 Aug (sic) 1725. Overværende samme tiid fogden lensmanden og tilnefnte mænd: Ole Olsen og Ole Iversen Sandve, Rasmus Halleland, Hans, Ole og Per Vetteland, Ole og Claus Bøe. Samme tiid hafde fogden ladet indkalde Joen, Tore, Tierand og Peder Ougne, og Ener Lindtjørn samt Siver og Asser Høiland, som blev fremkaldede at gjøre deres sandferdige udsigelse om denne qvindes forhold, levemaade og liv i verden. Hvor da først manden udj huuset, Niels Lindtjørn, og qvinden Anne Pedersdatter, som er den afdødes datter, forklarede, nembliq

qvinden, at for en maanetz tiid siden, om formiddagen, da hendes moder var (.....?) og hun gick fra hinder udj kaarhuuset ind i stuen, og da hun var noget lenge borte, gick hun ind, og som hun kom i stuen sog hun hendes moder ligge paa gulvet, og var blodig, blev hun saa altereret at hun ej observerede af hvad dette var skied, men løb ud at robe folk til sig. Da hendes mand og grande Ener med 2de piger kom ind.

Derpaa Ener Lindtjørn sagde hand indkom, hun laaeg udj en slagbench, og saag hun var blodig. Omsider kommer Asser Høiland der tilstede tilligemed Niels, saæg hun var blodig under halsen. Da hand spurte hende hvor hun fich denne schade, sagde at hun selv det gjorde, og ellers sagde hun iche i lang tiid haver hørt Gudz Ord, og ligesom var kied af verden. Videre sagde vidnet, at hand udj 2de mænds, Asser Høiland og Ener Lindtjørns nærværelse spørger hende om hun hafde noget at kiære. Dertil svarede Nej, ej udj nogen maader, men med hvad dette var skied viste ej. Men under halsen var en schade. Videre viste de ej."

Peder Hoskuldson var perlefisker. Han hadde visst 6 barn:

- a. Malena, f. 1687, død 1688.
- b. Rasmus, f. 1689 (Bru 8).
- c. Malena, f. 1692, g. m. Antonius Olson (Kvalbein 14).
- d. Anna, f. 1695, g. m. Nils Knutson (13).
- e. Marit, f. 1697, død 1720.
- f. Kristoffer, f. 1699, død før 1720.

12B. Peder Sigbjørnson, 42 år i 1718, husmann.

13. Nils Knutson, var son til Knut Nilsson Netland i Eigersund og Ingeborg Tolleivsdtr., f. Heigrestad. Han var fødd kring 1689, død 11/11 1753. Gift 9/11 1721 med Anna Pedersdotter Lintjørn (12 d.) fødd 1695 (ho levde i 1758). 8 barn:

- a. Ingeborg, f. 1722, g. m. Peder Antoniusson (Kvalbein 18).
- b. Kirsten, f. 1723, død som barn.
- c. Knut Lintjørn, f. 1725 (15).
- d. Peder, f. 1729, levde i 1754.
- e. Kristoffer, f. 1727, død i Holland 1754, ugift. Der fall etter han, "en del klæder og penge, som skal være under forvahrung hos Peter Seler i Amsterdam". Han kalla seg Christoper Corneliussen i Amsterdam. Broren Peder fekk fullmakt å "annamme og qvitere for samme arv",
- f. Kirsten, f. 1731, g. 1) m. Elling Olson (Haugstad, Varh. 23), g. 2) m. Tjerand Omundson (Haugstad 33).

- g. Nils, f. 1739 (sjå Friestad 31).
- a. Astrid, f. 9/11 1918, g. m. Emil Eriksen Hegrestad.
- b. Jesper Kvalbein, f. 10/4 1920 (38).
- c. Ingeborg, f. 3/6 1923, g. m. Bjarne Vatland, Sandnes.
- d. Arne, f. 24/12 1926, g. m. Maria Lillefoss.
- e. Alf, f. 2/4 1929, død 19/6 1961.
- 34. Otto Kvalbein** (30 a.) fødd 28/9 1901. Gift 1932 med Ellen Johansdotter (Hadland 45 a.) fødd 3/7 1907. Tok over bnr. 3 etter faren i 1938. Barn:
- a. John, f. 12/9 1933 (42).
- b. Johan, f. 9/6 1936, g. m. Anne Grete Langhol.
- c. Karen Margreta, f. 20/8 1946, g. m. Oddvard Håland, Hinna.
- 35. Cornelius Qvalbeen** (29 c.) fødd 3/7 1898. Gift 1926 med Amanda Karlsen, fødd i Eigersund 6/2 1904, dotter til Lars og Ane Karlsen på Helvig. Han tok over bnr. 1 i 1940. Barn:
- a. Martin, f. 21/10 1927 (40).
- b. Livar, f. 12/1 1930 (41).
- c. Kolbjørn, f. 25/12 1936, g. m. Kari Refve. Bur på Klepp.
- 36. Tønnes Kvalbein** (29 d.) fødd 19/9 1900. Gift med Ingeborg Hansdotter Voll, fødd i Klepp 9/7 1912, død 2/1 1970, dotter til Hans Larsson, Voll på Jæren og Malena Torkelsdtr., f. Vigedål. Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 6, i 1940. Barn:
- a. Turid, f. 2/6 1943, g. m. Aksel Skimmeland, Haugesund.
- b. Halldis Marie, f. 8/2 1948.
- c. Asbjørn, f. 22/6 1950 (39).
- 37. Willy Kvalbein** (31 e.) fødd 6/7 1922. Gift 1945 med Lilly Sivertsen (Haver 77 d.) fødd 4/12 1924. Han tok over bnr. 4 og 8 etter faren i 1948. Barn:
- a. Johannes, f. 5/12 1945, g. m. Helga Hovland. Bur på Bryne.
- b. Leif Willy, f. 5/8 1947, g. m. Gunn Søyland (Voll 215 a.). Bur på Vigrestad.
- c. Magne, f. 22/3 1954.
- d. Brit, f. 13/4 1960.
- e. Vidar Luin, f. 5/11 1964.
- 38. Jesper Jensen** (33 b.) fødd 10/4 1920. Gift med Astrid Aalgård, f. 13/8 1928, dotter til Torvald og Karen Aalgård. Han har bnr. 2. Barn:
- a. Alise Helen, f. 22/2 1950, g. m. Odd Arvid Wærsland, Egersund.
- b. Torill Kari, f. 12/11 1953, g. m. Sigbjørn Wigre.
- c. Jane, f. 17/3 1960.
- d. Åse, f. 17/3 1960.
- e. Kirstin, f. 18/12 1963.
- 39. Asbjørn Kvalbein** (36 c.) fødd 22/6 1950. Gift 1971 med Reidun Svendsen, f. 5/1 1953. Dotter til Ragnvald og Mary Svendsen, Vigrestad (sjå Voll i Varh. 178 b.). Barn:
- a. Ingunn, f. 17/3 1972.
- b. Merete, f. 13/2 1974.
- 40. Martin Qvalbeen** (35 a.) fødd 21/10 1927, død 3/3 1972. Gift i 1959 med Åsa Mauland, fødd i Time 30/6 1928. Foreldre Olaus og Agnes Mauland. Barn:
- a. Anbjørg Talette, f. 17/6 1960.
- b. Åshild, f. 11/5 1962.
- c. Marit, f. 20/1 1964.
- 41. Livar Qvalbeen** (35 b.) fødd 12/1 1930. Gift 1955 med Hjördis Matningsdal, f. 6/1 1925 (Matningsdal 30 c.). Livar tok over

ein part av farsgarden i 1966. Barn:

- a. Kåre, f. 21/7 1956.
- b. Kristine, f. 14/11 1959.
- c. Sigmund, f. 14/5 1967.

42. John Kvalbein (34 a.) fødd 12/9 1933. Gift 1957 med Magdalene Muhl, f. 4/2 1937 i Rendsburg, Tyskland, dotter til Ernst og Kristine Muhl. Barn:

- a. Olav, f. 19/5 1958.

- b. Egil, f. 30/9 1962.
- c. Jan, f. 30/12 1964.
- d. Eyvind, f. 26/6 1969.

43. Leon Ravndal, fødd 21/5 1940 i Gjestal. Foreldre Torger B. og Ester Gesine Ravndal. Gift 23/11 1963 med Aud Kari, f. 31/12 1945 (32 a.). Barn:

- a. Kristi Alice Kvalbein, f. 31/3 1964.
- b. Eli Anne Linda, f. 5/6 1967.

G.nr. 103. Kvasheim

G.nr. 104. Kvasheimheien

KVADSHEIM GNR. 103. Gardsnamnet må vera samansett av adjektivet som på gamalnorsk vert skrive hvass (kvass, skarp) og heimr (heim). Kvass må vera kome til som kanskje noko tilfeldig karakteristikk av jorda som for ein del er steinet og gruset.

Kvadsheim grenser mot sør til Kvalbein og Friestad, mot vest til sjøen, mot nord til Haarr og Vold og mot aust Heien og Friestad.

Jorda er sandblanda mold, myr og morene.

HEIEN GNR. 104. Burde vel helst skrivast Heia. På den tida denne garden vart bygd var nok eignedomen berre ei vill hei. Men området kan godt vera kalla heia lenge før der var bureist der.

Grenser mot sør til Friestad, mot vest til Kvadsheim og mot nord og aust til Vold.

Jorda er morene og myr.

NAMNEREGISTER

1. Laffriitz Hwaszym
2. Elling ibidem
3. Anders Quasszem
4. Sigmundt Quasszem
5. Torgier Quasszem
6. Ormb Quasszem
7. Lille Ormb ibidem
8. Orm Mikkelson
9. Torkel Ormson
10. Mikkell Ormson
11. Jon Pederson
12. Tolleiv Rasmusson
13. Ola Torkelson
14. Lars Johannesson
15. Peder Jonson
16. Jon Jonson
17. Størkard Gunderson
18. Lars Torstenson
19. Torkel Tolleivson
20. Ola Hansson Hårr
21. Torkel Olson
22. Johannes Olson Kverme
23. Jon Jonson Obrestad
24. Einar Rasmusson
25. Roald Ellingson Friestad
26. Rasmus Einarson
27. Ola Torkelson
28. Tjøl Gunnarson Friestad
29. Ola Johannesson
30. Lars Johannesson Friestad
31. Rasmus Rasmusson Stokkeland
32. Hans Jonson Sirevåg
33. Einar Jonson
34. Hans Larsson Vigre
35. Rasmus Omundson Varhaug
36. Rasmus Rasmusson
37. Jon Omundson Kvalbein
38. Hans Jonson d. y.
39. Ola Rasmusson
40. Lars Hansson
41. Hans Larsson
42. Ola Rasmusson d. y.
43. Lars Rasmusson
44. Jonas Hansson Heien
45. Rasmus Olson
46. Hans Hansson
47. Rasmus Alfred Larsson
48. Reinert Kvasheim
49. Lars Hansson (L. H. Kvasheim)
50. Ivar Sandsmark Kvasheim
51. Ole Gabriel Ueland Kvasheim
52. Martin Larsson Kvasheim
53. Jonas Hansson Kvasheim
54. Jon Hansson Kvasheim
55. Rasmus Rasmusson (R.R.) Kvasheim
56. Hans Otelius Zahl
57. Tomas Bergsaker
58. Olaf Zahl
59. Leif Kvasheim
60. Hans Jonsen Kvasheim
61. Johan Omland

62. Hans Larsen Kvadsheim
63. Hans Jonassen Kvadsheim
64. Mathias Kleven
65. Lars R. Kvasheim
66. Anbjørn Magnus Heien

1. Laffriitz Hwaszym skatta i 1519 — 6 mark, 3 tur. malt og 4 lod og 1 quintenn sølf i 1521.

2. Elling ibidem skatta i 1519 — 5 mark, 2 tur. malt og 2 alner deunter i 1521 (hollandsk tøy).

3. Anders Quadszem skatta 1 dalar og 1/2 ort i 1563.

4. Sigmundt Quasszem skatta av odel 1/2 vett korn — 1 ort, 1 dalar og 1/2 ort i 1563. Han var lagrettemann, kalt Huassem i 1591 og utsending til kongehyllinga i Oslo. I ei sak om skiftet mellom engslåttene på Kvasheim og Friestad, som Michel Gundersen førde i 1667, vitna Johannes Sigmundson Neland og Ivar Sigmundson Hatteland, som var fødde på Kvasheim. Desse 2 må då utan tvil ha vore sønene til Sigmund. (Sjå Mæland, Varhaug nr. 4 og Hatteland, Klepp nr. 2.)

5. Torgier Quadsszemb var utsending til kongehyllinga i Oslo saman med Sigmund i 1591, i seglet T.A. Han er og nemnd i 1602.

6. Ormb Quasszem skatta 10 dalar i 1603 og like eins i 1613. Skal fare til lagtinget i 1617, hadde i 1622 svoret å ha betalt landskyld til Rasmus Lauritsen.

7. Litle Ormb ibidem skatta 9 dalar og 3 lod sølv i 1603 og 10 dalar i 1613. Skal fare til lagtinget 1620 og er nok den same som nr. 8, desse er nemnde jamsides begge gonger. Dei var begge lagrettesmenn i 1633, og Litle Orm også i 1617. Truleg var det Litle Orm som i 1636 hadde ”ved ombudtsmandens steffning hid eiteret Erich Øystad (Auestad) oc tilltallet for sex R.daler hand har loffuet hannom j opladelse aff en halff pundtz leie i forne gaard hand for sin søn Peder Erichsen oploed, huilehe hand iche vil betaile. Lagde och derom en zeddel j Rette fraa ombudtzmanden, Peder Hansen, som leiet hannom jorden.

Herimoed at suare møtte fome Erichs Quinde, Maritte oc nechtet at hendes hosbond och hun loffuet hannom aldrig

nogen penger. Derom førte Ormb proff, Povell Opstad, som ved Sal. Christopher Huuszueg, oc loffuet Ormb paa Erichs vegne sex daler j opladelse aff den part, Item ved Lille Ormb Quaszembs søn, Lauertz, som vidnet sin faders ord, at hand hørte det Marette loffued Ormb, at hun vill oplade saa meget j Øystad for hans søn, som hand oploed for hendes søn j Quaszemb, huilehet iche er holden, men indtaget til sig en anden Carl som fich hendes datter. Herom for Rette kiend, at effterdj Ormb har opladt forne jordepart med vilkor ut supra, daa dersom hand iche faar sine 6 daler som hannom loffuet ehr, heller Erich iche oplader 7 spand leje for Ormb's søn j Øystad igien, inden sex ugger hereffter, daa Ormb at søge ombudtxmanden om feste paa forne jordepart igien, och Peder gaarden dereffter at udrømme.”

8. Orm Mikkelson er nemnd i 1645 med kone, dreng og pike, og var lagrettesmann i 1620. Truleg g. m. Birgitte Kvassem, nemnd 1674 som eigar av 3 sp. i Fuglestad. Han var truleg den same som Litle Orm. Truleg var hans barn:

- a. Torkel Ormson Kvasheim, f. 1611 (9).
- b. Mikkell Ormson Kvasheim, f. 1610 (10).
- c. Laurs Ormson, nemnd under nr. 7, er ikkje nemnd seinare.
- d. Kristoffer Ormson var stemnd for Retten for han ikkje hadde ”møt paa forordnede sted, der vdschriffuelen scheid, effter Leensherrens och Fougdens bafalling, da bør han (de) derfor at kjøbe deres fred med 10 mark sølff, eller fare fredløse.”

9. Torkel Ormson (8 a.) er nemnd saman med Orm Mikkelson i 1645, og framleis i 1665. Han var fødd kring 1611 og døde i 1680. Skifte etter han var halde 18/3 det året. Gift 1) med Magla Eivindsdotter, som der var skifte etter 27/9 1676. Gift 2) med Malena Rasmusdotter, som var enkja etter ein som heitte Ola. Torkel hadde 4 barn i første gifte:

- a. Ola Torkelson, f. 1651 (13).
- b. Anna, var gift, men uvisst med kven.
- c. Marit, var og gift, men mannen ikkje nemnd.
- d. Eldrid, var ugift i 1680.

10. Mikkell Ormson (8 b.) fødd kring 1610, død 30/1 1670, han er då sagt å vera 64 år, men det er sjeldan at alderen åt ein mann stemmer frå år til anna i skriftene. Der var skifte etter han 26/3 s. å. Han var gift 1) med Anbjørg, som døde 22/10 1665, 55 år

gml. Gift 2) med Anbjørg Gunnarsdotter, som levde i 1670. I 1652 hadde lensmannsfullmektigen, Rasmus Svenson stemnt Mikkel Kvasheim og Orm Kvasheim sin dreng med mange fleire, ”formedelst de utroeligen schall haffue omgaaedtz med Ko. Ma. vrag, som de schall haffue taget och berøffuet som j forleeden høst er indkommen paa Staffnems land”. Og den 12/10 1767 hadde futen stemnt Mikkel Kvasheim og Håvard Friestad ”formedelst dj iche førte mester Søffrin? da hand var paa hans rejse til Staffuanger”. Mikkel skulda på at han hadde ingen hest, og Håvard sa at ”det hannom den gang iche tilkomb at schydtze, och thilmed bekreffter det iche var dennem beuist hand til frj føringschab var berettiget.” Mikkel Ormson hadde 3 barn i første gifte:

- a. Marit, g. m. Markus Sæstad.
 - b. Malena, var gift på Herigstad i Varhaug.
 - c. Tjerand var ugift og umyndig i 1670.
- Tjener på Kvasheim i 1665 var Peder Ellingson, 16 år.
Kvasheim på 2 1/2 pund kom eides i 1664 av Christopher Gaarmand (Utstein Kloster).

11. Jon Pederson, nemnd på Kvasheim i 1665 og 1701. Han var son til Peder Rasmusson Njå i Time. Fødd kring 1625, død kring 1717, skifte etter han 6/10 d. å. Han var gift med Johanna Toresdotter, fødd i Høyland 1643, død 14/11 1732, dotter til Tore Jakobson Hove og Helga Larsdtr. Jon Pederson var lensmann i Valle skipreide. I 1666 hadde han stemnt Mikkel og Torkel Kvasheim ”anlangende deres sandhed at vide, om huis fome Joen Quaszem och Sal. Iffuer Oelsen aff Staffuanger imellum haffuer verrit. Da frembkom forne indsteffndte personer, och bekiendte, at Joen Pedersen haffde fragtet forne Iffuer Oelsens jagt, at hente hans (material?) huis hand haffde indkiøbt til hans gaards biugnings fornødenhed, och der hand haffde giort samme reise, leffuerit Joen Quaszem bemte Iffuer Oelsen 8 td. kom. Videre rejse haffde hand iche giort for hannem, uden hand en gang førte jo 12 thylter heuer hiem som var hans egen, och 4 threr, som Iffuer sielff tilkomb.”

I 1684 hadde Jon Kvasheim stemnt ”hans grande, Tholleff ibm. formedelst hans quinde haffr sagt nogle ord, huorum hans erlige naffn var angaaendes. Formente hand at lide. Indsteffndte Tholleff møtte och erchlerede bemte Joen Quaszem paa hans quindes veigne, hand iche andet at vide med hannem end det som erligt och sømmeligt er, och loffuede derfornden at

giffue til Ougne Kirche et voxlius til en halff Rdr.”

Jon og Johanna Kvasheim hadde 12 barn:

- a. Berit, f. 1666, g. m. Lars Pederson (Voll, Varh. 19).
- b. Marit, f. 1667, g. 1) m. Rasmus Efjestad, g. 2) m. Torgier (Efjestad 18 og 20).
- c. Karen, f. 1668, g. m. Henrik Jonson (Madland, Varh. 12).
- d. Tore, f. 1669, død ugift, 35 år i 1701, reist til Holland.
- e. Johanna, f. 1671, g. 1) m. Erik Pederson Odland, g. 2) m. Ola Olson (Odland 19 og 22).
- f. Berit, f. 1672, g. m. enk. Rasmus Einarson (Hobberstad 29).
- g. Karen d. y., f. 1674, g. m. lensmann Omund Ålgård, Gjesdal.
- h. Malena, f. 1675, død 1696.
- i. Peder, f. 1680, g. m. Anna Jansdtr., var sjømann og døde på reise til Danzig i 1732, barnlaus. Han tjente i 1701 Elisabeth Seehusen i Stavanger.
- j. Guri, f. 1681, død 1693.
- k. Siri, f. 1677, g. m. enk. Jakob Gunnarson Helvig (Voll 18).
- l. Jon Jonson Kvasheim, f. 1683, 18 år i 1701, tente på Hårr (16).

Tenarar i 1701: Lars Tollakson Halleland, 32 år, marinesoldat, foreldrene døde, Endre Torgerson, 19 år, frå Egersundstrand.

12. Tolleiv Rasmusson var bror til Gunnar (Aniksdal 20). Han var fødd kring 1639, død 19/3 1653. Gift med (Guri Gregoriusdotter?) (Njærheim, Nærbø 22 g.) fødd kring 1653, død 21/3 1694. Han er nemnd på Kvasheim i 1701. Tolleiv Rasmusson og Ola Torkelson Kvasheim gjorde perlefiskareiden i 1707. Det er ikkje funne skifte etter korkje han eller kona, men deira barn var:

- a. Rasmus, f. 1674, han var marinereserve og tente på Husveg i 1701.
- b. Inger, f. 1677.
- c. Torkel, f. 1688, var heime i 1701, død 31/3 1748 (19).

13. Ola Torkelson (9 a.) fødd kring 1651, død i 1729, skifte etter han 14/6 d. å. Gift 4/8 1695 med Malena Larsdotter (Haver 6 a.) fødd 1678. Tenar i 1701: Oluf Jakobson Qverme, 19 år. Ho heldt skifte med barna 30/4 1740. Ola Torkelson byksla 9 spand i Kvasheim av Peder Lauritzson i 1680. I 1724, den 18/7, var Jon, Ola og Lars Kvasheim for Retten ”for de iche med fleere haver indfundet sig til veyrydning. Af de indsteffnte møtte ingen”. Same tid hadde futen stemnt Ole Kverme og

Størkard Aniksdal for at dei hadde vore i slagsmål på Kvasheim, og då var Jon, Ole og Lars Kvasheim innstemnde til vitne, men ingen møtte.

Den 2. april 1729 var Ola og Jon Kvasheim for Retten, ”for de skal have funden noget brendevin paa stranden og iche angivet samme. Item noget tiære”, Jakob Jakobson vitna at Lars Kvasheim hadde sagt til han, at han om våren 1728 hadde funne eit halv anker fransk brennevin, saman med Jon. Dette kunne ikkje Lars nekte for, og heller ikkje Jon, men dei sa at det var halvblanda med vatn, eller sjø. Ola Torkelson hadde 9 barn:

- a. Guri, f. 1698, g. m. Størkard Johannesson (Aniksdal 28).
- b. Lars, f. 1700, død s. å.
- c. Laurits, f. 1701, var i Holland i 1729, seinare gift og budde i Eigersund.
- d. Malena, f. 1704, var ugift i 1740.
- e. Ingeborg, f. 1706, g. 1) m. Tarald Reiarson Skadberg, g. 2) m. Mikkel Skadberg i Eigersund.
- f. Torkel, f. 1709, død s. å.
- g. Torkel Olson Kvasheim, f. 1711 (21).
- h. Ola, f. 1718.
- i. Kristoffer Olson, f. 1720, tente hjå Tolleiv Kristofferson Kvia i 1738.

14. Lars Johannesson (Njærheim, Nærbø 48 a.) fødd kring 1693, (død 11/12 1758?). Gift med Malena Tolleivsdotter. Lars Johannesson byksla 9 spand i Kvasheim av Hrr. Bendix Diurhuus i 1719. Det må ha vore kyrkjegods, sidan Diurhus stod for bykselen. I 1728 stod Torkel Tolleivson Kvasheim for Retten, ”for hand skal hafve slaget Lars Johannessens qvinde. Til vidner var indstefnt hans moder, Malena, og hans datter, Ingeborg Olsdr. som begge iche møtte. Besigtigelsesmændene, Tiøl og Ola Friestad vidnet at de i høst da de inladede komet, var de begiæret at besigtige Mailena Tollefsdatter, som de forefandt blodig og et hull slagen i hovedet, og dend eene haand bruden, som hun sagde Torkel Qvaszem hafde med en rive slaget hende”. Barn er ikkje nemnde.

15. Peder Jonson (sjå 11 i.). Han hadde barn til dåpen 2 gonger, og er den eine gongen kalla Peder Kvasheim og den andre gongen Peder Kvasheim frå Stranden. Begge gongene var det Eigersundsfolk som var fadrar. Ein annan gong var han fadder for eit bam frå Friestad. Han budde nok i Egersund, og dei 2 barna må vera døde før faren. Barna var:

- a. Jørgen, f. 1723.
- b. Karen, f. 1728.

16. Jon Jonson (11 l.) fødd 1683, død 28/6 1738. Gift med Gitlaug Einarsdotter (Lerbrek, Varh. 9 b.) fødd 1702. Jon Jonson byksla 18 spand i Kvasheim av Kristoffer Garman i 1718, som var halve Kvasheim. Han er førd i Futerekneskapen til 1739. I 1725 var dei 3 Kvasheimmennene, Ola, Lars og Jon (13, 14 og 16) innstemnde for Retten ”for et vragetræ de skal have bortført. De forklarede, at det paastefnte vragetræ hafde de efter nød-vendighed forbrugt til Qvassems broe, som de foregiver at ligge i alfarvej, hvorfor dend var fornøden at reparere. Vidste derfor iche at saadant var dem forbuden, helst som det laa og blev funden paa deres egen gaards grund. Og som de undskyldte sig med eenfoldighed, og træet ej heller var af nogen værdj, saa efterloed fogden sin sag imod dem imod deres løfter og forsichring ej tiere at tileigne sig sligt uden Ovreghedens minde.” Jon og Gitlaug Kvasheim hadde 7 bam:

- a. Johanna, f. 1725, g. m. enk. Johannes Olson (Kverme 15).
- b. Eli, f. 1727, g. 1) m. Knut Nilsson (Lintjøm 15), g. 2) m. Jon Olson (Lintjøm 18).
- c. Jon, f. 19/2 1730.
- d. Einar, f. 1731, død 1741.
- e. Peder, f. 13/6 1733. Han var sjømann, i 1757 var han tiltala og straffa for leiermål med Lisabet Nilsdr.
- f. Tore, f. 1737, død 1742.
- g. Jon, f. 23/2 1739, død 1741.

17. Størkar Gunnarson Lyseheien (Herigstad i Varh. 24) var husmann på Lyseheia. Han var brorson til nr. 12, fødd 1663, død 30/11 1732. Gift 1) med Joron Rasmusdr. (Aniksdal i Varh. 17 c.) skifte 7/6 1695. Gift 2) med Berit Knutsdr., død 26/2 1742, 68 år. 2 bam i første og 4 i andre gifte:

- a. Tore, f. 1691, levde i 1733.
- b. Gunnar, f. 1693, død før 1733.
- c. Berit, død før 1733. Ho hadde vore gift og lot etter seg 2 barn, Govert og Gunhild.
- d. Sven (17B).
- e. Gunnar, f. 1705.
- f. Magnhild.

17B. Sven Størkardson (17 d.) truleg gift med Marta Olsdr. (N-Hetland 74 e.) fødd 1707. Han døde i 1741. Han hadde 3 barn:

- a. Ola, døypt i Bø 9/10 1735, død 23/10 s. å.
- b. Ola, døypt i Nærem 1737.
- c. Sven, f. 11/2 1742, død 8/9 1754.

18. Lars Torstenson Lyseheien, var husmann på Lyseheien i 1758. Han var fødd i Bjerkreim i februar 1715, død 30/2 1780. Gift 17/6 1742 med enkja Marta Olsdtr. Lyseheien (N-Hetland 74 e.) (17B). Barn:

- a. Karen, f. 18/8 1744, g. m. Mathias Mathiasson (Hadland 18 d.)
- b. Helena, f. 15/10 1747, g. m. Peder Ivarson (Efjestad i Varh. 36).

19. Torkel Tolleivson (12 c.) fødd 1688, død 31/3 1748, skifte 16/11 1734. Gift 1) 27/1 1715 med enkja Karen Rasmusdtr. Oгна (Lintjøm 9 a.) død kring 1719. Gift 2) med Malena Tolleivsdtr., fødd kring 1695, død 5/7 1739, dotter til Tolleiv Olson Hovland i Eigersund og Karen Torkelsdtr. Torkel Tolleivson byksla 9 spand i Kvasheim av presten i Haa, Peder Erikson Leganger i 1730. Dette må ha vore den parten som Lars Johannesson hadde brukt, og før han Tolleiv Rasmusson som truleg var far til Lars Johannesson si kona, som då var søster til Torkel Tolleivson. Torkel hadde budd på Oгна (sjå der 21) først og så teke over Kvasheim etter Lars. Barn:

- a. Karen, f. 1719, g. m. Johannes Olson (22).
- b. Karen, f. 24/7 1723.
- c. Ola, f. 1732.
- d. Malena, f. 20/3 1734.
- e. Rasmus, f. 1736.

20. Ola Hansson (Hårr 25 c.) fødd 1716, død 1762. Gift 6/12 1739 med enkja etter nr. 16, Gitlaug Einarsdotter, død hjå dottera på Lintjøm 27/7 1783, 85 år. Ola Hansson byksla 18 spand i Kvasheim av Laurs Smith på vegne av Mad. Garman i 1739 etter Jon Jonson. I 1754 hadde Håppresten, Bendix Diurhus, "ladet indstefne Ole Hansen Qvassem for hans udgydende skiels- og ubeqvemsord, saavel paa Præstens embede, som hans person, hvorom adskillige vidner vare indstefnte. Men som lensmanden Lars Hansson Haar (Ola sin bror) foregaf ej loflig at have stefnt, saavel vidnerne som dend paa-gieldende til paahør, saa lod velbemelte Hrr. Diurhuus, ved sin svoger Sr. Ringholm, reservere sig continuations stefnemaal til anstundende Høsteting." Ola Hanson og Gitlaug hadde 3 barn:

- a. Isak, f. 29/1 1740, død 11/3 1742.
- b. Anna, f. 20/3 1745, g. m. Jon Jonson (23).
- c. Hans, f. 14/12 1747, død 17/12 s. å.

21. Torkel Olson (13 g.) fødd 5/1 1711,

død 1763, skifte 2/4 d. å. Gift med Malena Pedersdotter (Ueland, Varh. 16 a.) fødd kring 1715, død 5/7 1778. Ho heldt skifte med barna 9/6 1770. Torkel bmkte dei 9 spand etter faren. 8 barn:

- a. Ola, f. 29/1 1741, død 9/3 1742.
- b. Ola, f. 10/3 1743 (27).
- c. Guri, f. 18/11 1744, død 18/1 1750.
- d. Peder, f. 18/12 1746, død 1761.
- e. Magdalena, f. 1749, død 18/1 1750.
- f. Johannes, f. 21/2 1751 (Stokkeland 23).
- g. Lars Torkelson (Haver 15).
- h. Malena, f. 4/2 1759, død 15/6 1788, ugift.

22. Johannes Olson (Kverme 13 i.) fødd kring 1722, død 18/11 1766. Gift 18/11 1742 med Karen Torkelsdotter, fødd 1719, død 1769, skifte 22/11 d. å. Ho var dotter til nr. 19. Johannes Olson fekk byksel på dei 9 spand etter verfare, nr. 19, i 1742. Karen vart seinare gift med Gunnar Torstenson Stavnheim. Johannes og Karen hadde 6 bam:

- a. Antonius, f. 8/4 1743, død 16/4 s. å.
- b. Johanna Johannesdtr., f. 22/11 1744, g. m. Roald Ellingson (25).
- c. Magdalena, f. 15/9 1748, død som barn.
- d. Malena, f. 1754, g. m. Torkel Olson (Sirevåg 82).
- e. Rakel, f. 27/3 1755, død 1/8 1782, ugift.
- f. Ola Johannesson Kvasheim, f. 25/3 1759 (29).

23. Jon Jonson (Obrestad 17 d.) fødd kring 1732, død på Hobberstad 1771. Gift 1) 1765 med Anna Olsdotter (20 b.) fødd 20/3 1743, død på barnseng 10/2 1766. Gift 2) 1767 med Anna Torstensdotter (Hobberstad 33 a.) fødd 1747. Han budde på Kvasheim med den første kona, men kom seinare til Hobberstad. 1 dotter i første gifte og 2 i andre:

- a. Berit, f. 26/1 1766, g. m. Jon Hansson (Husveg 29).
- b. Anna, f. på Hobberstad 1768, g. m. Einar Åreskjold.
- c. Anna, f. 1770, død 1772.

24. Einar Rasmusson (Hobberstad 29 b.) fødd 1706, død 18/4 1790. Gift 2/10 1735 med Berit Tjølso dotter (Friestad 20 e.) fødd 1718, død 27/2 1771, skifte etter henne 17/6 d. å. Einar er nemnd i Futerekneskapen frå 1772, men hadde nok teke over dei 18 spand etter Jon Jonson, som då

flytta til Hobberstad. Dei hadde 6 barn, som alle var fødde på Hobberstad:

- a. Anna, f. 1736, g. m. enk. Bernt Monsson (Torland, Nærbø 30).
- b. Rasmus Einarson Kvasheim, f. 1743 (26).
- c. Berta, f. 1746, g. 1) m. Tjøl Gunnarson (28), g. 2) m. Ola Johannesson (29).
- d. Tjøl Einarson, f. 1751 (Hårr 42).
- e. Einar, f. 1755, død 1774.
- f. Jon Einarson, f. 1750 (Sirevåg 83).

25. Roald Ellingson (Friestad 25 c.) fødd 15/1 1728, død før 1801. Gift kring 1765 med Johanna Johannesdotter (22 b.) fødd 22/11. 1744, død på Friestad 8/7 1821. Roald er førd i Futerekneskapen etter Johannes Olson frå kring 1770 med 9 spand som Isak Stavnheim åtte. Der er nemnde 8 barn:

- a. Torkel, f. 1765, død 1766.
- b. Johanna, f. 23/8 1767, g. m. Johannes J. (Friestad 40).
- c. Johannes Roaldson, f. 31/1 1773, g. 1806 m. Karen Davidsdtr. Vagle. Han var bygningsmann i Stavanger.
- d. Malena, f. 1774, død 15/6 1794.
- e. Karen, f. 1776.
- f. Elling Roaldson, f. 5/3 1780, g. i Stavanger 1806 m. Berta Olsdtr. Berg. Han var sjømann, seinare handelsmann i Stavanger.
- g. Ola Roaldson, f. 22/8 1784, tente hjå Lars O. Bø i 1801.
- h. Rakel Roaldsdtr., f. 14/12 1788, g. 1820 m. Helge Helgeson (Ånestad, Varh. 45 e.).

26. Rasmus Einarson (24 b.) fødd på Hobberstad 1743, død 29/5 1810. Gift 3/1 1775 med enkja etter Jakob Jakobson Vatnemot, Elen Olsdotter, fødd 24/7 1735, død 13/5 1821 (Vatnemot 14 d.). Han er førd med 9 spand frå 1778, som var halve parten til faren. Dei hadde 3 barn:

- a. Einar, f. 23/4 1775, død 8/12 1776.
- b. Berit, f. 3/10 1779, død 5/3 1780.
- c. Berta, f. 1780, g. m. Evert Mathiasson (Vatnemot 20).

Rasmus si stykdtr.:

- d. Karen Kirstine Jakobsdtr., f. 1771, g. m. Hans Jonson (32).

27. Ola Torkelson (21 b.) fødd 10/3 1743. Gift 25/2 1770 m. Berit Toresdotter (Høiland 15 b.) fødd 25/11 1747. Ola Torkelson er nemnd med 9 spand etter faren frå 1772. Ei dotter er nemnd:

- a. Malena, f. 28/1 1780, g. m. Rasmus Rasmusson (31).

28. Tjøl Gunnarson (Friestad 26 c.) fødd 25/4 1745, død 1783. Gift 31/5 1772 med søskenbarnet sitt, Berit Einarsdotter (24 c.) fødd på Hobberstad 1746, død 2/3 1827. Tjøl var los. Han tok over den andre halve parten etter Einar Rasmusson, 9 spand, som han sjølv åtte og brukte, og åtte dessutan 3 spand av den andre parten som Rasmus Einarson brukte. Dei andre 6 spand åtte Rasmus sjølv. Dei 9 spand som Tjøl brukte var det seinare bnr. 1. Tjøl og Berit hadde 6 barn:

- a. Berit, f. 14/6 1772, g. 1804 m. Peder Asbjørnson Søre (Tjemsland, Varh. 24).
- b. Gunnar, f. 27/6 1784, død 3/7 s. å.
- c. Gunnar, f. 26/12 1775, død 1776.
- d. Sissel, f. 6/7 1777, g. 1812 m. Elling Larsson (Hårr 54).
- e. Gunnar, f. 10/9 1780, død 3/12 s. å.
- f. Tjøl, f. 4/8 1782, død 5/5 1804.

29. Ola Johannesson (22 f.) fødd 25/3 1759, død 23/1 1843. Gift 4/12 1785 med enkja etter nr. 28, Berit Einarsdotter, død 2/3 1827. Han tok over parten etter Tjøl Gunnarson, og er førd som sjølveigar på 9 spand frå 1800, då Rasmus Einarson og eig sine 9 spand. Ola og Berit fekk 3 barn:

- a. Karen Berte, f. 26/12 1786, g. m. Hans Jonson (Hårr 49).
- b. Elen, f. 31/10 1790.
- c. Johanna, f. 3/2 1793, g. m. Rasmus Omundson (35).

30. Lars Johannesson (Ogna 25 b.) fodd 26/1 1755 på Ogna, dod 11/2 1845. Gift 15/10 1786 med enkja etter Johannes Jakobson Bru, Karen Rasmusdotter (Stokkeland 22 a.) fødd 4/3 1759, død 28/12 1848. Lars Johannesson er ford på 9 spand etter Roald Ellingson, der han står som sjølveigar frå 1789. I 1800 står Tore Stavnheim som eigar av denne parten, og det var nok han eller faren, Isak, som åtte det i 1789 og. Lars Johannesson og Karen fekk 5 barn:

- a. Marta Larsdtr., f. 7/10 1787. g. m. Hans Larsson (34).
- b. Malena, f. 7/6 1789. g. 1813 m. Rasmus Henrikson (Hårr 48).
- c. Karen Elisabet, f. 30/9 1791. dod 13/1 1799.
- d. Elen, f. 8/3 1795, g. 1830 m. Gunnar Korneliusson (Voll 83).
- e. Karen Elisabet, f. 10/1 1802, g. 1826 m. Johannes Bårdson (Haugstad. Varh. 42).

31. Rasmus Rasmusson (Stokkeland 22 h.) fodd 1/2 1778, dod 21/9 1857. Gift 1)

1/12 1799 med Malena Olsdotter (27 a.) fødd 28/1 1780, død 30/6 1836. Rasmus er førd som sjølveigar på 9 spand etter Ola Torkelson frå 1800. Den 11/7 1839 vart han gift 2) med Herborg Svendsdotter (Reiestad, Varh. 26 c.) fødd 12/7 1795, død 14/1 1863. Han hadde 7 barn i første gifte:

- a. Ola, f. 8/2 1801, død 17/4 1835, ugift.
- b. Margreta, f. 10/6 1804, g. 1835 m. Peder P. (Hårr 57).
- c. Elen Kirstina, f. 8/11 1807, g. 1833 m. Elias Møklebust (Haver 20 e.).
- d. Rasmus Kvasheim, f. 19/4 1812 (36).
- e. Berta, f. 19/2 1815.
- f. Berta Malena, f. 21/8 1816, g. 1847 m. Henrik R. (Hårr 59).
- g. Rakel, f. (1821?), g. (i Eigersund 30/11 1841) med bonde Peder Isakson Skadberg. Ho er då kalla Grødem, og faren var Rasmus Rasmusson. Ein eller annan stad er det sagt meg at ho var dotter til Rasmus Kvasheim. Dei skulle vera besteforeldre til konsul og skipsreidar i Stavanger I. S. Isaksen.

32. Hans Jonson (Sirevåg 83 a.) fødd 23/11 1788, død 20/7 1869. Gift 7/6 1807 med Karen Kirstina Jakobsdotter (26 d.) fødd 1771, død 22/3 1843. Hans tok over 9 spand etter farbroren Rasmus Einarson i 1808. Kona var visst ikkje heilt frisk på sinnet. Dei hadde 3 barn:

- a. Elen, f. 29/5 1808, g. m. Jon Omundson (37).
- b. Rasmus, f. 15/9 1810, død 1811.
- c. Berta Serina, f. 19/2 1815.

33. Einar Jonson (Sirevåg 83 b.) fødd 20/3 1791, død 25/9 1868. Gift 7/11 1822 med Elen Maria Tjølstdotter (Hårr 42 h.) fødd 1794, død 31/12 1878. Dei var søskenbarn (sjå nr. 24 d. og f.). Einar budde som husmann på Kvasheimsheia. Dei hadde 6 barn:

- a. Helga (Kirstine?), f. 8/8 1823, død 11/6 1885, ugift.
- b. Anna Maria, f. 7/12 1827, g. m. Ola Rasmusson (39).
- c. Jon, f. 10/10 1830.
- d. Tjøl, f. 29/6 1832.
- e. Grete, f. 12/3 1835, død 26/1 1915.
- f. Elen Kirstina, f. 4/11 1838.

34. Hans Larsson (Vigre, Nærbø 35 c.) fødd 1786, død 20/6 1838. Gift 11/6 1820 med Marta Larsdotter (30 a.) fødd 7/10 1787, død 8/4 1860. Han tok over 9 spand, bnr. 4, etter verfare i 1821, visstnok med

byksel frå Tore Stavnheim. Han var los. Dei hadde 2 barn:

- a. Karen, f. 3/9 1821, g. m. Kristian Olson (Friestad 56).
- b. Lars Hansson Kvasheim, f. 16/9 1828 (40).

35. Rasmus Omundson (Nord Varhaug 28 a.) fødd 1784, død 21/12 1849. Gift 31/10 1819 med Johanna Olsdotter (29 c.) fødd 3/2 1793, død 25/4 1868. Han tok over 9 spand etter Hans Jonson frå 1820, det seinare bnr. 1. Dei hadde ein son:

- a. Ola Rasmusson Kvasheim, f. 5/10 1822 (39).

36. Rasmus Rasmusson (31 d.) fødd 19/4 1812, død 28/11 1887. Gift 19/6 1844 med Mathea Eriksdotter (Hårr 46B 1.) fødd 28/12 1822, død 8/2 1885. Han tok over bnr. 3 etter faren. Dei fekk 9 barn:

- a. Malena, f. 13/6 1845, død som barn.
- b. Ola Rasmusson, f. 1/10 1846 (42).
- c. Malena, f. 29/6 1850, g. m. Johannes Johannesson (Sandve 24).
- d. Marta Kirstina, f. 2/2 1852, g. m. Peder Hansson Reime (sjå Stavnheim 51).
- e. Erik, f. 11/11 1853, kom bort på sjøen i 1872.
- f. Rasmus, f. 23/1 1856, død 16/9 1878.
- g. Margareta, f. 17/10 1861, g. m. Lars Larsson (Haugland 35, Voll 152).
- h. Lars Rasmusson, f. 26/11 1857 (43).
- i. Hans, f. 28/2 1864, var lærar og klokkar i Helleland, g. m. Guri Bjørnemo.

37. Jon Omundson (Kvalbein 20 e.) fødd 26/10 1806, død 26/11 1861. Gift 2/3 1828 med Elen Hansdotter (32 a.) fødd 29/5 1808, død 1900. Han tok over bnr. 2 i 1827 etter Hans Jonson (32) eller Ola Johannesson (29) som begge er førde på denne parten samstundes, og Hans Jonson er og førd på bnr. 1 på same tida. Det kan her sjå ut som Hans Jonson har sete med begge desse partane. Jon Omundson og Elen Hansdottr. sine barn:

- a. Hans Jonson, f. 22/1 1829 (38).
- b. Ingeborg Margreta, f. 7/3 1840, g. m. Jonas Larsson (Voll 96).
- c. Karen Kirstine, f. 18/1 1844, g. m. Mikal Olson (Friestad 46 d.).
- d. Omund Jonson, f. 27/2 1846 (Kvalbein 26).
- e. Rakel, f. 3/2 1849, g. 1) m. Omund Jeremiasson Vigrestad, g. 2) m. Peder Mikalson (Haugstad 46).

38. Hans Jonson d. y. (37 a.) fødd 22/1

1829, død 1/2 1913. Gift 22/11 1853 med Marta Malena Olsdotter (Friestad 46 b.) fødd 11/6 1827, død 1898. Han tok over bnr. 2 etter faren. Han var los. Barna deira var:

- a. Elen, f. 27/8 1854, død ugift 22/9 1929.
- b. Jon Hansson, f. 13/9 1855, kom bort på sjøen i 1872.
- c. Ola Hansson, f. 1857 (Friestad 60).
- d. Kirsten, f. 29/6 1858, g. m. Anton Jonasson (Bjorland, Nærbø 25).
- e. Mathea, f. 9/5 1860, død 16/9 1879.
- f. Karen, f. 10/9 1862, død 23/7 1889.
- g. Henrik Johan, f. 10/4 1864, kom bort på sjøen i 1887.
- h. Hans Hansson Kvasheim, f. 11/3 1867 (46).
- i. Martin, f. 25/5 1871, g. m. Berta Ole-Gabrielsdr. Lea, f. i Høyland 1881. Busett i Stavanger.

39. Ola Rasmusson (35 a.) fødd 5/10 1822, død 11/2 1901. Gift 26/11 1860 med Anna Maria Einarsdotter Heien (33 b.) fødd 7/12 1827, død 1896. Han tok over bnr. 1 etter faren. 3 barn er nemnde:

- a. Rasmus Olson, f. 9/7 1860 (45).
- b. Eilert, f. 29/9 1863, død 28/7 1922.
- c. Johanna, f. 14/12 1870, død 7/11 1916.

40. Lars Hansson (34 b.) fødd 16/9 1828, død 7/3 1872, kom bort på sjøen saman med fleire andre. Gift 6/7 1860 med Elen Kirstine Eriksdotter (Hårr 46B k.) fødd 3/5 1820, død 23/4 1869. Han tok over bnr. 4 etter faren. Dei hadde 1 son:

- a. Hans Larsson, f. 6/6 1861 (41).

41. Hans Larsson Kvasheim (40 a.) fødd 6/6 1861, død 9/5 1917. Gift 7/4 1880 med Marta Gurine Ivarsdotter Sandsmark, fødd i Heskestad 7/12 1859, død 15/12 1935, dotter til Ivar Pederson og Ingeborg Ole-Gabrielsdr., f. Ueland. Han tok over bnr. 4 etter faren. Dei hadde 11 barn:

- a. Lars, f. 28/1 1881 (49).
- b. Ivar, f. 12/4 1883, død 28/2 1889.
- c. Erling, f. 29/4 1885, død i Stavanger 5/11 1967, g. m. Karen Marie Berge. Budde i Stavanger.
- d. Ingeborg Kirstine, f. 14/10 1886, død 1889.
- e. Ivar Sandsmark Kvasheim, f. 1/6 1889 (50).
- f. Ingebret Kvasheim, f. 20/12 1891, g. m. Hanne Moe. Bur i Amerika.
- g. Harald, f. 20/7 1894, g. m. Cornelia Torjussen. Bur i Egersund.

- h. Arne, f. 22/11 1896, død 7/4 1974, ugift. Budde på Bud i Møre.
- i. Ole Gabriel Ueland Kvasheim, f. 8/5 1898 (51).
- j. Ingeborg Kirstine, f. 19/2 1901, død 25/1 1944.
- k. Gudrun, f. 4/7 1904, g. m. Holger Knutsen (Ogna 98).

42. Ola Rasmusson d. y. (36 b.) fødd 1/10 1846, død 7/6 1887. Kom bort på sjøen saman med Rasmus Olson og Henrik Johan Hansson, alle frå Kvasheim. Han var gift 23/11 1880 med Elen Maria (Maren) Albretsdotter Tu, fødd i Klepp 25/9 1854. Han hadde teke over bnr. 3, som broren Lars seinare tok over. Då Ola var død, flytta enkja bort med barna:

- a. Rasmus Tu, f. 11/12 1881, g. 1900 m. Marta Eiane, budde på Bryne og var sjømann.
- b. Albret Tu, f. 3/6 1883, g. 1905 m. Anne Berte Olsdr. Risa, f. i Stavanger (sjå Risa under 71. 5.).
- c. Mathea, f. 17/1 1887, ugift. Budde på Tu.

43. Lars Rasmusson (36 h.) fødd 26/11 1857, død 14/12 1922. Gift med Karen Malena Rasmusdotter Nygård frå Eigerøy, fødd 25/12 1859, død 4/2 1951, sone-dotter til Elias Osmundson Myklebust og Elen Kirstine Rasmusdr. (sjå Kvasheim 31 c. og Haver 20 e.). Lars tok over bnr. 3 etter broren i 1887. Dei hadde 9 bam, dei 3 første fødde i Eigersund:

- a. Rasmus Alfred Larsson, f. 14/3 1882 (47).
- b. Mathea Emilia, f. 1884, g. m. Jonas Husvegg.
- c. Reinert Kvasheim, f. 8/9 1886 (48).
- d. Ola Larsson, f. 26/9 1889 (Ogna 92).
- e. Lars Larsson, f. 11/5 1892, g. 1918 m. Anna Sofia Danielsdotter Hinnaland. Bur på Klepp.
- f. Emma Margreta, f. 2/5 1895, død 5/8 1936, ugift.
- g. Ane, f. 27/12 1896, g. m. lærar Jonas Pederson Håland (Brusand 23).
- h. Martin Kvasheim, f. 14/3 1899 (52).
- i. Karen, f. 30/10 1901, død 18/8 1944, ugift.

44. Jonas Hansson Heien, son til Anna Maria Einarsdr. Heien og Hans Jonson Kvasheim. Fødd 14/6 1847, død 14/5 1937. Gift 1) 31/3 1887 med Berta Maria Larsdotter (Voll 97 a.) fødd 13/2 1864, død 1889. Gift 2) 14/11 1890 med Anne Bertine Eilevsdotter (Hårr 58 i.) fødd 1/3

1866, død 15/4 1947. Jonas løyste inn plassen Heien av Kvasheim og Friestad, som då fekk gnr. 21 og 22 og bnr. 1 og 6.1 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Eilert, f. 8/7 1887, reist til Amerika. Han døde på Vigrestad 1/4 1963.
- b. Bergine Marie, f. 26/9 1893, g. 1916 m. Anders Knutson (Voll, Varh. 142).
- c. Erling, f. 3/3 1896, g. 1931 m. Gina Maria G. Haugstad (sjå Voll 176).
- d. Jon, f. 21/7 1899, død 1935, g. m. Kirsten Amalia Pedersdr. (sjå Hårr 90).
- e. Anbjøm Magnus, f. 26/6 1907 (66).

45. Rasmus Olson (39 a.) fødd 9/7 1860, død 17/6 1887, kom bort på sjøen. Gift med Berta Elisabet Kristiansdotter (Friestad 53 b.) fødd 31/5 1865, død 21/11 1935. Han tok over bnr. 1 etter faren, og då han var død, brukte enkja garden. Barn:

- a. Rasmus Rasmusson, f. 11/6 1887 (55).

46. Hans Hansson (38 h.) fødd 11/3 1867, død 9/11 1940. Gift med Tonette Jonasdotter Gramstad, fødd i Hetland 1860, død 24/11 1933, dotter til Jonas og Tora Gramstad. Han var los. Tok over bnr. 2 etter faren. Barn:

- a. Karen Mathea, f. 11/3 1893, død 17/2 1937, ugift.
- b. Jon Hansen, f. 8/12 1894 (54).
- c. Jonas, f. 12/7 1896 (53).
- d. Hans, f. 11/7 1898, død ved ei krigsulykke i 1916.
- e. Henrik, f. 10/7 1900, g. m. Margit Skøyen. Handelsmann i Strømmen.
- f. Maria (fosterdotter), f. 4/5 1907, g. m. Per Grov (Ogna 88 c.).

47. Rasmus Alfred Larsson (43 a.) fødd 14/3 1882, død 13/4 1972. Gift 7/10 1910 med Maria Svendsdotter (Skretting 110 c.) fødd 7/1 1883, død 22/11 1957. Han hadde bnr. 3 som han overtok i 1922. Barn:

- a. Karen, f. 28/8 1911, g. m. Olaf Zahl (58).
- b. Leif, f. 9/1 1913 (59).

48. Reinert Larsson (43 c.) fødd 8/9 1886. Gift med Tomine Larsdotter (Bø 38 d.) fødd 3/9 1892, død 14/4 1934. Han tok over bnr. 8 i 1922, ein part av farsgarden. Barn:

- a. Lars, f. 4/8 1922 (65).
- b. Kari Malena, f. 1/5 1925, g. m. Åsmund Karlsen. Bur i Risøyhamn.
- c. Laurits Kåre, f. 16/2 1927, g. m. Tora Lillestøl. Bur i Ålesund.
- d. Odd Magne, f. 6/1 1930 (Bø 57).

49. Lars Hansson (L.H.) (41 a.) fødd 28/1 1881, død 14/3 1962. Gift 1924 med Borghild Hatløy, fødd i Vikadal 2/11 1892. Foreldre Sven Hatløy og Åsa, f. Røgenes. L. H. Kvasdheim var kandidat frå Landbrukshøgskulen, lærar ved Mære Landbruksskule, fylkesagronom i Rogaland og Statskonsulent for fe og svineavl, og var med over alt der det gjekk for seg noko av føremon til framhjelp av bondeyrket i landet. Han var ein urredd mann, som la fram meiningane sine både i skrift og tale utan omsveip. Lars Kvasdheim tok over farsgarden, bnr. 4. Barna deira er:

- a. Marta, f. 10/10 1925, g. m. Fridtjof Wetteland, Vaulen.
- b. Hans, f. 28/10 1926 (62).
- c. Svein, f. 20/1 1928, g. m. Karen Pedersdr. Hårr (Stavnheim 67 c.). Bur i Romsdalen.
- d. Ådne, f. 23/8 1932, g. m. Karin Mai Olsen. Bur i Oslo.

50. Ivar Sandsmark Kvasdheim (41 e.) fødd 1/6 1889. Gift med JohannaMartinsdotter (Kvalbein 29 a.) fødd 15/10 1891. Han er skipskaptein. Tok over ein part av farsgarden i 1924, bnr. 10. Dei flytta til Sandnes i 1936. Barn:

- a. Hans, f. 26/2 1917.
- b. Martin, f. 13/3 1919.
- c. Ivar, f. 18/6 1920, g. m. Bjørg Østbø. Bur i Stavanger.
- d. Marta, f. 7/2 1923, g. m. Kjell Jaarvik (Ogna 109).
- e. Torunn, f. 22/6 1924, g. m. Einar Hetland (sjå N-Hetland 60 d.).
- f. Sverre, f. 1/9 1927 (Søre Hetland 16).
- g. Johanne, f. 1/12 1925, død 1944.
- h. Solveig, f. 1931, død 1933.

51. Ole Gabriel Ueland Kvasdheim (41 i.) fødd 8/5 1898. Gift med Tora Olava Olsdotter Tjåland, fødd i Time 7/12 1902, dotter til Ola Ole-Andreasson Tjåland og Grete Maria Tolleivsdtr., f. Undheim. Han tok over ein part av Kvasdheim, Rinna, bnr. 15, i 1951. Barn:

- a. Hans, f. 1/9 1925, g. m. Ranveig Hatlebakk. Bur på Hostad i Møre.
- b. Odd, f. 4/12 1926, g. m. Paula (Lintjøm 33 e.). Bur på Hostad i Møre.
- c. Tor, f. 24/6 1928, g. m. Birgit Stokke. Bur på Hostad i Møre.
- d. Marta, f. 5/6 1930.
- e. Gaute, f. 26/4 1932.
- f. Gerd Maria, f. 22/4 1935, g. m. Salve (Herredsvela 59).

52. Martin Larsson (43 h.) fødd 14/5 1899.

Gift 1933 med Malena Jonsdotter (Kvalbein 30 c.) fødd 7/12 1904. Han tok over ein part av Kvasheim, bnr. 7, Skeie, i 1921. Barn:

- a. Lars, f. 3/4 1934, g. m. Eli Selsvik, Bryne.
- b. John, f. 14/2 1937, g. m. Åsa Netland, Egersund.
- c. Kolbjørn, f. 29/4 1940.
- d. Margit, f. 21/3 1947.
- e. Marianne, f. 24/1 1950.

53. Jonas Hansson (46 c.) fødd 12/7 1896. Gift 1925 med Severine Maria Olsdotter (Haver 67 a.) fødd 18/9 1904. Han tok over ein part av Kvasheim, Nordli, bnr. 11, i 1925. Barn:

- a. Hans, f. 3/3 1927 (63).
- b. Tora, f. 4/3 1929, g. m. Lars R. Kvasheim (65).
- c. Otto, f. 23/2 1933.
- d. Kjellfrid Sofie, f. 1/7 1938, g. m. Anstein (Varhaug 137 a.).

54. Jon Hansson (46 b.) fødd 8/12 1894. Gift med Brita Olsdotter Aksland, fødd i Hetland 14/8 1897, dotter til Ole og Borghild Aksland. Jon Kvasheim har vore los og ordførar, og har vore mykje nytta både i kommunale- og i fylkesombod. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1931. Barn:

- a. Tonette, f. 12/3 1931.
- b. Hans, f. 8/10 1933 (57).

55. Rasmus Rasmussen (R.R.) (45 a.) fødd 11/6 1887, død 8/1 1973. Han tok over bnr. 1 etter mora i 1935. Ugift.

56. Hans Otelius Zahl, fødd i Alstahaug 28/3 1870, død 1/12 1953. Gift med Martine Alma, f. Skårn på Helgeland 14/3 1877, død 23/5 1957. Han var fyrvokter på Kvasheim frå 1916 til 1941. Han flytta til Egersund som pensjonist. Barn:

- a. Olaf, f. 28/10 1907 (58).
- b. Paula, f. 6/6 1909, g. m. Magnus Grov (Brusand 12).
- c. Jan, f. 14/11 1911, g. m. Gudrund Hårr (Hårr 85 e.). Bur på Nærbø.

57. Tomas Bergsaker (Ogna 90 a.) fødd 4/12 1915. Gift i 1940 med Borghild Qvalben, fødd 18/12 1912 (Kvalbein 29 j.). Han er skipskaptein. Dei budde i sommergevillan til rederiet Brødrene Olsen. Flytta til Sandnes i 1953. Barn:

- a. Roald Georg, f. 5/7 1942.
- b. Berit, f. 11/5 1944.
- c. Thomas, f. 21/7 1949.

58. Olaf Zahl (56 a.) fødd 28/10 1907. Gift 6/12 1941 med Karen Rasmusdtr. (Kvasheim 47 a.) fødd 28/8 1911. Han er fyrvokter. Barn:

- a. Marit, f. 29/8 1943, g. m. Kjell Heien (Voll 176 f.).
- b. Reidar, f. 29/7 1946, g. m. Signe Hansen, Lista. Bur på Lista.
- c. Olaug, f. 28/7 1948, g. m. Knut Henriksen, Bergen. Bur i Skudesnes-havn.

59. Leif Rasmusen (47 b.) fødd 9/1 1913. Gift 1963 med Målfrid Rangen, fødd 17/1 1933 (Bø i Nærbø 169 d.). Han tok over bnr. 3 etter faren i 1953. Barn:

- a. Maria, f. 2/6 1964.
- b. Gro, f. 28/7 1965.
- c. Rune, f. 23/4 1971.

60. Hans Jonsen (H.J.) (54 b.) fødd 8/10 1933. Gift i 1956 med Alfhild Nærland, fødd 17/2 1932 (Nærland 54 j.). Han overtok bnr. 2 i 1956 etter faren. Barn:

- a. Brita, f. 1/8 1957.
- b. Elisabeth, f. 11/12 1958.
- c. Toril, f. 17/12 1959.
- d. John, f. 6/4 1961.
- e. Anne, f. 19/4 1963.
- f. Hallgeir, f. 28/6 1970.

61. Johan Omland (Brusand 6 a.) fødd 10/11 1907. Gift med Målfrid Høyland (Sirevåg 149 a.) fødd 19/9 1914, død 23/6 1973. Han er fiskar. Barn:

- a. Olaf, f. 30/4 1935 (Ogna 79B).
- b. Oskar, f. 16/5 1937, g. m. Bjørg Sørskog (Søre Hetland 12 b.). Bur på Varhaug.
- c. Else Berit, f. 22/8 1942, g. m. Eileiv Nærland (Nærland 65 a.).
- d. Gunvor, f. 30/8 1946, g. m. John (Herredsvela 61).
- e. Jorunn Marie, f. 12/9 1954, g. m. Martin J. Hårr (Hårr 93 a.).

62. Hans Larsen (49 b.) fødd 28/10 1926. Gift i 1959 med Bjørg Øgard, fødd i Klepp 18/7 1932. Dotter til Henrik og Omine Øgard. Han overtok bnr. 4 i 1962. Barn:

- a. Lars, f. 14/6 1960.
- b. Henrik, f. 7/11 1961.
- c. Bjarne, f. 25/4 1965.

63. Hans Jonasen (53 a.) fødd 3/3 1927. Gift 1970 med Minda Skavhaug, fødd 31/3 1942. Foreldre Einar og Anna Skavhaug, N. Trøndelag. Hans og broren Otto (53 c.) tok over bnr. 11 etter faren i 1968.

64. Matias Jensen Kleven (Sirevåg 147 g.) fødd 25/8 1899, død 20/9 1972. Gift i 1925 med Olga Ueland (Ueland i Varhaug 81 f.) fødd 13/12 1904. Matias forpakta bnr. 5 av Rasmus (R.R.) (Kvadsheim 55). Farbror hans, Eilert (39 b.), hadde dette bruket til han døde i 1922. Barn:

- a. Magrethe, f. 7/7 1926, g. m. Olav Kristiansen, Jørpeland.
- b. John, fødd 1/7 1928, g. m. Kristianna (Tulla) Sædberg. Bur på Jørpeland.
- c. Nils, f. 19/1 1930, g. m. Marit Hesby. Bur i Oslo.
- d. Johannes Magne, f. 28/8 1933 (Brusand 48).
- e. Ingolf, f. 25/12 1937, g. m. Åse Ingunn Ueland. Bur på Jørpeland.
- f. Olav, f. 14/7 1939, g. m. Oddrun Jaktevolden. Bur i Stavanger.
- g. Inger Marie, f. 3/4 1942, g. m. Eivind Oppedal Olsen. Bur på Sørumsand.
- h. Ragnar, f. 1/9 1944 (Brusand 39).

65. Lars Reinertsen (48 a.) fødd 4/8 1922. Gift 1953 med Tora Kvadsheim (53 b.) fødd 4/3 1929. Han tok over bnr. 8 i 1955. Barn:

- a. Rolf Terje, f. 3/11 1956.
- b. Solfrid Johanne, f. 27/7 1961.

66. Anbjørn Magnus Heien (44 e.) fødd 26/6 1907. Gift 1932 med Ella Olsdtr. Voll (Voll 121 c.) fødd 23/4 1909. Han tok over gnr. 21 og 22, bnr. 1 og 6 i 1935. Barn:

- a. Berit, f. 26/5 1938, g. m. Leif Stokkeland. Bur på Nærbø.
- b. Turid, f. 24/9 1939, g. m. Kåre Johansen. Bur på Klepp.
- c. Jonas, f. 2/7 1941, g. m. Marit Mæland. Bur på Vigrestad.
- d. Odd, f. 3/9 1943, g. m. Randi Risa. Bur på Vigrestad.

G.nr. 105. Friestad

G.nr. 106. Roligheden

FRIESTAD GNR. 105. Friestad kjem truleg av eit mannsnamn som er vanleg i denne namneklassa som ender på stad — her opphavelig Fridreksstadir — etter mannsnamnet Fridrekr og kan ikkje vera eldre enn frå 1100-tallet.

Grenser mot sør til Kvalbein og Roligheden, mot vest til Kvalbein og Kvalsheim, mot nord og aust til Kvalsheim, Vold, Haugland, Haugstad og Roligheden.

Jorda er morene, myr og sand.

ROLIGHEDEN GNR. 106. Det må vera eit etter måten nytt namn og peikar då truleg på at garden har vore heller einbøld i den tid der vart bygd.

Grenser mot sør til Kverme, mot vest og nord til Kvalbein og mot aust til Stokkaland.

Jorda er sandblanda moldjord og morene.

18. Hans på Heien
19. Johannes Ellingson
20. Tjøl Gunnarson
21. Ola Omundson
22. Mikkel Roaldson
23. Håvard Olson
24. Ola Olson Herigstad
25. Elling Roaldson
26. Gunnar Tjølsen
27. Peder Gullikson
28. Peder Torstenson
29. Lars Ellingson
30. Ingebret Jakobson
31. Nils Nilsson Lintjøm
32. Peder Mikkelson Varhaug
33. Reiar Hansson
34. Johannes Larsson Dahl
35. Ola Johannesson
36. Johannes Olson
37. Klaus Olson
38. Elling Olson Haugstad
39. Hans Nilsson
40. Johannes Johannesson
41. Torkel Larsson
42. Ola Pederson
43. Elias Ådneson
44. Gunnar Olson
45. Johannes Ellingson
46. Ola Klausson
47. Jakob Jakobson Vatnemot
48. Isak Andersson Kverme
49. Kristian Olson Roligheden
50. Ola Tolleivson Kvia
51. Ola Korneliusson Voll
52. Mikkel Ellingson
53. Kristian Gunnarson
54. Rasmus Gunnarson
55. Johannes Ellingson
56. Kristian Olson
57. Peder Hansson
58. Rasmus Erikson Vatnemot
59. Rasmus Kristianson

NAMNEREGISTER

1. Orm paa Ffriistad
2. Vigleiv
3. Tørres
4. Jørgen
5. Torkel
6. Tørres
7. Steffan
8. Halvar Jørgenson
9. Tormod Håvardson
- 9b. Mogens Håvardson
10. Karl Tørresson
11. Helge (Tormodson?)
12. Elling Mikkelson
13. Elling Bjørnson
14. Rasmus Rasmusson
15. Håvard Tormodson
16. Ola Håvardson
17. Roald Ellingson
- 17b. Tormod Ellingson

60. Ola Hansson Kvasheim
61. Jakob Elias Mikkelson
62. Anders Isakson
63. Ole Johannesson
64. Mikael Jakob-Eliasson
65. Elias Jakob-Eliasson
66. Tobias Jakob-Eliasson
67. Gunnar Kristianson
68. Lars Rasmusson
69. Kristian Olson Friestad
70. Hans Olson Friestad
- 71.
72. Kristian Solheim
73. Sebulon Berland
74. Rasmus Larsson Friestad
75. Erling Tobiasson Friestad
76. Ole Kristianson Friestad
77. Sverre Hansson Friestad
78. Karl P. Høyen
79. Odd Rasmussen Roligheden
80. Sverre Berland
81. John Olsen Friestad
82. Kristian Kristiansen Friestad
83. Per K. Høyen

1. **Orm paa Ffriestad** skatta 1519 20 mark 9 lod sølff.
2. **Vigleiv** skatta 1 dalar 1 ort i 1563.
3. **Tørres** skatta 3 ort i 1563.
4. **Jørgen** var kalla husmann i 1603, skulda 1 spand korn, nemnd 1611.
5. **Torkel** er nemnd saman med Jørgen i 1602, skuld 1 spd. korn.
6. **Tørres** skatta 10 dalar i 1603, ein halv dalar i 1613. Han kunne vore den same som nr. 3.
7. **Steffan** skatta 9 dalar og 3 lod sølv i 1603.
8. **Halvar Jørgenson** er nemnd i 1645. Han var vel son til nr. 4. Han var gift, men kona er ikkje nemnd. Han skatta i 1628 saman med Karl Torjusson Friestad 2 1/2 dl. og nemnd under Ødegrd. og husmenn i 1638.
9. **Tormod Håvardson**, fødd kring 1575, kanskje frå Stokkeland, død 1665, gravlagd 31/12, 107 år. Den alderen er nok sett på ein slump, for i skattemantallet same året er alderen sett til 90 år, som sjølv sagt er mindre gale. Kona hans heitte Ranveig, og var gravlagd same dagen som Tormod, 85 år. Tormod Friestad er ofte å finna i

Retten. I 1633 er han stemnd for han hadde ”hugget paa idt vragshib paa en Søndag. Hand sagde ney at hugge noget derpaa den dag. Bleff dog thikiend at bøde iijj = 4 mare sølff j helligbrøde”.

I 1639 hadde han stemnt Johannes Vigrestad for ein båt som han og ein annan mann tok ”och løb til idt schib med, som de styret j Carmsund, och bleff baaden borte, den hand ej vil betaile. Herom kiend, at Johannes bør at betaile baaden effter som Dannemender der den kiendte kand skionne den var verd, och indestaa hannom for schadefang”.

I 1652 hadde Carl Friestad ”steffnt hans grande Tormoe ibidem for 3 daller hand for ungefehr 13 aar siden lontte hannom, som Tormoes egne sønner, Hoffuer och Hellie Tormoesønner ved deres eed vidtnet saa j sandhed at vere. Tormoe møtte och nechtet det. Bleff dog tilkiend samme 3 daller inden 14 dager hereffter att betaile, heller at tages fraa ham med namnb”.

I 1659 hadde Tormod stemnd Laurits Stokkeland for eit sølvbelte til 10 dalar som han hadde lånt han, ”och kand det iche igien bekomme. Forne Lauritz møtte for Retten och bekiende at haffue bekommet beltet, och schulle schaffe hannem det igien til marchet. Tormoe vilde iche betroe hannem, men begierede Dom. Thj bleff hand tildømt at betaile hannem och leffuere samme sit vdlonte belte igien inden 14 dage, eller at søges ved vordering effter Louen”.

Nå var det ikkje så store ting Tormod hadde å presentera med for Retten, mot det mange andre hadde på samvitet når dei møtte der. Tormod sine barn var, så vidt eg har funne:

- a. Håvard Friestad, f. 1600 (15).
- b. Ranveig, g. 1) m. Elling Mikkelson (12), g. 2) m. Rasmus Rasmusson (14).
- c. Helge Tormodson, f. 1604 (11).
- d. Peder Tormodson (Sirevåg 5).
- e. Guri.
- f? Barbro, g. m. Ola Gjertson (Haugstad 13). Eg har før meint at Barbro Haugstad var dtr. til Tormod Halvardson Hobberstad, men i 1677 kallar Håvar Friestad Ole Haugstad sin svoger og fullmektig. Så kven veit? Eller var Tormod Friestad den same som Tormod Hobberstad?

9B. Meogens Håvarson Friestad er nemnd 20/12 1624 med datter: Magle, g. m. Rasmus Taraldson Midbrød, nemnd 1664. Meogens er nok bror til Tormod Friestad.

10. Karl **Tørresson** var kanskje son til nr. 6? Han er nemnd på Friestad i 1645 og 1665. Fødd kring 1593, død 1665, gravlagd 18/4, 68 år gml. Ei Joron Friestad var gravlagd 30/7 1665, 56 år gml. Ho kunne vore kona hans Karl. Det var Karl som kravde Tormod for dei 13 dalar han hadde lånt for 13 år sidan. Han betalte skatt saman med nr. 8 i 1628. Barn er ikkje nemnde.

11. **Helge Tormodson** (9 c.) er nemnd på Friestad i 1665. Fødd kring 1605, død 1687. Han må ha vore gift 2 gonger, først med enkja etter ein Lars, og 2) med ukjend. Han hadde ein stykson, Ivar Larsson, 20 år i 1665. I andre gifte hadde han desse:

a. Peder, f. 1662, død 1668.

b. Rasmus, f. 1664.

c. Sven, f. 1667, død s. å.

d. Ola, f. 1675, død s. å.

Tenere i 1664: Anders Hallerson, 22 år. Elling Mikkelson, 22 år. Ivar Larsson, 22 år. Anders Stigson, 30 år.

- a. Etter dette meiner eg at Elling si dotter i første gifte måtte vore gift med Lars (Matsson?) (Voll 12).
- b. Mats Ellingson, som er nemnd ovanfor, var son i andre gifte. Mor hans vart sidan g. m. Ola Pederson Sandve, som

då vart stykfar til Mats, slik det går fram av rettsaka.

2B. Gunder Sandve skattet i 1628 3 daler.

3. Ola Pederson Sandve er nemnd første gongen i 1623, då han vart tilsett til skysskaffer. I 1624 måtte han bøta 1 dalar for han "mette Biørn Grødem med en kniff".

Her skal nemnast at eg før har notert Ola Halvardson Lintjörn som buande på Sandve (sjå Lintjörn 4 g.), men han var nok for ung til å vera identisk med denne Ola.

Ola Pederson var som nemnt ovanfor, gift med enkja etter nr. 2. I 1651 hadde "Velagedt och forstandige mand, Iffuer Nielszen Lem, ladet ved en schriffilig steffning ind citere en hans lejlending, nemblig Oelle Sanduej, och loed ved hans fuldmegtig, Palle Pedersen, tiltalle for samme gaard, som hand formeente hand burde ham lediggjøre, efftersom hand højligen nødvendig forsagedes den sielff at bruge, med meere, och pligtig vere hans bøkelpenger effter 6 mandtz sigelse igien at annamme, heller liide domb.

Herimod at suare møtte Oelle Sanduej, berette och foregaff at hand vidte sig j ingen maader hans gaard at haffue forbrut, efftersom hand j tilbørlige tider haffde betald hans landschyld och anden Rettighed."

Meir har eg ikkje funne vedrørende denne Ola Sandve. Men kanskje hadde han ein son:

3B. Oluf Haldvarson Sandve, 34 år i 1665.

4. Elling Olson Sandve, fødd kring 1636, død 1681, og truleg gift med Malena Halvardsdotter (Lintjörn 4 c.). Elling er nemnd på Sandve i 1665, truleg etter faren. I 1665 er nevnt på Sandve Mikkel Rasmusson og Thorkild Pederson, kanskje husmenn. 5 barn:

- a. Halvard, f. 1664.
- b. Helena, f. 1667.
- c. Eli, f. 1669, g. m. Ola Olson (9).
- d. Marit, f. 1674, død 18/6 1741, 70 år og ugift.
- e. Anna, g. m. Sven Gunnarson (Mæland, Varh. 13).
- f. Siri, g. m. Ola Vilikumson (Hetland 10?).

Om Marit Ellingsdr. finn me i Tingboka under 8. desember 1711: "Kong. May fouged Monsieur Nicolai Lorentz Preus hafde ladet indsteffne Søren Tolleffsen Halleland for begangne lejermaal udi sit

ægteskab med det Qvindfolch Marite Ellingsdatter Sandve, som endog til hans hustrue, Ingeborg Levardsdatter udi 3die lige leed ere beslægtede. Iligemaade ladet steffne bemelte Qvindfolch, Marete Ellingsdatter, til dombs lidelse effter samme hendes lejermaals forseelse, som er 2den gang udi de forbudte leed.

Indsteffnte Søren Halleland møtte iche, men paa hans vegne møtte hendes søn, Ole Carelsen Øyestad, som forklarede at bemelte hans stiffader, Søren Halleland, siden at dette forekom, og siden at lænsmanden med mænd var at registrere hans boe, var bortreyst, og siden har skrevet sin hustru til, at hand haffde ladet sig værve i Kongens tjeneste, hvorover hans hustrue beklager sig, at hun ej er god for at dyrche gaarden i hans fraværelse, men nødes den at fra sig sige. Qvindfolchet, Marete Ellingsdatter Sandve, lod møde ved sin broder, Ole Villumsen Hetland, og begiærede sagen at opsættes indtil hendes bamefader, bemelte Søren Halleland kommer tilstede.” (Ole Villumsen Hetland var truleg Marit sin verbror.)

5. Ola (Halvardson?) (Lintjørn 4 g.). Ved skifte etter mor hans, Marit Rasmusdr. Lintjørn, 1/4 1676, er ein av sønene kalla Ola Sandved. Han var død, men let etter seg barn. Denne Ola var brukar på Sandve i 1665 saman med Elling Olson som var gift med Ola si søster. Han var fødd kring 1630 og døde 12/11 1665. Kona er ikkje nemnd, men truleg var ho Gunhild Olsdotter og kunne vore dotter til nr. 3, men ho var før g. m. Ivar Sandve (nr. 6). I 1665 var der 2 brukarar på Sandve, mens der før hadde vore berre ein. Det ligg då nær å tru at garden vart skift mellom dei to barna til Ola Pederson, så mykje meir som dei var gifte med bror og søster frå Lintjørn. Ola Halvardson hadde 2 barn:

- a. Anna, f. 1664.
- b. Berit, f. 1666, etter faren var død. Kanskje ho døde i 1695, 30 år gml. Som sønner til Gunhild Olsdr. i 1701 er nevnt:
- c. Oluf Iverson, 24 år, soldat.
- d. Markus Iverson, 17 år, hjemme.

6. Ivar Sandve vart nok gift med enkja etter Ola Halvardson, Gunhild Olsdotter. Det er uvisst kvar han var frå eller når han var fødd, men han døde truleg ein gong mellom 1695 og 1701, der det vantar nokre år i kyrkjeboka. Gunhild var enkje på Sandve i 1701. Heller ikkje hennar identitet kjenner me. Ho døde kanskje før 1704 eller då

ikring. Ivar Sandve har og fått namnet sitt i Tingboka, nemleg den 28. mars 1674 på Voll ”då lensmanden Joen Ouassem, paa egne och des gaardtz besidderses veigne, frembstillde udi Rette Iffuer Sandued och Peder Quassem, anlangende at vidne deres sandhed huorledes deres eng aff sand findes offuerløben och forderffuit. Huortil de begge suarede, effter forforsching er en stor deel sand indkommen paa deres eng, som aff dend sterche østenvind er inddreffuen, och deroffuer thaget stor schade. Dereffter hand thingsvidne var begierendes at meddeles.”

Ivar og Gunhild hadde 7 barn:

- a. Kirsten, f. 17/7 1668, død 24/1 1669.
- b. Kirsten, f. 14/4 1670, død 24/4 1670.
- c. Kirsten, f. 13/6 1671, g. m. enk. Peder Svenson (Håland, Varhaug 9).
- d. Siri, f. 16/7 1674.
- e. Ola Ivarson Sandve, f. 21/1 1677 (8).
- f. Ivar, f. 25/1 1680, død 7/4 1695.
- g. Markus, f. 23/2 1684, g. 1717 m. Kirsten Taraldsdr. Budde i Egersund i 1733.

Or Tingboka: ”Dend 1 Decembris paa Haar 1690: Endnu forkyndt Monss. Lauridtz Lauridzen, stigtschriffuer offuer Staffuanger Ambt, hans kjøbebreff til hans erverdighed Hrr. Jacob Jochumsøn Kiersebom, pastor til Sogendals prestegield, och proust offuer Dalernes proustj, paa Sandued, som er 2 pund korn, hannem er soldt til odel och ejendomb. Dateret Eye prestegaard den 5 Septembris 1690.”

7. Tørres Sandve var husmann hjå Ola Olson i 1718. Han var fødd kring 1660, og hadde ein son, Gunnar, 20 år i 1718. Meir veit eg ikkje om han.

8. Ola Ivarson (6 e.) fødd 1677, død 7/4 1735, skifte etter han 18/9 d. å. Han var gift 1) 5/11 1702 med Berit Olsdotter (Haver 3 f.) fødd 16/10 1670, død 22/1 1708, skifte 18/1 d. å. Gift 2) 1709 med Berit Mikkelsdr. (Husveg i Varh. 13 e.) fødd kring 1680, død 19/3 1724, skifte etter henne 8/4 d. å., men finst ikkje i avskriftene mine. Gift 3) (1724?) med Barbro Pedersdotter Re, død før 1758, dotter til Peder Toreson Re og Inger Tjerandsdr. frå Tjemsland i Varhaug. Ola Ivarson tok over 1 pund etter mor si i 1702.

Den 18. juli 1704 var Ola Ivarson Sandve for Retten for ”lejermaal udj forbudne leed med Marete Ellingsdatter, och i sin fæstetid med sin Quinde hand nu haffuer. Ole Iversen møtte i Rette och kunde iche

sin forseelse fragaa, men beklagede sig at det var hans ungdoms daarlighed..... Qvindfolchet, Murette Ellingsdatter, mødte icke, men tilstedeværende almue forklarede at ej noget hos hende til bøder var at bekomme. Ellers ihuorvel hun haffuer intet at bøde med, da haffuer hun sig til fischerlejet Nordenfields at forføye, och der at forbliffue i 2 aar, och derefter haffuer hun sig med rigtig attest at forsiune, och sig hiem igien forføye."

Dette var den same Marit Ellingsdtr. som er nemnd under nr. 4. Og når det her heiter at ho var skyld Ola Ivarson i forbudne led, så er det greitt at far hennar og Ola Ivarson si mor var søsken og barna til nr. 3.

I 1724 var Ola Ivarson Sandve "stefnet af sine ejere, Petter Løff, Lars Kielland og Jens (Figeland?) for fire aars landskyld fra 1720".

Den 25/11 1732 hadde Ola Ivarson Sandve "ladet stevne Peder Stocheland for en half Rixdr. han er hannem skyldig for (vefverløn?). Den indstefnte Peder Stocheland møtte og vedstod stefvnemaalet, kunde heller icke benegte gielden, men meente at hans salig kone haffde betalt det".

Ola Ivarson hadde 3 barn i andre gifte og 5 i tredje:

- a. Berit, f. 1710, g. m. Torkel Toreson Grønholen under (Evestad i Varh. 26).
- b. Karen, f. 1713.
- c. Sven, f. 1717.
- d. Henrik, f. 1725.
- e. Ola, f. 1727, død s. å.
- f. Ola, f. 1728.
- g. Berit.
- h. Peder, f. 1735.

Endå ei sak må eg referera: "Den 23/11 1741 haver Gunder Friestad ladet indstevne Barbro Sandve for ham skyldig værende 2 ort 16 skil. Indstevnte Barbro Sandve møtte, sagde hun havde betalt 1 ort 8 skill. Beraaber sig paa skiftebrev som hun vil producere til neste ting, og da føre vidner." Den 6/3 1742, same saka: "Indstevnte enche, Barbroe Sandve, anviste skiftebrevet efter hendes Salig mand Ole Iversen Sandve, forretted 18 Sept. 1733, hvorudi findes indført, at Tormon Ellingsen, som Citanten nu søger for ichun de hrævede 2 Rdlr. 16 skil. og derpaa erbyder hun sig at gjøre eed at hun har betalt siden dend tiid til Tormon selv 1 ort 8 skil. Resten erbyder hun sig at ville betale.

Efterdj enchen Barbroe Sandve nu med eed har bekræftet at have betalt efter hendes mandz død 1 ort 8 skil. og resten baade forhen og nu anbuden at betaales med 1 ort 8 skil. saa vorder hun for videre søgemaal

frjfunden, og omkostningeme paa begge sider ophæves."

9. **Ola Olson** (sjå Odland, Varhaug 17 a.) fødd 1680, skifte 12/2 1737. Gift 8/6 1704 med Eli Ellingsdotter (4 c.) fødd 1669. Han tok over 1 pund etter verfareen i 1704. Lars Kielland åtte då heile Sandve. Dei hadde 3 barn:

- a. Elling Olson, f. 1706 (11).
- b. Ola, f. 14/6 1707, død før 1737.
- c. Malena, f. 9/2 1710, g. m. Lars Asserson (Sirevåg 47).

10. **Ola Johannesson** er førd på Sandve frå 1746 etter Barbro Pedersdtr. som er førd til 1745. Ola er førd til 1772. Han var den same som Ola Johannesson (Kverme 13). Den 11/7 1754 fekk Johannes Olson Kverme skjøte på 1 pund i Sandve frå Jørgen Jørgensen Hiorth (Kverme 15), men han er ikkje førd i futerekneskapen, og har truleg ikkje budd på Sandve.

Om Ola Johannesson finn me i Tingboka den 25/11 1743: "01e Johannessen Sandve haver ladet indstevne Lars Olsen Bøe og Morten Torgiersen ibidem, fordj de icke skal ville betale til citantens hustrøe, Ingrj Henrichsdatters belovede opsetning av deres brug i Bøe, som de ellers har forbunden sig til, saavel ifølge skiftebrev som og de derefter oprettede contracter, hvilche de ej vil forseigle, derom at liide dom med omkostningers erstattelse: Til vidner derom indstevnt Anders Qverme og Elling Sandve.

Anders Qverme fremstod dernæst, avlagde eed og vidnet, at for et aar siden forvigte vaar blev hand tilboden at følge Elling Sandve til Bøe for at tilspørge Lars og Morten Bøe, enten de ville afstaa noget i gaarden for ham til hans hustrøes opsætning, eller og bethale opsætningen efter skiftebrevet, hvortil de svarede, at de ville give hende opsætning efter skiftebrevet, hvilchet hun maatte tære hvor hun ville. 2det vidne, Elling Sandve, avlagde eed og vidnet det samme. Citanten fremlagde nævnte skiftebrev, datt. 3/10 1741, som melte paastevnte opsætning skal være 11/2 pund meel, føde for hende 2 kiøer og 6 sauer. Oplæst. Videre fremlagde 2de paa stemplet papir oprettede contracter, samme opsætning angaaende, samme skrevne efter contractens derom aparte udstæde haandskrifter paa slet papir. Oplæst. Og eftersom parteme havde ej videre at indvende, saa blev derom saaledes dømt og afsagt:

Etersom Lars Olsen og Morten Torgiersen

Bøe har belovet den forige enche Ingeij Henrichsdatter, som nu er gift med citanten Ole Johannessen Sandve, dend aarlig opsætning, som hende efter skiftebrevet var tilstaaet af gaarden Bøe, hvilchen nu bruges af forbemelte comparenter, saa er det og med deres egenhændige skrevne og i Retten fremlagde haandskrifter gottgiort. Derfor tilfindes forberørte Lars Olsen og Morten Bøe at erlegge til Ingrej Henrichsdatter hver sin halve deel av opsætningen, som hun efter løfte maa tære hvor hun vil, samt erlægge i denne sags omkostning 1 Rdr.”

11. Elling Olson (9 a.) fødd 26/4 1705. Gift 1) 9/5 1734 med Ranveig Olsdotter (Kverme 13 a.), altså dotter til (Sandve nr. 10) fødd 1710, død 27/3 1735, skifte etter henne 28/9 s. å. Gift 2) 1736 med Anna (Årslund 17) fødd kring 1711. Elling er førd til 1761. 1 barn i første gifte og 7 i andre:

- a. Anna Ellingsdtr., f. 13/3 1735, g. 1) m. Aslag Ellingson, g. 2) m. Ola Roaldson (13 og 14).
- b. Ranveig, f. 19/4 1737, g. 1760 m. Ola Pederson Damsgård.
- c. Rasmus, f. 1739.
- d. Elling, f. 1742, tente på Stavnheim i 1758.
- e. Ola, f. 1745 (Sirevåg 90).
- f. Karen, f. 22/10 1746, død 23/3 1766.
- g. Ola, f. 6/6 1749.
- h. Peder, f. 1758.

12. Peder Nilsson Gravdal, son til Nils Andersson Gravdal i Bjerkreim og Malena Karlsdtr. Fødd 20/5 1714, død 10/10 1776. Gift 7/10 1742 med Joron Johannesdatter (Fuglestad 13 c.) fødd 1717, død 12/7 1795. Han fekk skjøte på 1 pund i 1757 av Johannes Olson Kvearme, som hadde kjøpt same i 1754 av Jørgen Hjorth (sjå under 10). Peder og Jorun hadde 7 barn som alle var fødde på Gravdal:

- a. Malena, f. 1744.
- b. Johannes Pederson Sandve, f. 1/1 1747 (15).
- c. Turid, f. 1749.
- d. Ågott, f. 1751.
- e. Nils Pederson Kvianes, f. 18/2 1753 (sjå Oagna 64).
- f. Ågott, f. 22/2 1756.
- g. Peder, f. 29/5 1757, død 1766.

13. Aslak Ellingson (Auestad, Varhaug 16 d.) fødd kring 1724, død 7/6 1765. Gift 1760 med Anna Ellingsdatter (11 a.) fødd 13/3 1735. Han tok over 1 pund etter verfaren kring 1762, med skjøte frå

Margrethe Kirsebom 26/3 1761. Dei fekk 1 barn:

- a. Ranveig, f. 25/7 1762, g. 1789 m. Jakob Ivarson (Bø 28).

Etter Aslak sin snare død, gifta enkja seg med:

14. Ola Roaldson (Skretting, Varh. 30 a.) fødd 1725, død 30/9 1798. Gift 26/1 1766 med enkja etter 13, Anna Ellingsdtr. som døde 6/11 1796, skifte 4/7 1795. Dei hadde 4 barn:

- a. Ester (Astrid?), f. 1767, død 13/2 1774.
- b. Aslak Olson Sandve, f. 22/11 1769 (16).
- c. Ola Olson, f. 8/3 1772, død før 1796.
- d. Helene, f. 22/5 1773, død 7/11 1802.

15. Johannes Pederson (12 b.) fødd 1/1 1747, død 3/10 1813. Gift 1) 20/5 1771 med Marta Omundsdr. (Herredsvela 22 a.) fødd 4/4 1749, død 1780? Gift 2) 27/10 1782 med Berta Hansdatter (Topdal 13 — Ueland, Varh. 26 a.) fødd kring 1757, død 27/3 1840. Ho var kalla kona då ho døde, så ho må ha vore gift att, men det veit eg ikkje om. Johannes brukte og åtte 1 pund etter faren og er førd frå 1778. Han hadde 3 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Peder, f. 27/9 1773, død 3/10 s. å.
- b. Joron, f. 9/4 1775, død 3/5 1837, truleg ugift.
- c. Gitlaug, f. 30/11 1777, g. 1801 m. Lars T. (Matingsdal 18).
- d. Peder, f. 28/9 1783 (sjå 17).
- e. Marta Malena, f. 1/2 1789, g. m. Lars Olson (Bø 31).

16. Aslak Olson (14 b.) fødd 22/11 1769, død 30/8 1837. Gift 13/11 1791 med Elen Knutsdatter (Lintjøm 15 e.) fodd 24/5 1768, død 15/5 1847. Han brukte og åtte 1 pund etter faren og er førd frå 1789. Dei hadde 6 barn:

- a. Ola Aslakson, f. 12/5 1793 (18).
- b. Elen, f. 26/6 1796, g. m. Salve Andersson (Kverme 20).
- c. Knut, f. 21/4 1799, g. 1826 m. Elen Olsdtr. Budde i Eigersund.
- d. Abraham Aslakson (Vatnemot 34).
- e. Aslak Aslakson, f. 5/4 1807 (sjå Bogsdalen 17).
- f. Elen Maria, f. 30/8 1812 (sjå Sore Hetland 6).

17. Peder Johannesson (15 d.) fodd 28/9 1783, død 18/10 1828. Gift 1) 27/6 1801 med Elen Kristoffersdatter (Vetteland 30 d.) fødd 1/8 1779, død 1/8 1813. Gift 2)

12/5 1814 med Rakel (var døypt Ranveig) Nilsdotter (Høiland 19 c.) fødd 8/3 1795, død 24/4 1819. Gift 3) 18/6 1820 med Berta Maria Gabrielsdotter (Matingsdal 17 f.) fødd 24/8 1800, død 23/1 1876. Ho vart g. 2) 13/6 1835 m. Lars Torkelson Oma i Time. Peder Johannesson brukte 1 pund etter faren, det seinare bnr. 1,2 og 3. Han hadde 4 barn i første gifte, 3 i andre og 3 i tredje:

- a. Johannes Sandve, f. 30/12 1804 (20).
- b. Berta, f. 16/11 1806, g. m. Ivar Larsson (Stokkeland 30).
- c. Gjertrud, f. 20/11 1808, død 19/4 1810.
- d. Gjertrud, f. 19/4 1812, død som barn.
- e. Elen, f. 31/4 1815, g. m. Torkel Larsson Oma.
- f. Nils Pederson, f. 1816, var gift i Stavanger.
- g. Hans, f. 4/4 1819, g. m. Taletta Ådnesdr. Åsland. Han var skomakar i Stavanger.
- h. Gabriel, f. 10/8 1821, g. m. Pernille Nilsdr. Årrestad. Budde på Norheim i Time.
- i. Ranveig, f. 20/12 1826, død som barn.
- j. Peder, f. 21/2 1826, g. m. Olina Fotland. Budde på Grøtheim i Time.

18. Ola Aslakson (16 a.) fødd 12/5 1793, død 1/8 1856. Gift 20/1 1828 med Berta Gurine Omundsdotter (Kvalbein 20 d.) fødd 28/3 1803, død 9/12 1885. Ola Aslakson tok over 1 pund etter faren, det seinare bnr. 1, der han er førd frå 1830. Dei hadde 6 barn:

- a. Abraham Olson, f. 2/1 1829 (25).
- b. Elen Kirstina, f. 28/6 1832, g. m. Asser Mikkelson (21).
- c. Omund Olson (Stokkeland 36).
- d. Morten Olson (Årsland, Varhaug 35), f. 15/10 1841.
- e. Ingeborg Maria, f. 22/8 1840, truleg død som barn.
- f. Ole Johan, f. 20/8 1845.

19. Johannes Johannesson budde på Sandve i 1845 og 1849 og var kalla husmann på Heien av Sandve (Osmunds-heien?). Han var truleg son til Johannes Ellingson på Litle Bjelland (52 d.). Fødd 2/7 1816, død på (Veggeberg 3) 13/12 1886. Gift i Varhaug 29/3 1843 med Elen Larsdotter (Ueland, Varh. 49 a.) fødd 11/7 1815, død 1908. I 1875 er han førd som husmann og fiskar på Veggeberg. 4 barn er døypte i Oгна:

- a. Malena, f. 3/12 1845, g. m. enk. Jakob Jakobson (Bru 12).

- b. Tore Johannesson, f. 1849, gift i Mandal.
- c. Lars, f. 22/10 1852 (Vigrestad 46).
- d. Johannes, f. 22/5 1856.

20. **Johannes Pederson** (17 a.) fødd 30/12 1804, død 2/10 1885. Gift 10/10 1830 med Inger Johannesdotter (Kverme 18 c.) fødd 2/2 1800, død 3/2 1882. Han tok over faren sitt bruk. Dei hadde 7 barn:

- a. Peder Johannesson, f. 2/1 1832 (23).
- b. Elen, f. 3/7 1833, død av nervefeber 3/5 1857.
- c. Johannes Johannesson, f. 7/12 1835 (24).
- d. Ingeborg, f. 29/12 1837, g. m. Gunnar Gunnarson (Bø 36).
- e. Inger Elisabet, f. 13/8 1840, g. m. Mathias Friestad (Bru 16).
- f. Jonas Johannesson, f. 13/8 1840 (sjå S-Tjemsland, Varh. 53).
- g. Kristoffer, f. 10/8 1843 (sjå Voll 102).

21. **Asser Mikkelson** (sjå Haugstad, Varh. 29 b.) fødd 17/6 1819, død 12/7 1899. Gift 23/3 1851 med Elen Kirstine Olsdotter (18 b.) fødd 28/6 1832, død 1922. Han tok over halve parten av verfare sitt bruk, bnr. 1. 2 barn:

- a. Berta Gurina, f. 16/4 1854, g. m. Torger Kristofferson (26).
- b. Elen, f. 12/8 1857, død 17/3 1876.

22. **Elling Tobias Jonasson**, son til Jonas Ellingson Eikeland i Time frå Haugland og Malena Olsdr., f. Eikeland. Han var fødd i Time 10/9 1825. Gift med Elen Gurina Svensdotter, fødd i Stavanger 26/7 1812, dotter til Sven Svenson frå Indre Sikveland og Ingeborg Ivarsdtr., f. Sørhaug. Elen Gurine var enkje etter Hans Larsson Bjelland i Gjesdal, som var hattemakar i Stavanger, og hadde med han sonen, Ludvig Hansson, f. 1838, g. m. Inger Pedersdr. Høyland og budde på Litle Undheim, Mærli. Elling Tobias budde visst som husmann på Sandve til kring 1857 då dei flytta til Undheim, og i 1865 er dei hjå Ludvig i Mærli. Seinare budde Peder Johannesson på denne parten, som var bnr. 2.

23. **Peder Johannesson** (20 a.) fødd 2/1 1832, død 15/9 1909. Gift 24/11 1859 med Ingeborg Kirstine Larsdr. (Kverme 21 b.) død 11/9 1918. Han hadde bnr. 2 frå kring 1860. Han var kalla inderst i 1860. Barn:

- a. Johannes, f. 2/2 1860 (27).
- b. Elen, f. 5/4 1862, død 12/3 1940, ugift.

- c. Ane, f. 11/1 1865, død 24/6 1897.
- d. Lars, f. 11/7 1868 (Rugland i Varh. 44).
- e. Peder, f. 1871, g. m. Inga Jåttå. Budde på Ganddal.
- f. Jonas, f. 24/8 1874, g. m. Bertine. Budde i Stavanger.
- g. Kristoffer, f. 16/3 1877. Budde på Sandnes.
- h. Jakob, f. 12/9 1879, gift og budde i Haugesund.
- i. Inger, f. 27/12 1883, g. m. Jonas Nilsson Mellemstrand. Bur på Vigrestad.

24. **Johannes Johannesson** (20 c.) fødd 7/12 1835, død 17/3 1917. Gift 4/11 1869 med Malena Rasmusdr. (Kvadsheim 36 c.) fødd 2/2 1852, død 7/11 1923. Johannes tok over bnr. 3 som var halve farsgarden i 1900. Han kjøpte Vettaland bnr. 1 i 1880. Barn:

- a. Ingeborg, f. 24/8 1870, g. m. Edvard Kornelius (Kverme 27).
- b. Johannes, f. 23/4 1872, død 1879.
- c. Mathea, f. 4/6 1874, g. m. Jon Omundson (Kvalbein 30).
- d. Rasmus, f. 1876, død 1892.
- e. Elen Jørgine, f. 21/4 1878, g. m. Edvard (Stokkeland 46).
- f. Josefine, f. 2/3 1880, g. m. Lars Jaarvik (Ogna 94).
- g. Johannes, f. 18/1 1882 (30).
- h. Edvard, f. 2/3 1884, g. m. Melia Olsdr. (Fuglestad 86 a.). Budde i Egersund.
- i. Kristoffer, f. 21/2 1886 (Bø 44).
- j. Othelia, f. 15/1 1888, g. m. Johannes Dåsvand, Åseral i Setesdal.
- k. Martin, f. 28/10 1889 (31).
- l. Malena, f. 11/1 1891, g. m. Kristen Skei, Hundvåg.

25. **Abraham Olson** (18 a.) fødd 2/1 1829, død 18/1 1916. Gift 29/4 1871 med Malena Ellingsdr. (Fuglestad 56 c.) fødd 20/12 1844, død 20/11 1911. Han er førd som husmann og fiskar under bnr. 3 både i 1875 og 1900. Barn:

- a. Ola, f. 21/6 1871, død 22/8 1952, ugift.
- b. Andreas Martin, f. 12/11 1874 (28).
- c. Johan, f. 10/9 1877, død 26/5 1903, ugift.
- d. Berta Gurina, f. 19/9 1880, g. m. Olaus Omland (Brusand 6).
- e. Edvard, f. 18/12 1884 (Brusand 1).
- f. Ingeborg Marie, f. 7/11 1889, død 1/4 1902.

26. **Torger Kristofferson**, fødd 8/3 1853,

død 15/1 1941. Foreldre Kristoffer Larsson Aniksdal og Guri Torgersdr. (Aniksdal 53). Gift 14/12 1876 med Berta Gurina Assersdr. (21 a.) fødd 16/4 1854, død 16/9 1934. Han tok over bnr. 1 etter verfare. Var smed. Barn:

- a. Elen Gurina, f. 1/8 1877, g. m. Elling Kefason Sikveland, Time.
- b. Elen Kirstina, f. 17/2 1880, g. m. Bernt (Herredsvela 42 c.).
- c. Kristoffer, f. 7/5 1882, g. m. Else Jacobsen Orre. Budde på Bryne.
- d. Adolf, f. 7/10 1886, g. m. Ragna Paulsen. Reist til Amerika.
- e. Gurina, f. 31/7 1884, g. m. Karl Kefason Sikveland. Reist til USA.
- f. Berta Tomine, f. 1/12 1888, g. m. Kristoffer Kefason Sikveland (Hadland 45).
- g. Klara, f. 1/8 1891, g. m. Sverre Svendsen. Bur på Bryne.
- h. Bertine, f. 4/12 1893, g. m. Jonas Slettebø (32).
- i. Inga, f. 26/1 1898, g. m. Olav Åneland. Bur på Ålgård.

27. **Johannes Pederson** (23 a.) fødd 2/2 1860, død 16/3 1935. Gift 1896 med Elen Olsdr. Lerbrek, fødd i Varhaug 29/11 1867, død 3/12 1946. Foreldre Ole og Berta Lerbrek (Lerbrek 31 e.). Han tok over bnr. 2 etter faren. Barn:

- a. Peder, f. 6/2 1897 (33).
- b. Ole, f. 7/11 1898, død 10/5 1969, g. m. Anna Pauline (Årsland 36 j.). Budde på Bryne.
- c. Jon, f. 23/7 1900 (Ogna 103).
- d. Ingvald, f. 9/5 1902, g. m. Ragna Fjogstad. Budde på Ganddal.
- e. Bjarne, f. 15/6 1904, gift og budde i Odda.
- f. Ingeborg, f. 7/9 1906, g. m. Jonas Stangeland, Sandnes.
- g. Erling, f. 14/5 1908 (39).
- h. Borghild, f. 5/4 1910. Bur i Stavanger.
- i. Kristoffer, f. 26/4 1912, gift og bur i Oslo.

28. **Andreas Martin Abrahamson** (25 b.) fødd 12/11 1874, død 9/10 1940. Gift 1904 med Elida Larsdotter Helvig, fødd 1875, død 18/12 1967. Dei hadde ikkje barn og bruket vart seld til Trygve (Kverme 31).

29. **Johan Jenson Kleven** (Sirevåg 147 c.) fødd 23/11 1890, død 11/7 1970. Gift med Ingeborg Toresdr. (Stokkeland 39 f.) fødd 1/10 1893, død 8/5 1971. Han kom til Sandve i 1917 på bnr. 5, kjøpt av Torger Sandve (Sandve 26). Barn:

- a. Jens, f. 18/5 1914, g. m. Justina Sør Reime. Bur på Voll (Voll 155).
- b. Tomas, f. 22/11 1915 (36).
- c. Johan, f. 16/1 1917. Gift og bur i Sandefjord.
- d. Gabriel, f. 13/7 1924 (Brusand 36).
- e. Anna, g. m. Trygve Hellenen (Sirevåg 171).
- f. Sigfrid, f. 25/5 1921, g. m. Komelius Varhaug. Bur på (Varhaug 181).
- g. Ingeborg, f. 11/3 1926, g. m. Magnus Ånestad (Brusand 16 f.).
30. Johannes Johanneson (24 g.) fødd 18/1 1882, død 17/2 1971. Gift 1914 med Hanna Kirstina Dahl, fødd 11/2 1887, død 15/1 1939. Dotter til Karl Dahl og Kristina, f. Veavåg. Gift 2) med Aasta Finrud, fødd på Tyristrand, Ringerike 17/8 1906, dotter til Andreas og Anette Finrud. Han tok over bnr. 3, som var farsgården. 7 barn i første gifte og 1 i andre:
- a. Johannes, f. 30/4 1912, død 1/5 1915.
- b. Johannes, f. 10/5 1916 (34).
- c. Kåre, f. 18/12 1920, g. m. Olaus Kåle. Bur på Nærbø.
- d. Sverre, f. 27/2 1922, g. m. Arnfrid Roland. Bur på Lesja.
- e. Kristine, f. 1/7 1923, g. m. Mons Selstø. Bur på Nærbø.
- f. Harald, f. 20/8 1928, g. m. Solveig Skogheim. Bur i Solør.
- g. Rolf, f. 23/10 1930, g. m. Klara Dalaker. Bur i Randaberg.
- h. Svanhild, f. 6/4 1949, g. m. Odd Slinning. Bur i Haugesund.
31. Martin J. Sandve (24 k.) fødd 28/10 1889, død 20/12 1969. Gift 1911 med Ingeborg Maria Torgersdtr. (Fuglestad 90 a.) fødd 4/11 1889, død 2/4 1969. Han hadde ein part av farsgården bnr. 4. Han selde Sandve i 1926 og tok over bnr. 1 av Fuglestad, verfarens sitt bruk som han hadde i nokre år før han flytta til Vigrestad. Barn:
- a. Malena, f. 13/5 1912, g. m. Gerhard Gravdal (Vettaland 56 d.). Bur på Vigrestad.
- b. Astrid, f. 4/5 1914, g. m. Toralf Haslerud. Bur i Stavanger.
- c. Johannes, f. 19/5 1916, g. m. Tyra Grøsfjeld. Bur på Vigrestad.
- d. Torleif, f. 25/7 1918, g. m. Gunvor Stangeland. Bur på Madla.
- e. Magnus, f. 25/10 1922, g. m. Tordis Haugland.
- f. Einar, f. 28/9 1926, g. m. Marjatta Lipponen. Bur på Klepp.
- g. Ingebjørg, f. 28/1 1933, g. m. Mandius Hovland.
32. Jonas Omundson Slettebø, fødd i Eigersund 25/11 1894. Son til Omund J. Slettebø og kona Ingeborg Katerine. Gift med Bertine Torgersdtr. (26 h.) fødd 4/12 1893. Han tok over bnr. 1, etter verfarens i 1925. Barn:
- a. Ottar, f. 6/3 1919 (37).
- b. Torger, f. 13/5 1921, g. m. Selma Tengesdal. Bur i Lyngdal.
33. Peder Johannesson (27 a.) fødd 6/2 1897. Gift med Sanna Skiftesvik, fødd i Sola 5/6 1897 av foreldre Lars og Cecilie Skiftesvik, død 28/5 1971. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1938. Selde Sandve og flytta til Nærbø.
34. Johannes Johannesson (30 b.) fødd 10/5 1916. Gift med Hanna Dagny Espedal, fødd i Forsand 6/6 1926, av foreldre Magnus Torsteinson og Magna Espeland. Han tok over bnr. 3 og 9 i 1951. Barn:
- a. Harald, f. 2/9 1949.
- b. Magnus, f. 26/11 1950, g. m. Kari Roksvåg. Bur på Smøla.
- c. Jone, f. 4/10 1953.
- d. Ragnar, f. 15/6 1956.
- e. Jan Helge, f. 1/5 1959.
- f. Milrid, f. 23/9 1965.
35. Edvard Enokson Fuglestad (Fuglestad 100 e.) fødd 17/4 1901, død 2/2 1975. Gift med Aslaug Olsen, fødd i Stavanger 15/2 1907, av foreldre Ole og Helene Olsen. Han var busett på Sandve bnr. 6. Barn:
- a. Enok, f. 11/11 1935, g. m. Anita Johnsen. Bur på Vatne ved Sandnes.
36. Tomas Sandve (29 b.) fødd 22/11 1915. Gift i 1935 med Hanne Bratland, fødd 11/4 1915. Foreldre Sem og Olina Bratland (Bratland 32). Han tok over bnr. 5 i 1957. Han er og bakar. Barn:
- a. Ingfrid Johanne, f. 2/5 1936, g. m. Halfdan Hobberstad. Bur på (Sør Varhaug 200).
- b. Oddny, f. 7/12 1937, g. m. Kåre Rugland. Bur på Vigrestad.
- c. Solveig, f. 24/5 1946, g. m. Pål Aniksdal. Bur på Vigrestad.
- d. Johan, f. 22/3 1951 (44).
- e. Tor Helge, f. 11/12 1958.
37. Ottar Slettebø (32 a.) fødd 6/3 1919. Gift 1952 med Elfrid Tengesdal, fødd i Bjerkeim 25/1 1931 av foreldre Tønnes og Maria Tengesdal. Han tok over bnr. 1 i 1969 etter faren. Barn:

- a. Jon Bernhard, f. 4/12 1953.
 - b. Tove Maria, f. 14/9 1955, g. m. Knut Terje Overskei. Bur i Egersund.
 - c. Ellaug Irene, f. 16/7 1958.
 - d. Oddvar, f. 9/1 1960.
 - e. Kirsti, f. 28/10 1966.
- 38. Knut Anderson Hetland**, fødd 5/7 1897, død 1/5 1929. Foreldre Anders Olaus Knutson Eikestein og Ingeborg Guria Knutsdtr. Eikestein. Gift med Tobine Kvinlaug, fødd 29/3 1890 av foreldre Tobias og Sara Kvinlaug, Espetveit. Han hadde bnr. 4. Barn:
- a. Ingebjørg, g. m. Toralf Søiland (Voll 186 a.).
- 39. Erling Johannesson** (27 g.) fødd 14/5 1908, død 5/11 1968. Gift med enkja etter Knut Hetland (38) Tobine Kvinlaug, fødd 29/3 1890, død 27/5 1962. Han selde bnr. 4 i 1964 og flytta til Kvinlog. Ikkje barn.
- 40. Kristian Høyland**, fødd i Høyland 23/4 1903. Son til Lars Larsson og Anna Maria Høyland. Gift 1931 med Klara Jonasdtr. Taksdal, fødd 27/10 1902. Dotter til Bertha Ingebretsdtr., f. Løge og Jonas Jonasson Taksdal. Han kom til bnr. 4 i 1964. Barn:
- a. Anna Maria, f. 27/7 1932, g. m. John Grødeland, Kverneland.
 - b. Lars, f. 24/2 1935.
 - c. Bjørg, f. 26/2 1939, g. m. Per Johan Time, Time.
 - d. Kjellaug, f. 23/1 1940, g. m. Edvin Kliveland, Klepp.
 - e. Jofrid, f. 28/1 1942, g. m. Mondrad Ueland, Varhaug.
 - f. Gerd, f. 28/11 1944, g. m. Ordin Fjermestad, Kverneland.
 - g. Jan Karsten, f. 19/1 1951 (45).
- 41. Jørgen Undheim**, fødd 1936. Foreldre Gunder Johan og Gunhild Undheim (sjå Vettaland 85). Han kom til bnr. 2 i 1964.
- 42. Torger Edvardson Herredsvela** (Vettaland 80B b.) fødd 16/9 1930. Gift med Sonja Mona Vetteland (Brusand 26 a.) fødd 3/7 1935. Barn:
- a. Ingunn Alice, f. 26/6 1956.
 - b. Else Norunn, f. 6/8 1959.
- 43. Johannes Skårland** (Brusand 19 c.) fødd 30/5 1943. Gift med Kari Olava Fjermedal, fødd i Bjerkreim 31/10 1945, av foreldre Rasman og Maria Fjermedal. Barn:
- a. Ove, f. 26/3 1969.
 - b. Rune, f. 12/12 1971.
- 44. Johan Sandve** (36 d.) fødd 22/3 1951. Gift med Judith Grimsrud, fødd 27/5 1952, foreldre Arvid og Kitty Grimsrud. Barn:
- a. Heidi Karin, f. 13/9 1971.
- 45. Jan Karsten Høyland** (40 g.). Gift med Ruth Fuglestad, fødd 23/9 1954 i Stavanger, foreldre Tor og Ruth Fuglestad. Overtok bnr. 4 i 1973. Barn:
- a. Reidun Høyland, f. 8/3 1973.

G.nr. 110. Bø

Bø er det gamle namnet Bær som rett og slett tyder gard.

Bø grenser mot sør til Fuglestad, mot vest til Bjårvatnet og Sandve, mot nord til Hadland og Haugsenga og mot aust til Fuglestad.

Jorda er morenejord og myr.

NAMNEREGISTER

1. Gwlegh (Gullik)
2. Jørgen på Bø
3. Haldvor på Bø
4. Ingeborg på Bø
5. Olluff på Bø
6. Olluff på Bø
7. Rasmus Olson
8. Sigward Einarson
9. Lars Olson
10. Rasmus Olson
11. Villum Asbjørnson
12. Torgier Larsson
13. Asbjørn Villumson
14. Tarald Olson
15. Klaus Olson
16. Ola Johannesson
17. Ola Torgierson
18. Ola Ellingson
19. Morten Torgierson
20. Lars Olson Erga
21. Einar Mortenson
22. Ola Larsson
23. Erik Størkardson
24. Ivar Larsson Stokkeland
25. Erik Pederson
26. Ola Asgautson
27. Tønnes Hansson
28. Jakob Ivarson
29. Torger Knutson Bue
30. Tore Tønnesson
31. Lars Olson
32. Gunnar Gunnarson Kvål

33. Ola Larsson
34. Torsten Larsson
35. Tønnes Toreson
36. Gunnar Gunnarson II
37. Lars Torstenson
38. Lars Olson
39. Tolleiv Tønnesson
40. Torger Olson Hetland
41. Abraham Andreasson
42. Gunnar Gunnarson III
43. Isak Torstenson
44. Kristoffer Johannesson Sandve
45. Ingvald Larsson Bøe
46. Isak Andreas Isakson Bøe
47. Gustav Friestad
48. Tullin Gunnarson Bøe
49. Abraham Isakson Bøe
50. Rasmus Olson Fuglestad
51. Kristian Gabriel Undheim
52. Elias Herredsvela
53. Olav Austbø
54. Toralf Hadland
55. Ingar Herredsvela
56. Lars Bøe
57. Odd Magne Kvasheim

1. Gwlegh (Gullik) er nemnd på Bø i 1521 då han skatta 30 mark.

2. Jørgen på Bø skatta 2 lodd sylv i 1563.

3. Haldvor på Bø skatta 1 dalar i 1563.

4. Ingeborg på Bø skatta for 11/2 spand i 1602. Ho var kanskje enkje etter 2 eller 3.

5. Oluff på Bø skatta 10 dalar i 1603 og likeeins i 1616.

5B. Gjert Bø eig i 1624 1 vet kom i Vigrestad. Kanskje på Herredsvela i 1628.

6. **Olluff på Bø** er nemnd saman med nr. 5 i 1613, skatta 10 dalar. Han var kanskje den same som Ole Olson på Fuglestad (Fuglestad 6).

7. **Rasmus Olson** var på Bø i 1645, død før 1664. Han var son til Ole Olsen (Fuglestad 6 a.), men var truleg fødd på Bø. Etter P. Valand var han gift med søster til lensmann Tore Olsen på Nedre Hetland i Helleland, Ågot Olsdtr. Nedre Hetland i Helleland (sjå der 6).

Under 20/11 1652 finn me i Tingboka: "Rasmus Bøe var stefnt for trej aars korntiende aff Bøe, der han icke lenger var deign (klokkar). Han møtte och kunde icke nechte at hand var fra deignens bestilling j trej aar, och gaff ingen tiende ud. Thj bleff hand tildømt samme trej aars tiende til Fougden, ved en mark sølff for huert aar at betaile."

Den 19/11 1653 finn me: "Fouged Malte Zeestedtz haffde ladet indsteffne Rasmus Bøe for femb aars korntiende hand moetvilligen har forholdt. Herimoed at suare møtte Rasmus Bøe och sagde att hand haffuer tald med Rasmus Suendsen, at hand ville forunde ham hans tiende frj, effterdj hand er deignen. Dette sagde Razmus Suendsen (lensmann på Hårr) och at haffue giort. Men Lensherren ville ham det icke bevilge. Her var och en dom j Rette huorved Rasmus Bøe bleff j fior tildømt hans resterende korntiende at betaile, huilchen hand icke har achtet. Derfor bleff dømt:

At effterdj Rasmus Bøe har ingen frjhed paa Ko. Ma. korntiende att inde beholde. Thj bør hand att bøde 4 marker sølff til Kongen, och til hans vedderpart interesse effter 6 mandtz sigelse, och doeg ligevel pligtig være hans resterende tiende effter huer aars taxt inden 14 dager hereffter at betaile, ellers det ved namb och vordering aff hans boe effter Lougen at tages."

Videre under 24/11 1656: "Kong. May. Fouged lagde i rette Borg(ermester) Søren Persens sedel, at hand paa den velb. mand Cancelerens veigne, uilde indløse Bøe som der uar pantsat for, och pengene bleff aff (folchinensz?) optalde paa bordet. Rasmus Bøe møtte och suarde, at hand uilde see den gode mand (Cancelerens?) haand och schriffuelse om samme løsening. Dernest at naar hand bleff louglig steffnt med sine breffuer, schulde hand dennem fremblegge, och icke nu uilde anname pengene, formedelst dj icke bleff tilbøden paa aasteden, och i dend sag begierede at niude Norges Loug."

Barn:

a. Ingeborg, nemnd i 1666 og hennar verge var morbror Tore Olson Nedre Hetland.

8. Sigward Einarson, nemnd på Bø i 1645 saman med nr. 7.

9. Lars Olson var bror til nr. 7 (Fuglestad 6 d.) fødd kring 1623, død 1674, skifte etter han 24/3 1676. Han skatta i 1638 saman med Villum Bøe 1 dalar. Han hadde 1 vet kom i Hetland i 1664 og i 1674. 1 1/2 spand i Fuglestad og 1/2 spand i Egren og i 1674 har han saman med broren Lars Fuglestad 2 1/2 spand i Herredsvela. Under skifte er ført: "Enchen Karen Thorgiersdtr., Børne Thorgier, Olle och Antonius. Thorgier tager Olle til sig. Knud Schretting annammer Antonius. Farbroderen, Laurits Fuglestad var tilstede. Odelsgoods i Hetland og Egren. Odelsgoods i Fuglestad var solgt til sorenskriver Michel Gundersen."

Det var Lars Olson Bø og Lars Olson Fuglestad som frykta for at Tore Olson Nedre Hetland, som var blitt fattig og var verge for sin søsterdatter, Ingeborg Rasmusdtr., ikkje skulle passe på hennar formue, og ville ha ein annan til verge. Kven kona, Karen Torgersdtr., var er uvisst. Ho vart gift att med Knud Larson Skretting. Barn:

- a. Torgier (13).
- b. Ola (Høiland 10).
- c. Antonius (Skretting i Varh. 21).
- d. Malena, f. 1648, død 1664.

10. Asbjørn Bø skatter i 1628 3 dl. og i 1638 sammen med Lasse Bø 1 dl. Kanskje frå (Bø i Nærbo 19) og far til 11.

11. Villum Asbjørnson (sjå Bø i Nærbo 19 d.). Han var fødd kring 1637, død 6/1 1709, 73 år gml. Kona er uvis, men kanskje var ho den Kirsten Bø som døde 12/7 1705, 71 år. Villum har truleg kome til Bø ved giftarmål. Det må ha vore skifte etter dei, men skiftebøkene vantar frå 1701 til 1708.

I Tingboka under 12/3 1666 finn me: "Villum Bøe er steffnt for odelschatt aff femb spd. korn. Beretter at vere betald til Søffren Pedersen. Har ingen beuis."

Altså var garden odelsgoods. Vidare under same dato: "Villum Bø haffuer ladet steffne Suend Seland for en Kirchekoe som er død i hans verge. Suend møtte och det betiende, men sagde at den døde paa bar march, och at schulden icke fanttes hos hannem der udj, efftersom mange det aar misted deres queg, som det best gich och

størsted neder. Dømt: Da efftersom kirchens kiør iche maa forkommes, ehr Suend Seland tilfunden at opføde i steden kirchen tilbage en kalff i threy aar.”

Under 9/2 1681 finn me: ”Villum Bø steffnt for u-lydighed udj skiødsferd en gang hand var loughlig tilsagd at schydtze velb. Herr Oberste Arenholt, och noch en gang tilsagd at schydtze velb. Herr Major Testmand. Derfore bleff hand effter i-rette-settelse, aff fougden tilkiendt at bøde til hans Ma. huer gand 2 mark sølff, effter loughen.”

Dei av Villum Bø sine barn som me kjenner var:

- a. Berit, f. 1663, død 1676.
- b. Tore Villumson (Stokkeland 16).
- c. Asbjørn, f. 1668, død som barn.
- d. Ola Villumson (Hetland 10).
- e. Ingeborg, f. 1671, g. 1694 m. Torkel Gregoriusson (Ånestad, Varhaug 27).
- f. Asbjørn Bø, f. 1672 (13).
- g. Gunnar, f. 1674, død s. å.
- h. Ranveig, f. 1675, død s. å.

Tjener i 1701: Claus Hansen, 16 år, f. ved Kragerø.

12. Torgier Larsson (9 a.) fødd kring 1650. Han haldt skifte med barna 16/3 1722, og døde truleg straks etter, men står ikkje i kyrkjeboka. Kona er ikkje nemnd, men ved skiftet er nemnd ”hans salig qvindes bøm af Iste ægteskab” utan at det seiest kva dei heitte. Torgier Bø sine barn var:

- a. Lars Torgerson Gjermestad, f. 1677, død i kongens tenest i Fredrikstad i 1710, g. m. Anna Tolleivsdtr., hadde ein son, Torger Larsson, f. 1708.
- b. Ola Torgerson Bø, f. 2/11 1679 (17).
- c. Rasmus, f. 16/9 1683, levde i 1722.
- d. Peder, f. 1681, levde i 1701, død før 1722.
- e. Karen, f. 20/9 1685, død s. å.
- f. Karen, f. 6/1 1687.
- g. Sissel, f. 4/8 1689.
- h. Torgier, f. 18/12 1692, levde i 1718 og 1722.

13. Asbjørn Villumson (11 f.) fødd 1/11 1672, død 10/2 1715. Gift 27/12 1699 med Ingrid Henriksdotter (Herredsvela 12 c.) fødd 1684. Ikkje barn.

14. Tarald Olson (Husveg, Varhaug 12 a.) fødd kring 1666, død 1721, skifte 25/10 det året. Gift 1715 med enkja etter nr. 13, Ingrid Henriksdotter. Han byksla 1 pund av Ole Tjelta etter Asbjørn Villumson. Ola Tjelta åtte då heile Bø. Tarald og Ingrid fekk 3 barn:

- a. Hans Taraldson, 12 år i 1718, død før skifte 1721.
- b. Anna, f. 1716, g. m. Erik Ingebretson (Lode, Nærbø 32).
- c. Torborg, f. 1717, g. m. Hans Johanneson (Stokkeland 21).

15. Klaus Olson (sjå Herigstad, Varh. 21 a.) fødd 1694, død 6/4 1739. Gift 9/11 1721 med enkja etter Tarald Olson, Ingrid Henriksdotter. Klaus byksla 1 pund av Ola Rasmuson Tjelta i 1721.

I Tingboka under 30/7 1731 finn me: ”Claus Olsen Bøe, brugende 1 pund korn udj Bøe i Valle skibrede, proprietaregods, møtte for Retten, som hafde fremkaldet Ole Johannesen Qverme og Ole Olsen Sandvey, som vidnet, at en søndags morgen omtrent 8 dage før St. Johannes tider er bemelte Claus Olsen Bøes brugende gaardepartz huuse alle ved en ulychelig ildebrand opgaaen, saa iche det mindste er bleven tilovers, uden et gammelt fæhuus som blef tilovers allene, hvorefter manden i yderste armod og fatigdom er geraaden, som og dend gandske tingsøgende almue kunde bevidne. Derpaa hand et fuldstendigt tingsvidne var begiærende, som hannem skal meddeles, for derefter at søge deres Ko. Ma. om en allernaadigst skatteforskaanelse paa visse aar.”

Klaus og Ingrid fekk ei dotter:

- a. Anna, f. 16/8 1722.

16. Ola Johannesson (Kverme 13 og Sandve 10). Gift 2) 2/7 1742 med enkja etter Klaus Olson, Ingrid Henriksdotter. Han budde nok ikkje på Bø, men kravde oppsett til Ingrid etter skiftebrev og oppsettkontrakt (sjå Sandve under 10). Det er likt til at Ingrid hadde oppsett av heile Bø.

17. Ola Torgerson (12 b.) fødd 2/11 1679, død 9/12 1731. Gift 1720 med Berit Einarsdotter (Vigre, Nærbø 19 b.) fødd 1699. Han byksla 1 pund av Ola Tjelta i 1720 etter faren. 6 barn:

- a. Peder Olson, f. 16/7 1720 (Høiland 16).
- b. Torger Olson, f. 20/3 1723, var rømd frå soldatteneste i 1747, då han tente hjå Peder Olson Ognå.
- c. Ola, f. 16/9 1725, død 26/12 1726.
- d. Ola, f. 19/10 1727.
- e. Anna, f. 28/2 1730, død s. å.
- f. Sissel, f. 11/5 1732, g. m. Peder Svenson (Sirevåg 72).

18. Ola Ellingson (heitte Ola Nesse i 1747) var gift 22/3 1733 med enkja etter nr. 17.

Dei budde ikkje lenge på Bø og korkje Ola Torgerson eller Ola Ellingson er førde i futerekneskapen (sjå Hetland 13). Men Ola Ellingson fekk 1 son på Bø:

a. Elling Olson, f. 5/9 1734.

19. **Morten Torgerson**, son til Torger Mortenson Steinsland i Bjerkreim og Marit Omundsdtr., f. Eikeland p.h. Bjerkreim. Han var fødd i 1703, død 27/12 1769. Gift 1/1 1729 med Ågott Andersdotter, fødd i Bjerkreim kring 1713, død 19/2 1786, dotter til Anders Einarson Eikeland p. h. og Inger Olsdtr. Morten tok over 1 pund etter Ola Torgerson i 1732, truleg med byksel frå Ola Tjelta. Dei fekk 11 barn, dei 2 første fødde på Eikeland p.h., dei andre på Bø:

- a. Einar, f. 17/10 1728 (21).
- b. Erik, f. 8/3 1730 (sjå Egren 14).
- c. Torger Mortenson, f. 28/1 1732, død s. å.
- d. Anders, f. 25/3 1733, død s. å.
- e. Marta, f. 25/3 1733, g. m. enk. Erik (Vetteland 29).
- f. Anders, f. 23/4 1734, død 1776, ugift.
- g. Torger Mortenson, f. 29/7 1736 (Stavnheim 24).
- h. Inger, f. 6/1 1741, død på Fuglestad 26/12 1836, ugift.
- i. Agathe, f. 1/3 1744, g. m. Ola Olson Bjelland (Fuglestad 22).
- j. Karina, f. 8/5 1746, død 15/4 1750.
- k. Anna.

20. **Lars Olson**, son til Ola Nilsson Erga og Malena Torgersdtr. Han var fødd kring 1704, død 1/4 1787. Gift kring 1735 med Malena Olsdotter (Kverme 13 b.) fødd 1713, død 1792. Skifte etter Lars 11/4 1787 og etter Malena 2/11 1792. Lars fekk byksel på 12 spand frå Truls Endreson Finnestad i 1736 etter Klaus Olson, og var då kalla korporal. I 1760 fekk han skjøte på 1 pund i Bø av same Truls Finnestad for 48 Rdl. Dei hadde 4 barn:

- a. Malena, f. 21/10 1736, g. m. Rasmus P. (Stokkeland 22).
- b. Johanna (gutt), f. 28/2 1739.
- c. Ola Larsson Bø, f. 4/6 1743 (22).
- d. Johanna, f. 11/6 1747, g. m. Gunnar Torstenson (Stavnheim, Varhaug 27).

21. Einar Mortenson (19 a.) fødd i Bjerkreim 17/10 1728, død 6/1 1762, ugift. Han fekk skjøte på 1 pund frå Isak Stavnheim med fleire i 1760, etter faren for 48 Rdl.

22. Ola Larsson (20 c.) fødd 4/6 1743, død 21/5 1786. Gift kring 1774 med Berta

Torstensdotter (Stavnheim 20 h.?) fødd kring 1749. Ola Larsson er førd med 1 pund etter faren og var sjølveigar. Dei hadde 6 barn:

- a. Malena, f. 24/12 1774, g. 1800 m. Erik Ingebretson (Lode, Nærbø 39).
- b. Lars, f. 9/11 1777, død s. å.
- c. Lars Olson Bø, f. 10/10 1779 (31).
- d. Anna, f. 12/5 1782, død s. å.
- e. Torsten, f. 11/5 1783, død (1799?).
- f. Anna, f. 23/4 1786, g. m. Lars Rasmusson (Stokkeland 27).

23. **Erik Størkardson** (Vetteland 29) fødd kring 1732. Gift med Marit Mortensdotter (19 e.). Han er førd på Bø i 1778 med 12 spand som Rasmus Stokkeland åtte, og som må ha vore helvta av nr. 21 sin part (sjå Vetteland 29).

24. **Ivar Larsson** (Stokkeland 20 a.) fødd 23/4 1734. Han er førd på Bø i 1778 saman med nr. 23, med 12 spand (sjå meir om han på Stokkeland 24).

25. **Erik Pederson** (sjå Fuglestad 20) fødd i Bjerkreim 30/8 1750, død 25/3 1792. Gift 11/3 1787 med enkja etter 22, Berta Torstensdotter, død 8/11 1824. Han tok over 1 pund etter Ola Larsson, og var sjølveigar i 1789. I 1800 står enkja som brukar og eigar. Dei fekk ei dotter:

- a. Berta, f. 17/4 1791, død s. å.

26. **Ola Asgautson**, son til Asgaut Tolleivson Landsdal i Bjerkreim og Berit Larsdtr., fødd i Bjerkreim 24/4 1744. Gift i Bjerkreim 7/10 1773 med Lisabet Pedersdotter Gjeitrem, fødd 29/4 1753, søster til 25. Dei må vera komne til Bø kring 1778, mest truleg etter nr. 23 og var der i 1781. I 1801 budde dei på Gravdal i Bjerkreim, der dei truleg døde. Der er nemnde 4 barn:

- a. Peder, f. på Gjeitrem 1774.
- b. Asbjørn, f. på Bø 8/11 1778.
- c. Tolleiv, f. på Bø 4/11 1781.
- d. Erik, var 8 år i 1801.

27. **Tønnes Hansson** (Stokkeland 21 d.) fødd 12/3 1758, død 31/8 1837. Gift 27/6 1785 med enkja etter Tore Toreson Gravdal, Malena Karlsdotter, fødd i Bjerkreim kring 1743, dotter til Karl Nilsson Gravdal og Ingeborg Torstensdtr., f. Steinsland. Tønnes er førd med 12 spand etter nr. 26 i 1789. Dei fekk ein son:

- a. Tore Tønnesson Bø, f. 17/12 1786 (30).

28. **Jakob Ivarson**, son til 24 (sjå Sirevåg 58

b.) fødd 16/11 1762, død 28/8 1828. Gift 15/3 1789 med Rakel (Ranveig) Aslaksdotter (Sandve 13 a.) fødd 27/7 1762, død 7/3 1834. Jakob er førd med 12 spand i 1789 etter faren. 5 barn er nemnde:

- a. Anna Malena, f. 29/11 1789, g. 1822 m. Anders Anderssen i Eigersund.
- b. Ester, f. 19/8 1792.
- c. Ivar, f. 8/5 1794, død s. å.
- d. Lisa, f. 5/5 1796.
- e. Rakel, f. 27/10 1799, g. m. Gunnar Gunnarson (32).

29. **Torger Knutson**, son til Knut Larsson Bue (Herredsvela 27 d.) og Gjertrud Torgersdtr., f. Kløgetveit i Bjerkreim. Fødd 5/7 1772. Gift 23/3 1800 med Karen Toresdotter, stykdotter til nr. 27, og dotter til Tore Torgerson Gravdal frå Sleveland i Helleland. Torger er førd med 12 spand etter nr. 27 frå 1800 til 1803, då han flytta til N.-Hetland (sjå Egren 18). Ei dotter f. på Bø:

- a. Gjertrud, f. 8/2 1801, g. m. Sivert Sivertson (Hetland 40).

30. **Tore Tønnesson** (27 a.) fødd 17/12 1786, død 21/10 1869; Gift 15/3 1810 med Maren (Maria) Gjermundsdotter (Lerbrek, Varhaug 18 d.) fødd 1786, død 30/10 1852. Tore tok over 12 spand etter 29. Desse 12 spand åtte framleis Rasmus Stokkeland. Tore og Maria hadde 6 barn:

- a. Ingeborg Malena, f. 30/12 1810, g. 1833 m. bygningsmann i Stavanger Kristian Nilsson (sjå Ognå 74).
- b. Tønnes Bø, f. 7/2 1813 (35).
- c. Jeremias Lerbrek, f. 6/8 1815 (Lerbrek, Varh. 24).
- d. Sven, f. 17/10 1817, død 30/10 1833.
- e. Tore, f. 16/7 1820, g. 1855 m. Maria V. (Hetland 30 og Ånestad, Varh. 64 d.). Budde på Sørnes i Sola.
- f. Gjertrud Maria, f. 20/10 1823, g. m. Mathias Tønnesson Øgreid i Eigersund.

31. Lars Olson (22 c.) fødd 10/10 1779, død 23/1 1843. Gift 1812 med Marta Malena Johannesdotter (Sandve 15 e.) fødd 1/2 1789, død 20/3 1874. Lars Olson er førd med 1 pund etter mora (sjå 25). Dei hadde 10 barn:

- a. Anne Berte, f. 20/9 1812, død 3/1 1875, ugift.
- b. Ola Bø, f. 24/2 1814 (33).
- c. Johannes, f. 23/10 1815, død 31/12 1901, ugift.
- d. Berta Maria, f. 1/8 1818, død 1881, ugift.
- e. Torsten Bø, f. 22/4 1820 (34).

f. Margreta, f. 12/4 1825, død 9/8 1876, ugift.

g. Elen, f. 7/2 1828, g. m. Tønnes Toreson (35).

h. Pernille, f. 3/11 1829, død 19/6 1904.

i. Olaus, f. 18/7 1832.

j. Malena, f. 4/1 1834.

k? Lars, f. 1812 (sjå Fuglestad 60) er ikkje i kyrkjeboka.

32. **Gunnar Gunnarson**, son til Gunnar Olson Kvål i Helleland og Guri Pedersdtr. Fødd i Bjerkreim 24/2 1806, død 3/4 1871. Gift 1) 9/1 1826 med Rakel Jakobsdotter Bø (28 e.) fødd 27/10 1799, død 12/10 1860. Gift 2) 22/3 1862 med Guri Omundsdtr., fødd i Bjerkreim 11/9 1829, død 1889. Dotter til Omund Andersson Eikeland p.h. (sjå Hetland 83 a.). Gunnar er førd etter Jakob Ivarson frå 1825. I 1862 ga han frå seg Bø til sonen og flytta til Vettelund, der Guri Omundsdtr. visst hadde vore gift før, og i 1863 flytta han til Grøtheim i Nærbø (sjå der 19). Han døde på Grøtheim. 3 barn i første gifte og 3 i andre:

a. Jakob, f. 11/8 1826.

b. Rakel Johanna, f. 20/4 1829, g. m. Gunnar Olson Njølstad, Nærbø (sjå der 15).

c. Gunnar Gunnarson Bø, f. 8/10 1830 (36).

d. Karen, f. på Vettelund 8/4 1861, g. 1882 m. Lars Martin (Ueland, Varhaug 77).

e. Rakel, f. på Grøtheim 2/12 1864, g. m. A d H v p q q F o q q p

f. Grete, f. 30/12 1866, død 22/8 1867. Guri Omundsdtr. si dotter:

g. Lea Jakobsdotter, f. i Stavanger 1852, g. m. Tønnes Andreas Taraldson (Matingsdal 26).

(Om Guri Omundsdtr. sjå N.-Hetland 83 a.)

33. Ola Larsson (31 b.) fødd 24/2 1814, død 11/5 1901. Gift 2/12 1849 med Kirsten Malena Johannesdotter (Kverme 18 h.) fødd 15/5 1814, død 5/8 1899. Han tok over halve bruket etter faren, det seinare bnr. 1, kring 1845. 3 barn:

a. Marta Malena, f. 4/9 1850, død 29/11 1888.

b. Ingeborg Kirstine, f. 1/10 1854, gift i Eigersund med Børild Tengesdal.

c. Lars Olson Bø, f. 9/8 1858 (38).

34. Torsten Larsson (31 e.) fødd 22/4 1820, død 18/5 1895. Gift 21/11 1850 med Elen Kirstine Isaksdotter (Høiland 23 d.) fødd 8/2 1826, død 20/1 1910. Han tok

over den andre halve parten, bnr. 2. Dei fekk 7 barn:

- a. Lars Torstenson, f. 1/8 1851 (37).
- b. Isak Torstenson, f. 30/11 1853 (43).
- c. Edvard Komelius, f. 22/3 1867 (sjå Kverme 27).
- d. Marta Malena, f. 20/2 1856, død 4/5 1878.
- e. Anna Maria, f. 4/3 1859, g. m. Gunnar Gunnarson (42).
- f. Tolleiv, f. 30/12 1860, død 4/6 1872.
- g. Ole Mikal, f. 3/8 1863, død 29/11 1877.

35. Tønnes Toreson (30 b.) fødd 7/2 1813, død 15/12 1886. Gift 17/6 1849 med Elen Larsdotter (Bø 31 g.) fødd 7/2 1828, død 26/6 1891. Han tok over bnr. 3 etter faren. Barn:

- a. Maria, f. 11/9 1853, død 27/11 1915, ugift.
- b. Tolleiv Tønnesson Bø, f. 20/2 1857 (39).

36. Gunnar Gunnarson II (32 c.) fødd 8/10 1830, død 7/8 1882. Gift 11/11 1855 med Maren Kirstine Abrahamsdotter (Topdal 17 e.) fødd 10/2 1831, død 28/3 1864. Gift 2.) 1865 med Ingeborg Johannesdotter (Sandve 20 d.) fødd 29/12 1836, død 7/2 1915. Han tok over bnr. 4 etter faren i 1862. 3 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Rakel Johanna, f. 17/3 1857, g. m. Jonas Jonasson (sjå Vetteland 82).
- b. Gunnar Bø, f. 19/2 1859 (42).
- c. Karen Mathea, f. 8/4 1861, g. m. Tobias Tjerandson (Haugstad, Varhaug 55).
- d. Maren Kirstine, f. 9/9 1868, gift i Amerika.
- e. Johannes, f. 24/5 1874, g. 1898 m. Malena Toresdotter (Ånestad 90 h.). Budde på Asheim i Høyland.
- f. Grete Regina, f. 8/9 1879, reist til Amerika.
- g. Inger, f. 19/3 1871, død 13/11 1879.

37. Lars Torstenson (34 a.) fødd 1/8 1851, død 7/9 1893. Gift med Berta Lisabet Larsdotter Kverme (Kverme 21 e.) fødd 17/6 1846, død 19/7 1890. Han budde på Bø som inders hjå faren, men kom visst seinare til Kverme (sjå der 23). Alle barna f. på Bø:

- a. Elen Kirstina, f. 30/11 1873, g. 1899 m. Henrik Johan Henrikson (Vettaland 49 e.), til Amerika.
- b. Tolleiv, f. 18/11 1875, til Amerika.
- c. Lars, f. 7/5 1879, til Amerika.
- d. Ole Mikal, f. 15/9 1881, til Amerika.

- e. Anna, f. 24/5 1884, til Amerika.
- f. Lars Martin, f. 19/9 1886, til Amerika.
- g. Ingvald, f. 19/5 1890, til Amerika.

38. Lars Olson (33 c.) fødd 9/8 1858, død 2/2 1908. Gift 2/7 1885 med Anna Kirstina Tollaksdotter (Ueland, Varhaug 69 a.) fødd 5/2 1863, død 3/9 1930. Han tok over bnr. 1 etter faren kring 1885. 6 barn:

- a. Ole, f. 21/6 1886, død 20/4 1913.
- b. Kirsten Maria, f. 12/11 1887, g. m. Gustav Eliasson (Vetteland 70 g.).
- c. Anna, f. 29/8 1889, død 6/11 1974.
- d. Tomine, f. 3/9 1892, g. m. Reinert L. (Kvasheim 48).
- e. Laura Kristine, f. 23/4 1898, ugift.
- f. Ingvald Komelius, f. 20/12 1900 (45).

39. Tolleiv Tønnesson (35 b.) fødd 20/2 1857, død 7/5 1923. Gift 7/3 1882 med Gjertrud Torgersdotter (Hetland 49 a.) fødd i Varhaug 21/12 1860, død 8/11 1922. Han hadde bnr. 3 etter faren. Dei hadde ikkje barn, men ei pleiedotter, Josefine Gabrielsdtr., f. 3/9 1888 (sjå Fuglestad 56 d. og 61 b.). Denne parten vart seld i 1905 til:

Oelle Fuglestad sagde, att hand haffde kjøbt Hetland aff Lauertz, och under Hetland formeener hand Ægeren schall ligge. Sagen bleff opsatt til paa aasteden at besees, och effter samme steffning att paadømmes, huor der kand gaes om huis Rett ehr.”

3. Jon Eggren budde på Egren i 1664, saman med Lauertz. Han var fødd kring 1636, og kunne vore son til Halduor. Kona er ukjend, men der døde ei Berit Egren i 1688, 46 år, men det var nok ikkje ho. Kyrkjeboka har 2 barn til Jon Egren:

- a. Berit, f. 1672, død 1688.
- b. Lars, f. 1679.

4. Asbjørn Egren, var død før 1701, men finst ikkje i kyrkjeboka. Men han er nemnd i Tingboka saman med Ola, Halvar og Mikkel Hetland (sjå Hetland under 8). Han var gift med Ingeborg (Hadland 5 a.). 5 barn er nemnde:

- a. Ånund, f. 1667, død 1683.
- b. Erik Asbjørnson (Haugsgeng 2).
- c. Ingeborg, f. 1674, død 1712.
- c. Torunn, f. 1676.
- d. Eit barn døypt 1681.

5. Lars Larsson var truleg son til nr. 1. Han var fødd kring 1655, død 1731. Det er lite me veit om han. I 1696 hadde der daua ”en kirchekoe som Laurs paa Eegeren haffr hafft paa leje”. Han vart då tildømt å fø opp ein kalv i staden. Ein son er nemnd:

- a. Rasmus Larsson, f. kring 1687, tente på Fuglestad i 1701.

6. Jakob Bjørnson budde på Egren i 1701 saman med Lars Larsson, då dei brukte kvar sin plass. Jakob var fødd kring 1652, død 28/1 1742. Gift 1) 1686 med (enkja?) Anna Olsdotter, fødd kring 1654, død (1724?). Gift 2) 22/10 1724 med Ingeborg Johannesdotter, fødd kring 1675, død 20/4 1732. Gift 3) med Marit Halvardsdotter. Laugverge hennar ved skifte var Tore (Tjøl?) Pederson Obrestad. Der er 9 barn døypte i første gifte, men berre 4 levde ved skiftet:

- a. Ola Jakobson, f. 1/4 1688 (sjå Stavnheim 17).

- b. Sven, f. 29/4 1694, g. m. Herborg Olsdr. Bråstein. Budde på Sandnes.
- c. Berit, f. 26/1 1700, tente på Ognå i 1742.

Jakob Egren byksla 4 spand i Egren av Ola Villumson Hetland i 1720. I 1701 hadde Olle Hetland stemnt Jakob Egren for resterande 3 års landskuld. Indsteffnte Jacob Egeren møtte udj Rette och foregaff, at saasom Hetlandtz opsidere, nemblig Olle Hetland, som er hans jordejer, at effterdj Hetlandtz gaard er paasadt for nogen tid siden for dess godhertz skyld, men underliggende ødegaard Egeren inted derimod haffuer nudt om dess paasettelse, men for forige landtzschyld maa suare, som er aarsagen til huorfor hand sin rettighed iche haffuer betalt, foruden dette at hand haffuer giort 8 dagers arbeide paa hans huse, mener hand derudj enten at discorteres eller ochsaa at betaile ham. Huorom hand och paastod domb.”

7. Johannes Nilsson Egren var domsmann på tinget i 1731. Han er ikkje nemnd annan stad.

8. Tjerand Halvardson Egren døde 3/8 1738, 47 år. Han er ikkje nemnd andre gonger, og kona og barn er heller ikkje nemnde. Han var son til Halvard Tjærandson (Ueland i Varhaug 14 d.).

9. Peder Gjertson (sjå Hetland 12) budde nok på Egren og er førd saman med Jakob Bjørnson etter Lars Larsson, nr. 5, frå 1742 til 1749.

10. Sigbjørn Ellingson (Hetland 11 f.) fødd 25/3 1715, død 23/11 1773. Gift 2/11 1738 med Berit Omundsdotter, død for 1750. Gift 2) 31/3 1750 med Karen Olsdotter. Han er førd på Egren frå 1750 til 1758, då han kom til (Haver 12) der barna er førde. (Sjå og Aniksdal 33.)

11. Nils Størkardson, son til Størkard Nilsson (Aniksdal 24 a.). Fødd 1699, død 14/3 1773. Gift 1) med Anna Olsdotter, død 1750, skifte 21/9, dotter til Ola Rasmusson Håland i Klepp. Gift 2) kring 1751 med Berit Omundsdotter, fødd kring 1716. Nils var komen til Egren i 1743 og var der 1750/72. Det er uvisst kvar han var før, og heller ikkje veit me visst kvar konene var frå. Kanskje hadde han vore ei tid på Aniksdal, der faren budde? Ved skiftet etter første kona er nemnde 5 barn, og ved skiftet etter Nils 14/6 1773 er berre 3 nemnde. Det var og 2 av andre gifte. Jon

Omundson Kvalbein åtte godset i 1773.
Barn:

- a. Anna, f. 1729, død 23/5 1773, ugift.
- b. Guri, f. 1732, var på Aniksdal i 1758.
- c. Ingeborg, f. 1733, død før faren, ugift.
- d. Størkard, f. 1738, tente på Herigstad i 1758, levde i 1773.
- e. Ingeborg, f. på Egren 27/10 1743, død før faren.
- f. ?, f. 1752, død 23/5 s. å.
- g. Anna, f. 1752, død 11/6 s. å.

12. Sven Olson (Kverme 13 f.) fødd 1718. Gift med Maren Olsdotter, fødd kring 1752. Han er førd på Egren 1758/72. Dei hadde ein son i 1758:

- a. Elling Svenson, f. kring 1752.

13. Ola Ellingson (sjå Matingsdal 13). Han er nemnd på Egren frå 1770 til 1776, men ikkje førd i futerekneskapen.

14. Erik Mortenson (Bø 19 b.) fødd 8/3 1730, død 15/3 1801. Gift 16/2 1755 med Kirsten Svensdotter (Topdal 8 f.) fødd 6/2 1729, død 5/8 1818. Erik er førd på Egren frå kring 1775 etter Nils Størkardson. Før den tid budde han på Skretting i Varhaug (sjå der 37).

15. Einar Ådneson, truleg son til Ådne Nilsson Helland i Bjerkreim og Torborg Isaksdtr. Fødd i 1746. Gift 15/6 1777 med Malena Larsdotter, fødd kring 1746. Budde først på Matingsdal, men kom til Egren kring 1779 etter nr. 12. I 1784 var han komen til Kvianes (sjå der 65).

16. Elling Ellingson (Håland, Varh. 35) kom til Egren etter Einar Ådneson. I 1786 byksla han plassen, 4 spand, av enkja Ingeborg Larsdtr. (Sirevåg 48?). 2 bam døypte der:

- a. Marta Malena, f. 9/9 1787.
 - b. Lars, f. 8/11 1789, død 20/1 1790.
- Elling var g. m. Karen Larsdtr. Kalsvarden i Varhaug (sjå meir om dei på Håland).

17. Klaus Pederson, son til Peder Svenson Hegelstad og bror til Sven Pederson (Hetland 28). Fødd 1765, død på Ueland i Varhaug 11/5 1837. Gift i Time 9/6 1788 med Gitlaug Roaldsdotter Undheim, fødd 1768, død 22/12 1846. Han kom til Egren kring 1788 etter nr. 16. Jakob Kverme åtte den parten i 1800. I 1801 flytta Klaus til Ueland i Varhaug (sjå der 50). I 1801 er Klaus førd på hovedbruket på Hetland, og då budde foreldrene hjå han.

18. Torger Knutson (Bø 29) er førd på Egren etter Klaus Pederson frå 1805. Det er muleg at det ikkje var på Egren dei var, men på Hetland gard, der Klaus er førd i 1801. På Hetland fekk dei 7 bam:

- a. Knud, f. 18/12 1803, død som barn.
- b. Knud, f. 1807, død 1837, ugift.
- c. Torger, f. 22/7 1810 (sjå Skretting 78).
- d. Guri Malena, f. 10/10 1813, til Stavanger 1839.
- e. Karen, f. 24/9 1816, til Stavanger 1839.
- f. Taletta, f. 16/7 1819.
- g. Tore, f. (1805?), g. m. Berta Aniksdal (sjå Håland, Varhaug 56).

19. Peder Pederson (Kydland, Varhaug 17 c.) fødd 1766, død 20/6 1801. Gift 30/6 1792 med Marta Malena Eriksdotter (14 e.) (sjå Skretting 37) fødd 1768. Peder tok over Egren etter Erik Mortenson i 1792. Bam:

- a. Kirsten, f. 1792.
- b. Peder Pederson, f. 1793 (22).
- c. Ola, f. 29/11 1795 (Sør Varhaug 77).
- d. Jeremias Pederson, f. 29/7 1798 (25).
- e. Jonas Pederson, f. 6/7 1800, g. 1) 1834 m. Berta Toresdtr. (Gausland 17 a.), g. 2) 1836 m. Gitlaug Berntsdtr. Høyland, i Time. Budde i Stavanger, død 1892.

20. Torgrim Aslakson, truleg son til Aslak Torgerson Hompland på Foss i Bjerkreim og Joron Tolleivsdtr., f. Espeland. Han var fødd 10/8 1760, død 28/4 1832. Gift med enkja etter nr. 19, Marta Malena Eriksdtr. Han er førd frå 1811. Han hadde vore gift med Gjertrud Gunleivsdtr. Kviten og budde der til Gjertrud døde. Der fekk han 4 barn, med den andre kona fekk han ei dotter:

- a. Aslak, f. 1788, død s. å.
- b. Aslak, f. 1791.
- c. Sigrid, f. 1794.
- d. Torger, f. 1800 (Hadland 31).
- e. Gjertrud Kristine, f. 1811, g. m. Sven Svenson Anda (Høyland i Nærbø 107).

21. Stig Stigson (N-Halleland i Varh. 11 f.) fødd 1767. Gift med Kirsten Pedersdtr. Ueland i Varhaug, fødd 1768, død på Ægren 25/8 1835. Han kom til Ægren i 1804, og er då førd saman med Torger Knutson, med 4 spand kvar, men andre stader ser det ut som dei budde på Hetland. Stig og Kirsten hadde 3 barn fødde på Ueland i Varhaug, sjå der 44.

22. Peder Pederson II (19 b.) fødd 1793, død på Opstad 25/7 1867. Gift 17/12 1815

med Astrid Svendsdtr. (Opstad i Nærbø 41 a.) fødd 1789, død 5/12 1878. Peder budde på Ægren til 1834, då flytta han til Opstad. Barn:

- a. Anna, f. 7/6 1815, g. m. Jens Andreas Jenson Brekken (S-Varhaug 90).
- b. Karen, f. 11/10 1818, g. m. Lars Ellingson (Herigstad i Varhaug 39 j.).
- c. Marta Malena, f. 8/2 1821, g. m. Lars Tveterå (sjå Primstad i Varh. 14).
- d. Sven, f. 3/2 1824, g. m. Ragnhild Mauland (Opstad i Nærbø 70).
- e. Peder, f. 8/5 1826, g. m. Marta Maria (Lode i Nærbø 54 a.).
- f. Asselina, f. 30/4 1829, g. m. Jonas Håvarson Oltesvig.
- g. Olina, f. 19/3 1830, g. m. Martin Håvarson Oltesvig.

23. Lars Olson Gya er nemnd etter Stig Stigson frå 1828. Fødd kring 1795, død 17/7 1867. Truleg son til Ola Omundson og Tori Larsdtr. frå Gya i Heskestad. Gift med Karen Stigsdtr. den 11/11 1827. Ho fødd 21/4 1799 (21 b. og Ueland i Varhaug 44 b.). Barn:

- a. Sivert, f. 23/5 1828 (26).
- b. Talette, f. 11/2 1831, g. m. Rasmus Jonson Jorenkjøl (Skretting i Varhaug 106).
- c. Kristian, f. 30/12 1836, g. m. Guri Hallwardsdtr. frå Sjerneøy. Ho døde 5/3 1890. Han var kipemaker, og budde på Ægren, men han finns korkje i mantall eller kyrkjebøker.
- d. Ole, f. 22/12 1833, g. m. Malena Larsdtr. Bog. Budde på Sandnes.
- e. Johannes, f. 20/5 1841, var skomakar i Stavanger.

24. Ola Ingebretson er førd etter nr. 22 på Ægren. Uvisst kven han var og er ikkje nemnd annan stad.

25. Jeremias Pederson (19 d.) fødd 29/7 1798, død 17/5 1883. Gift 1826 med Anna Malena Svendsdtr. (Opstad i Nærbø 41 i. og Kverme 17 b.) fødd 1802, død 10/2 1897. Barn:

- a. Lavrensa, f. 1825, g. m. Enok Svenson Lura i Høyland.
- b. Peder, f. 2/9 1829 (Kverme 25).
- c. Malena, f. 11/4 1832, g. m. Anders Salveson (Vatnemot 42).
- d. Marta Maria, f. 7/6 1827, g. m. Didrik Andreas Jørgenson Hole. Budde på Re i Time.
- e. Serina, f. 21/4 1835, g. m. Torger Larson (Vettaland 39 a.).
- f. Jeremias, f. 12/12 1835 (27).

g. Anna Kristina, f. 4/11 1840, g. m. Peder Svenson Lura i Høyland, bror til Enok, sjå a.

h. Sven, f. 17/7 1845, død ugift i 30 årsalderen.

26. Sivert Larson (23 a.) fødd 23/5 1828, død 26/7 1888. Gift i Varhaug 3/7 1868 med Olina Jonsdtr. Jorenkjøl, fødd 16/10 1835, død 26/2 1915 (Sæland i Varhaug 16 d.). Han budde på Ægren etter faren. Barn:

- a. Jon, f. 12/6 1874, g. m. Berta Serina Andersdtr.
- b. Lars, f. 23/12 1869 (26B).
- c. Karen Oline, f. 2/4 1878, g. m. Edvard Jeremiasson Ægren (Vettaland 61).

26B. Lars Sivertson (26 b.) fødd 23/12 1869, død 1937. Gift 1907 med Gjertrud Malena Kristoffersdtr. (Varden 13 d.) fødd 27/3 1879, død 14/4 1951. Budde på Egren til kring 1920 då dei flytta til Time sokn. Barn:

- a. Olina, f. 7/12 1908, g. m. Martin Bru (Brusand 2).
- b. Stig, f. 28/6 1910, g. m. Augusta Johansen. Bur i Kristiansand.
- c. Sara, f. 6/2 1912, g. m. Gustav (Stokkeland 41 j.).
- d. Kristofer, f. 15/5 1915, g. m. Ingrid Stokkeland (Brusand 5a.).
- e. Lars, f. 9/7 1917, g. m. Ingrid Ege. Bur i Vågsbygd.
- f. Malena, f. 22/7 1924, g. m. Magnus M. (Fuglestad 97 c.).

27. Jeremias Jeremiason (25 f.) fødd 12/12 1835, død 18/3 1905. Gift 1) 30/6 1865 med Pemille Olsdtr. Tunheim, fødd i Time 14/12 1837. Gift 2) med Randi Eriksdtr. fødd i Tysvær 1838, død 23/5 1925. Ikkje barn i første gifte. Han budde på Egren i 1900, men hadde budd i Stavanger, der 3 barn av andre gifte var fødde:

- a. Edvard Johan, f. 1873 (Vettaland 61).
- b. Peder Johan, f. 1875 (29).
- c. Jakob Andreas, f. 1876 (N-Hetland 65).

28. Samuel Martin Sivertson (Haug seng 14 d.) fødd 20/4 1882. Gift med Inger Olsdtr. (Risnes 7 a.). Budde ei stutt tid på Egren. Flytta til Stangeland. Sandnes.

29. Peder Johan Jeremiasson (27 b.) fødd i Stavanger 11/6 1875, død 19/11 1952. Gift 1907 med Josefine Maria (Herredsvela 42 e.) fødd 13/12 1883, død 20/9 1940. Budde på Egren i 1906 på bnr. 2. Barn:

- a. Randi, f. 27/12 1907, g. m. Ingvald I. Matingsdal (32).

- b. Anna Malena, f. 7/6 1909, g. m. Anund Birkelund. Budde i Amerika.
- c. Petra Mathilde, f. 17/9 1910, g. m. Gunnar Johs. Bøe (31).
- d. Judith, f. 22/3 1912, død s. å.
- e. Janna, f. 20/2 1913, død s. å.

30. Torleif Johan Svenson Espedal, fødd i Høgsfjord 16/7 1897. Gift med Marta Margreta Haugland, fødd 18/4 1900 (Haugland i Varh. 35 d.). Han kom til Egren bnr. 1 i 1920. Barn:

- a. Edit, f. 21/8 1923, g. m. Ola I. Vigre (Vigre i Nærbø 70).
- b. Sigurd, f. 4/9 1924, g. m. Borghild Kleppa. Bur i Stavanger.
- c. Margreta, f. 30/12 1925, g. m. Rasmus Vigre (Vigre i Nærbø 71).
- d. Leif, f. 13/4 1927, g. m. Brynhild Jørgensen. Bur på Nærbø.
- e. Gerd, f. 28/4 1929, g. m. Johannes Tunheim. Bur på Nærbø.
- f. Marta, f. 17/6 1930, g. m. Alfred Djuve. Bur i Australia.
- g. Torny, f. 8/10 1932, g. m. Ragnvald (Bratland i Varh. 33 b.).
- h. Ruth, f. 29/12 1938, g. m. Lars I. Vigre (Vigre i Nærbø 65 g.).

31. Gunnar Johannesen Bø, fødd på Assheim i Høyland 27/4 1903 (sjå Bø 36 e.). Gift 1936 med Petra Mathilde (Egren 29 c.) fødd 17/9 1910. Han tok over bnr. 1 i 1933, kjøpt av nr. 30 då han flytta til Rimestad i Nærbø. Barn:

- a. Johannes, f. 27/1 1937, g. m. Marta Landro. Bur på Varhaug.
- b. Malena, f. 22/4 1938, g. m. Alf Haugsdal. Bur på Varhaug.
- c. Peder, f. 21/1 1940, g. m. Anna Tjemsland (Tvihaug 49 a.).
- d. Gunleiv Marthon, f. 8/12 1942.
- e. John Magnus, f. 2/11 1945.
- f. Paula Marie, f. 10/1 1949, g. m. Gabriel Matingsdal (33).
- g. Målfrid, f. 17/11 1950.

32. Ingvald Ivarson Matingsdal (Matingsdal 27 c.) fødd 8/7 1902. Gift 1934 med Randi Egren (29 a.) fødd 27/12 1907. Han tok over bnr. 2 i 1943. Barn:

- a. Ivar, f. 5/6 1935, g. m. Bjørg Kjeldseth. Bur i Verdalen, N-Trøndelag.
- b. Bjørg, f. 2/5 1938, g. m. Oddmund Høiland (Høiland 35 c.).
- c. Per Jostein, f. 25/3 1943, g. m. Reidun Grasmø. Bur på Vigrestad.
- d. Magnar, f. 7/4 1947 (34).
- e. Reidun Irene, f. 6/12 1948.

33. Gabriel Matingsdal (Matingsdal 32 a.) fødd 4/10 1942. Gift med Paula Marie Bø (31 f.) fødd 10/1 1949. Han tok over bnr. 1 i 1973. Barn:

- a. Gunn Marie, f. 24/10 1972.

34. Magnar Matingsdal (32 d.) fødd 7/4 1947. Gift med Karin Reiestad. Bygde hus på ein part av heimegarden. Han er inseminør.

G.nr. 115. Hetland

Hetland kjem av Hesliland. Hesli er ei avleiding av tresorten hatl.

Hetland grenser mot sør til Matingsdal og Vettaland, mot vest til Ægren og mot aust og nord til Aniksdal.

Jorda er morenejord og fjellterreng.

NAMNEREGISTER

1. Tordt Hetteland
 2. Anders Hetland
 3. Lauridtz Hetland
 4. Lauridtz Andersson
 5. Rasmus Ein arson
 6. Hallvard Hetland
 7. Ola Roaldson
 8. Mikkel Hetland
 9. Nils Hetland
 10. Ola Villumson
 11. Elling Rasmusson
 12. Peder Gjertson
 13. Ola Ellingson
 14. Tjerand Erikson
 15. Karl Nilsson
 16. Rasmus Karlson
 17. Omund Gunnarson
 18. Lars Nilsson
 19. Sven Olson
 20. Rasmus Olson
 21. Tollak Tollakson
 22. Peder Tollakson
 23. Ådne Pederson
 24. Johannes Svenson
 25. Torsten Torstenson
 26. Elling Ellingson
 27. Mikkel Torstenson
 28. Sven Pederson
 29. Peder Asbjømson
 30. Velle Pederson
 31. Tollak Ellingson
 32. Nils Ellingson
 33. Elias Tollakson
 34. Viljen (Villum) Ellingson
 35. Reiar Pederson
 36. Erik Olson
 37. Kristian Rasmusson
 38. Nils Hetland
 39. Ola Børildson
 40. Sivert Sivertson
 41. Tollak Eliasson
 42. Lars Olson
 43. Jon Omundson
 44. Gunnar Gunnarson Bø
 45. Mathias Jensson Skåland
 46. Anders Andersson
 47. Tolleiv Pederson
 48. Erik Svenson Eidland
 49. Torger Sivertson
 50. Jakob Rasmusson
 51. Daniel Tolleivson
 52. Jonas Jakobson
 53. Nils Jakobson
 54. Hans Mathiasson
 55. Enok Hansson
 - 56.
 57. Ingemund Rasmusson Heigrestad
 58. Ola Fredriksen
 59. Sigvald S. Haugseng
 60. Jens Jonasson Hetland
 61. Nils Jonasson Mellemstrand
 62. Kristoffer Aniksdal
 63. Knut Larsson Vigrestad
 64. Kristoffer Jonasson
 65. Jakob A. Jeremiasson
 66. Peder Pederson
 67. Tønnes Tomasson Tengs
 68. Hans Elias Gjersdal
 69. Jens Gjersdal
 70. Jonas Jakobson Hetland
- Vålandsengen (Engene)
71. Ola på Engene
 72. Aslak Jørgenson
 73. Tjerand Erikson

74. Ola Svenson Engene
75. Åsmund Karlson Fuglestad
76. Mons Simonson Time
77. Peder Pederson
78. Anders Omundson Eikeland
79. Elling Ståleson Hetland
80. Villum Ellingson
81. Anders Mikkelson Hetland
82. Jøn Omundson
83. Omund Andersson Lasseskaret
84. Vilhelm Bjørnson
85. Omund Vilhelmson
86. Hans Nilsson Haugseng
87. Nikolai Hansson
88. Trygve Rudolf Dybing
89. Ole Omundson Hetland
90. Ole Rasmussen
91. Ludvig Hetland
92. Arne Taksdal
93. Otto Bø
94. Magnus Fjellheim

Odel i Hetland 1674 — 1682: Laurits Bø 1/2 pund, Lauritz Fuglestad 1/2 pund.

1. **Tordt paa Hettland** skatta 1/2 dalar i 1563.

2. Anders Hetland skatta 2 dalar og 11 lodd sølv i 1603 og hadde 1617 odel i Hetland 1/2 pd.

2B. Thøris Hetland, bot på 2 mark i 1613 for ulydighet med skyss.

3. **Lauridtz Hetland** skatta 10 dalar i 1613. Hadde i 1624 odel på 1/2 pd. i Hetland og er nok sønn av nr. 2 og identisk med nr. 4, nemnd 1628 3 dl. og 1638 og 1645 med kone.

4. **Lauridtz Andersson** er nemnd som brukar på Hetland i 1645. Han skatta ein halv ort. (Han kunne vel vore den same som døde i 1664, 53 år, er vel ein annan mann.)

5. **Rasmus Einarson**, nemnd i 1645 med kone, skatta ein halv ort.

6. **Hallvard Hetland** er nemnd som brukar i 1665, skulda eit halvt pund korn. Fødd kring 1612, død 6/6 1675. Gift med Berit Larsdotter (Matingsdal 5 d.). Der var skifte etter Hallvard 25/3 1676, då ein son er nemnd:

a. Lars Hallvardson.

7. **Ola Roaldson Hetland** (Nordre Tjemsland 5 b.) nemnd i 1665, fødd kring 1625, død 23/3 1689, skifte etter han 30/9 1690.

Han var bror til Ola Roaldson (N.-Tjemsland i Varhaug nr. 8). Gift med Siri Rasmusdotter, kanskje dotter til nr. 5. Der er nemnde 6 barn:

- a. Rasmus, f. 1664.
- b. Roald, f. 9/6 1672.
- c. Berit, f. 1668, død s. å.
- d. Berit, f. 1669.
- e. Lars, f. 23/3 1676.
- f. Torkel, f. 23/2 1679.

8. Mikkel Hetland er nemnd frå kring 1664, men er ikkje førd i mantallet, og det er berre gjennom kyrkjeboka og tingboka me får vita om han. Han var gift 1) med Astrid Ånundsdotter, fødd kring 1647, død 25/5 1675, skifte 25/3 1676. Gift 2) 1676 med enkja etter nr. 6, Berit Larsdotter, fødd kring 1650, død 28/5 1676, berre eit år etter den første kona døde. Han var nok gift ein gong til, men det veit me ikkje noko om. Ved skifte etter den første kona er nemnde 2 barn, og ved skifte etter den andre er nemnde hennar son av første gifte, Lars.

(Jau, nå trur eg at eg har funne skifte etter Mikkel Hetland, 9/9 1693, då heitte enkja Ranveig Svertingsdotter, det er nemnd ei dotter av eit tidlegare gifte, Siri Mikkeldtr., g. m. Knut Løvås. Nei, dette gjeld nok eit anna Hetland.)

Mikkel sine barn i første gifte:

- a. Karl, f. 1664.
- b. Peder, f. 1674, død 1676.

Det kan kanskje høva å ta med noken dødsfall på Hetland før og kring 1700: Berit Hetland, d. 1676, 92 år. Marta Hetland, d. 1703, 66 år. Karen Hetland, d. 1722, 22 år.

I Tingboka under 27/11 1668 finn me: "Fougden steffndt Olle Hetland, Halduor och Michel ibm., Asbiøm Ereren, Gunder Annixdal och Suend ibm. formedelst dj iche haffr møt efter tilsigelse aff schrifueren at føre hans Excelentz General Major Fredrich van Arnefeld. Formeente dj burde lide som vedbør.....Er for Rette affsagt at enhuer for samme deres motuillighed bør effter deres fattige formue at bøde en half Rdr. til Ko. Ma."

9. **Nils Hetland** hadde barn til dåpen:

- a. Isak, f. 30/1 1687.

Han er ikkje nemnd seinare.

10. Ola Villumson (sjå Bø 11 d.) fødd 1669. Gift 16/3 1698 med Siri Ellingsdotter Hetland (Sandve 4 f.) fødd kring 1660, død 19/3 1735. Ola Villumson fekk kjøpebrev på eit halvt pund i Hetland med

øydegarden Egren og "en thielm-enge-slaatte kaldet Vaaland(engen)" frå Torger Bø, Ola Høiland og Antonius Skretting, dat. Stavanger 15/2 1699. I 1726 selde han det same til Morten Toreson Hårr. 2 barn er nemnde:

- a. Elling, f. 1700, død s. å.
- b. Elling, f. 22/10 1702.

11. Elling Rasmusson (Stokkeland 14 a.) fødd 2/7 1671, død 1719. Gift 1699 med Gjòa Sigbjømsdotter (S.-Hetland) fødd kring 1676, død 2/7 1762. Elling Rasmusson fekk kjøpebrev på 4 spand i Hetland og 2 spand i Egren frå Henrik Godtzen i 1699, og same tid fekk han kjøpebrev på 4 spand i Hetland og 2 spand i Egren frå Sigbjørn Oгна og Ola Kvasheim, til odel og eigedom. 6 barn:

- a. Kirsten, f. 1700, død s. å.
- b. Ola Ellingson, f. 24/7 1701 (13).
- c. Rasmus, var bortreist i 1736.
- d. Kirsten, f. 29/3 1705, g. m. Peder P. (Sirevåg 34).
- e. Karen, f. 14/2 1712, død 1722.
- f. Sigbjørn Egren, f. 25/3 1715 (sjå Egren **10**).
- g. Valborg, f. 1718, g. m. Peder Tollakson (**22**).

Tjener i 1701: Øybrand Michelson frå Helleland, 16 år. Ole Rasmusson nevnt i 1718, 13 år. Ole Svenson, husmann i 1718, 60 år. Reiner Olson, 14 år, tjener på Egeland i Oгна.

12. Peder Gjertson (sjå Mæland, Varhaug 16 c.) fødd kring 1692, død 26/5 1748. Gift 24/6 1720 med enkja etter nr. 11, Gjòa Sigbjømsdotter. Dei heldt skifte 20/2 1736, og arvingane var då Gjòa sine barn av første gifte: Ola, Rasmus, Sigbjørn, Kirsten og Valborg. Då dei var døde, var der nytt skifte, 4/12 1749, og då er berre Peder sin far, Gjert Kristofferson, førd som arving. Der var ingen ting å arva. Jordegodset vart selt for 5 Rdr. til Peder Tollakson.

13. Ola Ellingson (11 b.) fødd 24/7 1701, død på Næset under Høiland 22/4 1769. Gift 22/3 1733 med enkja etter Ola Torgerson (Bø 17) Berit Einarsdotter frå Vigre, død 3/8 1784. 2 søner er nemnd:

- a. Elling, f. på Bø 5/9 1734.
- b. Ola Olson, f. 6/1 1737, truleg han som døde i Sirevåg 13/4 1806, 70 år og ugift.

14. Tjerand Erikson (sjå Oгна 18) fødd kring 1704, død 1739, skifte etter han 29/2 1740. Gift kring 1735 med enkja etter

Mikkel Roaldson (Auestad, Varh. 17) Anna Antoniusdr. (Kvalbein 14 d.) fødd 9/6 1695, død før 1753. 2 barn:

- a. Mikkel, f. 1736, død før mora.
- b. Tala, f. 1739, død før mora.

15. Karl Nilsson, son til Nils Andersson Gravdal i Bjerkreim og Malena Karlsdr. Han var fødd i Bjerkreim 3/10 1718, død 13/10 1743, skifte 28/10 d. å. Gift 2/7 1740 med Ingeborg Torstensdotter frå Steinsland i Bjerkreim, fødd 1/5 1718. Han har truleg kome på parten til Tjerand Erikson. Barn:

- a. Nils, f. i Bjerkreim 15/5 1740, g. 1763 m. Bothild Torkelsdr. Hetland i Bjerkreim. Kalla seg Leiland og var møllar i Eigersund.
- b. Malena, f. på Hetland 4/6 1743, g. 1) m. Tore Hetland, g. 2) m. Tønnes Hansson (Bø 27).

16. Rasmus Karlson, son til Karl Rasmusson Vindingland i Bjerkreim, seinare på Gjermestad i Eigersund, og Gunhild Hansdr. Han var fødd kring 1698, truleg død på Klungland, der han budde i 1758. Gift i Bjerkreim 3/5 1722 med Anna Larsdotter Odland, Bjerkreim, fødd kring 1690. Dei budde på Hetland i 1722 og 1727, då 3 barn er døypte, dei 2 andre finst ikkje døypte i Oгна. Det skal vera usagt om det var på nord eller sør Hetland han budde. I 1725 hadde futen stemnt Karl Hetland for han hadde slått Sigbjørn Hetland og dotter hans. Mest truleg var det på Sør Hetland, ettersom Sigbjørn visstnok budde der. Rasmus sine barn var:

- a. Gitlaug, f. 1722.
- b. Karl, f. 1725, død 1726.
- c. Karl, f. 1727.
- d. Peder, f. 1732, ikkje døypt i Oгна.
- e. Anna, f. 1734.

17. Omund Gunnarson Hetland er nemnd i 1733 og 1736, men er ikkje førd i futerekneskapen. A. Ellingsen lurde på om han kunne vore identisk med Omund Gunnarson Versland i Bjerkreim. Kona heitte visst Joron Toresdotter. 2 barn er døypte:

- a. Guri, f. 1733.
 - b. Turi (Tørres?), f. 1736.
- (Sjå ellers Haugstad, Varhaug 25.)

18. Lars Nilsson brukte 8 spand og er førd i futerekneskapen 1742/45. Han finst ikkje i kyrkjeboka, og eg veit ikkje meir om han.

19. Sven Olson (sjå Eikeland Aua 10). Han

er førd med 8 spand på Hetland i tida 1742/1745. Selde 8 spand i Topdal til Ådne Pederson (23) i 1750.

20. Rasmus Olson er førd på Hetland i 1744 og 1746, då 2 barn er døypte. I 1748 er han på Øvrebø og frå 1751 på Sirevåg (sjå Sirevåg 49). Han er ikkje i futerekneskapen på Hetland.

21. Tollak Tollakson (Herredsvela 20 b.) fødd på Kartevoll i 1733, død på Litle Undheim 21/7 1814. Gift 14/6 1754 med Anna Omundsdotter (Eikeland 13 b.) fødd 27/10 1729, død på Undheim 7/8 1814. Han er førd i futerekneskapen 1746/49, og kom nok frå Herredsvela, der han er førd 1742/45. Ingen barn fødde på Hetland. Frå Hetland kom han til Topdal (sjå der 11). Om barna, sjå Topdal.

22. Peder Tollakson, bror til 21 (Herredsvela 20 a.) fødd på Kartevoll 11/5 1730, død 1/6 1806. Gift 16/1 1749 med Valborg Ellingsdotter (11 g.) fødd 1717, død på Ogn 16/3 1794. Gift 2) 10/8 1794 med Berta Gunnarsdotter (Herredsvela 23 d.) fødd 20/6 1762. Berta gift 2) 1807 med Ola Svaleson Grønnefed (Ogna 56). Peder Tollakson er førd på Hetland med 8 spand etter broren frå 1750 til kring 1765, budde seinare på Grønnefed (Ogna 55). Han byksla dei 8 spand av Ole Mathiasson i 1752. Berre 1 barn i første gifte er nemnt:
a. Turid, f. 28/3 1758, levde i 1758.

23. Ådne Pederson, son til Peder Tollakson Kartevoll og Gitlaug Ådnesdotter. Fødd på Kartevoll kring 1715, død på Aniksdal 6/1 1807. Han var søskenbarn til nr. 21 og 22. Førd på Hetland etter nr. 19 frå 1746 til 1758. Budde seinare på Aniksdal (sjå der 37 og Topdal 9).

24. Johannes Svenson (Topdal 8 d.) fødd 28/2 1723, død på Tunheim i Time 11/3 1776. Gift med Inger Jespersdotter Mossige. Han tok over 8 spand etter Ådne Pederson frå kring 1758 til 1763. Budde seinare på Tunheim. 2 eller 3 barn fødde på Hetland, 6 på Tunheim:
a. Anna, f. 23/4 1758 (Malena?).
b. Kirsten, f. 3/5 1761.
c. Berta, f. (1764?).
Me skal ta med 1 som var fødd på Tunheim:
d. Jesper Johannesson, f. 1775, g. m. enkja på Høyland, Guri Svendsdr. (sjå Høyland, Nærbø 65).

25. Torsten Torstenson Steinsland, fødd i Bjerkreim 12/11 1724, død på Madland i Varhaug 21/4 1805. Gift 28/12 1749 med enkja etter Mikkel Kristofferson Hustoft, Malena Torgersdotter frå Kløgetveit, fødd 29/9 1721, død på Hetland 1781. Dei budde først på Hustoft i Bjerkreim. Til Hetland kom dei kring 1765, då Peder Tollakson flytta til Grønnefed. Dei fekk 5 barn:

- a. Karen, f. på Hustoft 29/10 1750, g. m. enk. Hans Ellingson (Haugstad, Varh. 34).
- b. Mikkel Torstenson, f. på Hustoft 24/3 1754 (Hetland 27).
- c. Guri, f. på Hustoft 26/12 1756.
- d. Torsten, f. på Gravdal 28/3 1762 (sjå Sør Varhaug 63).
- e. Malena, f. på Hetland 27/12 1765, død 5/10 1775.

26 Elling Ellingson (Matingsdal 9 d.) fødd 8/8 1735. Gift 6/6 1762 med Anna Viljensdotter, fødd i Bjerkreim 4/6 1741, død 19/4 1789, dotter til Viljen Pederson Svla og Marta Larsdr. Elling er førd med 8 spand frå kring 1765 etter Johannes Svenson. Dei fekk 10 barn:

- a. Marta, f. 1763, død 16/9 1842, ugift.
- b. Gunnar, f. 1765, død (8/12 1765?).
- c. Tollak Hetland, f. 30/8 1767 (31).
- d. Barbro, f. på Hetland 4/11 1770, død som barn.
- e. Viljen Hetland, f. 6/6 1773 (34).
- f. Barbro, f. 7/7 1776.
- g. Anna, f. 3/10 1779.
- h. Malena, f. 7/4 1782, død på Herredsvela 25/7 1856, ugift. Ho fekk ein son, Abraham Olson, f. i Varhaug 9/7 1807, g. 1829 m. Inger Nilsdr. Voll (sjå Voll 75) og Jakob Rasmusson (Hetland 50).
- i. Marta Malena, f. 9/9 1787.
- j. Lars, f. 8/11 1789, død 20/1 1790.

27. Mikkel Torstenson (25 b.) fødd 24/3 1754, er førd frå 1778 til 1790. Sidan budde han ei tid på (Våland i Nærbø 16) og frå 1797 på (Madland i Varhaug 16). Han var gift 20/8 1788 med Kirsten Ellingsdotter (Auestad, Varh. 19 d.). Om barna sjå Madland.

28. Sven Pederson, truleg son til Peder Svenson Hegelstad og Torgjerd Klausdr., f. Svla. Fødd i Bjerkreim 12/3 1760. Gift 28/9 1788 med Barbro Johannesdotter Slettebø, fødd kring 1762, død på barnseng utan forløyising 24/10 1802. Gift 2) 14/11 1803 med Marta Olsdotter Versland. Sven

Pederson kjøpte 8 spand i Hetland av Mikkel Torstenson Våland, nr. 28, i 1792 for 280 Rdr. ~~h~~ følge til faren, Torsten Torstenson. Han er førd som eigar av dei 8 spand i 1801, men budde ikkje på Hetland då. Frå 1804 budde han på Versland, der han fekk 10 barn med den andre kona. I første gifte hadde han:

- a. Peder, f. på Svela 4/5 1800.
- b. 2 barn, det eine dødf., det andre Taletta, f. på Hetland 1799, død 2/6 s. å.

29. Peder Asbjørnson (Eikelands Aua 17). Gift 3) 4/3 1837 med Kirsten Nilsson (Bjelland, enkja etter Morten Olson Bjelland (sjå Fuglestad 62)). Peder Asbjørnson tok over 4 spand av Sven Pederson (kanskje Egren?) i 1809. Han er førd på Hetland frå 1809 til 1814. I 1801 var han på (Eikeland Aua 17) og før den tid budde han visst på Hytland i Bjerkreim, der 3 barn var fødde:

- a. Velle Pederson Hetland, f. 15/9 1790 (30).
- b. Tolleiv, f. 1795, død før 1801.
- c. Ranveig, f. 30/8 1796.

30. Velle Pederson (29 a.) fødd 15/9 1790, død på Øgard i Varhaug 3/5 1860. Gift 11/6 1816 med Berta Jakobsdotter (Ånestad 49 a.) fødd 1784. Han tok over dei 4 spand etter faren i 1814. I 1820 flytta han til Ånestad (sjå der 64).

31. Tollak Ellingson (26 c.) fødd 30/8 1767. Gift 21/6 1789 med Kirsten Eriksdotter (Skretting 37 b. og Egren 14) fødd 1789, død 19/12 1831. Tollak Ellingson er førd på Hetland frå kring 1790 etter faren med 8 spand, som han sjølv åtte. Dei fekk 7 barn:

- a. Anna, f. 19/9 1790, død 1794.
- b. Elias Tollakson, f. 1793 (33).
- c. Anna Kirstina, f. 26/4 1795, g. m. Tollak Omundson (Ueland, Varhaug 55B).
- d. Kirsten, f. 17/11 1797.
- e. Tollak Tollakson, f. 11/4 1800 (sjå Gudmestad 27).
- f. Elling Tollakson, f. 23/3 1803 (sjå Auestad, Varh. 32).

(Tollak åtte 2 spand og Jakob Kvasheim 6 spand?)

32. Nils Ellingson (Matingsdal 9 g.) var bror til nr. 26. Fødd 27/12 1742, død 20/1 1821. Gift 1) i Time 23/4 1781 med enkja etter Tollak Tollakson Eikeland, Ragnhild Larsdotter, fødd 30/7 1730. Gift 2) 23/3 1817 med Helena Torgersdotter (Stavn-

heim, Varh. 24 c.). Nils Ellingson er førd på Hetland i mantallet i 1801 med kona Ragnhild Larsdotter, men er ikkje førd i futerekneskapen. Ho gift 2) med Ola Børgelson (39). Barn er ikkje nemnde.

33. Elias Tollakson (31 b.) fødd 1793, død 15/1 1834. Gift 15/10 1815 med Malena Larsdotter (Store Håland, Nærbø 15 c.) fødd 1783, død 11/12 1831. Elias er førd i futerekneskapen med 8 spand etter faren 1817/32. 5 barn er førde:

- a. Tollak, f. 20/1 1816, død s. å.
- b. Tollak, f. 26/4 1817 (sjå Skretting, Varh. 70).
- c. Lars, f. 3/3 1819.
- d. Kirsten, f. 4/5 1820, til Auglend i Time 1840.
- e. Elias, f. 7/6 1825.

34. Viljen Ellingson (26 e.) bror til 31, var fødd 6/6 1773, død 1/5 1839. Gift 1) 28/3 1803 med enkja etter Hans Nilsson i Eigersund, Marta Olsdotter, fødd kring 1760, død 1829. Gift 2) 8/8 1830 med Berta Maria Tollaksdotter, fødd 1800, sansynlegvis dotter til Tollak Hansson (Risa i Nærbø 50 d.). Eg trur snautt at han var brukar på Hetland, men 4 barn av andre gifte var fødde der, 1 barn i første gifte:

- a. Asser, f. kring 1807, g. 1834 m. Guri (Herredsvela 28 e.).
- b. Anna Martine, f. 25/12 1832 på Hetland.
- c. Ellen, f. 6/3 1835.
- d. Vilhelm Kristian, f. 23/12 1838.
- e. Theodora, f. 11/11 1829.

35. Reiar Pederson (sjå S.-Tjemsland, Varh. 22) fødd kring 1749. Gift i Eigersund 3/8 1783 med Elen Nilsson Sæstad. Ei dtr. f. på Hetland:

- a. Rebekka, f. 26/4 1795.

36. Erik Olson er ukjend. Han åtte 4 spand som han må ha kjøpt av Velle Pederson (30) i 1820, då denne flytta til Ånestad. I 1821 selde han 4 spand att til:

37. Kristian Rasmuson, som og er ein ukjend. Han er førd med 4 spand frå 1821 til 1828, då ein:

38. Nils er førd, utan at eg veit meir om han heller.

Med desse ender avskriftene mine frå Futerekneskapen, og eg må freiste å finne fram vidare meir på eiga hand. Frå nå av tek eg brukarane meir på slump enn hittil. Vonar det ikkje blir altfor gale.

39. Ola Børildson var frå Mandal. Fødd kring 1762, død 23/5 1838. Han var enkjemann då han vart gift 5/4 1822 med enkja på Hetland etter 32, Helena Torgersdotter. Ikkje barn.

40. Sivert Sivertson (Fuglestad 25 b.) fødd 29/12 1799, død 18/8 1858. Gift 1) 7/12 1828 med Gjertrud Torgersdotter (Egren 18, Bø 29 a.) fødd 8/2 1801, død 19/4 1841. Gift 2) 21/11 1841 med Gjertrud Larsdotter (Herredsvela 28 b.) fødd 15/3 1801, død 29/7 1859. Ho var søskenbarn til Gjertrud Torgersdtr., og dei står innførde jamsides i kyrkjeboka då dei var døypte. Torger Knutson må ha budd på Hetland, for Sivert tok over 4 spand etter han, eller så budde dei begge på Egren? Kanskje det er det rette. Sivert hadde 6 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Torger, f. 19/8 1829.
- b. Sivert, f. 2/4 1831.
- c. Karen, f. 13/7 1833.
- d. Inger Taletta, f. 26/5 1835, g. m. Daniel Tolleivson (51).
- e. Knut, f. 4/5 1837.
- f. Torger, f. 13/6 1838 (49).
- g. Gjertrud Malena, f. 10/1 1845, var visst g. i Stavanger.

Tollak Eliasson (33 b.) brukte 8 spand i 1838, budde seinare på Marsteinbakken (Skretting 90). Ikkje barn.

42. Lars Olson er førd med 4 spand i 1838, truleg den same som nr. 23 på Egren.

43. Jon Omundson er førd med 3 1/2 spand i 1836.

44. Gunnar Gunnarson (Bø 32) er førd med 1/2 spand frå 1838, 1850 og 1886, var kanskje Lasseskaret?

45. Mathias Jensson er førd med 8 spand i 1850, truleg etter nr. 41. Han var fødd i Hægebostad kring 1807, død 11/10 1875, slo seg ihel under bygningsarbeid. Gift i Bjerkreim 3/7 1840 med Inger Helgesdotter Hustoft, fødd 1817, dotter til Helge Omundson og Marta Vermundsdr. Hustoft, død 31/12 1870. Mathias var son til Jens Torkelson Skåland. Barn:

- a. Jonas, f. i Bjerkreim 26/8 1840, død i nervefeber 9/2 1857.
- b. Hans Mathiasson Hetland, f. 30/12 1842 (54).
- c. Karen, f. 9/7 1845, g. m. Lars Salveson (Valdeland, Varh. 16), dei var søskenbarn.

- d. Marta, f. 4/12 1848, g. m. enk. Peder Pederson (Aniksdal 62). Budde seinare på Sandnes. (Sør Varhaug 80 c.?)
- e. Mikal Mathiasson, f. 17/4 1852, g. m. Dorthea Knutsdtr. frå Sola, f. 1855. Budde på Sandnes, seinare til Amerika.

46. Anders Andersson, budde på Hetland frå 1856 til 1862, då ham flytta til Hadland (sjå der 33).

47. Tolleiv Pederson var fødd i Bjerkreim 5/3 1809, son til Peder Olson Gravdal og Valborg Omundsdr. Gift 1) i Bjerkreim 3/5 1832 med Marta Olsdotter Efteland, fødd 1807. Ho må ha døydd, og så vart han gift 2) med Tolene Kristiansdotter. Tolleiv kjøpte 3 1/2 spand i Hetland av Omund Svenson Skjærpe i 1850 for 180 dalar. Det var denne parten som nr. 46 overtok etter Tolleiv Pederson. 5 barn er nemnde:

- a. Else.
- b. Peder.
- c. Kristian, f. 1842.
- d. Ingeborg, døypt i Oagna 14/2 1845.
- e. Tabitta, f. 2/2 1849.

48. Erik Svenson Eidland, fødd i Gjesdal 1826, død 1880. Gift 3/7 1853 med Malena Svendsdotter Sikveland. Han tok over parten etter nr. 46 i 1862. Budde seinare på Sikveland i Gjesdal og på Salen i Time. Ei dtr. var Ingeborg Eriksdtr., f. på Salen 26/11 1858, g. m. David Hansson Fosfjell (Vettaland 84).

49. Torger Sivertson (40 g.) fødd 13/6 1838, død 1922. Gift i Varhaug 11/4 1860 med Grete Pedersdotter Høien (Voll i Varhaug 74 d.) fødd 4/1 1838, død 13/12 1884. Gift 2) 13/7 1886 med enkja Helena Assersdotter Netland, Eigersund. Han brukte 3 1/2 spand etter nr. 48, og er førd frå kring 1865, då han kom frå Aniksdal (sjå der 59). Han er på Hetland, bnr. 2, i 1875, 1886 og 1900. Barn:

- a. Gjertrud, f. på Aniksdal 1860, g. m. Tolleiv (Bø 39).
- b. Sivert, f. på Hetland 31/5 1870, til Amerika.
- c. Peder Elias, f. 23/8 1872 (Vettaland 70D).

50. Jakob Rasmusson var husmann på Teigane i 1865, son til Rasmus Johanneson Tjelmengen (Ueland i Varh. 38) og Malena Ellingsdtr. (Hetland 26 h.). Fødd i Varhaug 12/5 1813, død 27/11 1886. Gift 10/12 1837 med Helga Nilsdtr. (Eikeland's Aua 19 b.) fødd 1806, død (1884?). Barn:

- a. Jonas Jakobson, f. 7/3 1838 (52).
- b. Nils, f. 25/7 1840 (53).
- c. Anna Malena, f. 5/7 1842.
- d. Tollak, f. 8/1 1845, g. m. Maria Jonasdr. (Auestad i Høyland, budde på Skaret.)

51. **Daniel Tolleivson**, fødd i Mandal 1827, død på Vettaland 5/8 1867. Gift 1) 10/10 1853 med Inger Taletta Sivertsdr. (40 d.) fødd 26/5 1835. Gift 2) 8/4 1861 med Anna Pedersdr. (Vettaland 38 a.) fødd 1833, død 1921. Han er nemnd på Hetland til 1860, seinare på Vettaland. Barn:

- a. Sivert, f. 15/6 1854.
- b. Tollei, f. 3/4 1856, død s. å.
- c. Tolleiv, f. 24/4 1861 (Veggeberg 6).

52. **Jonas Jakobson** (50 a.) fødd 7/3 1838, død 2/6 1927. Gift 15/4 1867 med Kirsten Assersdr., fødd i Eigersund 8/9 1843, død 28/1 1915, dotter til Asser Taraldson og Kirsten Larsdr. Budde på Teigane, sidan på Hetland bnr. 2, 4 og 7 i 1906. Barn:

- a. Jakob, f. 6/6 1869, til Amerika.
- b. Asser, f. 24/8 1872, til Amerika.
- c. Jonas, f. 16/2 1876 (Hadland 41).
- d. Kristoffer, f. 12/5 1879 (64).
- e. Kristina, f. 27/11 1883, g. m. Peder Pederson Håland (66).
- f. Hans, f. 18/10 1886, død 23/6 1895.

53. **Nils Jakobson** (50 b.) fødd 25/7 1840. Gift 27/11 1862 i Varhaug med Marta Jonasdatter (Djøseland, Varh. 32 a.) fødd 14/2 1833, død 6/6 1910. Budde på Teigane. Gift 2) 11/3 1911 med Grete Ingebretsdatter (N.-Halleland, Varh. 34 c.). Han hadde 2 barn i første gifte:

- a. Maria, f. 1862, død ugift.
- b. Jakob, f. 1866, død 5/2 1898 av eit mineskot.

54. **Hans Mathiasson** (45 b.) fødd 30/12 1842, død som inderst 24/5 1875. Gift i Bjerkreim 27/6 1861 med Else Maria Enoksdatter Hustoft, fødd 7/8 1840, dotter til Enok Omundson og Anna Maria Helgesdr. Dei var søskenbarn. Han tok over etter faren, eller var det kanskje enkja og sonen som tok over lnr. 546, bnr. 2, i 1875, då far hans døde som inderst eit snautt halvt år før sonen? Same året står enkja som brukar. Ho reiste seinare heim til Bjerkreim der ho vart gift att i 1885 med enk. Peder Pederson Ognedal. Hans Mathiasson hadde 4 barn:

- a. Enok Hansson, f. på Hustoft 7/9 1861 (55).
- b. Anna, f. på Hustoft 10/3 1864.

- c. Jørgine Marie, f. på Hetland 30/1 1870.
- d. Hans, f. 12/2 1873.

Hans Mathiasson forpakta Hustoft til han flytta til Hetland i 1869.

55. **Enok Hansson** (54 a.) fødd på Hustoft 7/9 1861. Han er førd på lnr. 546b og 546c i 1886. Eg veit ikkje kor lenge han var der, truleg bortreist før 1900.

57. **Ingemund Rasmusson Heigrestad**, son til Rasmus Olson Heigrestad frå Fosmark i Høle og Magla Ingemundsdr. Fødd 26/7 1879. Gift 1901 med Elen Eriksdr. (Lode i Nærbø 58 e.) fødd 16/9 1867, død 30/3 1956. Budde på Teigane til 1914 då dei flytta til Ålgård. Barn:

- a. Ragnvald, f. 15/4 1902.
- b. Karen Emilia, f. 1/10 1905.

58. **Ola Fredriksen**, fødd 1870. Gift med Sina Talgø, fødd 1874, død i Stavanger 10/9 1961. Dei kom frå Stavanger til Teigane i 1914 og budde der til 1920 då dei flytta tilbake til Stavanger. Barn:

- a. Fredrik.
- b. Stinus. Han var billedhogger.
- c. Hanna.
- d. Peder.
- e. Olga.
- f. Bergith.

60. **Jens Jonasson Hetland**, son til Jonas Jensson Mellomstrand i Time og Karen Serina Nilsdatter, f. Eikeland i Bjerkreim. Han var fødd i Time 17/2 1858, død 4/8 1921. Gift 18/11 1880 med Gunhild Kristoffersdatter (Aniksdal 53 c.) fødd 6/11 1851, død 2/1 1936. Han kjøpte bnr. 1 av Enok Hansson i 1878. 7 barn:

- a. Jonas Hetland, f. i Time 1/9 1882, g. 8/4 1904 m. Talette Odland (sjå Vigrestad 67C).
- b. Karen Serina, f. 15/11 1884, g. 1906 m. Johan Nikolai (Hadland 45).
- c. Kristoffer Hetland, f. 20/12 1886. g. 1910 m. Thala Olufsdtr. (Høiland 31 b.). Budde på Høiland, seinare med brørne Hetland på Bryne.
- d. Jens Hetland, f. 6/5 1889, g. 1) 1913 m. Elen Pedersdr. (Kvalbein 28 b.). g. 2) m. Berta P. (Kvalbein 28 d.). Med brørne Hetland.
- e. Guri Hetland, f. 16/2 1891, g. m. Peder Eriksen. Bur på Bryne.
- f. Gina Hetland, f. 16/8 1893, g. m. Ole Halvorsen. Bur i Sauda.
- g. Inga Gurina Hetland, f. 6/3 1896.

61. **Nils Jonasson Mellomstrand**, bror til

60. Fødd i Time 5/5 1861, på Vigrestad 1937. Gift i Bjerkreim 12/6 1884 med Gunhild Kristine Torkelsdotter Vasbø, fødd 13/9 1858. Han tok over bnr. 5 i 1885, men flytta til Vigrestad alt i 1888 (sjå der nr. 50).

62. Kristoffer Kristofferson (Aniksdal 53 e.) fødd 14/12 1856. Gift 19/1 1888 med Tone Gunnarsdotter Brokke, f. i Hyllestad 1865. Han tok over bnr. 5 etter Nils Jonasson i 1888. Alt i 1890 flytta han bort. 2 barn fødde på Hetland:

- a. Kristoffer, f. 4/10 1888.
- b. Gunder, f. 18/1 1890, reist til Amerika.

63. Knut Larsson (Vigrestad 52) tok over bnr. 5 etter Kristoffer Aniksdal i 1890, dei var svograr, for han var gift 1) med Kristoffer si søster, Sara Kristoffersdr., som døde 4/7 1899 og så gifte han seg med Berta Jonasdr. Mellestrand, søster til nr. 60 og 61. Han flytta til Vigrestad i 1903. Om barna sjå der 52.

64. Kristoffer Jonasson (52 d.) fødd 12/5 1879, tok over bnr. 5 etter Knut Vigrestad i 1903. Han var då ugift og flytta snart bort. Døde på Stokka 17/10 1959. Etter han var **Enok Hansson Bø** frå Nærbø på den parten ei stund. Så var der ein **Lars Benjamin**, og så **Lars Gabrielson Herigstad** (sjå Herigstad, Varh. 63).

65. Jakob Andreas Jeremiasson (Egren 27 c.) fødd 21/10 1875, død 15/11 1958. Gift 28/11 1901 med Maria Pauline Pedersdr. (Rugland, Varh. 37 g.) fødd 15/12 1879. Han kjøpte bnr. 5 i 1910. Barn:

- a. Rakel Serina, f. 12/2 1903, g. m. Tore Ivarson (Bogsdalen 23).
- b. Kirsten Malena, f. 3/2 1904, g. m. Emanuel (Fuglestad 103).
- c. Jakobine Andrine, f. 23/6 1906, g. m. Berner (Veggeberg 7).
- d. Pauline, f. 31/8 1907, g. m. Sem Martinius (Haugstad i Varh. 74).
- e. Jonas, f. 1905, død s. å.
- f. Magne, f. 1908, død s. å.
- g. Jonas, f. 2/5 1909 (70).
- h. Margit, f. 2/2 1913, g. m. Trygve Søyland (Topdal 29).
- i. Anna, f. 8/8 1914, død liten.
- j. Magna, f. 1916, død s. å.
- k. Anna Magna, f. 25/11 1917, g. m. Omund Omundson Høiland (Lode, Nærbø 91).

66. Peder Pederson Håland (Håland i Varh. 96) fødd 20/1 1884. Gift med Kristina

Jonasdr. (52 e.) fødd 1883. Han kjøpte Teigane av Jonas Jakobson (52), men flytta snart heim til Røyrmymr. Barn fødde i Ogna:

67. Tønnes Tomasson Tengs, fødd i Eigersund 1873. Gift med Jenny Nilsdr. Var ei tid på Teigane. Barn i Ogna:

- a. Torvald, f. 1915.
- b. Einar, f. 1917.

68. Hans Elias Jensson Gjersdal, fødd i Lund 6/11 1879, død 15/1 1971, son til Jens Hansson Gjersdal og kona Kristine Elisabet, f. Drivdal. Gift i 1908 med Tomine Sofia Villiamsdr., fødd 21/7 1888, dotter til Villiam Beer Olsen og Berte Sofie, f. Tjellesvik. Dei kom til bnr. 1 i 1919. Barn:

- a. Hjørdis, f. 21/6 1909, g. m. Ola G. (Matingsdal 31).
- b. Jenny, f. 27/8 1910, g. m. Lars Håland. Bur på Varh. St.
- c. Sally, f. 29/6 1913, g. m. Jakob (Vetteland 55 a.). Bur på Lura.
- d. Kristina Lisabeth, f. 13/6 1916, g. m. Bjørn Røyland Tjellesvik.
- e. Victoria, f. 12/1 1919, g. m. Peder Stange. Bur på Karmøy.
- f. Jens, f. 27/12 1921 (69).
- g. Hanna Teresia, f. 2/5 1924, g. m. Ludvig Eike. Bur på Moi st.
- h. Bergliot, f. 6/11 1929, g. m. Trygve Ueland, Varhaug st.
- i. Villiam, f. 10/9 1932. Bur på Varhaug st.

69. Jens Hansson Gjersdal (68 f.) fødd 27/12 1921. Gift med Maria Sikveland, fødd i Time 27/4 1927. Foreldre Kornelius og Lisa Sikveland (sjå Topdal 25). Han tok over bnr. 1 i 1950 og kjøpte Teigane i 1966. Barn:

- a. Kurt Emil, f. 7/5 1950, g. m. Liv Turid Løvås. Bur i Eigersund.
- b. Eina Tordis, f. 21/9 1952.
- c. Laila Irene, f. 1953, g. m. Eilert Haugstad. Bur i Ski.
- d. Hans Egil, f. 18/5 1957.
- e. Liv Åse, f. 9/1 1959.
- f. Kitty Marie, f. 19/6 1961.
- g. Jan Tore, f. 13/6 1964.
- h. Venke Karin, f. 8/3 1967.
- i. Knut Åge, f. 1/4 1970.

70. Jonas Jakobson Hetland (65 g.) fødd 2/9 1909. Gift 1935 med Regina Tønnesdotter (Djøseland, Varhaug 57 i.) fødd 29/3 1906. Han tok over bnr. 5 i 1938 etter faren. Barn:

- a. Jan Randolph, f. 14/8 1942, g. m. Anne Lise Haukøy. Bur i Harstad.

Vålandsengen
eller Engene under Hetland.

Det har vore vanskeleg å skilja mellom Nord-Hetland og Søre Hetland under Ogna, og det kan vel vera at somme er komme med her, som skulle vore førde på Søre Hetland.

71. Ola på Engene veit eg ikkje anna om enn at han hadde ei dotter: Elen Olsdtr., g. 15/8 1697 med Tjerand Erikson (73).

72. Aslak Jørgenson (Sør Hetland 1 c.) fødd kring 1665. Kona er ukjend, men han var truleg gift kring 1695. Han er nemnd i 1689 som far til Anna Larsdtr. Ogna sitt ue. barn. Seinare er nemnde 5 barn i giftermål:

- Gunnar, f. 1699.
- Marta, f. 1702.
- Jørgen, f. 1705, g. 1) 1734 m. Marta Simonsdtr., g. 2) 1755 m. Anna Gunnarsdtr. Han budde på Grøtheim i Time.
- Ola, f. 1708.
- Ingeborg, f. 1711.

73. Tjerand Erikson var gift 1697 med Elen Olsdotter Engene (sjå 71). Ein son var visst døypt i Ogna:

- Tjerand, f. 1698.

Seinare veit me ikkje om han.

74. Ola Svenson Engene, son til Sven Olson Kyllingstad og Kirsten Olsdtr. Fødd kring 1658, død 1721. Gift med Helga Svendsdotter, fødd kring 1673, død på Egren 8/5 1735, dotter til Sven Reiarson Fuglestad i Bjerkreim og Marit Ivarsdtr. Ola Svenson budde på Søyland i Gjesdal i 1701. I 1711 heitte han Ola Egeland og budde då på Eikeland Aua. Der var skifte etter han 25/10 1721, og då heitte han Ola Svenson Engene under Aniksdal, men i 1718 var han på Engene under Hetland, så han må ha vore mykje omvankande. Han hadde 9 barn, 6 truleg f. på Søyland og 3 på Eikeland:

- Sven Olson, f. 1696 (sjå Eikeland 10 og Hetland 19).
- Sven d. e., f. 1692 (sjå Topdal 8).
- Torborg, f. 1698, g. m. Åsmund Karlson (75).
- Astrid, f. 1705, var i Bergen i 1729.
- Marit, f. 1707, g. m. Lars Lyseheien (Kvadsheim 18).
- Liva, f. på Eikeland 1710.

g. Reiar, f. 1703.

h. Ola Olson, f. 1713 (sjå Vigrestad 23).

i. Malena, f. 1715.

75. Åsmund Karlson (Fuglestad 8 e.) fødd 26/6 1692. Gift 1) 28/5 1722 med Torborg Olsdotter (Hetland 74 c.) død 3/6 1736. Ho brann inne saman med 3 barn og ei gamal kona, Gjøa Svendsdtr., faster hennar. Gift 2) 21/10 1736 med Malena Torkelsdotter (Grøtheim i Time?). Åsmund budde på Engene, men er ikkje nemnd etter 1736. 5 barn er nemnde:

- Malena, f. 1723, brann inne med mora.
- Reiar, f. 1725.
- Astrid, f. 1727, brann inne.
- Malena, f. 1731, brann inne.
- Ola, f. 1733, død før brannen.

76. Mons Simonson Time budde på Engene under Hetland i 1740. Gift med Maren (Mari) Knutsdotter Grøtheim i Time, stykdr. til Torkel Grøtheim og halv søster til andre kona til nr. 75. Han har då sjølv sagt kome til Engene etter Åsmund Karlson.

Den 23. juli 1740 hadde ”Kongl: Mayst: foged ladet indstevne Mogens Simonsen Time, nu boende paa huusmandzpladtzet Engene kaldet i Ougne, til vedbørlig undgiældelse, fordj hand, tilligemed Knud Michelsen Feed, nu boende paa Offrebøe udj Valle Schibrede, haver indbrudt udj Torchild Jonsen Grødems huus, og der bortstolen mestendeels ald hans ejendeel af reede penge, sølv, klæder og madvahrer. Saa var tillige indstevnt bemelte Knud Feed, og som tyv, med videre, hans qvinde Anne . . . ? og Mogens Times qvinde, Marj Knudsatter. Endelig indstevnt forbemelte Torchild Grødem at bevise, saavit muligt, at de angifne koster har været ham tilhørende, og imod hans villie hannem frakommen.

Da forbemte Mogens Time for Retten blev fremkaldet, og da gjorde følgende bekiendelse: at een otte dage før hand med Knud Feed begich paastevnte tyverj. var hand udj Offrebøe skougen. hvor hand hafde lov af Knud Feed at hugge sig et stouere-knippe, talte da med denne Knud Feed, og blev eenige om tyveriet, hvilchet tildrog sig saaledes, at da Mogens Time fortalte ham, at hans værmoder paa Grødem var død, og hand var af de tancher. at hand ej fich nogen arf efter hende, hvorpaa Knud Feed tilraadde ham at hand skulle gaa derhen og tage noget, da denne Knud Feed sagde sig at ville være med. Blev saa aftalt at Knud skulle komme til ham paa Engene, naar hans leilighed var, at de kunde følges ad.

Een 4 a 5 dage derefter, som var Mandagen den 27 Julj, kom bemelte Knud til ham, og henimod aftenen gich de til Grødem, een 2 miles vej fra Engene, og kom der om natten ungefær midnattztiid. Hvorpaa Knud Feed gich op paa et halvtag ved enden af et cammer ved stuen, og sammestædz tog op et vindu som var tilslagen med spiger. Derpaa gich Mogens Time ind igiennem vinduet, tog da først 1 holch med 3 støcher smør udj, hver ungefær paa 11 a 12 marker, dend hand leverede ud igiennem vinduet til Knud Feed som tog imod. Videre tog hand 4 a 5 smahlemmer, og dernæst kisten, som hand ligesaa leverede til Knud igiennem vinduet, een 5 kvarter lang, dend hand vidste var Torchel Grødems eegen kiste. Item 12 lus (ljøs?) 1/2 svinehoved, een oxetunge og 2de kiødpølser.

Med alt dette som Knud hafde lagt udj een hid eller skindsøch, undtagen kisten, bemelte Knud bandt tilsammen med kisten udj et tov, og bar det fra gaarden paa sin ryg, et lidet støche fra gaarden, til et stæd som kaldes (Tolvegaarden?), hvor Knud sadte det ned. Da comparenten med een øxe hand hafde hiemme fra med sig, brød logget op, tog deraf hvad der fandtes og bar det til Engene. Men Kisten lod de staa paa stædet. Som de nu var komne til Engene, siger Mogens Time at hand beholdt dend forseiglede pung med penge item een liden æske som var nogle penge udj, deraf fich hand 3de slettedahler-støcher, som hand lagde udj dend forseiglede pung, og resten, som var ungefær 2 mark eller 1/2 Rdr. fich Knud Feed. Videre fich comparenten af det som var i kisten een sølvskee, 2de hom- og 2de mæssingskeer, een graa vedmaalskiøle med brune beenknapper udj, item halvedeelen af ofvenanførte madvahre. Veed og at Knud Feed paa sin part, foruden de ovenmelte penge, endog fich 2de sølvkiæder, een sølv-søllie, et sølv-signette, 1 rød uldenskjorte med tinknapper udj, een bruun klædeshue med oderskind om, tyndslehammeren siger comparenten hand saae iche. Pengene udj dend forseiglede pung siger hand iche at have seet, men saae det var 10 og 8-skillings-støcher.

Forklarer videre, at der var ingen hos da de saaledes deelte kosterne, uden comparentens egen hustrøe, hvilchen, da hun hørte Knud Feed paastod, at Mogens Time skulle komme frem med dend forseiglede pung, sagde at dersom hand ej holdt fred skulle hendes datter Elj Mogensdatter hendte øgen hiem og ride til Grødem og hendter Torchild tilsteede. Sagde hand maatte vel viide at det var hendes egen

fader som hafde ejet det før. Hvorpaa Knud blev vred og tog det som paa hans lod kom, og dermed gich sin vej. Videre fremkom forbemelte Mogens Times qvinde, Marj Knuds datter, bekiendte hun vidste at hendes mand og Knuud Feed gich til Grødem for at stiæle. Kom og tilbage med de koster som forklaret er."

Torkel Grøtheim skjøna nok straks kven tjuven var, og melde av til lensmannen, Nils Larsson Hårr, som saman med Torkel og 10 mann reiste til Engene, "og sendte Mogens Time med hans kone under vagt til Scheje". Same kvelden var Knud Feed "paa-greben paa Øfrebø, som benegtede det og truede dend som det havde sagt. Hvorpaa lensmanden lagde jern paa ham, og bragte ham til lensmandsgaarden Haar under arrest."

77. Peder Pederson (Sirevåg 34 a.) fødd 11/9 1723, død 27/8 1780. Gift 1) 11/10 1744 med enkja etter Gullik Nilsson Ognedal i Bjerkreim, Malena Svendsdotter, fødd 1716, død 16/7 1747 (sjå Topdal 8 a.). Gift 2) 1748 med Maren Toresdotter (Odland, Varhaug 25 b.) fødd 1724, død 6/10 1778, skifte etter henne 28/1 1779. Gift 3) 14/3 1779 med Guri Isaksdotter (Mjøllhus 3 c.) fødd 6/1 1749, seinare g. m. Asser Olson. Der er ymse meiningar om kvar Peder Pederson budde, enten på Sør Hetland under Ognæ eller på ein plass under Nord Hetland. I mantallet for 1758 er han førd under Hetland. Men i Tingboka under 12/7 1758 står: "Jørgen Hiorthes hans bøxelbrev til Peder Pedersen paa et huusmandspladtz under Ogne, Hetland kaldet". Det skulle tyda på at han kom til Sør Hetland først i 1758, så han kan vel ha budd på Engene før den tid? Det er så mykje meir som der ikkje er nemnd nokon annan på Engene etter Mons Simonson. Han hadde 2 barn i første gifte, 10 i andre og 2 i tredje:

- a. Ingeborg, f. 8/8 1745, g. 1775 m. Mikkel Danielson (Kvianes, Ognæ 63).
- b. Malena, f. 16/7 1747, same dagen som mora døde, ho døde som-barn før 1753.
- c. Lisabet, f. 15/7 1748, død før 1758.
- d. Ingeborg, f. 6/1 1749, g. 1772 m. Tollak Omundson Herredsvela (sjå Lintjøm 16).
- e. Tore, f. 28/3 1751, var sjømann, død før 1787.
- f. Malena, f. 4/10 1753, død 25/3 1759.
- g. Peder, f. 1756, var soldat i 1779, død før 1787.
- h. Malena, f. 24/5 1759, død før 1787.
- i. Omund, f. 21/9 1760, død på reis til København i 1787.

- j. Helga, f. 1764, g. 1794 m. Asbjørn Larsson Svela.
- k. Isak, f. 1765, g. 1792 m. Karen Gurina Gunnarsdtr. Budde på Skjelbreid i Eigersund.
- l. Isak d. y., av 3) gifte, f. 3/10 1779 (sjå Sirevåg 106).
- m. Peder, f. 22/4 1781.

Skal me tru Peder Pederson flytta til Sør Hetland i 1758, då ser det ut som Engene har lege øyde ei lang tid. Engene er ikkje nemnd, det har eg sett, mellom 1758 og 1801, og heller ikkje då er det kome med i mantallet. Men der er sers mange folk nemnde på Hetland i den tida, så det kan vera at dei er kalla Hetland om dei har budd på Engene.

Eg skal her ta med nokre som kanskje har budd på Engene:

78. Anders Omundson frå Eikeland p. h. i Bjerkreim (sjå Fuglestad 37) budde på Hetland i 1797 både då første kona hans, Gunhild Gulliksdtr. døde, og då han gifta seg andre gongen i 1798, og i 1799, då sonen Tolleiv var fødd. Sidan budde han på Eikeland i Bjerkreim. Seinare kom han til Fuglestad, der både han og andre kona døde.

79. Elling Ståleson Hetland hadde barn til dåpen i Oгна i 1826. Kona heitte Marta Larsdotter, og barnet var:

- a. Elisabet, f. 25/6 1826.

Dei er ikkje nemnde korkje før eller seinare, og det er uvisst kven dei var og kvar dei budde.

80. Villum Ellingson (sjå Hetland 34, der han heiter Viljen).

81. Anders Mikkelson Hetland, er nemnd i 1797, då han er skreven som far til jenta Berta Øvrebø sitt barn. Han er ikkje nemnd i mantallet i 1801, og eg veit ikkje meir om han.

82. Jon Omundson Hetland (sjå 43) og kona Guri Nilsson, hadde barn til dåpen:

- a. Elen Alette, f. 3/12 1839.

Dei er ikkje nemnde korkje før eller seinare.

83. Omund Andersson Lasseskaret (sjå Fuglestad 37 g.) fødd i Bjerkreim 19/4 1807, død 1882. Gift 11/12 1828 med Karen Jonsdotter, fødd i Bjerkreim 10/3 1794, død 1866, dotter til Jon Bjørnson Moi og Guri Vellesdtr. Han budde først i

Bjerkreim på Eikeland, seinare ymse stader i Oгна. Her har me han på Lasseskaret av Hetland. Han hadde 5 barn:

- a. Guri, f. på Eikeland i Bjerkreim 11/9 1829, g. 1861 m. enk. Gunnar Gunnarson (Bø 32).
- b. Jonas, f. på Eikeland 8/3 1832.
- c. Karolina, f. på Eikeland 12/2 1834.
- d. Alette, f. på Vettelund 1/9 1837, g. m. Vilhelm Bjørnson (84).
- e. Elisabeth, f. utanom ektesk. 24/9 1857, mor: jenta Karen Malena Gunnarsdtr. (Hadland 25 b.). Elisabet g. 2/1 1882 m. Asbjørn Pederson (Hobberstad, Varhaug 47).

84. Vilhelm Bjørnson, son til Bjørn Jonsen Moi (sjå Herredsvela 41 e.). Fødd 1834, død 1910. Gift 29/11 1869 med Alette Omundsdotter (83 d.) fødd 1/9 1837, død 1919. Dei var søskenbarn. Budde på Lasseskaret. Barn:

- a. Omund, f. 6/6 1870 (85).
- b. Abigael, f. 17/3 1875, g. m. Nils Olsen Brådet (Voll i Varh. 127).
- c. Karen Alette, f. 25/4 1872, g. m. Jonas Larson (Vettelund 59).
- d. Bertine, f. 11/9 1878, g. m. Johan Johannesson Åen, Opstad (sjå Haugseng 12 b.).

85. Omund Vilhelmson (84 a.) fødd 6/6 1870, død 2/4 1940. Gift i 1896 med Grete Malena Larsdtr. (Matingsdal 24 b.) fødd 14/9 1869, død 17/9 1946. Budde på Lasseskaret. Barn:

- a. Engel, f. 31/3 1897.
- b. Vilhelm, f. 6/3 1899, død 27/6 1950.
- c. Ludvig, f. 6/3 1900 (91).
- d. Ole, f. 2/2 1903 (89).
- e. Albrekt, f. 23/9 1904, død 27/2 1950.
- f. Anna, f. 22/3 1906, g. m. Samuel Kindingstad. Bur på Finnøy.
- g. Gerhard Martin, f. 28/2 1908, død s. å.
- h. Hans Garman, f. 24/6 1909, g. m. Solveig Pedersen. Bur i Bergen.
- i. Gina Malena, f. 2/5 1911, g. m. Ole Torsen. Bur i Stavanger.
- j. Gabriel, f. 25/7 1913, g. m. Klara Ims.

86. Hans Nilson Haugseng (Haugseng 9 a.) fødd 24/1 1858, død 2/1 1915. Gift 21/11 1881 med Berta Maria Valette Olsdotter (Haugseng 8 b.) fødd 23/12 1852. Ola Hanson Haugseng hadde budd på Våländsengene, og Hans Nilsson tok over etter han. 4 barn, dei 3 døde som små:

- a. Nikolai Hansson, f. 6/9 1884 (87).

87. Nikolai Hansson (86 a.) fødd 6/9 1884,

død 29/7 1961. Gift i 1917 med Bertine Dybing, fødd i Bokn 1891, død 20/12 1961. Foreldre Tomas og Rakel Dybing. Han tok over Engene etter faren. Barn:

- a. Hans Bertin, f. 12/4 1919, g. m. Karen Are. Bur på Bokn.
- b. Trygve Rudolf Dybing, f. 2/10 1921 (88).
- c. Gerda, f. 27/4 1924, g. m. Johannes Øvrebø. Bur på Klepp.
- d. Georg, f. 24/12 1927.
- e. Borgny, f. 25/4 1930, g. m. Mikal Gundersen. Bur i Stavanger.
- f. Nils Martin, f. 24/3 1935, g. m. Kjellaug Byrkjedal. Bur på Hundvåg.

88. **Trygve Rudolf Dybing Hetland** (87 b.) fødd 2/10 1921. Han tok over Engene i 1948.

89. **Ole Omundsen Hetland**, fødd 2/2 1903. Gift med Anna Ingebretsdtr. Rangen (Kvia i Nærbø 68 a.) fødd 10/10 1898. Han tok over bnr. 21, Nese i 1920. Flytta til Brusand i 1963. Barn:

- a. Olaf, f. 27/1 1933 (Sirevåg 215).
- b. Ingebret, f. 2/8 1935, g. m. Jenny Stegemoen. Bur i Kvinesdal.
- c. Ottar, f. 28/7 1937, g. m. Karen Stigen. Bur i Engesetdal, Skodje.
- d. Gunvor, f. 28/1 1940, g. m. Thormod Rettedal. Bur i Forsand.

90. **Ole Rasmussen** (Friestad 59 c.) fødd 2/10 1881, død 21/5 1958. Gift med Johanna Gabrielsdtr. (Matingsdal 30 a.) fødd 2/4 1892. Han kjøpte bnr. 22 Hellenen i 1922. Barn:

- a. Gerhard, f. 30/6 1917.
- b. Solveig, f. 17/10 1919, g. m. Mons Mæland (Mæland i Varh. 52).

- c. Olav, f. 19/10 1921, død 20/1 1974.
- d. Magnus, f. 14/6 1931 (94).

91. **Ludvig Hetland** (85 c.) fødd 9/11 1900, død 25/2 1975. Gift med Olga Gjerde, fødd på Sunnmøre 7/2 1909. Foreldre Karl Johan og Karen Gjerde. Han hadde Lasseskaret bnr. 9 til 1958. Han dreiv og beinmølla. Ingen barn.

92. **Arne Taksdal**, fødd i Time 15/8 1926. Foreldre Trygve og Berta Taksdal. Gift med Målfrid Hadland (Eikeland 32 b.) fødd 10/12 1929. Han kom til bnr. 21 i 1963, kjøpt av nr. 89. Barn:

- a. Toralf, f. 20/1 1954.
- b. Jan, f. 7/1 1956.
- c. Bjørn Magne, f. 1/3 1959.
- d. Anne Marie, f. 28/10 1962.

93. **Otto Torgersen Bø** (Bø 40 i.) fødd 20/4 1920. Gift 1942 med Tora Haugland (Haugland i Varh. 38 e.) fødd 6/7 1920. Han kom til Lasseskaret i 1958, kjøpt av 91. Barn:

- a. Oddny, f. 19/11 1943, g. m. Ingvald Søyland (Topdal 31).
- b. Turid, f. 5/6 1948, g. m. Magne Mæland (Mæland i Varh. 52 c.). Bur på Nærbø.
- c. Reidun, f. 24/11 1950, g. m. Torkel Høyland (Motland i Nærbø 39 a.). Bur på Nærbø.

94. **Magnus Olsen Fjellheim** (90 d.) fødd 14/6 1931. Gift med Alfild, fødd 18/4 1939 i Hægebostad. Foreldre Lars og Anna Kvåle. Han brukar garden saman med broren Olav. Barn:

- a. Oddvar, f. 13/1 1965.
- b. Jorunn, f. 9/12 1965.
- c. Anne Lise, f. 17/3 1967.

G.nr. 116. Vetteland

”Norske Gaardnavne” tolkar namnet som ei samansetjing av eit mannsnamn Vetti – og land.

Vetteland grenser mot sør til Herredsvela og Fuglestad, mot vest til Fuglestad, mot nord til Hetland og Ægren og mot aust til Matningsdal.

Jorda er morenejord og fjell.

NAMNEREGISTER

1. Poel paa Wætteland
2. Swend paa Wætteland
- 2b. Olof Wetteland
3. Jesper Vetteland
4. Anders Vetteland
5. Peder Vetteland
6. Jacob Wetland
- 6b. Torkel Wetteland
7. Nils Andersson
8. Ørjans Halvardson
9. Peder Jakobson
- 9b. Ørjens Larson
10. Gjermund Ørjanson
- 10b. Elling Nicolasson
11. Lars Vetteland
12. Torkel Pederson
13. Skiljan Ørjanson
14. Lars Larsson
15. Henrik Pederson
16. Ørjans Gjermundson
17. Ola Pederson
18. Sjur (Siver?) Omundson
19. Maurits Toreson
20. Peder Ørjanson
21. Hans Hansson
22. Ola Olson
23. Ola Johannesson Kverme
24. Elias Olson
25. Stig Sjurson
26. Halvard Johannesson
27. Jens Pederson
28. Størkard Erikson
29. Erik Størkardson
30. Kristoffer Mikkelson
31. Peder Jensson
32. Torger Jensson
33. Torsten Kristofferson
34. Gabriel Kristofferson
35. Tønnes Møller
- 35b. Abraham Salveson
- 35c. Gunnar Mathiasson
36. Tormon Ivarson
37. Ivar Tormonson
38. Peder Torgerson
39. Lars Erikson Næsheim
40. Fanuel Tormonson
41. Torger Pederson
42. Anders Larsson Fuglestad
43. Omund Villadsson Ueland
44. Johannes Johs. Eikeland
45. Severin Malakias Fanuelson
- 46.
47. Erik Ellingson
48. Kristian Larsson
49. Henrik Erikson Voll
50. Ole Andreas Ånundson
51. Tormon Tormonson
52. Torger Tormonson
53. Tønnes-Mikal Tore-Mathiasson
54. Jakob Nilsson Haugseng
55. Nils Jakobson Haugseng
56. Ola Olson Gravidal
57. Sivert Sivertson Matingsdal
58. Jørgen Sivertson Matingsdal
59. Jonas Larsson
60. Torger Sivertson
61. Edvard Johan Jeremiasson
62. Sivert Vetteland
63. Fanuel Fanuelson
64. Ole Johannes Larsson
65. Gabriel Olson
66. Ola Larsson
67. Sigvard Matingsdal

68. Lars Jensson Matingsdal
69. Gabriel Larsson
70. Johannes Johs. Sandve
- 70b. Kristoffer Johs. Sandve
- 70c. Peder Elias Torgerson
- 70d. Peder Elias Torgerson
- 70e. Retzius Hegelstad
- 70f. Nils Nilsson Fuglestad
- 70g. Gustav Eliasson Herredsvela
71. Jon Omundson Blåga
72. Jon Mortenson Skjæveland
73. Morten Erikson (Endreson?)
74. Torger Mortenson
75. Ole Johannes Olson
76. Nils Andersson Fuglestad
77. Jonas Tormodson
78. Tønnes Tormodson
79. Laurits Fuglestad
80. Henning Fuglestad
- 80b. Edvard Herredsvela
- 80c. Henrik Fuglestad
- 80d. Lars Bø Herredsvela
81. Andreas Larsson Fuglestad
82. Jonas Jonasson Trilluren S-Tjemsland
83. Johannes Tore-Mathiasson
84. David Hansson Fossfjell
85. Gunnar Johan Jonasson Undheim
86. Martin Jensson Moen Fuglestad
87. Vallin Johan Søyland
88. Emil Ivarson Matingsdal

1. Poel paa Wætteland hadde i 1519: 10 mark og 2 tn. malt i skatt og skatta 11/2 mark i 1521.

2. Swend paa Wætteland, nemnd 1519, skatta 11/2 pund kopper i 1521.

2B. Olof Vettelund, odelsskatt for 1 vet, 1/2 dl. i 1563.

3. Jesper Vettelund skatta 1 dalar og 1 ort i 1563.

4. Anders Vettelund skatta 1/2 dalar i 1563.

5. Peder Vettelund skatta 10 dalar i 1603.

6. Jacob Wetland skatta 10 dalar i 1613, nemnd i 1633, nemnd under Ødeg-Husm. 1638, 3 mark skatt. Gift 1) med ukjend, gift 2) 1633 med Gjertrud. Meir veit me ikkje om dei, enn at Gjertrud fødte eit dødt barn ei stund etter bryllupet, som ho sa at ein mann på Aniksdal var far til.

6B. Torkel Vettelund, i 1617, eier 1 pd. korn i Vettelund.

7. **Nils Andersson**, nemnd 1645 med kone og 1665. Fødd kring 1613. Kona er ukjend, men der døde 2 koner på Vettelund i 1674, Guri, 54 år og Torgjerd, 61 år, truleg var den eine Nils si kona. Det kan vera tvilsamt om det var den same Nils som var nemnd i 1665 og 1645. Var det den same, så må han ha hatt 2 koner, og den andre måtte vore ung, for ho fekk barn i 1671. Det kunne då vore den Inger Vettelund som døde i 1776, 34 år. Nils døde i 1673, 65 år gml. 3 barn er nemnde:

- a. Berit, f. 1664, død s. å.
- b. Berit, f. 1666.
- c. Johannes, f. 1671, død s. å.

8. **Ørjans Halvardson**, nemnd 1645 med kone og 1665. Fødd kring 1600, død 5/11 1671. Det var nok han som var gift med den Torgjerd Vettelund som døde 12/9 1675, 61 år. Me veit ikkje kven foreldrene til Ørjans Vettelund var. Men i 1612 og 1624 budde ein Gjermund på Ognedal i Bjerkreim som hadde ein son som heitte Ørjans, kanskje var Ørjans Vettelund brorson eller søsterson til Gjermund Ognedal? Diverre har me ikkje funne skifte korkje etter Ørjans eller kona, så me veit lite om barna. Men 2 av dei var truleg:

- a. Gjermund (10).
- b. Berit, g. 1689 m. Peder Larsson. Desse hadde eg venta å finna att på Vettelund, men det har ikkje lukkast. Derimot har me ein Peder Isakson (rettare Jakobson) som kunne vore identisk med Peder Larsson, men som nok ikkje var det.

9. Peder Jakobson, vel son til nr. 6, skatta 1/2 ort i 1645. Fødd kring 1615, og døde truleg i 1689. Kanskje gift med Guri eller Turi som døde i 1674, 54 år. Dette er meir gissing enn fakta. Me har ikkje funne skifte etter dei heller, men eg har ført opp 3 barn som kunne vore deira:

- a. Ola Pederson Vettelund (17).
- b. Berit, f. 1665, g. m. Ørjans Gjermundson (16).
- c. Ingeborg, f. 1670, g. m. Omund Mikkelsen i 1693.

9B. **Ørjens Larsson**, 60 år i 1665, son: Lars Ørjensson, 25 år.

10. **Gjermund Ørjanson** (8 a.) fødd kring 1635, død 1720. Kona er ukjend, men 2 barn er visse. Det er merkeleg at Gjermund ikkje er nemnd i 1665, men faren som er førd då. Nemnd i 1701, 70 år og kvitteret sitt bruk. Dei barna me veit om var:

- a. Ørjans Vettelund, f. 1663 (16).
- b. Torgjerd, g. 1689 m. Ola Pederson (17).

10B. Elling Nicolasson er husmann i 1665.

11. Lars Vettelund (trolig Ørjensson, se nr. 9B) nemnd i 1665. Fødd kring 1640, død 1676. I 1665 er førde 4 oppsitjarar på Vettelund, men i 1645 og 1701 berre 2. Same dagen som Lars vart gravlagd, vart gravlagde Inger Vettelund, 34 år, Malena Vettelund, 12 år, Lars Matingsdal, 68 år, Berit Hetland, 24 år og Peder Hetland, 2 år. Lars Vettelund var gift med Karen Rasmusdtr. Der er nemnde 4 barn:

- a. Malena, f. 30/7 1665.
- b. Rasmus, f. 26/2 1671.
- c. Ingeborg, f. 24/6 1674.
- d. Lars Larsson Vettelund (14).

År 1674, odelseiere i Vettelund, 1 pd. korn: Knud Clausson, 16 spand, Johannes Rosse-land, 8 spand.

12. Torkel Pederson Vettelund var der skifte etter 28/7 1677, han var gravlagd 2/7 det året, 54 år gml. Kona heitte Berit Ivarsdotter og var andre kona hans. Torkel var bror til Ola som budde på Eikeland Aua. Der er nemnde 2 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Peder.
- b. Ingrid.
- c. Ivar.

Ingen av barna finst døypte i Oгна.

13. Skiljan Ørjanson, vel son til (nr. 9B), veit me ikkje kvar han kom frå. Han var gift 30/12 1679 med enkja etter nr. 11, Karen Rasmusdotter. Dei var borte frå Vettelund før 1701, men hadde då hatt 8 barn på Vettelund:

- a. Lars, f. 1680, død s. å.
- b. Ørjans Skiljanson, f. 6/1 1682.
- c. Berit, f. 7/5 1684.
- d. Lars, f. 3/2 1686, budde på Årestad i Time.
- e. Rasmus, f. 9/12 1688.
- f. Ola, f. 21/3 1691, død s. å.
- g. Berit, f. 29/5 1692, død 1696.
- h. Karen, g. 1681 m. Lars Larsson Stokkeland. Veit ikkje meir om dei. (Laurits Stokkeland hadde barn til dåpen: Lauritz, 22/1 1682?)

14. Lars Larsson (11 d.) var gift 5/2 1681 med enkja etter nr. 12, Berit Ivarsdotter, og budde på Vettelund i 1685, men er ikkje nemnd seinare. Eg har lurt på om det kunne vore han som seinare budde på

Mjølhus i Eigersund? 2 barn er døypte i Oгна:

- a. Eit barn (Torkel?), f. 1680.
- b. Jørn (Jørgen, Joren?), f. 21/12 1684.

15. Henrik Pederson Vettelund, døde 23/4 1723, 100 år gml. Han er ikkje nemnd nokon stad før, og eg veit ikkje meir om han.

16. Ørjans Gjermundson (10 a.) fødd 1663, død 20/9 1722, skifte etter han 26/12 det året. Gift 18/1 1687 med Berit Pedersdotter (9 b.) fødd 1665, død 7/8 1723. Han tok byksel på 8 spand i Vettelund av Jens Duns i 1698. Han er då skreven Jørgen Vermundson. Dei hadde 6 barn. Budde på Vettelund i 1701, og då budde faren hjå han. Barna var:

- a. Berit, f. 19/8 1688, g. m. Hans Hansson (21).
- b. Peder Ørjanson Vettelund, f. 25/1 1691 (20).
- c. Inger, f. 27/2 1698, død før 1771.
- d. Tolleiv, f. 25/11 1700 (sjå Gausland, Nærbø 14).
- e. Anna, f. 27/12 1703, død 20/9 1722, same dagen som faren.
- f. Berit, f. 26/8 1708. Ho var nok hjå broren på Risa, og fekk der eit barn med Hans Larsson Risa.

Tjener i 1701: Sigbjørn Lauretson, 18 år, f. Gåsland, halt, underholder sin gamle far.

17. Ola Pederson (9 a.) fødd kring 1658, død 16/8 1743, 101 år gml. Det er nok gale, for i 1701 var han 43 år. Han var gift 3/6 1687 med Torgjerd Gjermundsdotter (10 b.) fødd kring 1660, død 4/10 1722, skifte etter henne 26/12 s. å., same dagen som der var skifte etter bror hennar, nr. 16. Ørjans og Ola budde begge på Vettelund i 1701. Ola hadde 7 barn:

- a. Inger, f. 1/11 1687, g. 1722 m. Ola Olson (22).
- b. Guri, f. 27/9 1690, død 1691.
- c. Guri, f. 17/4 1692, død 22/10 1722.
- d. Ola, f. 29/11 1696.
- e. Gjermund Olson, f. 27/12 1699 (sjå Aniksdal 30).
- f. Asbjørn Olson, f. 5/11 1702, g. i Oгна m. Ingeborg Taraldsdtr. (Varden 7).
- g. Ola, f. 8/2 1705, død ugift.

18. Sjur (Siver) Omundson, var identisk med Sjur (Herredsvela 13) og son til Omund Kløgetveit i Bjerkreim og Gjertrud Ormsdtr., som der var skifte etter 23/11 1667. Han var fødd kring 1650, død 3 adv. 1725. Han var gift 3 gonger, 1) kring 1680

med Torgjerd Ørjansdotter Ognedal, 2) med Ingeborg Nilsdotter Gravdal. Han hadde budd på Kløgetveit før han kom til Vetteland, der han er nemnd i 1718. Kor lenge han var der er uvisst, men seinare var han på Herredsvela (sjå meir om han der 13).

19. Mauritz Toreson Vetteland er nemnd i ei sak mot Tormod Povelson Helleland om byksel på Captein Hejermanss gard Helleland, der Mauritz Toreson Vetteland møtte på Tormod Povelson sine veigner, i 1714.

20. Peder Ørjanson (16 b.) fødd 25/1 1691, død 21/10 1757. Gift kring 1722 med Anna Pedersdotter (Auestad, Varh. 11 d.) fødd kring 1692, død 6/9 1761. Peder fekk skjøte frå far sin på 8 spand i Vetteland i 1720. Faren må altså ha kjøpt dei 8 spand, utan at eg har funne noko om dei i bøkene. Det var Theofilus Bowitz i Eigersund, Gabriel Kirsebom og Knut Bjørnson som åtte dei andre 16 spand. I 1723 var der 3 brukarar på Vetteland, medan det før for det meste hadde vore berre 2. I 1728 hadde Peder Vetteland: "stefnt Tollef ibm. enten at levere hans søster Berete Ørriensdr. (sjå 16 d. og f.) hendes fader og moderarf fra sig, stor 17 Rixdr. eller stille borgen derfor". Peder og Anna Vetteland hadde 8 barn:

- a. Berit, f. 25/1 1722.
- b. Berit, f. 16/1 1724.
- c. Torger, f. 1729, død 1734.
- d. Peder, f. 19/1 1727.
- e. Torger, f. 1727, død 28/1 1742.
- f. Jens, f. 25/11 1724 (27).
- g. Ola, f. 19/1 1729, død s. å.
- h. Malena, f. 11/10 1733, død 1741.

21. Hans Hansson budde på Vetteland frå 1723 til 1728, men er ikkje førd i futerekneskapen, så han har nok ikkje brukt jord. Han var gift med Berit Ørjansdotter (16 a.) fødd 19/8 1688. Han brukte nok jord likevel, for den 15/12 1723 fekk Hans Hansson Vetteland byksel på 8 spand i Vetteland frå Gabriel Kirsebom og Theofilus Bowitz. Det må ha vore dei 8 spand som verfaren, Ørjans Gjermundson brukte i 1723, og som han då har lete over til versonen. Dei fekk 3 barn:

- a. Berit, f. 23/7 1724, g. m. Asser Omundson (Sirevåg 36).
- b. Jens, f. 1727, døypt i Bø kyrkja, g. m. Malena Torkelsdr. (sjå Lindal, Nærbø 9).
- c. Valborg, f. 1733, var ugift i 1771.

Hans og Berit budde på Bogsdalen seinare (sjå der 10).

22. Ola Olson, var kanskje son til Ola Olson (Herigstad 21 d.) fødd kring 1703. Gift 1) med Inger Olsdr. (17 a.) fødd 1/11 1687, død 1751. Gift 2) med Ranveig Hansdr. (Herigstad 28 a.). Den 13/3 1724 fekk han byksel på 8 spand i Vetteland frå Knut Bjørnson etter Ola Pederson og er førd der i 1730 og 1745. Seinare på Herigstad. Barn i første gifte:

- a. Anna, f. 8/4 1726, død 1741.
- b. Torborg, f. 25/1 1728.
- c. Torborg, f. 15/5 1729.
- d. Peder, f. 4/3 1731.
- e. Åsa, f. 7/2 1732.

23. Ola Johannesson (Kverme 12 b.) fødd 1682, død 10/9 1730. Gift 6/3 1712 med Gitlaug Karlsdr. (Fuglestad 8 b.) fødd 15/3 1688. Han hadde budd på Haugland i Varhaug før han kring 1720 kom til Vetteland (sjå Haugland i Varh. 8). Her skal me ta med ei sak som eg ikkje har vore merksam på før: "Anno 5 Martj 1731. Johannes Qverme indstefnt Gitlev Vetteland for 8 Rdr. 3 Ort 16 sk. Hun paa sit skifte efter sin sal. mand fragaar at være hannem skyldig. Paa Gitlev Vettelands vegne møtte hendes søn Peder Hadland, som frembrakte sin moders ord, at hun gandske iche vidste at være disse 8 Rdr. 3 ort 16 sk. skyldig, men vel tilstod at have i det høyeste oppbaaret af citanten meel og korn for 2 Rdr." Etter dette måtte Gitlaug Karlsdr. hatt ein son Peder Hadland i eit tidligere gifte, eller kva?

24. Elias Olson (Herigstad 31 c.) måtte vore bror til 22. Han var fødd kring 1699, truleg død på (Håland i Varhaug 17). Gift med Malena Simonsdotter (Bø i Nærbø 36 d.). Den 13/7 1733 fekk han byksel på 8 spand i Vetteland av Peder Ørjanson, som då budde på Hadland. Elias er ikkje nemnd i futerekneskapen på Vetteland. Han kom seinare til Åen under Håland i Varhaug, og enkja vart gift med Ola Endreson Auglend Søre i Time.

25. Stig Sjurson, var nok son til Sjur (Siver) Nilsson Gjeidreim i Bjerkreim (sjå mantall 1701). Han var fødd kring 1693, død 23/12 1758, skifte etter han 17/8 1759. Gift 9/2 1721 med Joron Pedersdotter Holmen, fødd kring 1708. Han heitte Stig Eikeland under Holmen då han var gift, og budde der til kring 1740, då han kom til Vetteland. I Tingboka under 10/7 1760 finn me: "SkiftebreVet efter afgangne Stig (Svendsen) Wetteland, forrettet dend 19de Augustj 1759. Hvorudj stærvboet er bleven til

indtægt beregnet 4 spand jordegods udj gaarden Wetteland, som er vurderet for 18 Rdr. Og er derom tilført Pantebogen extract.”

Stig Sjurson er førd i futerekneskapen med 8 spand, som Tolleiv Ørjanson (16 d.) hadde brukt, men var reist frå Wetteland (?) til Gausland. Der er nemnde 7 barn, men berre 1 var f. på Wetteland, dei andre på Eikeland, Holmen:

- a. Anna, f. 17/1 1723, g. m. Johannes Hansson Buarskog.
- b. Joron, f. 9/9 1725, g. m. Jens Pederson Wetteland (27).
- c. Berit, f. 29/9 1728, g. 1750 m. Klaus Toreson.
- d. Ingeborg, f. 2/9 1731, g. m. Erik Størkardson (29).
- e. Inger, f. 3/6 1734, g. 1793 m. Tore Simonson (Fuglestad 24).
- f. Berit, f. 16/9 1736.
- g. Sivert, f. på Wetteland 10/5 1744 (Haugstad 32).

Enkja etter Peder Ørjanson sat i oppsett hjå Stig i 1758.

26. Halvard Johannesson er førd med 8 spand 1746/1749 etter nr. 22. I 1750 er han borte, og eg veit ikkje meir om han.

27. Jens Pederson (20 f.) fødd 25/11 1724, død etter 1799, men kyrkjeboka seier ikkje noko om det. Han var gift 12/6 1753 med Joron Stigsdotter (25 b.) fødd 9/9 1725, død 12/7 1817, 102 år gml. (Ho var nok berre 92 år, men det var heller ikkje så lite.) Asbjørn Olson Varden og Gjermund Olson Aniksdal var giftevitne (sjå 17 e. og f.). Jens Pederson fekk skjøte frå foreldrene på 8 spand i 1757, ”mod at de gamle nuder frie fødsel paa gaarden”. I 1799 heldt han skifte med barna, og er ikkje nemnd sidan. Dei hadde 7 barn:

- a. Peder Jensson Wetteland, f. 21/1 1754 (31).
- b. Nils Jensson, f. 19/10 1755 (Haug-seng 6).
- c. Anna Malena, f. 16/12 1759, g. m. Lars T. (Matingsdal 18).
- d. Joron, f. 25/7 1762, g. m. enk. Hans Olson Hadland.
- e. Torger Jensson Wetteland, f. 17/10 1757 (32).
- f. Jens, f. 1766, død s. å.
- g. Jens, f. 1768, død 1776.

28. Styrkard Erikson (Stokkeland 18) døde på Wetteland 29/8 1773. Han er førd der med 8 spand frå 1750, etter nr. 26, og budde der til han døde. Han hadde byksla dei 8 spand av Knud Bjørnson i 1748.

29. Erik Størkardson (Stokkeland 18 c.) fødd 1732. Gift 5/6 1759 med Ingeborg Stigsdotter (25 d.) fødd 2/9 1731, død kring 1763. Gift 2) kring 1766 med Marta Mortensdotter (Bø 19 e.) fødd 25/3 1733. Erik byksla 3 (8?) spand av Karen Bjømsdtr. og sal. Hiorths Margreta i 1759, etter faren, 28. I 1772 er der berre 2 brukarar på Wetteland, Jens Pederson og Erik Størkardson, med 12 spand kvar, og dei er då sjølveigarar. Erik hadde 2 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Stig Erikson, f. 30/12 1759, g. 1788 m. Karen Kristoffersdtr. Ognå frå Heigrestad, budde på Heigrestad.
- b. Joron, f. 10/11 1761, g. m. Henrik Henrikson (Ueland 11 f.). Budde på Gjermestad i Eigersund i 1801.
- c. Malena, f. 29/1 1769.
- d. Johanna, f. 28/11 1773.
(Truleg var der ei Ingeborg?)

Erik og Marit budde hjå sonen på Heigrestad i 1801.

30. Kristoffer Mikkelsen, son til Mikkel Kristofferson Hustoft i Bjerkreim og Malena Torgersdtr., f. Kløgetveit. Han var fødd 26/7 1744, død på Njå i Time 23/9 1826. Gift 28/3 1772 med Gjertrud Gardsdotter, fødd på Heigrestad 6/4 1752, død på Njå 21/11 1846, dotter til Gard Nilsson frå Tysland i Bjerkreim, busett på Heigrestad, og Eli Pedersdtr., f. Abeland. I 1769 kjøpte Kristoffer 12 spand i Wetteland av Erik Størkardson med skjøte dat. 6/11, og Erik har truleg flytta til Heigrestad. Kristoffer Mikkelsen sine barn:

- a. Malena, f. 11/7 1773, g. m. Lars Knutson Bue (Herredsvela 28).
- b. Mikkel, f. 23/4 1775, død 31/10 1778.
- c. Gabriel Kristofferson, f. 25/5 1777 (Håland, Varhaug 39).
- d. Elen, f. 1/8 1779, g. m. Peder Johannesson (Sandve 17).
- e. Mikkel Kristofferson Åsland, f. 22/4 1781, g. m. Guri Ådnesdtr. Frøyland, var handelsmann i Stavanger.
- f. Kristoffer Kristofferson Åsland, f. 11/1 1784, g. m. Marta Maria Gunnarsdtr. Åsland.
- g. Torsten Kristofferson Wetteland (33).
- h. Gjertrud, f. 28/10 1787, g. m. Lars Pederson (Aniksdal 47).
- i. Tore Kristofferson Njå, f. 14/3 1790. g. 1) m. Malena Tolleivsdtr. Njå. g. 2) m. Sofia Sørensdtr. Håland.
- j. Torger, f. 28/4 1793, dod s. å.
- k. Torger Kristofferson Wetteland, f. 29/11 1795, g. m. Kristine Karine Torgersdtr. Nedrebø. Han var bøkker og brennevinshandlar i Stavanger.

l. Nils Kristofferson, f. 6/5 1798, død 22/2 1801.

31. Peder Jensson (27 a.) fødd 21/1 1754, død 11/9 1791. Gift 29/1 1786 med Berta Gunnarsdotter (Herredsvela 23 d.) fødd 20/6 1762. (Gift 2) m. enk. Peder Tollakson Ognå 55.) Han er førd i 1789 med 12 spand etter faren. 2 barn:

- a. Joron, f. 19/2 1786, død 1791.
- b. Joron, f. 4/12 1791.

32. Torger Jensson (27 e.) fødd 17/10 1757, død 20/6 1828. Gift 16/10 1797 med Anna Pedersdotter (Eikeland Aua 15 h.) fødd 26/1 1777, død 15/1 1843. Han tok over 12 spand etter broren, 31, i 1791 og er førd til 1828. Dei fekk 7 barn:

- a. Joron, f. 30/9 1798, død 1799.
- b. Joron, f. 1/12 1799, g. m. Lars Erikson (39).
- c. Jens, f. 12/9 1802, død 2/5 1875, ugift.
- d. Peder Torgerson, f. 26/1 1806 (38).
- (e. Ola?)
- f. Anna, f. 30/5 1813, til Madla i 1868.
- g. Talette, f. 24/12 1816, g. m. Tormod Tormodson (51).
- h. Tala, f. 1810, g. 1847 m. Jonas Gjermundson (Sør-Tjemsland, Varhaug 44).

33. Torsten Kristofferson (30 g.) fødd 26/3 1786. Gift 24/2 1814 med Johanna Jakobsdotter (Lintjørn 17 c.) fødd 29/3 1795. Torsten var skulelærer, og budde ei tid på Vetteland. Seinare skulte han i Eigersund og så i Kristiansand. Det er uvisst om han brukte Vetteland, eller om han budde der som inderst. Eit barn fødd der:

- a. Gjertrud, f. 31/8 1819.

34. Gabriel Kristofferson (30 c.) bror til Torsten. Fødd 25/5 1777. Gift 25/2 1814 med Elen Pedersdotter Håland i Varhaug, fødd 1789. Han tok over 12 spand etter faren, og er førd i futerekneskapen frå 1817 til 1820, då han flytta til (Håland 39). 1 son f. på Vetteland:

- a. Kristoffer, f. 6/8 1815, g. i Høyland 1853 m. Grete Toresdr. Vagle.

Etter Gabriel kjem 3 som brukar denne parten frå 1823/26:

35. Tønnes Møller førd med 6 spand 1823/26.

35B. Abraham Salveson førd med 6 spand 1823/26.

35C. Gunnar Mathiasson med 12 spand 1823/26.

Deretter kjem ei ny ætt til Vetteland på denne parten:

36. Tormod Ivarson var vel son til Ivar Tormodson Vasbø og Birte Jonsdr., f. Lanes. Fødd 13/5 1779, død 28/6 1856. Gift i Bjerkreim 26/6 1804 med Inger Fanuelsdr., fødd 24/3 1785, død på Brekke i Høle 25/2 1810, dotter til Fanuel Eilevson Maudal og Siri Ivarsdr., f. Maudal. Han heitte Brekke då han gifta seg. Gift 2) i Helleland 17/10 1811 med Inger Jonsdr., fødd 1792, dotter til Jon Børildson Hovland og Eli Torgersdr., f. Vinningland. Tormod Ivarson er førd på denne parten med 12 spand etter Gunnar Mathiasson, frå 1826 og etter det står Ivar Tormonson. Ingen barn fødte i Ognå. Barn:

- a. Ivar, f. 11/5 1805 (37).
- b. Fanuel, f. 12/4 1807 (40).
- c. Jonas, f. kring 1813 (77).
- d. Tormond, f. på Hovland 30/5 1817 (51).
- e. Tønnes, f. kring 1815 (78).

36B. Tormod Jensson Birkeland og Inger Josefsdr. Ukjende folk, eller er det feil skrive for Tormod Ivarson og Inger Jonsdr. (36)? Barn fødte i Ognå:

- a. Berta, f. 16/4 1825.
- b. Elen, f. 18/12 1829.
- c. Elen, f. 14/6 1831.
- d. Anna Gurina, f. 16/1 1835.
- e. Josef, f. 19/4 1838.

37. Ivar Tormonson (36 a.) er førd etter faren med 12 spand i 1830. Fødd på Giljabrekko i Høle 11/5 1805. Gift 31/5 1834 med Berta Bjømsdr. frå Jørpelandsdalen, fødd kring 1805, og flytta til Strand i 1834.

38. Peder Torgerson (32 d.) fødd 26/1 1806, død 1892. Gift 12/12 1833 med Ingeborg Toresdotter Sviland i Høyland, fødd 1810, død 23/8 1858, dotter til Tore Larson Sviland og Joren Torgersdr. Han tok over 6 spand, halve farsgarden. 6 barn er nemnde:

- a. Ane, f. 1834, g. m. Daniel Tolleivson (N-Hetland 51).
- b. Jorina, f. 26/6 1836, død 23/12 1932, ugift.
- c. Torger Pederson, f. 19/8 1841 (41).
- d. Ingeborg, f. 12/7 1844, død 15/1 1899, ei dtr. Theoline Maria, f. 14/11 1883.
- e. Theodora, f. 15/8 1849, g. m. Anders Larsson (42).

f. Judithe, f. 8/5 1853, g. m. (Peder Moi?) Bjerkreim.

39. Lars Erikson (Næsheim, Nærbø 71 d.) fødd i Time 1795, død 8/4 1872. Gift 8/6 1824 med Joron Torgersdotter (32 b.) fødd 1/12 1799, død 26/10 1860. Han tok over dei andre 6 spand etter nr. 32. 9 barn er nemnde:

- Torger Larsson, f. 3/3 1825 (sjå Herigstad, Varh. 62).
- Ole Johannes, f. 9/5 1821 (64).
- Johanna, f. 1828.
- Anna Elisabet, f. 5/2 1833, g. m. Enok Andersen, Klepp.
- Elen, f. 2/7 1836.
- Erik, f. 28/7 1837 (sjå Fuglestad 50).
- Lars, f. 30/11 1839.
- Lars, f. 10/10 1841.
- Lars, f. 14/7 1845.

40. Fanuel Tormonson (36 b.) fødd i Strand 12/4 1807, død 1884. Gift (1838?) med Torgjerd Svalesdotter, fødd i Bjerkreim 27/6 1816, død 25/1 1857, dotter til Svale Svaleson Veen, f. Maudal og Inger Sigbjømsdtr. Kalveskog. Gift 2) 22/11 1857 med Guri Svalesdotter (Fuglestad 42 a.) fødd 1/8 1835. Han tok over 12 spand etter faren, eller kanskje broren (37) og er førd der 1838, 1850 og 1875. I 1875 står at han var fødd på Tonstad i Sirdal. Annan stad får me vita at han var frå Brekke i Høle? Han hadde 7 barn i første gifte og 1 i andre:

- Svale, f. 1839 på Maudal, død 7/11 1869 i Bjerkreim.
- Fanuel, f. 26/6 1841.
- Inger Serina, f. 1842, g. m. Johannes Johannesson (44).
- Fanuel Fanuelson, f. 1/11 1845 (sjå Haugstad 53).
- Severin Malakias, f. 8/4 1848 (45).
- Fanuel d. y., f. 23/6 1851 (63).
- Jonas Tobias, f. 2/10 1853, budde i Stavanger.
- Svale, f. 28/7 1858, budde i Stavanger. Dei flytta seinare til Stavanger og fekk visst fleire barn der.

41. Torger Pederson (38 c.) fødd 19/8 1841, død 23/9 1905. Gift 8/7 1871 med Olina Nilsdotter (Fuglestad 36 m.) fødd 1852. Tok over bnr. 3 etter faren, men flytta visst seinare til Sveinsvarden. Barn:

- Peder, f. 3/6 1872, g. m. Anna.
- Josefine, f. 4/12 1875, g. m. Ole Johan Fuglestad (Fuglestad 53 b.).
- Gurina Pauline, f. 25/7 1878, g. m. Karl Kyllevig, Sandnes.

d. Nikolina Maria, f. 10/11 1881, død 2/8 1889.

e. Peder, f. 2/4 1884, reist til Amerika.

f. Torger, f. 22/1 1887.

g. Olina, f. 1/6 1889.

h. Nikolina Malena, f. 1891, død 1904.

42. Anders Larsson (Fuglestad 41) fødd 1842, død 1889, tok over bnr. 3 etter 41, men budde visst seinare på Fosfjell. Han var gift 2) med Theodora Pedersdotter, fødd 1849, død 1928, som var søster til 41, og dei fekk 6 barn:

- Sergine Tomine, f. 25/1 1876, g. m. Otto Henrikson. Budde i U.S.A.
- Peder, f. 8/1 1880.
- Adolf, f. 25/5 1882, gift og budde i Australia.
- Tønnes, f. 10/8 1884.
- Ingeborg Maria, f. 5/12 1886, g. m. Gustav Adolf Aarrestad (sjå Ogna 79).
- Theodor Amandius, f. 16/3 1889, død 4/2 1906, ugift.

43. Omund Villadson (Ueland, Varhaug 51 d.) fødd 7/9 1819. Gift 1850 med Malena Larsdotter (Bø, Nærbø 79 b.). Budde på Rollen av Vetteland i 1851, der eit barn var fødd:

- Berta Malena Valette, f. 15/2 1851.

44. Johannes Johannesson (Eikeland 12 d.). Gift 5/6 1867 med Inger Serina Fanuelsdotter (40 c.) fødd 1842. Han brukte halve parten av Fanuel Tormonson sin part, men flytta til Haugseng i 1877 (Haugsgeng 12).

45. Severin Malakias Fanuelson (40 e.) fødd 8/4 1848, død 29/8 1923. Gift 26/10 1869 med Valborg Omundsdotter, fødd i Bjerkreim 28/4 1846, død 4/3 1905, dotter til Omund Pederson Gravdal og Inger Torkelsdtr. Han tok over halve bruket etter faren. Budde seinare på Rollen. Barn:

- Inger, f. 6/6 1872, g. m. Enok Ellingson Hovdavnoll (sjå Fuglestad 100).
- Fanuel Vetteland, f. 24/12 1874, død 23/9 1954, ugift.
- Torgjerd, f. 8/6 1877, g. m. Gabriel Larsson (69).
- Olina, f. 1880. død 16/8 1962. Ein son: Sem Eilevson, f. 21/5 1905.
- Severine, f. 4/2 1887, død 6/3 1953. ugift i Eigersund.

Andre som budde på Vetteland i 1875:

47. Erik Ellingson var frå Fløymeland i Time. Fødd i Bjerkreim 5/1 1840. son til

Elling Kristofferson Tjåland og Gunhild Eriksdtr., f. Ognedal. Gift 8/7 1862 med Guri Larsdotter Myrane av Undheim. Han budde på bnr. 1 i 1875. Budde seinare på (Stavnheim 50B). 2 barn, begge f. i Time:

- Lisa Gurina, f. 1864, g. m. Anders Henrikson (Hadland 38).
- Elling Erikson, f. 1866, budde på Stavnheim, ugift.

48. Kristian Larsson, fødd i Oгна **1827**, men er ikkje i Kyrkjeboka. Gift med Guri Halvardsdotter frå Hinderå i Nedstrand, fødd **1836**. Budde på Rollen i **1875**.

49. Henrik Erikson (Voll 71 b.) fødd 9/7 1823, død 13/1 1917 (dansar-Henrik). Gift 1) 16/3 1853 med Elisabet Svalesdotter (Mjølhus 8 g.) fødd 27/1 1830, død 12/11 1900. Gift 2) 30/4 1902 med Berta Serina Ingebretsdtr. (N-Halleland 34 a.). Budde på Rollen i 1875. Barn:

- Eilert, f. 19/8 1853, død 1876.
- Anna Elisabet, f. på Fuglestad 18/3 1861.
- Marta, f. på Vetteland 28/3 1865.
- Sivert Henrikson, f. på Vetteland 13/9 1868 (Grønnefed, Oгна 61).
- Henrik Johan, f. 7/5 1872, g. m. Elen Kristina Bø (37 a.). Reist til Amerika.

50. Ole Andreas Ånundson, fødd i Liknes 1840, son til Ånund? Gift 23/12 1867 med Guri Andersdotter Bogsdalen, fødd 9/10 1836 (sjå Veggeberg 2 b.). Budde på Varden av Vetteland og var sjølveigar i 1875. Barn:

- Andreas Martin, f. på Lintjørn 12/4 1870.
- Andreas, f. 23/7 1876 (sjå Mjølhus 14).

51. Tormon Tormonson (36 d.) fødd Hovland i Helleland 30/5 1817, død 4/6 1901. Gift 9/1 1845 med Taletta Torgersdotter (32 g.) fødd 24/12 1816, død 28/10 1890. Han budde på Åsane. 3 barn:

- Torger, f. 23/11 1845, død 1847.
- Torger Vetteland, f. 15/2 1847 (52).
- Inger Alette, f. 12/12 1855, g. m. Tønnes Mathiasson (53).

52. Torger Tormonson (51 b.) fødd 15/2 1847. Gift 28/10 1877 med Gunhild Olsdotter Gravdal, fødd i Bjerkreim 10/11 1850, dotter til Ola Pederson og Guri Olsdtr. Gravdal. Han budde på Åsane til 1899, då han flytta til Egersund. Barn:

- Thormund, f. 25/2 1881.
- Ole, f. 14/9 1883.
- Guri Taletta, f. 11/9 1884.

- Tomine, f. 19/2 1887.
- Ole, f. 16/11 1889, død 14/8 1890.
- Ole, f. 22/11 1891.

53. Tønnes Mikal Tore-Mathiasson (Bogsdalen 16 c.) fødd 31/1 1858. Gift 27/10 1877 med Inger Alette Tormonsdotter (51 c.) fødd 12/12 1855. Han budde visst på Vetteland, men er komen til Oгна i 1890 og er då kalla handelsmann. I 1895 reiste dei til Stavanger. Der er nemnde 5 barn:

- Berthine, f. på Bogsdalen 9/8 1879.
- Tomine, f. (1885?).
- Maria, f. (1888?).
- Tilla Mikala, f. 6/5 1890, til Amerika.
- Thea, f. 20/12 1892, til Amerika.

54. Jakob Nilsson Haugseng (Haugseng 13) budde på Åsane i 1906.

55. Nils Jakobson (Haugseng 13 d.) fødd 16/10 1885, død 21/1 1909. Gift 1907 med Maria Olsdotter Gravdal, fødd i Bjerkreim 24/6 1884. Dotter til Ola Tolleivson og Malena Nilsdtr. Han budde på Åsane. Barn:

- Jakob, f. 27/9 1907, g. m. Sally Gjersdal (N-Hetland 68 c.). Bur på Lura.
- Nelius, f. 15/7 1909 (Brusand 26).

56. Ola Olson Gravdal, fødd 7/5 1879 i Bjerkreim, død 1915, bror til kona åt 55. Budde på Åsane etter 55. Gift 1901 med Guri Gabrielsdtr. (Risnes 6 a.) fødd 1881. Flytta til Vigrestad etter Ola var død. Barn:

- Ingeborg Amalie, f. 27/10 1905, g. m. Lars Sæland Vigrestad.
- Ole, f. 11/7 1912, g. m. Rut Haver. Bur på Vigrestad.
- Jonas, f. 11/7 1914, g. m. Guri Årslund.
- Gerhard, f. 1/9 1909, g. m. Malena Olava (Sandve 31 a.).

57. Sivert Sivertson (Matingsdal 22 f.) fødd 29/5 1877, død 6/6 1934. Gift 1911 med Maria Olsdtr. Gravdal, enkja etter nr. 55, død 24/4 1958. Budde på Åsane. Barn:

- Sigfrid Johanna, f. 1912, død 1920.
- Malena Olava, f. 16/7 1914, g. m. Ole Gunvaldsen Eikeskog.
- Sigrid Josefa, f. 16/11 1915, g. m. Einar Oltedal. Bur på Sandnes.
- Jørgen, f. 4/8 1918.(58).
- Sigbjørn Johannes, f. 23/7 1921, g. m. Agnes Åse.

58. Jørgen Sivertson Matingsdal (57 d.) fødd 4/8 1918. Han tok over Åsane bnr. 3 i 1947.

59. Jonas Larsson, son til 46. Fødd 23/3 1868, død på Skretting 18/12 1954. Gift 1895 med Karen Alette Vilhelmsdotter (Vålandsengen, N-Hetland 84 c.) fødd 25/4 1872. Han var på Vettelund, visstnok på parten etter 46 og 47, men flytta til Skretting i 1900 (sjå der 134). 2 barn f. på Vettelund:

- a. Lukas, f. 14/8 1896, g. m. Bertine Bore, bur på Tjøtta.
- b. Vilhelm, f. 24/4 1898 (Skretting 152).

60. Torger Sivertson (sjå N-Hetland 49) budde på Vettelund, bnr. 2, til 1902, då han flytta til Ogna.

61. Edvard Johan Jeremiasson (Egren 27 a.) fødd 1873, død 22/12 1943. Gift 1904 med Karen Olina Sivertsdotter (Egren 26 c.) fødd 2/4 1878. Han tok over bnr. 2 etter nr. 60 i 1902. Barn:

- a. Johan, f. 30/6 1905.
- b. Ragnhild, f. 15/7 1907, død 9/7 1973.
- c. Sivert Vettelund, f. 11/5 1909 (62).
- d. Olina, f. 11/2 1911, død 31/12 1965, ugift.
- e. Edvard, f. 6/12 1912, g. m. Ingeborg Egeland. Bur i Sirdal.
- f. Karen Olina, f. 7/5 1919, g. m. Rasmus Johnsen Dahle, Klepp.

Edvard Johan kjøpte bruket i 1905 av Johannes Sandve, som hadde kjøpt det i 1880.

62. Sivert Vettelund (61 c.) fødd 11/5 1909. Tok over bnr. 2 i 1943.

63. Fanuel Fanuelson (40 f.) fødd 23/6 1851, død 4/10 1921. Gift 7/6 1875 med Johanna Ellingsdr. (Fuglestad 65 g.) fødd 7/12 1852, død 13/1 1940. Han budde på bnr. 11 Rodlå, som var ein part av det som nr. 48 brukte i 1875. Fanuel er førd der i 1900 og 1906. Barn:

- a. Fanuel, f. 18/10 1877 på Ægren, død 27/11 1904.
- b. Tomine, f. 4/1 1881 på Vettelund.
- c. Enevald, f. 22/3 1884, skomakar i Stavanger.
- d. Judithe, f. 4/10 1887, reist til Amerika.
- e. Johan, f. 21/10 1891, reist til Amerika.
- f. Fardine, f. 8/10 1896, g. m. Jon Andreasson Steinsland, Time.

Jon Steinsland kjøpte bnr. 11, og selde att til Tolleiv Jensson Brådet (Fuglestad 96) i 1926. Der er førde 3 bnr. på Rodlå i 1900, 8, 9 og 11. På bnr. 8 budde Severin Fanuelson, på bnr. 9 Gabriel Olson og på bnr. 11 Fanuel Fanuelson.

64. Ole Johannes Larsson (39 b.) fødd 9/5 1821, død 28/10 1890. Gift 31/10 1870 med Tonette Gunleivsdtr., f. Osen i Tonstad i 1846, død 1920. Ho var søster til kona hans Knut Johanneson Lintjörn. Budde på Rodlå bnr. 9. Barn:

- a. Gabriel, f. 4/5 1871 (65).
- b. Johan, f. 2/9 1873. Budde i Vikadal.
- c. Alfred, f. 25/5 1881, død 26/5 1953.

65. Gabriel Olson (64 a.) fødd 4/5 1871, død 30/1 1940. Gift med Kristina Pedersdr. (Homse 3 g.) fødd 28/11 1892, død 1920. Han budde på bnr. 9. Barn:

- a. Otelia, f. 19/3 1909, g. m. Betuel Serigstad.
- b. Peder, f. 19/2 1911.

67. Sigvard Gabrielson Matingsdal (Matingsdal 30 c.) fødd 21/2 1895. Gift med Kristine Olsdr. Skjelde, fødd på Utsira 23/4 1901. Dotter til Ola og Tomine Skjelde. Han tok over Rodlå bnr. 9 i 1945. Barn:

- a. Mary, f. 7/11 1922, g. m. Peder Fuglestad (Fuglestad 98).
- b. Tordis, f. 3/3 1924, g. m. Olaf Fuglestad (Brusand 33).
- c. Hjørdis, f. 6/1 1926, g. m. Livar Kvalbein (Kvalbein 41).
- d. Klara, f. 19/2 1927, g. m. Gabriel Sandve (Brusand 36).
- e. Olga, f. 12/7 1929, g. m. Karl Saltveit. Bur på Karmøy.
- f. Gudrun, f. 2/11 1934, g. m. Odd Garmann Ege (Herikstad i Varh. 77).

68. Lars Jensson (Matingsdal 24) fødd 7/4 1828, død 21/12 1915. Gift i Nærbø 22/12 1866 med Elen Gabrielsdr. (Høiland i Nærbø 85 b.) død 7/1 1913. Han budde på Skoralaget på Vettelund, som var under bnr. 5/6/10. Om barna (sjå Matingsdal 24).

69. Gabriel Larsson (68 c.) fødd på Matingsdal 10/7 1871, død 14/10 1911. Gift 1899 med Torgjerd Severinsdr. (45 c.) fødd 8/6 1877, død 23/5 1924. Han budde på Skoralaget samstundes med faren i 1900, seinare på Sveinsvarden. Barn:

- a. Lars, f. 12/11 1899, gift i Eigersund med Sigrid Rødland.
- b. Sigurd, f. 24/10 1901, død 1903.
- c. Elen Kirstina, f. 24/4 1904, død s. å.
- d. Valethe, f. 1905, g. m. Tomas Tjøsvoll, Åkra.
- e. Emma, f. 27/4 1907. Bur i Egersund.
- f. Sina, f. 4/5 1908, g. m. Leif Thidesen, Sandnes.
- g. Tora, f. 18/5 1911, g. m. David Dahl, Vedavågen.

70. Johannes Johanneson Sandve (Sandve 24) kjøpte Vetteland bnr. 1 og 5 og dreiv garden med forpaktarar. Me skal ta med nokre:

70B. Broren, **Kristoffer** er nemnd som brukar. Han døde i 1881.

70C. **Lars Larson Åsen** forpakta bnr. 5 frå 1893. Han var son til Lars Omundson Åsen i Bjerkreim og Marta Klausdr. Hegelstad. Dei flytta til Bjerkreim i 1899.

70D. Peder Elias Torgerson (N-Hetland 49 c.) fødd 23/8 1872, død på Oгна 5/3 1903. Gift med Anna Larsdr. Åsen, dotter til (70C) fødd 22/8 1879, død på Bø 17/10 1963. Han flytta til Oгна kring 1902. Ho flytta som enkja til Bø i 1922. Barn:

- a. Grete, f. 12/7 1898.
- b. Torger Hermann, f. 1/1 1900, død 29/6 1940.
- c. Marta, f. 30/4 1902, g. m. Omund Torgerson Bø (Bø 40 b.). Bur på (Vigrestad 88).
- d. Agate, f. 26/5 1908, g. m. Hans Vinningland, Bjerkreim.
- e. Leif, f. 13/3 1914, bur på Nærbø.
- f. Ingrid, f. 5/4 1917, g. m. Abraham Bøe (Bø 49).

70E. Retsius Hegelstad, fødd i Bjerkreim 22/11 1872. Han forpakta bnr. 5 etter 1903.

70F. Nils Nilsson (Fuglestad 39 e.) fødd 25/10 1863. Gift 1894 med Taletta Tønnesdr. (Øvrebø 35 a.) fødd 1862. Forpakta bnr. 5. Flytta seinare til Voll i Varhaug. Barn:

- a. Nikolai, f. 25/3 1895 (sjå Haugstad i Varh. 66).
- b. Inga Maria, f. 24/7 1897, g. m. Tom Malmein.
- c. Gustava, f. 15/1 1900, g. m. Kristian Abrahamsen.
- d. Trygve, f. 30/5 1903, g. m. Inga P. Sandsmark.

70G. Gustav Eliasson (Herredsvela 47 e.) fødd 8/10 1887, død 26/6 1966. Gift 1915 med Kirsten Maria Larsdr. (Bø 38 b.) fødd 12/11 1887, død 29/12 1924. Gift 2) med Johanna Tollefsdr. Ueland i Varhaug, fødd den 28/9 1897. Foreldre Tollef Tollakson og Anna Svendsdr. (Ueland i Varh. 79 e.). Han hadde bnr. 5. 5 barn i første og 3 i andre gifte:

- a. Elfrid, f. 13/3 1916. Bur i Stavanger.
- b. Kristina, f. 12/3 1919, g. m. Orvar Ohm. Bur i Gøteborg.

- c. Lars Bø, f. 12/6 1921 (80D).
- d. Gerd, f. 2/3 1924, g. m. Anker Tjensvoll. Bur på Sandnes.
- e. Målfrid, f. 2/3 1924, g. m. Sigvald Rygg. Bur på Randaberg.
- f. Agnes, f. 4/4 1929, g. m. Leif Øksnevad. Bur i Egersund.
- g. Ester, f. 4/11 1931, g. m. Henrik Fuglestad (80C).
- h. Torbjørg, f. 3/6 1935, g. m. Johan Opstad (Fuglestad 89).

Andre som har budd eller bur på Vetteland:

71. Jon Omundson Blåga frå Egen, var gift i Bjerkreim 22/1 1829 med Guri Nilsdotter Steinsland, fødd i Bjerkreim 2/9 1810, dotter til Nils Nilsson Berland, f. Steinsland og Kari Svensdr., f. Hytland. Han er nemnd på Vetteland, men budde vel helst på Hetland eller Fosfjell (sjå Hetland 82). Barn:

- a. Nils Andreas, f. 27/3 1835.
- b. Else Alette, f. 4/11 1838.

72. Jon Mortenson Skjæveland (sjå Djøseland, Varh. 31) fødd på Austrått i Høyland 1796. Gift 1823 med Elisabet Hansdotter Djøseland. Han hadde budd ymse stader då han i 1834 er komen til Vetteland, der 4 barn vart fødde;

- a. Jon, f. 14/5 1834, budde i Stavanger.
- b. Anna, f. 12/7 1838, g. m. enk. Tjølv Olson Austbø, Høyland.
- c. Lars, f. 27/9 1842, g. 1) m. ukjend, g. 2) i Stavanger 1879 m. Dorthea Larsen. Han var sjømann.
- d. Hanna, g. m. skipper Samuel Tunglund frå Strand. Ho var den namngjetne Tunglå i Søragedå, der ho dreiv vertshus.

73. Morten Erikson (skal vel vera Endreson). Han var frå Sokndal, fødd kring 1810. Gift med Sissel Torgersdotter, fødd kring 1810, død 15/8 1864. Han var husmann på Rodlå og levde i 1864. Ein son f. på Oгна:

74. Torger Mortenson, fødd 20/9 1841. Gift 27/6 1860 med Marta Serina Tønnesdotter, fødd i Klepp 28/7 1838, dotter til Tønnes Torkelson Anda og Marta Tolleivsdtr. Han var husmann på Vetteland i 1865. 2 barn nemnde:

- a. Enevald Bertinius, f. 30/8 1861.
- b. Sem, f. på Rodlå 21/7 1865.

75. Ole Johannes Olsson, var fødd i Lye kring 1827. Han var husmann på Vetteland

i 1865 og var skild frå kona. Det er uvisst kven han var og kona er ikkje nemnd.

76. Nils Anderson, son til Anders Nilson Steinsland i Bjerkreim (sjå Homse 1) og Anna Helena Gabrielsdtr. (Matingsdal 17 b.). Han var fødd 10/1 1808. Gift med Guri Tolleivsdtr. (Fuglestad 38 b.). Han var forpaktar på Vettelund i 1865, men er elles førd på Fuglestad under nr. 39.

77. Jonas Tormodson (36 c.) fødd i 1813. Han var på Vettelund i 1839 og 1843, då han hadde barn til dåpen. Han må ha vore gift 2 gonger. Då det første barnet vart døypt, heitte mora Ane Johannesdtr. Ho døde 18/1 1840, 26 år. Gift 2) i Time med Taletta Jonsdtr. (Gausland i Nærbø 16 a.). Barn:

- a. Inger, f. 6/3 1839.
- b. Tormund, f. 6/3 1843.
- c. Elen, f. 30/3 1845. Mora var Eli Mikkelsdtr. (Topdal 15 f.).

78. Tønnes Tormodsson (36 e.) fødd 1815. Han var soldat og ungar i 1841. Gift 15/6 1841 med Guri Svendsdtr., fødd i Helleland 1809, foreldre Sven Torgerson og Siri Tolleivsdtr. Øvre Omdal. Barn:

- a. Inger, f. 15/11 1846.

79. Laurits Fuglestad, fødd 19/4 1882, død 28/8 1965, son til Tobias Ellingson (Fuglestad 56 f.) og Bertha Elisabet Henriksdtr. (Ueland 16 g.). Gift 1) med Olufine Skjelbreid, fødd 19/8 1887, dotter til Henning og Birgitte Skjelbreid. Gift 2) med Martha Larsdtr. Øglænd (Gudmestad i Nærbø 50 a.). Han budde fleire stader før han kom til Øvregård bnr. 8. Barn:

- a. Rasmus, f. 24/3 1908 (Stokkeland 60).
- b. Henning, f. 30/4 1909 (80).
- c. Elling, f. 27/2 1911.
- d. Bergliot, f. 13/6 1912.
- e. Lars, f. 23/6 1914 (Fuglestad 104).
- f. Borgny, f. 13/3 1916, g. m. Olai Svela Bjerkreim.

80. Henning Fuglestad, fødd i Klepp 30/4 1909. Gift med Rakel Sikveland, fødd i Time 10/1 1914, dotter til Ingvald Martinius Sikveland på Undheim og Anna Larsdtr., f. Øglænd. Han har bnr. 8 etter faren. Barn:

- a. Leif Arne, f. 3/6 1946.

80B. Edvard Eliasson (Herredsvela 47 g.) fødd 26/1 1894. Gift med Anna Alette Torgersdtr. Bø (Bø 40 c.) fødd 20/2 1905.

Han kom til Høgeli bnr. 20 i 1942. Ein part av broren, nr. 70G, sitt bruk. Barn:

- a. Elias, f. 28/2 1929 (Bø 52).
- b. Torger, f. 16/9 1930 (Sandve 42).
- c. Elen, f. 17/3 1932, g. m. Johan Tjåland (Matingsdal 43).
- d. Olene, f. 12/12 1933, g. m. Egil Askelie. Bur på Sola.
- e. Ingar, f. 8/11 1935 (Bø 55).
- f. Egil, f. 5/11 1940, g. m. Anne Lise Bjørkeng.
- g. Arne, f. 22/9 1943, g. m. Anne Karin Elvestad.
- h. Harald, f. 10/10 1946.

80C. Henrik Fuglestad (Fuglestad 71 j.) fødd 20/6 1921. Gift 29/5 1954 med Ester Herredsvela (Vettaland 70G g.) fødd 4/11 1932. Bureiser på bnr. 21 og 22, kjøpt av verfare i 1957. Barn:

- a. Ole Gunnar, f. 3/5 1955.
- b. Paula Judith, f. 16/7 1956.
- c. Liv Venke, f. 4/9 1960.
- d. Helge Emil, f. 2/4 1965.
- e. Olaug, f. 30/5 1970.

80D. Lars Bø Herredsvela (70G c.) fødd 12/6 1921. Gift med Anvor Sirevåg, fødd i Klepp 15/10 1941. Foreldre Karl og Astrid Sirevåg (sjå Haver 61 d.). Han tok over etter faren i 1966.

Fossfjell av Vettelund:

81. Andreas Larson (Fuglestad og Vettelund). Budde på Fossfjell og døde der i 1889.

82. Jonas Jonasson Triluren (Sør-Tjemsland i Varh. 44) fødd 4/12 1848. Gift i Ognå 10/7 1876 med Rakel Johanne Gunnarsdtr. (Bø 36 a.). Budde på Fossfjell der 4 barn var fødd. Budde seinare på Sveine av Opstad og på Undheim. Barn:

- a. Marta Kristina, f. 16/4 1881. g. m. Severin Skårland.
- b. Johan Teodor. f. 24/12 1880.
- c. Gunder Johan. f. 8/11 1883. g. m. Gunhild Tjåland (85).
- d. Jonas, f. 9/2 1886, g. m. Gyda Lima.
- e. Rakel Johanne, f. 1889. Bur i Amerika, gift der.
- f. Anna, f. 20/2 1892. g. m. Erik Olsen Vigrestad (Voll i Varh. 177).
- g. Ingvald, f. 1896. g. m. Berte Sikveland.
- h. Arne Kornelius. f. 1899. g. m. Anna Salte.
- i. Torvald, f. 1902, g. m. Bergliot Rosland.

83. Johannes Tore-Matiasson (Bogsdalen 16 b.) fødd 21/10 1855. Gift i Varhaug 17/6 1886 med Anna Kirstine Jonasdr. (S-Tjemslan i Varh. 44 b.) fødd 12/2 1853, søster til nr. 82. Han budde på Fossfjell frå 1887 til 1893, då han flytta til Sandnes. Barn fødte på Fossfjell:

- a. Johan, f. 30/3 1887.
- b. Berta, f. 29/6 1889.
- c. Theodor Mattias, f. 15/5 1891.

84. David Hansson Fosfjell, son til Hans Danielson Tunheim og Valborg Torgersdr., f. Eidland i Gjesdal, fødd på Undheim 26/12 1860. Gift 1881 med Ingeborg Maria Eriksdr., fødd på Salen i Time 16/11 1858, dotter til Erik Svenson Eidland og Malena Svensdr. Sikveland. Dei budde på Fossfjell, og tok namn der ifrå. Budde seinare på Vigrestad (sjå Aniksdal i Varh. 63). Barn:

- a. Hans, f. 25/11 1882, g. m. Karen Svensdr. Sikveland. Budde på Undheim.
- b. Malena, f. 23/1 1886, g. m. Ivar Olsen (Topdal 24).
- c. Erling, f. 13/4 1889, g. m. Sina Serina Svensdr. Eidland. Budde i Montana.

85. Gunnar Johan Jonasson (82 c.) fødd 8/11 1883. Gift i 1911 med Gunhild Josefsdr. Tjåland, fødd 1893. Foreldre Josef og Maria Tjåland. Søster til (Mat-

ningsdal 39B). Budde på Fossfjell til 1919.

86. Martin Jensen Moen (Fuglestad 97) budde på Fossfjell i 1919 – 1921.

38. Gabriel Fanuelson, fødd i Gjesdal 1854, død 1891. Gift i Bjerkreim 7/11 1876 med Guri Torkelsdotter, fødd i Bjerkreim 11/12 1855, dotter til Torkel Larsson Fuglestad og Marta Olsdtr. Han kjøpte bnr. 1 i 1888 av Gabriel Torgerson. 4 barn f. på Fuglestad i Bjerkreim og 2 på Matingsdal:

- a. Mina Olava, f. 28/3 1878, g. m. Tønnes Lindal (Høiland 36).
- b. Melia, f. 11/9 1880, død ugift.
- c. Inger, f. 28/5 1883.

f. Fanuel, f. 6/10 1884.

e. Inger, f. 30/9 1888, død 1893.

f. Tomine Fredrikke, f. 1890, død 1891.

39. Jonas Nilsson Mellemstrand, fødd i Time 6/11 1861, son til Nils Jensson Mellemstrand og Guri Olsdtr., f. Varp. Gift 1892 med enkja etter 38, Guri Torkelsdtr. Han brukte bnr. 1 etter Gabriel Fanuelson i 1900 og 1906. Barn:

a. Gabriella Torgerda, f. 23/11 1893.

b. Gudrun Nilsine, f. 27/7 1897, g. m. Trygve Tjåland (39B).

39B. Trygve Tjåland, fødd i Time 14/3 1896, død 23/4 1966. Foreldre Josef Tolleivson Tjåland og Maria Tolleivsdtr. Undheim. Gift med Gudrun Nilsine Jonasdtr. (39 b.) fødd 27/7 1897. Han tok over bnr. 1 i 1924. Barn:

a. Jørgen, f. 6/8 1922, død 26/6 1956.

b. Gunda, f. 1/11 1927, g. m. Nils K. Sikveland (Topdal 27).

c. Johan, f. 30/7 1930 (43).

d. Toralf, f. 17/6 1932. Bur på Vigrestad.

40. Ingebret Tollakson Rånaheien (23 c.) fødd 3/10 1858, død 1932. Gift 18/5 1880 med Karen Alette Olsdtr. Eikeland, fødd i Bjerkreim 2/6 1851, død 1890. Foreldre Ola Olson og Karen Børildsdtr. Eikeland. Gift 2) i 1891 med Valborg Eriksdtr., fødd i Eigersund 1852, død 1923. Foreldre Erik Torgerson Nævland og Elisabet Pedersdtr., f. Gravidal. Han budde på Rånaheia av Matingsdal og Eikeland. 5 barn i første og 2 i andre gifte:

a. Tollef, f. 22/4 1881, g. m. Anna Bertine Østebø. Budde på Kverneland.

b. Karl Martin, f. 1/4 1883 (41).

c. Lars, f. 3/11 1884. Reist til Amerika, gift der.

d. Ingebret, f. 25/11 1886. Reist til Amerika. Ugift.

e. Albret Kornelius, f. 28/10 1888. Reist til Amerika, gift der.

f. Karen Alette, f. 12/4 1892, g. m. Martin Jenson Moen (Fuglestad 97).

g. Lise, f. 21/8 1894, g. m. Erik Svendson Høiland. Bur på Sandnes.

41. Karl Martin Ingebretson (40 b.) fødd 1/4 1883, død 21/9 1967. Gift 1907 med Olufine Olsdtr., fødd i Bjerkreim 1/1 1884, død 1944, dotter til Ola Torgerson Hetland i Bjerkreim og Anna Alette Nilsdtr., f. Eikeland. Ho var søster til Torger Olson (Bø 40). Dei budde på Rånaheia. Barn:

a. Ingebret, f. 8/10 1908, g. m. Gullborg Midtvåg. Bur på Bryne.

- b. Karen Alette, f. 13/3 1910. Ugift.
- c. Ole, f. 17/10 1911, g. m. Gudrun Salte (sjå Høyland i Nærbø 199).
- d. Karl K. M. Matingsdal, f. 7/10 1913 (42).
- e. Anna Amanda, f. 16/12 1914, g. m. Gerhard Serikstad. Bur på Bryne.
- f. Viktoria, f. 22/9 1917. Ugift.
- g. Olga, f. 10/10 1919, g. m. Tullin Johan (Matingsdal 32).
- h. Magna, f. 30/6 1925, g. m. Sverre Håland. Bur på Bryne.

42. Karl K. M. Matingsdal (41 d.) fødd 7/10 1913, død 4/11 1969. Gift med Inga Enoksdtr. (Fuglestad 100 f.) fødd 3/12 1908. Tok over Rånaheia bnr. 2 i 1941. Barn:

- a. Ingfrid, f. 7/6 1941, g. m. Willy Jess. Bur på Bryne.
- b. Olga Tordis, f. 20/6 1943, g. m. Kjell Døhl. Bur på Bryne.
- c. Kjell Magnus, f. 11/7 1946 (44).
- d. Eivi, f. 8/11 1950, g. m. Lars Karlson

(Voll i Varhaug 148 c.). Bur på Vigrestad.

43. Johan Tjåland (39B c.) fødd 30/7 1930, død 4/5 1971. Gift med Elen Herredsvela (Vettaland 80B c.) fødd 17/3 1932. Han var lastebilsjåfør. Barn:

- a. Torfinn, f. 28/3 1953 (45).

44. Kjell Magnus Matingsdal (42 c.) fødd 11/7 1946. Gift med Kari Joveig Lode, fødd 11/4 1948 i Nærbø. Foreldre Ivar og Nora Lode (Nærbø stasjon 128 d.). Overtok Rånaheia etter faren. Barn:

- a. Norun, f. 4/9 1969.
- b. Karl, f. 30/3 1971.

45. Torfinn Tjåland (43 a.) fødd 28/3 1953. Han tok over bnr. 1 i 1973. Gift med Oddveig Helga (32 h.) fødd 3/9 1954.

46. Karl Martin Matingsdal (32 g.) fødd 20/4 1953. Gift med Jorunn Vold. Overtok bnr. 21 i 1974.

*G.nr. 119. Tovdal
Topdal eller Toftdal*

Namnet er truleg samansett av topt eller tuft (tomt, hustomt) og dal.
Tovdal grenser mot sør og vest til Matingsdal og Aniksdal, mot nord til Time og mot aust til Risnes og Eigeland.
Jorda er morene, myr og fjell.

NAMNEREGISTER

1. Gidteleff Thofftdall
 2. Ingebrigt Toofftedal
 3. Lars Toffdal
 4. Peder Larsson
 5. Guttorm Toftdal
 6. Tormod Tovdal
 7. Lauritz Olson Mellomstrand
 8. Sven Olson Tovdal
 9. Ådne Pederson Kartevoll
 10. Tollak Tollakson Kartevoll
 11. Tollak Tollakson
 12. Roald Roaldson (Fuglestad?)
 13. Hans Antoniusson
 14. Gard Pederson Kartevoll
 15. Mikkell Pederson Røysland
 16. Morten Velleson Espeland
 17. Abraham Mikkelson
 18. Villas Jeremias Abrahamson
 19. Gabriel Abrahamson
 20. Peder Abrahamson
 21. Peder Ingvald Søyland
 22. Peder og Ingvald Martinius Sikveland
 23. Sven Kristianson Skårland
 24. Ivar Olson Mellemstrand
 25. Ola Ivarson Topdal
 26. Ivar O. Topdal
 27. Nils K. Sikveland
 28. Ingvald I. Søyland
 29. Trygve I. Søyland
 30. Lars Nesvik
 31. Ingvald Søyland
1. **Gidtleff Thofftdall** var husmann under Hårr i 1665, 56 år.

2. Ingebrigt Thofftedal. ”Anno 1685 dend 7de Decemb. steffndt Olle Egeland Øffue for 8 spand kom, hand effter førige forligelse schyldig er, som nu for Retten bleff beuisligt giort. Formente hand med omkostninger at betaile, huorom hand esched domb. Indsteffnte Olle Egeland møtte och ville iche sin førige forligelse vedstaa, uden huis Ougne Kirche da var bleffuen beloffuit, huilchet hannem iche kunde befij. Huorfor hermed for Rette affsiges, at bemte Olle Egeland bør fordrede 8 spand korn, med ald paagaende omkostning, om dommen med forzeiglede papir aarsages at tahes beschreffuit, at betaile inden 14 dager, eller ved namb och vurdering aff hans formue at udsøges, och ellers det førige Kirchen at fornøye under samme domb.”

Det er alt eg veit om Ingebrigt Thofftedal. Han hadde 2 søner:

- a. Niels, f. 27/12 (tredje juledag) 1675.
- b. Jon, f. 24/12 (julaftan) 1679.

3. Lars Tovdal hadde 2 barn til dåpen. Var kanskje gift med Berit Tovdal som døde i 1706, 66 år gml.? Barn:

- a. Peder Tovdal (sjå nr. 4).
- b. Karen, f. 29/7 1688.

4. Peder Larsson var husmann under Hårr i 1701. Fødd kring 1653, død på Varden 16/5 1710 (sjå Varden nr. 5). Gift med Marit Nilsdtr. Eikeland p.h., Bjerkreim. Ei dotter er nemnd:

- a. Berit, f. 11/3 1708, g. m. Tollak Tollakson (Herredsvela 20).

5. Guttorm Tovdal er nemnd i 1710 i samband med ein rettsak om eit skipsforlis ved Raunen. Truleg er han den same som er nemnd på (Eikeland 9) i 1705, og seinare på (Lindal nr. 5).

6. **Tormod Tovdal** hadde barn til dåpen:

a. Barbro, f. 22/4 1712.

7. **Lauritz Olson Mellemstrand** flytta til Thoffdal i Valle skipreide i 1714.

8. **Sven Olson Tovdal** (Aniksdal 14B b. og Vålandsengen 74 b.). Han er nemnd på Tovdal frå 1716 til han døde i 1740. Der var skifte etter han 5/3 1740. Gift med Kirsten Johannesdotter, som det ikkje har lukkast oss å identifisera. Ho var fødd kring 1688 og døde på Aniksdal i 1772. Etter Sven Olson vart ho g. m. Ådne Pederson (sjå 9). Han let etter seg 9 barn:

- a. Malena, f. 1716, g. m. Gullik Nilsson Ognedal, Bjerkreim.
- b. Helga, f. 1717, g. m. Torger Mortenson (sjå Stavnheim 24).
- c. Kirsten, f. 1720.
- d. Johannes, f. 1723 (sjå Hetland 24).
- e. Marit, f. 6/10 1726, død 6/8 1741.
- f. Kirsten d. y., f. 6/2 1729 (Egren 14).
- g. Ola, f. 6/1 1731.
- h. Johanna, f. 11/5 1732 (g. m. Ola Fosse?).
- i. Anna, f. 1734, tente på N-Halleland i 1758, og budde i Varhaug i 1772.

9. **Ådne Pederson** (sjå Hetland 23 og Aniksdal 37). Gift 1) 19/6 1740 med enkja etter Sven Olson, Kirsten Johannesdotter, død 1772. Han tok over Topdal etter Sven Olson og budde der til kring 1750, då han kjøpte Hetland. Det er likt til at han dreiv handel på Topdal, for den 23/11 1744 hadde futen "ladet indstevne Aad Toftdal at betale handels-skatt, aarlig 2 Rdr. for de aaringer hand samme har brugt, alt til doms liidelse efter loven. Indstefnte Aad Toftdal møtte, tilstod lovlig være stevnt, benægtede dog iche at have brugt handel. Og eftersom fogden formeente samme at kunde beviise, beroer sagen til næste ting".

10. **Tollak Tollakson** (sjå Herredsvela 20) kom til Topdal kring 1749, der han budde til 1761, då han flytta til (Aniksdal 35).

11. **Tollak Tollakson II** (10 b.) var fødd på Kartevoll i 1735, død på Litle Undheim 21/7 1814. Gift 14/6 1754 med Anna Omundsdotter (Eikeland 13 b.) fødd kring 1730, død på Litle Undheim 7/8 1814 hjå dottera Berit. Dei budde på Topdal til 1765, då dei flytta til Ueland i Varhaug (sjå der nr. 30). Dei hadde 4 barn som var fødde på Topdal:

a. Tollak, f. 22/12 1754 (død på Hatte-land i Klepp 1788?).

b. Berit, f. kring 1761, g. m. Sven Svenson Litle Undheim. Deira son var Tollak Svenson (Ueland, Ognå 19).

c. Omund Tollakson, f. 14/8 1763 (sjå Ueland, Varhaug 33).

d. Ola Tollakson, f. 16/5 1767 (sjå Ueland, Varhaug 34).

12. **Roald Roaldson**, var truleg son til Roald Svenson Fuglestad i Bjerkreim. Fødd 5/5 1715. Han var komen til Topdal i 1754 og flytta til Haugland i Varhaug i 1756. Han var gift med enkja etter Einar Torgierson Kydland i Gjesdal, Ingeborg Pedersdotter Kartevoll, søskenbarn til nr. 10. (Sjå meir om han på Haugland nr. 17.)

13. **Hans Antoniusson**, er nemnd på Toftdal frå 1771, og kom der vel etter nr. 11, som hadde vore etter nr. 12. Kven denne Hans Antoniusson var, veit eg ikkje. Faren skulle heita Antonius Torstenson og bu i Ognå, men det har eg ikkje funne noko løysing på. Hans må vera fødd kring 1730 og døde på N-Halleland i Varhaug 5/11 1796. Gift med Magnhild Rasmusdotter (Ueland i Varhaug 23 c.). Som Roald Roaldson flytta han til Ueland frå Toftdal, der han budde i 1758. Sjå meir om han der. Han må ha kome til Toftdal frå Ueland, når han var der så seint som i 1771. Ja, han byksla av dei Hårr i 1770.

14. **Gard Pederson**, son til Peder Gardson Kartevoll frå Tengesdal og Barbro Pedersdtr., f. Kartevoll. Fødd 1753, død på Skretting 26/3 1832. Gift 23/10 1785 med Anna Hansdotter Toftdal (13 b.) fødd 1759. Dei budde på Toftdal til 1797, då dei flytta til Skretting (sjå der 49). Han hadde byksla Toftdal av dei Hårr i 1788.

15. **Mikkel Pederson** byksla Toftdal av dei Hårr i 1795 etter nr. 14. Han var son til Peder Pederson Røysland frå Hytland i Bjerkreim og Siri Olsdtr., f. Bjordal. Fødd 29/9 1764, død 4/3 1855. Gift i Helleland 8/5 1789 med Helga Jakobsdotter, fødd 24/6 1764, død 10/6 1844, dotter til Jakob Ivarson Eikestad i Helleland og Brynhild Viljensdotter, f. Litle Svla. Dei fekk visst 7 barn:

- a. Sara, f. i Helleland 7/2 1789. på Eikestad, g. 1811 m. Morten Velleson Espeland i Bjerkreim (sjå nr. 16).
- b. Peder, f. på Eikestad 16/7 1791.
- c. Eli, f. i Bjerkreim 20/7 1794.
- d. Abraham Mikkelsen, f. på Toftdal 5/3 1797 (17).

- e. Marit, f. 13/1 1799, g. 1822 m. Tollak Olson Sæland, Time.
- f. Eli, f. 7/12 1800, g. m. Jonas Kristofferson (Lintjørn 22).
- g. Jakob Mikkelsen, f. 13/5 1806 (sjå Håland, Varhaug 54).

16. Morten Velleson Espeland (sjå Herigstad, Varhaug 44). Han budde på Topdal i 1814, då ei dotter var til dåpen 1/5. Sidan budde han på Espeland der 3 barn er fødde. Den 13/1 1839, døde Morten Velleson Topdal, Vetteland ved å falla i ei elv, 63 år gml.

17. Abraham Mikkelsen (15 d.) fødd 5/3 1797, død 16/1 1866. Gift 16/10 1821 med Karen Viljensdotter, fødd i Bjerkreim 20/5 1798, død 18/7 1885, dotter til Viljen Gjermundson Kleppeli og Gunhild Åndesdtr., f. Bjerkreim. 10 barn:

- a. Mikkel, f. 1822. Han budde i Stavanger, var bødtker.
- a. Villas Jeremias Toftdal, f. 1/3 1824 (18).
- c. Helena, f. 16/4 1826, g. m. Ola Torkelson Småhaug (Voll 92).
- d. Gabriel, f. 8/8 1828 (19).
- e. Marie Kristine (Maren Kirstina?), f. 10/2 1831, g. m. Gunnar Gunnarson (Bø 36).
- f. Grete Johanna, f. 1834, g. 1861 m. Andreas Torjusson Tagholt i Lund, reist til Amerika.
- g. Abraham Toftdal, f. 3/8 1836, g. 1867 m. Rakel Rasmusdtr. Auglænd i Time. Budde i Stavanger.
- h. Tønnes, f. 24/9 1839.
- i. Tønnes, f. 8/4 1841, budde i Lund prg.
- j. Peder Abrahamson, f. 26/9 1843 (20).

18. Villas Jeremias Abrahamson (17 b.) fødd 1/3 1824, død 1895. Gift 25/11 1857 med Elen Ivarsdotter (Stokkeland 30 c.) fødd 5/6 1835, død 29/1 1921. Han byksla halve Toftdal av dei Hårr i 1861, bnr. 1. Då var denne parten huslaus. Dei fekk 4 barn:

- a. Karen Alette, f. 21/9 1859, g. 13/4 1875 m. Andreas Ånundson Kartevoll (sjå Eikeland 20 b.).
- b. Berta Johanna, f. 13/1 1868, g. m. Peder Ingvald Søyland (21).
- c. Lisa Tomine, f. 29/11 1873, g. m. Salve Ellingson Foraholen (Herredsvela 55).
- d. Elen Vilhelmine, f. 7/8 1879, g. m. Johan Omundson (Kvalbein 26 f.).

19. Gabriel Abrahamson (17 d.) fødd 8/8 1828. Gift 1) i Gjesdal 21/10 1868 med Inger Johannesdotter, fødd 1830, død 6/2

1870, dotter til Johannes Pederson Kyllingstad og Malli Ingebretsdtr., f. Kyllingstad. Gift 2) i Gjesdal 20/11 1870 med Gurina Olsdotter Berge, fødd 1844. Gabriel byksla den andre parten, bnr. 2, av dei Hårr i 1862, med hus. I 1866 let han bruket over til broren Peder, og flytta seinare til Sandnes, der han var slaktar. Der er nemnd ei dotter i første gifte:

- a. Anna Maria, f. på Toftdal 13/7 1869, g. m. Jonas Martinius Rasmusson Sørnes i Sola.

20. Peder Abrahamson (17 j.) fødd 26/9 1843. Gift 1) i Eigersund 2/11 1866 med Abigael Asbjørnsdotter, fødd i Bjerkreim 16/1 1843, dotter til Asbjørn Asbjørnson Steinsland og Ingeborg Olsdtr., f. Fjermedal. Gift 2) 1907 med enkja Lea Jakobsdotter (Matingsdal 26). Han flytta då til Matingsdal. 2 barn i første gifte:

- a. Karen, f. 16/2 1867, g. m. Ola Nilsson Mellemstrand.
- b. Arnt (Peder Amandius?), f. 1886, reist til Amerika.

21. Peder Ingvald Andreasson (sjå Søyland, Nærbø 30 b.) fødd 8/5 1865, død 1943. Gift 4/4 1889 med Berta Johanna Toftdal (18 b.) fødd 13/1 1868, død 11/1 1956. Han tok over bnr. 1 etter verfaren kring 1890. Dei fekk 11 barn:

- a. Anna, f. 14/2 1890, g. m. Konrad Høglund. Budde i Stavanger.
- b. Vallin Johan, f. 21/4 1891 (Vettaland 87).
- c. Emma, f. 21/12 1892, g. m. Jakob Aga. Budde i Haugesund.
- d. Inga Maria, f. 10/7 1894, g. m. Faltin Sandnes. Budde i Sauda.
- e. Ingvald, f. 22/4 1898 (28).
- f. Milda, f. 9/8 1899, g. m. Torbjørn Bjørnsen. Bur i Stavanger.
- g. Arne, f. 15/10 1901 (sjå Nærbø stasjon 92).
- h. Sigrid Atelia, f. 10/9 1903, g. m. Lars Håland. Bur i Stavanger.
- i. Bergine Johanna, f. 22/4 1896, g. m. Ole Olsen Bergene i Time.
- j. Klara, f. 29/8 1907, g. m. Sven Betuelsen Helland i Time.
- k. Trygve, f. 27/8 1909 (29).

22. Peder og Ingvald Martinius Sikveland, søner til Endre Svenson på Indre Sikveland. Brukte bnr. 2 etter nr. 20, til 1898.

23. Sven Kristianson Skårland tok over bnr. 2 i 1899. Han var fødd i Time 16/5 1875. Gift 1899 med Tine Jonasdtr. Kartevoll,

fødd 2/12 1877. I 1904 flytta dei til Undheim, og var driftekar og heiegjætar. Ein son fødd på Toftdal:

a. Konrad, f. 20/2 1899.

24. Ivar Olsen Mellomstrand, son til Ola Jensson Mellemstrand og Ingeborg Olsdr. frå Varp i Bjerkreim. Fødd i Bjerkreim 2/8 1869. Gift 11/12 1894 med Gurina Nilsdr. Mellomstrand, fødd 29/9 1869, død 1902. Dei var søskenbarn. Gift 2) i 1912 med Malena Davidsdr. Fossfjell, fødd 13/1 1886 (Vetteland 84 d.). Han hadde budd i Brusali (Eikeland 36) før han i 1904 kom til Tovdal etter nr. 23. Han hadde 3 barn i første gifte, fødde i Brusali. Flytta til Undheim. Barn:

- a. Inga, f. 25/9 1894, g. m. Tobias (Ueland, Varhaug 86).
- b. Ola, f. 2/7 1896 (25).
- c. Gustine, f. 24/8 1900, g. m. Gunnar Olsen Haugland (Haugland 41).
- d. Gyda, f. 13/10 1913, g. m. Tarald Taraldson Ohma i Time.
- e. Ingrid Maria, f. 1916.
- f. Dagfinn, f. 1919.
- g. Malli, f. 14/9 1921, g. m. Tobias Hansen Risa.
- h. Elfrid.
- i. Sina.

25. Ola Ivarson Topdal (24 b.) fødd 2/7 1896, død 31/1 1971. Gift 1920 med Klara Olsdr. Bergene, fødd i Time 28/8 1902, død 1934. Foreldre Ole og Karen Bergene. Gift 2) 1938 med enkja etter Kornelius Sikveland, Lisa Andreasdr. Bekkeheien (Høyland i Nærbø 166 c.) fødd 25/9 1902. Dei var tremenningar. Ola Ivarson tok over bnr. 2 etter faren i 1923. 3 barn i første gifte, 1 i andre:

- a. Gerda, f. 10/10 1922, g. m. Johannes Ueland, Nærbø.
- b. Ivar, f. 8/4 1925 (26).
- c. Olaf, f. 25/5 1929, død 21/9 1959.
- d. Kjellaug, f. 6/10 1939, g. m. Eldor Madland (Brusali 41).

26. Ivar Topdal (25 b.) fødd 8/4 1925. Han fekk ein part av bnr. 2 Nordheim, der han bureiste i 1951. Han har bnr. 4. Gift med Oddbjørg Indrebø, fødd i Nærbø 27/2 1935. Foreldre Jakob og Malene Indrebø (Bø i Nærbø 164). Barn:

- a. Otto, f. 6/3 1958.
- b. Jonny, f. 12/6 1963.

27. Nils K. Sikveland, stykson til nr. 25 og son til Kornelius Nilson Sikveland på Skjæret i Time og Lisa Bekkeheien. Fødd i Time 19/8 1925. Gift med Gunda Tjaland (Matingsdal 39B b.) fødd 1/11 1927. Han

fekk ein part av bnr. 2 der han bureiste i 1944, bnr. 4. Han selde bnr. 4 i 1961 til Lars Nesvik og overtok bnr. 2 s.å. Barn:

- a. Kåre, f. 9/10 1954.
- b. Etna, f. 30/8 1957.
- c. Trond, f. 22/2 1960.

28. Ingvald Søyland (21 e.) fødd 22/4 1898. Gift med Ragnhild Lervik, fødd 4/6 1908 (sjå Skjærpe 47 f.). Han tok over ein part av bnr. 1 Dalheim i 1927. Barn:

- a. Solveig, f. 3/11 1926, g. m. Torleif Marvik, Heddal i Telemark.
- b. Bjarne, f. 31/12 1927, g. m. Johanna Bogen. Bur i Lisleherad i Telemark.
- c. Jenny, f. 29/8 1930, g. m. Kjell Tørre. Bur i Heddal, Telemark.
- d. Anny, f. 23/12 1932, g. m. Anund Gravingen, Lisleherad, Telemark.
- e. Inge Reidar, f. 9/2 1935, g. m. Solveig Margrete Herigstad. Bur på Vigrestad.
- f. Ester, f. 18/11 1937, g. m. Lars Emil Opstad (Fuglestad 88 e.).
- g. Torbjørn, f. 7/6 1941, g. m. Reidun Risa. Bur på Klepp.
- h. Ruth, f. 23/12 1945, g. m. Olav Gåsland. Bur på Lura, Sandnes.

29. Trygve Søyland (21 k.) f. 27/8 1909. Gift med Margit Hetland Hetland 65 h.) f. 2/2 1913. Tok over bnr. 1 i 1935. Barn:

- a. Maria, f. 16/1 1932, g. m. Per Bakkevold (Hårr 97).
- b. Ingvald, f. 1/1 1935 (31).
- c. Bertha, f. 4/6 1940, g. m. Jostein Håland (Håland i Varh. 105 d.).
- d. Jakob, f. 1/1 1946 (Fuglestad 111).
- e. Tor Magne, f. 1/2 1951 (Brusand 45).

30. Lars Nesvik, fødd 30/7 1912 på Skifttun i Hjelmeland. Foreldre Jakob og Talette Nesvik. Gift med Oddbjørg Skårland (Risnes 8 f.) fødd 8/2 1924. Han kom til bnr. 4 i 1961. Barn:

- a. Tordis Johanna, f. 25/12 1949.
- b. Per Jostein, f. 5/3 1952.
- c. Odd Leif, f. 30/7 1955.
- d. Olaf, f. 2/9 1957.
- e. Sigmund, f. 7/11 1958.
- f. Kjellaug, f. 4/7 1960.
- g. Leiv, f. 13/5 1962.
- h. Johan, f. 25/10 1963.
- i. Torfinn, f. 30/7 1967.

31. Ingvald Søyland (29 b.) fødd 1/1 1935. Gift med Oddny Bø (Nordre Hetland 93 a.) fødd 19/11 1943. Han tok over bnr. 1 i 1967 etter faren. Barn:

- a. Møyfrid, f. 13/6 1967.
- b. Torill, f. 27/6 1968.
- c. Olaus, f. 7/11 1969.
- d. Torfinn, f. 23/7 1972.

G.nr. 120. Risnes

G.nr. 121. Eikeland

RISNES GNR. 120: Ordet Risnes er samansett av nes og ris (ris, kratt).

Risnes grenser mot sør til Brusaliå, mot vest til Tovdal og mot nord og aust til Time og Brusaliå.

Jorda er myr, morene og fjell.

EIKELAND GNR. 121: Eikeland aua er ein gard som ei tid har lege øyde (audr) "Eigjeland aua" som det gjerne heiter i dag dreg altså endå på dette suffikset som fortel ei serleg historie om garden.

Eikeland grenser mot sør og vest til Homse og Matingsdal, mot nord til Risnes og mot aust til Bjerkreim.

Jorda er myr, morene og fjell.

11. Sigbjørn Torkelson
12. Johannes Hansson Ueland
13. Omund Sigbjørnson Fjermedal
14. Lars Olson Heigrestad
15. Peder Omundson
16. Nils Pederson Kartevoll
17. Peder Asbjørnson
18. Roald Nilsson
19. Nils Ellingson
20. Åmund Åmundson Kvasnes
21. Torgrim Tjølsen
22. Tollak Svenson Undheim
23. Johannes Eilevson Sunvor
24. Eilev og Enok Johannesson
25. Endre Endreson Årestad
26. Kristian Omundson
27. Ola Rasmusson Rosland
28. John Olson Taksdal
29. Torger Enokson Fuglestad
30. Jonas Larsson Vetteland
31. Sigvard Gabrielson Matingsdal
32. Jon Jonasson Hadland
33. Jonas Hadland

NAMNEREGISTER

Risnes

1. Torgrim Pederson
2. Hans Tobias Torgrimson
3. Peder Torgrimson
4. Villas Jonasson Bue
5. Sven Jonasson (Bue?)
6. Hans Gabriel Hansson Herredsvela
7. Ola Jakobson (Kvitli?)
8. Peder Olson Skårland
9. Jakob Skårland
10. Nils Skårland

Eikeland-Aua

1. Hellie Egeland Øffue
2. Tarald Eikeland
3. Ola Pederson
4. Henrik Eikeland
5. Ola Olson Eikeland
6. Tore Nilsson
7. Tollef Tollakson
8. Ola Svenson Kyllingstad
9. Guttorm Eikeland
10. Sven Olson

Brusali

34. Sven Jensson Stølen
35. Torger Jensson
36. Ivar Olson Mellomstrand
37. Jonas Torgerson
38. Erling Madland
39. Olav Egeland
40. Johannes Hadland
41. Eldor Madland

Risnes

1. **Torgrim Pederson Risnes**, fødd i Bjerkreim 27/10 1816, død 28/2 1900, var son til Peder Toreson Dyrskog og Torgjerd Torgrimsdtr. frå Berland i Bjerkreim. Gift med Berta Hansdotter, fødd i Bjerkreim 17/12 1809, død 1895, dotter til Hans

Gjermundson Berland og Karen Viljensdtr., f. Holmen. Dei hadde budd i Stavanger, då dei i 1845 dukkar opp på Risnes, som då var plass under Eikeland Aua. Der er ennde 6 barn, 1 truleg f. i Stavanger og 5 på Risnes:

- a. Kristina, f. 1840, g. i Time 1879 m. enk. Mathias Sivertson Helland.
- b. Hans Tobias Torgrimson, f. 1845 (2).
- c. Tabitta, f. 19/6 1847, g. m. Jens Jensson (Matingsdal 20 h.).
- d. Guri, f. 8/9 1849, budde i Stavanger.
- e. Peder Torgrimson Risnes, f. 30/4 1852 (3).
- f. Berta Tomine, f. 12/9 1855, budde i Stavanger.

2. Hans Tobias Torgrimson (1 b.) fødd i Ognå 3/4 1845. Gift 1) 29/10 1865 med Valborg Gulliksdotter, fødd i Bjerkreim 1/1 1823, død 17/7 1903, dotter til Gullik Kjetelson Spøtevoll og Gurina Olsdtr., f. Kydland. Gift 2) 1904 med Anna Kristina Gunnarsdtr. Austrått. Første gifte var barnlaust. Med den andre kona budde han på Austrått.

3. Peder Torgrimson (1 e.) fødd 30/4 1852. Gift 1) i Klepp 20/11 1879 med Maren Elisabet Larsdotter, fødd 5/2 1851, dotter til Lars Erikson Horpestad og Marta Ellingsdtr., f. Friestad. Gift 2) i Time 1891 med Anna Kirstina Gjermundsdotter Re. Peder flytta frå Risnes kring 1880, og budde seinare på Re. Barn er ikkje nemde.

4. Villas Jonasson, fødd i Bjerkreim 19/2 1847, son til Jonas Larsson Bue og Valborg Halvardsdtr., f. Eikeland i Bjerkreim. Gift i Time 13/10 1887 med Ingeborg Maria Jonasdotter, fødd 17/6 1865, dotter til Jonas Enokson Fosse frå Skjæveland i Bjerkreim (Tjåland) og Ingeborg Maria Paulsdtr., f. Vestly. Dei kom til Risnes i 1887 og var der til 1889.

5. Sven Jonasson er nemnd frå 1889 til 1891. Han kunne vore bror til nr. 4, som var fødd 19/9 1855. Men det veit me ikkje noko om.

6. Hans Gabriel Hansson (Herredsvela 36 h.) fødd 5/8 1857. Gift 1880 med Inger Johannesdotter, fødd i Bjerkreim 6/12 1857, dotter til Johannes Børildson Lakse-svela Eikeland og Kari Isaksdtr. Dei kom til Risnes i 1891 og reiste til Amerika i 1905. Barn som er nemnde:

- a. Guri, f. 1881, g. 1901 m. Ola Olson Gravdal (Vettaland 56).

- b. Karina, f. 1883, til Amerika.
- c. Johannes, f. 1891.
- d. Hans Risnes, f. 1885, til Amerika, g. m. Ingeborg Berte (Voll 156 a.). Budde på Sandnes.
- e. Anna Alette, f. 22/11 1893, død 1900.
- f. Haldor Ingebret, f. 23/6 1895.
- g. Arne, f. 1897.

7. Ola Johnsson (Jakobson?) skulle vera frå Kvitli i Bjerkreim og vera fødd kring 1847. Kona heitte Tine Sivertsdtr. og var frå Maudal i Bjerkreim. Han kom til Risnes etter nr. 6. Dei flytta til Høyland kring 1916. Dei kom frå "Knubben" i Bjerkreim. Barn:

- a. Jon, g. m. Telma Tjelta. Budde i Canada.
- b. Ingeborg, død liten.
- c. Inger, f. 1891, g. m. Samuel Martin Haugseng (Haugseng 14 d.).
- d. Anna, f. 1893, g. m. Bernt Haugvaldstad. Budde på Bore.
- e. Andreas. Reist til Amerika, gift der.
- f. Aleksander, g. m. Anna Lilleland. Budde på Hove.
- g. Inga, f. 1900, g. m. Olaf Tu.
- h. Kornelius. Reist til Amerika.

8. Peder Olson Skårland, fødd i Time 12/6 1885, son til Ole Kristianson Skårland og Marta Pedersdtr., f. Kyllingstad. Gift 1910 med Johanna Jakobsdtr. (Haugseng 13 e.) fødd 10/10 1888, død 14/9 1966. Han kom til Risnes i 1916. Barn:

- a. Ole, f. 21/4 1911 (Brusand 19).
- b. Marta, f. 1913, død 8/4 1972.
- c. Serina, f. 4/7 1915.
- d. Jakob, f. 11/4 1917 (9).
- e. Jenny, f. 19/12 1921, g. m. Sten Bøe. Bur på Randaberg.
- f. Oddbjørg, f. 8/2 1924, g. m. Lars Nesvik (Topdal 30).
- g. Karen, f. 13/6 1926. Gift i Bjerkreim.
- h. Nils, f. 18/1 1930 (10).
- i. Paul, f. 23/2 1920. Ugift. Bur på Sandnes.

9. Jakob Skårland (8 d.) fødd 11/4 1917. død 11/8 1959. Tok over Risnes i 1953.

10. Nils Skårland (8 h.) fødd 18/1 1930. Gift med Gunlaug Håland (Håland i Varh. 92 k.) fødd 16/4 1939. Tok over Risnes etter broren Jakob (9). Barn:

- a. Anne Marie, f. 8/6 1968.

Eikeland-Aua

1. Hellie Egeland hadde stemnt dei Hårr i 1637 "for noget høy som staar och de har slaget paa en slotte ved naffn Toffedal, derudj hand formeente dem urett at giøre. Herimod at suare møtte leiglendingerne paa Haar, och nechtet iche joe der at haffue slaget, endog de aldrig pleiet der at slaa, men bede der. Herom for Rette kiend, at de mend paa Haar bør j aar at nyde de 3 parter aff samme høy, och Hellie Egeland dend 4de part. Vil de paa Haar siden tileigne dem saadan brug lenger, saa bør de først at holde dommer och Dannemend paa aasteden den leilighed at forfahre." Som nemnt før låg Tofftdal under Hårr og var kalla støl. Slåtten hørde truleg til Eikeland, og dei Hårr hadde berre rett å beita der, men ikkje slå. Helge Eikeland er ikkje nemnd andre stader.

2. Tarald Eikeland er nemnd i 1656. "Kongl. May. Fouged haffde eiteret Egeland Øffues besidere, naffnlig Thorold och Olle, formedelst 3 aars landschiuld, leding och schatt, formeener dj haffr forbrudt deris jord. Imod steffningen møtte Olle Egeland, och suarede at dj uar fattig, och uar iche mend til at betaile deris Rettighed, men begierte naade och iche Retten. Fougden var dom begierendes. Thj er herom dømt och affsagt, att effterdj forne Olle och Thorold Eggeland haffuer iche betald deris landschiuld udj 3 aar, meget mindre enten leding eller schatt, da haffuer dj effter Norges Loug forbrødt deris gaard och feste, och der foruden deris affl och anuegst, och løse deris boe effter sex mends sigelse, och dog betaile effter Louen."

3. Ola Pederson er nemnd i mantallet for 1665, og var truleg den same som er nemnd saman med Tarald ovanfor. I 1665 er Egeland Øffue rekna som halv øydegard. Om Ola Pederson veit me at han var bror til Torkel Vetteland. Han var fødd kring 1625. Kona er ukjend. Den 29/11 1686 hadde "Ohe Egeland Øde udj Rette steffnt alle Odlands opsidere formedelst de haffue giort hannem schade paa endeel høestacher, som hand paastaar hans gaards lejemaal at vere, och dj derfor at lide och undgielde som vedbør. De Odlands opsidere møtte udj Rette och paastod samme slotte dennem at tilhøre til dend Ødegaard som ligger til Odland, naffnlig Bruseljen, och derom deris adkomst fremblagt, huor udjnden Bruseljen er indført, daterit Staffuanger d. 8 Martj 1633."

Ola Eikeland sine barn var, etter kyrkje-boka:

- a. Karen, g. 1692 m. Ola Olson Eikeland (5).
- b. Inger, f. 1/11 1687, g. m. Ivar Torgerson.
- c. Gitlaug, f. 1666, død s. å.
- d. Peder, f. 5/2 1670, død s. å.
- e. Peder, f. 30/10 1678, budde på Mossige i Time.
- f. Gitlaug, f. 1677, død s. å.
- g. Salomon, f. 1674, død 1675.
- h. Salomon (Samuel?), f. 16/9 1682. Budde på Årestad og Tunheim i Time. Husmann hos nr. 3 i 1665: Tollak Larsson og son.

4. Henrik Eikeland var fødd kring 1650, død 1688. Kona er ukjend, 2 barn er døypte:

- a. Oluff, f. 3/12 1682.
- b. Mikkel, f. 1/11 1687.

5. Ola Olson Eikeland, var kanskje son til Ola Søyland i Gjesdal og Todne Simonsdr. Han budde på Eikeland i Ogna, men var død før 1709. I mantallet for 1701 heiter det om Eegeland Øffwe: "Ligger gandske øede og ubrugt, dog bebrugt." Truleg har Ola Olson budd der. Det var han som var gift i 1692 med Karen Olsdotter (3 a.). Me har funne ei dotter og ei som truleg var hans:

- a. Astrid, f. 28/8 1693 (g. m. Omund Larsson?) (Skjærpe 15).
- b. Malena, g. m. Nils Toreson (Lindal 6D).
- (c. Guttorm (9)?)

6. Tore Nilsson Eikeland nemnd i 1689 (sjå Matingsdal nr. 8). Gift med Malena Olsdotter som det var skifte etter 9/3 1699. Ei dotter:

- a. Anna, f. 30/10 1698, g. m. Sven Olson.

7. Tollef Tollakson. I Tingboka 29/11 1700 finn me: "Knud Grødem, lensmand i Goeeschibred, steffnit Tholleff Thollachen Egeland Øffue for resterende et aars landschiuld aff Store Undem. Formeente hand at betaile. Hand beretter at haffue betalt 10 spand korn och 5 mark i penger. Dersom det iche er saa, loffr Rasmus Haar, lensmanden, at suare dertil, huormed fuldmegtigen var benøyt." Hadde det vore Tollak Tollakson, kunne me trudd at han var den same som Tollak Tollakson Kartevoll. Men det var han vel ikkje.

8. Ola Svenson, son til Sven Olson Kyllingstad og Kirsten Olsdotter. Han var

fødd kring 1658, død på Aniksdal 1721. Gift med Helga Svensdotter frå Fuglestad i Bjerkreim. Han hadde budd på Søyland i Gjesdal, før han kring 1707 kom til Eikeland. Så var han ei tid på Vålandsengen (Hetland 74) og så endelig på Aniksdal. Om barna (sjå Hetland 74).

9. Guttorm Eikeland er nemnd i 1705, då han hadde tvillingar til dåpen. Det er uvisst kven han var. Men truleg var han den same som Guttorm Olson Melstrand. Eg har meint at han var gift med ei enkja, kanskje etter nr. 5 eller 7, som kunne ha vore ei og den same, og som altså heitte Karen Olsdtr. Men dette er berre ein hypotese. Etter Ola Aurenes skulle han vera gift med Mari (Maren) Tollaksdtr, Kartevoll. Han var truleg gift i 1703 eller 1704, men dei åra er kyrkjeboka for Ognatoma. På Eikeland var døypte:

- a. Tollak, 20/12 1705, g. 1) m. Ranveig, g. 2) m. Tora, g. 3) m. Malli. Budde på Mellemstrand.
 - b. Marit, 20/12 1705.
- Andre barn skulle vera:
- c. Barbro, død 1756, g. (1734?) m. Simon Ellingson Eikeland i Time (sjå skifte nr. 484, 21/11 1760).
 - d. Astrid, f. kring 1716, g. 1) m. Bård Simonson L-Undheim, g. 2) m. Lars Larsson L-Undheim (Ola Hansson Oma?).
 - e. Anna, f. kring 1720, g. 1) m. Ola Asbjørnson Tunheim, g. 2) m. Gregorius Mortenson Tunheim.
 - f. Ranveig, f. kring 1725, g. m. Aslak Samuelson Tunheim.
 - g. Berit, f. kring 1718, g. m. Ola Samuelson Tunheim. Dei var truleg sone-søner til Ola Olson (nr. 5).
 - h. Marit.
- (Sjå ellers Lindal, Nærbø nr. 5.)

10. Sven Olson (N-Hetland 74 a.) bror til Sven Olson Topdal (Topdal 8). Fødd kring 1696. Gift 1) 24/6 1720 med Berit Olsdotter Bogsdalen, fødd kring 1698, død 20/3 1727. Då heitte ho Anna Olsdtr. (Bogsdalen 2 c.). Gift 2) 30/3 1728 med Magdalena (Malena) Toresdotter (Matingsdal 8 a.) fødd 16/11 1703. Sven Olson budde på Eikeland så seint som i 1732; I 1733 og 1737 ser det ut som han var på Hårr, men i 1742 er han på Hetland. Seinare veit me lite om han. Ved skifte etter Gullik Toreson Sælandsbakken i 1783 er søster hans, Malena Toresdtr., kalla enkje etter Sven Toreson Ytre Salte, som nok skal vera Sven Olson. Han hadde altså budd

på Y-Salte og var truleg død der. I 1758 budde ein Sven Olson, 62 år, og kona Malena Toresdtr., 56 år, på S-Varhaug, og det må utan tvil ha vore desse. Det har vore vanskeleg å få samla i hop barna deira, men vonleg har det lukkast å få plassert dei så nokonlunde:

- a. Tollak Svenson, f. 1720 (ikkje i kyrkjeboka), men funnen på Skjærpe (sjå der 16).
 - b. Ola, f. 7/4 1722.
 - c. Malena, f. 24/2 1723.
 - d. Ola, f. 28/11 1723, død 1741, 18 år.
 - e. Inger, f. 24/3 1726.
- Av andre gifte:
- f. Tore Svenson, f. 26/12 1728, død på Sandnes 1819, g. 1) 1755 m. Maren Pedersdtr., død 1766, g. 2) 1767 m. enkja Helga Olsdtr., død 1792. Ho hadde vore g. m. Tore Erikson frå Espedalen i Høgsfjord, g. 3) 1793 m. Marta Jespersdtr. Vølstad. Han budde på Sandnes.
 - g. Sven Svenson, f. 17/2 1732, død 27/12 1747.
 - h. Ola Svenson, f. 23/3 1742, g. m. Anna Maria Omundsdr. Vik. Budde på Y-Salte i Klepp.

11. Sigbjørn Torkelson byksla 4 spand korn landskuld i Eikeland av Morten Olson Lax i 1733. Eg har ikkje funne han nemnd før eller seinare, og veit ikkje kvar han kom frå. Kona eller barn er ikkje nemnde. (a. Elen, f. 30/3 1733?)

12. Johannes Hansson (Ueland 9 g.) fødd kring 1720. Gift 1743 med Eli Henriksdotter (Herredsvela 15 b.). Han heitte Johannes Eikeland i 1744, men er ikkje nemnd i kyrkjeboka eller mantall.

13. Omund Sigbjørnson, fekk byksel på 4 spand i Eikeland i 1728 og ny byksel i 1736, så nr. 12 må ha vore der ei tid mellombels. Der var ellers 2 brukarar i 1758, dei 2 kunne ha vore der samstundes, og like eins nr. 12, etter nr. 11. Omund var nok son til Sigbjørn Olson Fjermedal i Bjerkreim. Han var 6 år i 1701 og altså fødd 1695, død 1762, skifte 13/11 d.å. Gift i Bjerkreim 15/10 1724 med Berit Pedersdotter Gjeitrem. Alderen hennar er sett til 80 år i 1758, men det må vera gale og minst 20 år for høgt. Ho døde 13/6 1773, 80 år, altså fødd kring 1693. Dei hadde 5 barn:

- a. Marit, f. 29/6 1729, g. m. Lars Olson (14).

- b. Anna, f. 1730, g. m. Tollak Tollakson (Topdal 11).
- c. Kirsten, f. 26/8 1736, var ugift i 1762.
- d. Peder Omundson Eikeland (15).
- e. Anna, f. (1734?), g. 1757 m. Tore Ellingson (Matingsdal 9).

14. Lars Olson, son til Ola Heigrestad. Fødd kring 1718, gift 23/9 1759 med Marit Omundsdotter (13 a.) fødd 29/6 1729. Dei budde på Eikeland i 1758, men flytta truleg til Hadland i Eigersund, der enkja budde hjå sonen, los Omund Larsson, i 1801.

15. Peder Omundson (13 d.) fødd 10/5 1739. Gift 1) med Maren (Tollaksdotter?) Mellemstrand, fødd 3/4 1740, død 9/6 1771. Gift 2) 1/12 1771 med Ranveig Tollaksdotter Mellemstrand, fødd 25/7 1745. Dei var halvsøstre, døtre til Tollak Guttormson Mellomstrand i første og andre gifte (sjå 9 a.). Dei budde på Eikeland der 10 barn var fødde, 5 i første og 5 i andre gifte. Men dei finst ikkje døde i Oagna og heller ikkje i mantallet i 1801. Barna var:

- a. Ranveig, f. 19/12 1762, g. m. Nils Ellingson (19).
- b. Omund, f. 27/12 1767.
- c. Berit, f. 1765, død 1767.
- d. Anna, f. 1766, død s. å.
- e. Berit, f. 20/5 1771.
- f. Tollak, f. 28/6 1772, død s. å.
- g. Maren, f. 7/11 1773.
- h. Anna, f. 26/1 1777, g. 1797 m. Torger Jensson (Vetteland 32).
- i. Tabitta, f. 8/10 1780.
- j. Malena, f. 27/7 1787.

Peder Omundson er førd frå 1762 til 1789, og han åtte heile garden, 1 pund smør.

16. Nils Pederson, son til Peder Gardson Kartevoll og Gjertrud Olsdr., f. Kløgetveit. Han var fødd i 1765, gift i Time 1783 med Ingeborg Roaldsdotter Undheim, fødd 1751, død 11/11 1831, dotter til Roald Areson Undheim frå Eik i Bjerkreim og Gitlaug Pedersdr. Kartevoll. Han hadde budd på Kartevoll og var på Lindal i 1788. I 1792 var han komen til Eikeland etter Peder Omundson. 5 barn er nemnde:

- a. Roald Nilsson, f. på Kartevoll 1786 (18).
- b. Barbro, f. på Lindal 1788, g. m. enk. Tore (Matingsdal 19).
- c. Peder Nilsson, f. på Eikeland 3/6 1792.
- d. Nils, f. 13/3 1796, død s. å.
- e. Nils, f. 19/5 1799, død 1801.

17. Peder Asbjørnson, var son til Asbjørn

Røysland i Bjerkreim og jenta Ranveig Asbjørnsdr. Netland. Han var fødd i 1767. Gift 1) 17/1 1790 med enkja etter Tolleiv Tolleivson Hytland, Malena Børildsdotter, f. Vindingland, død 1798. Gift 2) 1799 med enkja etter Hans Tolleivson Bjerkreim, Berta Viljensdr., f. Gjeitreim. Peder Asbjørnson og Nils Pederson er førde saman om heile Eikeland i 1800. I 1804 er Peder Asbjørnson borte, og Nils Ellingson er komen. Han flytta til Hetland (sjå der 29). Peder Asbjørnson hadde 3 barn i første gifte:

- a. Velle Pederson, f. i Bjerkreim 19/9 1790 (Hetland 30).
- b. Ranveig, f. 30/8 1796.
- c. Torleif, f. 1795, død før 1801.

18. Roald Nilsson (16 a.) fødd 1786, død før 1847. Gift 13/11 1817 med Inger Svensdotter, fødd i Bjerkreim 1793, død 5/4 1843, dotter til Sven Jensson Ognedal og Berit Olsdr., f. Birkeland. Roald brukte halve Eikeland etter faren frå 1817. 8 barn er nemnde:

- a. Ingeborg, f. 4/8 1818, g. m. Tollak Svenson (Ueland 19).
- b. Nils, f. 13/7 1820.
- c. Sven, f. 30/3 1823.
- d. Berthe, f. 10/11 1825, g. m. Anders Villemson Eikestein.
- e. Roald Roaldson, f. 28/11 1828, g. m. Maren Elisabet Torkelsdr. (Sirevåg 108 g.). Budde på Helvig.
- f. Elen Olina, f. 11/4 1836.
- g. Jonas, f. 25/11 1834.
- h. Jakob, f. 24/4 1839.

19. Nils Ellingson, truleg son til Elling Nilsson Kløgetveit og Helga Olsdr. (Ivesdal?). Han var fødd 1780, død 13/10 1832. Gift i Bjerkreim 29/12 1800 med Ranveig Pedersdotter (15 a.) fødd 19/12 1762, død 16/6 1837. Han hadde budd på Versland før han kom til Eikeland Aua i 1804, etter nr. 17. 2 barn var døypte i Bjerkreim:

- a. Marta, f. 1802, g. 1837 m. Tollef Asbjørnson Varp.
- b. Helga, f. 1806, g. m. Jakob Rasmusson (Hetland 50).

20. Ånund Ånundson, var son til Ånund Andersson Kvasnes i Lyngdal og Anna Ånundsdr., f. Gitlestad. Fødd 2/9 1803. Gift 18/11 1840 med Malena Olsdotter, fødd i Time 1811, død 17/4 1889, dotter til Ola Ellingson Aurenes og Ingeborg Olsdr., f. Kyllingstad. Han budde på Eikeland i 1842 og på Mellemstrand i 1846, seinare på Kartevoll. 1 barn f. på Eikeland og 1 på Mellemstrand:

- a. Ola Ånundson Kartevoll, f. 11/12 1842, g. 1) m. Valborg Nikolina Ellingsdtr. Sikveland, g. 2) 1874 m. Berta Gurine Olsdtr. Sikveland. Han var seminarist og skulelærer.
- b. Andreas Ånundson Kartevoll, f. på Mellernstrand 17/6 1846, g. m. Karen Alette Villasdtr. (Topdal 18 a.). Budde på Kartevoll.

21. Torgrim Tjølsen er nemnd saman med Roald Nilsson i 1840 og måtte då ha kome der etter Nils Ellingson og vore der før Ånund Ånundson. Han var komen der i 1834, då ein son var døypt. Han var gift med Inger Toresdotter, fødd kring 1800, død på Eikeland 26/7 1839. 1 barn f. på Oгна:

- a. Tønnes, f. 17/3 1834.

22. Tollak Svenson Undheim, son til Sven Svenson L-Undheim og Berta Tollaksdtr. (Topdal 11 b.). Han var fødd 26/2 1815. Gift 12/10 1844 med Ingeborg Roaldsdotter (18 a.) fødd 4/8 1818. Dei budde på Eikeland til 1847, då dei flytta til Ueland (sjå der 19).

23. Johannes Eilevson Sunvor, son til Eilev Johannesson Sunvor i Bjerkreim og Berit Karlsdtr., f. Nedrebø. Han var fødd i Bjerkreim 26/9 1802, død 15/3 1882. Gift 6/4 1830 med Bodhild Enoksdotter, fødd 9/3 1803, død 25/4 1892, dotter til Enok Bjørnson Bjerkreim og Gyrid Bjømsdtr., f. Netland. Dei kom til Eikeland i 1847, då nr. 22 flytta til Ueland. 6 barn er nemnde:

- a. Eilev Johannesson, f. 22/1 1831 (Fuglestad 47).
- b. Enok Johannesson, f. 30/10 1833 (24).
- c. Jonas Johannesson, f. 21/10 1837 (Fuglestad 49).
- d. Johannes Johannesson, f. 21/12 1840 (sjå Auestad, Varh. 46). Han budde og på Vetteland, Opstad og fleire stader.
- e. Berta Guria, f. 14/9 1843, g. m. Nils Svaleson (Fuglestad 44).
- f. Inger, f. på Eikeland 27/9 1850, g. 1/12 1868 med Endre Endreson Årestad i Time (25).

(Alle dei andre barna var f. i Bjerkreim.)

24. Eilev og Enok Johannesson (23 a. og b.) brukte Eikeland frå 1860 til 1867. Då flytta dei til (Fuglestad 46 og 47).

25. Endre Endreson Årestad, son til Endre Olson Årestad i Time og Sofia Johannesdtr. Han var fødd 15/1 1836. Gift 1/12 1868 med Inger Johannesdotter (23 f.) fødd

27/9 1850. Han brukte Eikeland til 1873, då han flytta til Tunheim. Ein son f. på Eikeland:

- a. Endre Endreson, f. 24/12 1870.

26. Kristian Omundson budde på Eikeland frå 1873 til 1876.

27. Ola Rasmusson var fødd i Klepp 26/9 1831, død i Amerika 1916, son til Rasmus Omundson Rosland og Karen Eivindsdtr., f. Undheim. Han var gift i 1863 med Gustava Elevine Gabrielsdotter, fødd i Høvåg på Lista 1835. Dei kom til Eikeland i 1876 etter nr. 26, og var der til 1887, då dei reiste til Amerika. Han hadde budd på Øvre Håland i Time før han kom til Eikeland, der 5 barn var f., ein son f. på Eikeland:

- a. Karen, f. 7/12 1865, drukna i Hagavatnet i 1879.
- b. Elen Katharina, f. 4/6 1867.
- c. Reinert, f. 7/9 1878.
- d. Elen Katharina, f. 24/6 1870.
- e. Reinert, f. 26/1 1872.
- f. Gabriel, f. på Eikeland 29/6 1875.

28. John Olsen Taksdal (sjå Matingsdal 37) kom til Eikeland i 1888 og flytta til Risa i 1890.

29. Torger Enoksen (Fuglestad 91) er nemnd på Eikeland frå 1890 til 1897.

30. Jonas Larson Vetteland forpakta Eikeland frå 1897 til 1900 (sjå Vetteland 59). Andre forpaktarar var: Torger Jensson, Jonas Torgerson og Ola Olson Gravdal.

31. Sigvard Gabrielson (Matingsdal 30 c.) kjøpte Eikeland i 1921 og selde til John Hadland i 1927 (sjå Vetteland 67).

32. John Jonasson Hadland (Hadland 41 d.) fødd 1/10 1903, død 8/2 1970. Gift med Berta Maria Tolleivsdtr. Fjermestad, fødd i Time 18/6 1900, død 5/9 1969. Dotter til Tollef Børgesen Fjermestad og kona Inger Olina Mikalsdtr., f. Støle i Skåre. Han kjøpte Eikeland bnr. 1 i 1927. Barn:

- a. Jonas, f. 11/5 1928 (33).
- b. Målfrid, f. 10/12 1929, g. m. Ame Taksdal (Nordre Hetland 92).
- c. Toralf, f. 18/4 1931 (Bø 54).
- d. Johannes, f. 23/8 1932 (Brusali 40).

33. Jonas Hadland (32 a.) fødd 11/5 1928. Gift med Else Tomine Matningsdal (Matningsdal 31 a.) fødd 6/3 1952. Jonas overtok bruket etter faren i 1971. Barn:

- a. Tor Jan, f. 13/11 1971.
- b. Helga Sofie, f. 21/6 1973.

Brusali

34. Sven Jensson Stølen, son til Jens Svenson Mellemstrand og Sissel Halvardsdotter. Fødd 5/10 1824. Gift 1) i Bjerkreim 2/4 1849 med Siri Isaksdotter Eikeland p.h., fødd 6/3 1820. Gift 2) 1885 med enkja etter skreddar Mathias Friis på Trolshauane, Anna (Susanna?) Omundsdotter Gya (Bjørnstad?) fødd 1841. Han budde på Brusali og Ognedal-støl, seinare Trolshauane. Han fekk 6 barn i første gifte:

- Serina, f. 26/1 1850, g. 1889 m. enk. Kristian Svenson Sikveland.
- Jonas, f. 26/7 1851.
- Karen, f. 8/10 1853, død ugift.
- Jorina, f. 29/10 1855.
- Jørgen, f. 31/1 1858, reist til Amerika.
- Isak, f. 17/5 1860, død ugift. Han bleiv.

35. Torger Jensson var bror til 34. Fødd 7/10 1839, død på Spogarholen på Bø i Nærbø eller kanskje på Hadland i Time. Han kom til Brusali etter broren i 1887. Kring 1900 flytta han med sonen til Spogarholen. Han var gift i Bjerkreim i 1868 med Else Rasmusdotter, fødd 14/6 1846, dotter til Rasmus Rasmusson Osland og Ågott Pedersdtr. 8 barn:

- Jonas Torgerson, f. 31/8 1869 (37).
- Retzius, f. på Gåsland 28/1 1871 (sjå Bø, Nærbø 147).
- Seline, f. 1873, reist til Amerika.
- Andreas Bekkeheien, f. 1875 (sjå Høyland, Nærbø 166).
- Abigael, f. 1879, g. m. Peder Pederson Undheim.
- Ingeborg, f. 1881, g. m. Andreas Halten, Trondheim.
- Theodor, f. 1884, reist til Amerika.
- Elette, f. 1890.

(Torger budde på Nævlund i Bjerkreim før han kom til Brusali, og barna var f. der.)

36. Ivar Olsen Mellemstrand var brorson til nr. 34 og 35. Han kom til Brusali frå 1895 til 1903 då han flytta til Topdal (sjå der 24).

37. Jonas Torgerson (35 a.) fødd 31/8 1869. Gift 1895 med Ane Nilsdtr. Mellemstrand, fødd 12/9 1867, død 1961, dotter

til Nils Jensson Mellemstrand og Guri Olsdtr., f. Varp. Dei var søskenbarn. Jonas kom til Brusali i 1903 etter nr. 36. Barn:

- Elisa, f. 20/9 1895, g. m. Olaf Bergene i Time.
- Gurina, f. 9/11 1896, g. m. Sem Bergene i Time.
- Anna, f. 22/4 1900, g. m. Kristian Sikveland.
- Tora, f. 11/5 1905, g. m. Trygve Kvia, Klepp.
- Nora Maria, f. 9/7 1907.

38. Erling Helmiksen Madland (sjå Madland i Varhaug 28 a.) fødd 28/6 1896. Gift med Ingeborg Auestad, fødd 28/2 1902 i Gjesdal, død 27/2 1960. Foreldre Ole og Elen Auestad. Han kom til Brusali i 1943. Barn:

- Ingrid, f. 12/7 1928, g. m. Jon Sæland. Bur på Bryne.
- Eldor Olav, f. 9/2 1931 (41).

39. Olav Olson Egeland, fødd i Klepp 16/5 1914, av foreldre Ole og Maria Egeland. Gift med Olga Malmin, fødd i Varhaug 26/2 1914 (sjå Madland i Varhaug 30 a.). Dei bureiste i Brusali i 1944. Flytta til Bryne i 1960. Barn:

- Odd, f. 5/12 1936.
- Margot Irene, f. 27/1 1952.

40. Johannes Hadland (32 d.) fødd 23/8 1932. Gift med Haldis Løvbrekke, fødd i Bjerkreim 22/7 1938. Foreldre Tommas og Gunnhilda Løvbrekke. Han kom til Brusali bnr. 1 og 3 etter nr. 39. Barn:

- Hans, f. 20/12 1957.
- Jostein, f. 20/3 1960.
- Terje, f. 28/3 1961.
- Geir Magne, f. 24/8 1962.
- Jonny, f. 14/4 1964.
- May Gunn, f. 4/9 1969.
- Helge, f. 14/4 1971.

41. Eldor Madland (38 b.) fødd 9/2 1931. Gift med Kjellaug (Topdal 25 d.) fødd 6/10 1939. Han overtok bnr. 2 og 4 i 1960 etter faren. Barn:

- Else Irene, f. 13/10 1957.
- Ellen Oddny, f. 16/12 1960.
- Heidi, f. 30/3 1963.
- Egil, f. 16/5 1969.

G.nr. 122. Homse

Homse er truleg opphaveleg namnet på Homsevatnet — Humsær — samansett av adjektivet humr som tyder skumr, halvmyrk, og sær, sjø, vatn.

Grensar mot sør og vest til Bjerkreim, Herredsvela og Matingsdal, mot nord til Matingsdal og Eikeland og mot aust til Bjerkreim.

Jorda er morene, myr og fjell.

NAMNEREGISTER

1. Anders Nilsson Steinsland
2. Gabriel Andersson
3. Peder Gabrielson Homse
4. Ingebret Tollakson
5. Elen Margreta Gabrielsdtr.
6. Gabriel Pederson Homse

1. Anders Nilsson Steinsland, var son til Nils Anderson Steinsland i Bjerkreim og Guri Johannesdtr., f. Vasbø. Han var fødd i 1782, og gift 14/10 1806 med Anna Malena Gabrielsdotter (Matingsdal 17 b.) fødd 30/3 1788. Anders må ha vore den første som busette seg på Homse, og han må ha kome der etter 1828, for alle dei 9 barna var døypte i Bjerkreim frå Steinsland. Barna var:

- a. Berta, f. (1807?), g. 1837 m. Ola Halvardson (Herredsvela 50).
- b. Nils Andersson, f. 16/1 1808 (Fuglestad 39).
- e. Gabriel Andersson, f. 25/12 1814 (2).
- d. Guri, f. 19/7 1812, g. m. Hans Hansson (Ueland 14).
- e. Anders, f. 5/5 1817.
- f. Ane, f. 24/9 1820.
- g. Anders, f. 3/2 1822, død som fattiglem i 1890.
- h. Anna, f. 15/12 1825.
- i. Sven, f. 1/10 1828.

2. Gabriel Andersson (1 c.) fødd 25/12 1814, død 1900. Gift 6/6 1839 med Elen Maria Pedersdotter (Høiland 20 a.) fødd 24/2 1814, død 1899. Dei fekk 6 barn:

- a. Anna Margreta, f. 28/4 1839, død 30/6 1856.
- b. Peder Gabrielson Homse, f. 17/12 1844 (3).
- c. Karen Rebekka, f. 16/3 1847, g. 1871 m. Nils Gitleson Bjerkreim, f. 1838.
- d. Andreas, f. 25/6 1849, g. 1879 m. Berta Klausdtr. Bjerkreim. Budde på Bjerkreim.
- e. Hans, f. 11/5 1852.
- f. Elen Margreta, f. 6/9 1855, g. m. Ola Olson Gravdal (sjå S-Hetland 10).

3. Peder Gabrielson Homse (2 b.) fødd 17/12 1844, død 1921. Gift i Nærbø 12/4 1872 med Anna Johanna Olsdtr. (Høyland i Nærbø 113 a.) fødd 23/9 1842, død 8/10 1874. Gift 2) i Høyland 7/2 1876 med Elen Kristine Eriksdtr., fødd 4/10 1846, død 19/12 1887. Dotter til Erik Ivarson Nese og Marta Kristine, f. Tjessem. Gift 3) 10/2 1889 med Anna Maria Olsdtr., fødd i Time 18/2 1862, dotter til Ole Andreas Olson Langholen i Time u. Haugland. Peder Homse var gruvearbeidar ei tid. I 1886 er det 3 bnr. på Homse og då har Gabriel Anderson bnr. 1, Ingebret Tollakson bnr. 2 og Elen Margreta Gabrielsdtr. bnr. 3. Peder Gabrielson brukte heile Homse bnr. 1 i 1900, men i 1906 var der 3 brukarar att. Han hadde 4 barn i andre gifte og 7 i tredje:

- a. Elen Johanna, f. 10/10 1876, g. m. Hans Hanson (Ueland 22).
- b. Hansine Kristine, f. 30/10 1879, g. m. Erik Olausson N-Varhaug (Hobberstad i Varh. 66).
- c. Gabriel, f. 16/7 1883 (6).
- d. Erik, f. 20/3 1886, g. m. Gesine

- Reiarsdtr. Liaved frå Lund. Budde på Ålgård.
- e. Martine Olava, f. 2/11 1889, g. m. Lars Finnestad, Finnestad ved Stavanger.
 - f. Ola, f. 29/1 1891 død s. å.
 - g. Kristine Pauline, f. 28/11 1892, g. m. Gabriel Olson (Vettaland 65).
 - h. Anna Maria, f. 20/4 1897, død s. å.
 - i. Regina, f. 16/6 1897, død s. å.
 - j. Anna Maria, f. 25/7 1899, g. m. Edvard Sundstøl.
 - k. Karen Regina, f. 30/12 1902, g. m. Tolleiv Gravdal.

4. Ingebret Tollakson (Matingsdal 40) er førd under Homse bnr. 2 i 1886 og 1906, men i mantallet i 1900 står han på Rånaheia.

5. Elen Margreta Gabrielsdtr. (2 f.) fødd 6/9 1855. Gift 2/7 1883 med Ola Olsen

Gravdal, f. i Bjerkreim 14/9 1844. Dei flytta først til Gravdal, seinare til Søre Hetland (sjå der 10), men ho er førd som eigar av bnr. 3 i 1886. Seinare er Peder Gabrielson førd der og bnr. 1.

6. Gabriel Pederson (3 c.) fødd 16/7 1883. Gift med Mathilde Samuelsdtr., fødd i Lyngdal 1882. Dei budde på Homse til Jærens Elektrisitetsverk sette garden under vatn. Seinare har dei budd på Frøyland i Riska. Deira barn:

- a. Ella Mimmi, f. 1/3 1923, g. m. Torger Hetland. Bur på Sandnes.
- b. Paula, f. 1/8 1925, g. m. Johan Staurland. Bur på Fister.

Og dermed var Homse si sogå som bustad slutt. Det var inga lang sogå, men slitsam har ho visseleg vore, kanskje meir enn sogå åt nokon annan bustad i Ognå.

G. nr. 123. Ueland

Den rimelegaste forklaringa av Ualand (som finns fleire stader) er at det kjem av fuglenamnet, gamalnorsk ufr – Bergugle, hubro. Då opphavelig Ufaland.

Ualand grenser mot sør til Eigersund, mot vest til Søndre Hetland, mot nord til Homse og mot aust til Øvrebø og Bjerkreim.

Jorda er morene og fjell, no tilplanta med skog.

NAMNEREGISTER

1. Tosten Vualand
- 1b. Henrik Ualand
2. Ivar Olson
3. Anfinn Uveland
4. Anders Uveland
5. Asser Uveland
6. Ivar og Nils Uveland
7. Njeld Asserson
8. Lars Ivarson
9. Hans Johannesson Vigedal
10. Lars Larsson
11. Henrik Ellingson Herredsvela
12. Hans Henrikson
13. Torger Olson Veshovd
14. Hans Hansson
15. Elling Henrikson
16. Henrik Ellingson
17. Lars Svenson Helvig
18. Hans Hansson II
19. Tollak Svenson Undheim
20. Villas Klausson Fuglestad
21. Enok Olson Ueland
22. Hans Hansson III
23. Ole Johan Herredsvela

1. Tosten paa Vualand skulda 11/2 spand i 1602 og skatta 10 dalar i 1603/1613.

IB. Henrik Ueland i 1628 – 1 1/2 dl. i

skatt – 1638 slett utarmet, 70 år i 1665, son nr. 4.

2. Ivar Olson var på Ueland i 1645 med kone, dreng og pike. Han var gift, men kona er ukjend, nemnd under Ødeg. og Husm. 1628-1629 – 1/2 mark skatt.

3. Anfinn Ueland nemnd i 1665. Han var fødd kring 1623, død før 1700. Kona er ukjend. Ei Ragnhild Ueland døde i 1669.

4. Anders Henrikson Ueland nemnd i 1665, fødd kring 1635, død 15/3 1674. Kona er ikkje nemnd, men 2 barn døypte:
a. Marit, f. 18/12 1665.
b. Henrik, f. 11/7 1669.

Ellers nemnd i 1665: Anfin 42 år, Anders 30 år, Henrik 70 år, Eivind Gundersoh, son 40 år.

5. Asser Ivarson Ueland, nemnd saman med nr. 3 og 4 i 1665. Fødd kring 1616, død 1680, skifte etter han 20/9 d.å. Gift med Torborg Toresdotter, dotter til Tore Nilsson Gravdal og Inger Taraldsdtr. Dei hadde 5 barn:

- a. Ivar Asserson, f. 1657 (6).
- b. Njeld Asserson (7).
- c. Gunhild, g. m. Salve Knutson (Høiland **11**).
- d. Inger, g. 1) m. Tollak Høiland, g. 2) m. Ola Lauritsson (sjå Høiland 8 og 10).
- e. Ola Asserson, f. 24/5 1666.

6. Ivar og Nils Assersønner (5 a. og b.). Ved skifte etter faren er det sagt at sønene Ivar og Nils skulle ta over jordeparten. Og det har dei då gjort, for den 29/11 1700 hadde futen ”steffndt Iffuer Ueland formedelst hand haffuer slagit hans grande Niels ibm.

hans quinde. Hand indstillede sig i Rette och foregiffuit ichun at vere med en liden kiep et slag, bad om naaden och iche retten, efftersom hand er en fattig mand, saa er det hannem effterladt for 2 Rdr.” Seinare er ikkje Nils eller kona hans nemnde. Ivar var fødd kring 1657 og levde i 1701. Gift med Joron Svendsdotter, fødd kring 1657, død 1720. 5 barn:

- a. Torgjerd, f. 25/5 1681, g. 1708 m. Ljøde Toreson.
- b. Ola, f. 31/8 1684.
- c. Torborg, f. 27/12 1687.
- d. Lars, f. 16/5 1691 (8).
- e. Inger, f. 1/12 1694, død 1695.

7. Njeld Asserson (5 b.) 57 år i 1718 (43 år i 1701). Eg gjekk nok litt letthendt over han under nr. 6. Han var, som me fekk vita der, gift, men me veit ikkje kven som var kona hans. Truleg har ho ikkje vore noko sympatisk menneskje, ettersom Ivar hadde brukt staven på henne. I kyrkjeboka finn me at dei hadde minst 4 barn til dåpen:

- a. Berit, f. 20/1 1684, g. 1708 m. Peder Rasmusson.
- b. Asser, f. (1682?).
- c. Tollak, f. 17/10 1686.
- d. Ingeborg, f. 21/5 1689.

I 1712 fekk Nils Asserson, i sitt ekteskap, eit barn med jenta Anna Helgesdr. Hovland i Helleland, og måtte bøta ”med hans godz og penge effter yderste formue”, og Hans Ueland (9) kom i staden.

8. Lars Ivarson (6 d.) fødd 16/5 1691, død 25/11 1770. Gift 1) 24/6 1720 med Anna Bjømsdotter, fødd kring 1688, død 11/5 1727. Gift 2) i Bjerkreim 29/9 1727 med Torgjerd Torstensdotter, fødd kring 1702, død 13/2 1780, dotter til Torsten Larsson Steinsland. Lars Ivarson byksla 1/2 laup smørs landskuld i Ueland av Lauritz Smith i 1720. Kristiansands bispestol åtte heile Ueland då. Lars Ivarson hadde 4 barn i første gifte og 10 i andre:

- a. Kari, f. 1721, g. m. Gullik Gullikson Gravdal.
- b. Kirsten, f. 11/10 1722, død 1742.
- c. Bjørn, f. 30/9 1725.
- d. Joron, var ugift i 1762.
- e. Ivar, f. 30/5 1728, død 27/3 1742.
- f. Anna, f. 7/5 1730, død 27/3 1742.
- g. Torsten, f. 1732, død 8/4 1742.
- h. Lars Larsson Ueland, f. 4/12 1735 (10).
- i. Eit barn, f. 1739, død s. å.
- j. Ola, f. 14/3 1740, død 8/4 1742.
- k. Ivar Larsson, f. 31/3 1743 (sjå Herigstad, Varh. 33).

- l. Guri, f. 1741, g. 1759 m. Tolleiv Tolleivson Høien (Sør Varhaug 57).
- m. Lars, f. 1743.
- n. Anna, f. 21/11 1745. Budde på Vatnemoholm i 1801, ugift.

9. Hans Johannesson, son til Johannes Knutson Vigedal. Fødd 1698, død 1/8 1773. Gift 13/10 1718 i Bjerkreim med Guri Omundsdotter, fødd kring 1698, død 25/1 1776, dotter til Omund Svenson Eikeland p.h. Han byksla 1/2 laup smørs landskuld av Lauritz Smith i 1720. I 1741 hadde oppsitjarane på Ueland og andre langs med Ognå-åna stemnt eigarane av Ognå Laksefiskeri, Jørgen Asserson Hjorth m. fl. for at dei hadde stengt åna så laksen ikkje fekk gå opp. Hans Johannesson Ueland, som hadde gjort opptaket til prosessen, vitna ”at hand hafde boet paa Ueland udj een 24 aar, veed at fisken i mange aar iche som i forrige tiider har kommed op i elven. Alt fordj de Høllands mænd har stængt elven ved Høllekiæret, saaledes at fisken iche kand komme derigiennem, og desuden gjør og dend stengsel eller tvergiærder ved Høllandz, og Ognæs laxekar sit dertil. Men i særdeleshed er Høllekiæret og dend stengsel som er gjort baade med steen og trægreiner det allerværste, saasom fisken ej kan komme der opfor enten våndet er lidet eller stort. 2det vidne, Lars Iversen, er fød paa Ueland og boed der, er nu 50 aar, vidnet det samme som Hans Johannessen. Siger derhos at ingen fisk kand komme op uden naar elven gaar over alt.”

Andre vitne var Torsten Larsen Steinsland, Jens Pederson ibd., Nils Salomonson Tysland, Torgier Olson Ognedal, Sven Pederson ibd. og Anders Gunderson Laxe-svela, som alle vitna at laksen mest aldri kom opp i elva. Det vart ein lang prosess, som enda med at ”paastefnte Høllekiær, saavel som de tvergiærder ved Ougne og Høllandz andet fiskerj bør, ifølge loven, strax nedbrydes”. Og dommen lydte videre: ”Og efterdi disse saaledes har aarsaget denne process, saa tilkiendes de at betahle til citanten, saasom de Høllandz opsidere, som største sagvoldere, hver 4 Rdr. og de Ognæs boboere tilsammen 6 Rdr., Item samtlige til Justice Cassen 3 ort 12 sk., der saaledes. alt udreedes bør 15 dage efter denne doms lovlig forkyndelse, under lovens bydende adfærd.”

Hans Johannesson sine barn:

- a. Omund, f. 11/4 1723, død s. å.
- b. Omund, f. 8/10 1724 (sjå Herredsvela 22).

- c. Inger, f. (1718?), g. m. Knut Monsson Osland.
- d. Ingeborg, f. 9/5 1727, g. m. Henrik Ellingson (11).
- e. Gunnar, f. 4/11 1729 (sjå Herredsvela 23).
- f. Anders, f. 3/5 1733, død 13/11 1745.
- g. Johannes, f. kring 1720 (sjå Eikeland 12).

10. Lars Larsson (8 h.) fødd 4/12 1735, død på Herigstad 29/12 1805. Gift 1) 25/3 1762 med Karen Ellingsdotter (Matingsdal 9 c.) fødd 22/4 1731, død 6/4 1798. Gift 2) i Varhaug 1801 med enkja etter Tollak Nilsson Tuen, Aniksdal, Karen Ellingsdotter (Voll 25 d.). Han hadde 5 barn i første gifte:

- a. Lars Larsson, f. 19/12 1762 (Vatnemot 23).
- b. Barbro, f. 8/2 1767, g. m. Hans Henrikson (12).
- c. Torsten, f. 10/12 1769, død 1770.
- d. Torborg, f. 24/1 1771, var ugift i 1801.
- e. Elling, f. 27/7 1777 (Herigstad, Varh. 39).

11. Henrik Ellingson (Herredsvela 16 a.) fødd 21/11 1729, død 28/9 1816. Gift 31/5 1757 med Ingeborg Hansdotter (9 d.) fødd 9/5 1727, død 27/8 1797. Han tok over parten etter verfare i 1757. Dei hadde 7 barn:

- a. Berit, f. 28/3 1758, død 25/2 1835, ugift.
- b. Guri, f. 27/1 1760, død 25/5 1788, ugift.
- c. Elen, f. 7/2 1762, var ugift i 1801.
- d. Hans Henrikson, f. 1764 (12).
- e. Inger, f. 1766, død 30/5 1790.
- f. Henrik, f. 24/5 1768, g. 1792 m. Joron Eriksdtr. Heigrestad.
- g. Elling Henrikson, f. 9/5 1771 (15).

12. Hans Henrikson (11 d.) fødd 1764, død 17/7 1803. Gift 1) 28/6 1789 med Barbro Larsdotter (10 b.) fødd 8/2 1767, død 14/5 1801. Gift 2) 7/11 1802 med Herborg Henriksdotter (Håland, Varhaug 24 f.) fødd 1768, død 5/2 1852. Han tok over etter Lars Larsson kring 1789. 4 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Lars, f. 15/5 1791, død s. å.
- b. Henrik, f. 19/8 1792, død 12/7 1801.
- c. Karen, f. 1790, død s. å.
- d. Lars Hansson, f. 8/1 1797 (sjå Vatnemot 40).
- e. Hans Hansson, f. 1803 (14).

13. Torger Olson, var gift 10/6 1804 med

enkja etter nr. 12, Herborg Henriksdotter. Han heitte då Torger Olson Veshovd. Eg kan ikkje finna nokon på Veshovd som kan høva på han. Men i 1801 er der ein Torger Olson på Øxnebø, 30 år og soldat, son til Ola Asbjømson og Berta Halvardsdtr. Kanskje har det vore han. Den 9/9 1859 døde ein Torger Olson på Hadland, 86 år gml. Då eg ikkje har funne nokon Torger Olson på Hadland som kan høva på han, trur eg det var den same som døde der. Torger Olson er nemnd på Ueland frå 1804 til 1850 som brukar av 12 mark smørs landskuld. Torger Olson og kona tok over bruket etter Hans Henrikson. Dei fekk ei dotter:

- a. Ingeborg Karina, f. 5/5 1808, g. m. Lars Svenson Helvig (17).

14. Hans Hansson (12 e.) fødd 1803, død 5/12 1883. Gift 7/11 1832 med Guri Andersdotter Steinsland (Homse 1 d.). Han hadde budd på Herredsvela (sjå der 36) og kom til Ueland i 1845.

15. Elling Henrikson (11 g.) fødd 9/5 1771, død 7/3 1840. Gift 11/6 1798 med Berta Omundsdotter, fødd i Bjerkreim 26/10 1766, død 1844, dotter til Omund Torgerson Ognedal og Guri Ellingsdtr., f. Helland. Han hadde teke over faren sitt bruk og var der i 1838. Deira barn var:

- a. Henrik Ellingson, f. 11/8 1799 (16).
- b. Omund, f. 24/4 1803, død s. å.
- c. Hans, f. 30/3 1806, død s. å.
- d. Omund, f. 6/7 1804, død s. å.
- e. Elling, f. 23/3 1807, død 1808.

16. Henrik Ellingson (15 a.) fødd 11/8 1799, død 6/6 1863. Gift 29/3 1829 med Taletta Nilsdotter (Høiland 19 g.) fødd 27/10 1805, død 3/12 1871, på Bjelland hjå sonen Elling. Henrik Ellingson er kalla husmann då han døde. 7 barn:

- a. Berta Malena, f. 13/4 1830, død 1898, ugift.
- b. Berta, f. 25/9 1833, død 1897.
- c. Elling, f. 2/8 1835 (sjå Bjelland, Fuglestad 55).
- d. Nils, f. 5/10 1838.
- e. Nils, f. 22/4 1841.
- f. Taletta, f. 15/5 1843, g. m. Lars Monsson (Haugland, Varh. 30).
- g. Berta Elisabet, f. 21/11 1845. Ein son: Laurits Fuglestad (sjå Vettelund 79).

17. Lars Svenson, son til Sven Ellingson Marn under Helvig og Guri Tolleivsdtr. Fødd 8/11 1812, død (1860?). Gift 11/6 1837 med Ingeborg Karina Torgersdotter

(13 a.) fødd 5/5 1808, død 27/4 1873 på Mauraheia, Herigstad. Han tok over bruket etter verfaren (?) 3 barn er nemnde:

- a. Hanna, f. 18/12 1840, g. m. Kristian Torkelson Undheim (sjå Fuglestad 43).
- b. Guri, f. 10/7 1842, g. m. Andreas Larsson (Fuglestad 41).
- c. Torger Larsson, f. 31/5 1845, g. m. Guri Svensdr. Budde på Helvig.

18. Hans Hanson (14, sjå Herredsvela 36 b.) fødd på Steinsland 24/12 1836, død 1912. Gift 5/11 1857 med Gunhild Olina Tolleivsdtr., fødd i Bjerkreim 24/12 1836, død 1920, dotter til Tolleiv Pederson Gravdal og Torgjerd Pedersdr. Han er førd i mantallet i 1875 på bnr. 3. Barn:

- a. Hans Hanson, f. 11/6 1860 (22).
- b. Guri Alette, f. 21/10 1862, g. m. Hans Pederson Gravdal. (Dei var dobbelt søskenbarn.)
- c. Marta, f. 8/1 1865, g. m. Tønnes Mikal Olson Dranga i Helleland.
- d. Tolleiv, f. 1/1 1868, g. m. Lydia Pedersdr. Eikeland i Bjerkreim. Budde på Dranga i Helleland.
- e. Halvor, f. 27/6 1875. Gift og budde på Egestøl.
- f. Gunhild Olina, f. 1/8 1875.
- g. Gesine Vilhelmine, f. 4/3 1878, g. m. Herman Johanneson (Kverme 29).
- h. Hanna Otelia, f. 9/9 1881, g. m. Nils Olson Gravdal.

19. Tollak Svenson (Eikeland 22). Han kom til Ueland i 1847. Han var gift med Ingeborg Roaldsdr. (Eikeland 18 a.) fødd 4/8 1818. Han budde på bnr. 1 etter Henrik Ellingson i 1850. Barn:

- a. Sven, f. 11/6 1845 (Vatnemot 60).
- b. Berta Serina, f. 29/1 1847, g. m. Tobias Olson Lende (Kvia i Nærbø 60).
- c. Retsius, f. 30/5 1848.
- d. Elen, f. 1/6 1850, g. m. Kristian K. (Fuglestad 43 c.).
- e. Tollak, f. 9/6 1853, g. m. Anna Andreasdr. Undheim. Budde på Tunheim.
- f. Anne Berte, f. 21/7 1860, g. m. Ola Johanneson (Friestad 63).
- g. Enok, f. 2/6 1856, g. m. Maria Torkelsdr. Budde på Aurenes i Time.
- h. Inger Serina, f. 14/5 1858, g. m. Jakob Anderson (Vatnemot 42 c.).
- i. Elisabet, f. 9/4 1863.

20. Villas Klausson, son til Klaus Anderson Fuglestad i Bjerkreim frå Vikeså og Anna Larsdr., f. Sveta. Fødd i Høyland i 1822, død 1903. Gift med Kari Nilsdr., fødd

17/10 1825, død 1913, dotter til Nils Nilsson Kløgetveit og Ingeborg Olsdr., f. Fjermedal. Han budde på bnr. 1 etter Tollak Svenson i 1875. Ikkje barn.

20B. Torger Olson er førd i matrikkelen i 1886 saman med Tollak Svenson. Torger var på bnr. 3 og Tollak på bnr. 1 og 2. Dette må vera ei mistyding, for Torger Olson, nr. 13, døde i 1859, og Tollak Svenson var reist frå Ueland før 1886. Det var Villas Klausson og Hans Hansson (18) som var på Ueland i 1886.

21. Enok Olson, brorson til kona hans Villas Klausson, son til Ola Nilsson Kløgetveit og Ingeborg Omundsdtr., f. L-Sveta. Han hadde nok vakse opp hjå Villas og Kari på Ueland og tok over bnr. 1 etter dei. Gift 1893 med Siri Svalesdr., fødd i Bjerkreim, dotter til Svale Gåsland. Han er førd i 1900 og 1906, og Villas og Kari budde hjå han. Barn:

- a. Ola, f. 1894, død ugift.
- b. Inga, f. 15/5 1896, død ugift.
- c. Sem, f. 18/7 1896 (Sirevåg 178).
- d. Vilhelm Kornelius, f. 28/1 1901, g. m. Margit Gåsland. Bur på Buerskog.
- e. Gurine Maria, f. 24/10 1902, g. m. Herman Årli, Kvinnedal.
- f. Anna, f. 12/4 1905, g. m. Erik T. (Nærland i Nærbø 56).
- g. Selma, f. 6/3 1907, g. m. Ole R. Pollestad. Bur på Erga.
- h. Karina, f. 18/5 1909, g. m. Harald Stuhaug. Bur på Sandei.
- i. Edvin Ludvig, f. 5/8 1911 (Høyland i Nærbø 211).
- j. Sigurd, f. 2/4 1914, g. m. Paula Seglem. Bur på Eigerøy.
- k. Martin Nikolai, f. 31/3 1916, g. m. Randi Erga. Bur på Erga.
- l. Ingrid, f. 24/2 1918, g. m. Peder Ragnvald Gjermestad, bur der.

22. Hans Hanson (18 a.) fødd 11/6 1860, død 1945. Gift 1909 med Elen Johanna Pedersdr. (Homse 3 a.) fødd 10/10 1876, død 28/11 1958. Han var på bnr. 2 og 3 i 1906. Då er Peder Gabrielson Homse nemnd på bnr. 4. Barn:

- a. Gesine Othelia, f. 26/7 1910, g. m. Ole Johan Herredsvela (23).

23. Ole Johan Herredsvela (Herredsvela 45 og Bogsdalen 19 c.) fødd 7/6 1899, død 1966. Gift med Gesine Othelia Hansdr. (22 a.) fødd 26/7 1910. Han tok over bnr. 1 i 1932. Barn:

- a. Hans, f. 2/9 1932.

- b. Agnes, f. 11/5 1934, g. m. Ivar Friestad. Bur på Sandnes.
- c. Eldbjørg Judith, f. 12/10 1936, g. m. Harald Ingvaldsen. Bur i Egersund.
- d. Johan, f. 27/4 1940, g. m. Aud Solveig Olsen. Bur på Hana.
- e. Gerd Oddny, f. 29/3 1944, g. m. Øystein Henriksen. Bur på Helvig.
- f. Per Kåre, f. 17/8 1947, g. m. Heidi Vinningland. Bur i Lillestrøm.
Han selde Ueland i 1954 og flytta til Helvig.

G. nr. 124. Øvrabø

Øvrabø tyder den øvre garden.
Grenser mot sør til Eigersund, mot vest til
Ualand og mot nord og aust til Bjerkreim.
Jorda er morene, myr og fjell.

35. Tønnes Klausson Fuglestad
36. Anders Klausson Fuglestad
37. Karl Tønnesson Øvrabø
38. Hans Immanuel Øvrabø

NAMNEREGISTER

1. Jakob paa Øffrebøe
2. Tore Størkardson
- 2b. Lasse Øvrebø
3. Asser Rasmusson
4. Ola Øvrebø
5. Sven Ivarson
6. Gullef Øvrebø
7. Tjøl Toreson
8. Mikkel Rasmusson Buarskog
9. Asbjørn Gunnarson
10. Børild Olson Sagland
11. Lars Omundson Eikeland
12. Knut Øvrebø
13. Torkel Hoskuldson
14. Asgaut Gullikson Bogsdalen
15. Lars Torstenson Steinsland
16. Tore Toreson Matingsdal
17. Lars Larsson (Svela?)
18. Kjetel Olson (Hetland?)
19. Kjetel Osmundson
20. Omund Omundson Solberg
21. Peder Larsson
22. Arnbjøm Rasmusson
23. Eivind Nilsson Eikeland p.h.
24. Nils Nilsson
25. Tollak Torgerson
26. Njædl Øvrabø
27. Osmund Øvrabø
28. Rasmus Olson (Gravdal?)
29. Rasmus Svenson
30. Nils Karlson
31. Ola Larsson Øvrabø
32. Ola Rasmusson
33. Lars Olson Skurve
34. Elias Jakobson

1. Jakob paa Øffrebøe skatta 1/2 dalar i
1603. 7 dalar i 1613.

2. Tore Størkardson er førd i 1645 med
kone og 1665. Fødd kring 1605, død 28/11
1686. Var kanskje gift med Guri som døde
8/3 1685, 70 år gml. Han var trulig son til
Styrkar Tengesdal nemnd i sak 18/6 1624
då Siri Gundersdtr. (Siris mor var Valborg
Toresdtr. Hetland) saksøkte sin mann
Styrkar som hadde forlatt henne og hennes
barn. Stvgr. Domkap. Protokoll, trykte
utgave s. 369. Styrkar er vel han som i
1664 er på Ege, 100 år.

2B. Lasse Øvrebø, husm. 1628 og forarmet
1638, 1 mark skatt.

3. Asser Rasmusson er førd i 1645 med
kone. Det døde ei Guri Øvrebø i 1685, og
ei Berit Øvrebø i 1690, 92 år gml. Asser si
dotter var truleg:
a. Ragnhild Assersdtr., f, kring 1660, g.
m. Torkel Hoskuldson (13).

4. Ola Olson Øvrebø nemnd i 1665. Fødd
kring 1605. Hans barn var vel:
a. Elen Olsdtr., f. 1676.
b. Ola, f. kring 1664.
c. Torborg, f. 1673, død 1675.

Frå 1676 til 1726 er ikkje innførde nokon
barn frå Øvrebø i dåpsboka utan eit
guttebarn, son til jenta Kirsten Taraldsdtr.
Øvrebø og drengen Erik Tjærandson Ognå.

5. Sven Ivarson førd i 1701, fødd kring 1667. Gift 29/3 1701 med enkja Aasa Tørresdotter på Øvrabø, f. på Braut (sjå Sirevåg 41). Tjener i 1701: Nils Olson Berland p.h., Bjerkreim, 10 år.

6. Gullef Øvrabø nemnd i 1684, då eit dødfødt barn er førd i kyrkjeboka. Han er ikkje nemnd annan stad.

7. Tjøl Toreson er førd i 1719. Han var fødd kring 1678, død 1720. Kona er ukjend. Ei Turid Øvrabø var fadder hjå Lars Ivarson Ualand i 1722. Ho var gift med ein Ljøde Toreson i 1708 og med Omund Rasmusson Buarskog i 1731. Desse var kanskje Tjøl Øvrabø sine barn:

- a. Joron Tjølstr., død 1720, 8 år.
- b. Tollef Øvrabø, død 1723, 7 år.

8. Mikkel Rasmusson Buarskog budde på Øvrabø i 1718. Han var fødd kring 1665. Gift med Mette Tollaksdotter, død på Øvrabø 1718, skifte etter henne der det året 17/9. Ho var dotter til Tollak Store Ege i Eigersund og Ågott Kristoffersdr. Ved skiftet er nemnde 7 barn:

- a. Marit, f. 1695, var ugift i 1741.
- b. Erik, f. 1701.
- c. Erik, f. 1704, død før 1741, ugift.
- d. Tollak, f. 1706, var død før 1741.
- e. Ljøel, f. 1709, budde på Buarskog.
- f. Mikkel, f. 1710, død før 1718.
- g. Malena, f. 1713, budde i Bergen i 1741. Mikkel Rasmusson gift 2) 1719 med Malena Villumsdotter Nævlund. Han døde på Buarskog i 1741, skifte etter han 2/10 det året. 4 barn er då nemnde:
- h. Mette.
- i. Eli.
- j. Berit.
- k. Marit.

9. Asbjørn Gunnarson Øvrabø, fødd kring 1690, død på Sædre i Bjerkreim i 1730. Gift i Ognå 27/12 1725 med Marit Larsdotter, fødd kring 1700. Han heitte Halleland då han var gift, men berre Gunnar Sædre då han døde. Asbjørn er nemnd på Øvrabø i 1726 og 1730 då han hadde barn til dåpen.

I 1728 brann husa på Øvrabø: "Da Sr. Laurtz Smith, som fuldmægtig for Lectoratetz godz, hafde ved lensmanden Rasmus Haar indstefnt Lars og Hans Ufveland, Nield Lintiørn og Adser Hølleland, for at gjøre deres bekiendelse og aflegge deres vidnesbyrd om gaarden Øfrebøes opbrendelse, hvoraf allene møtte Hans Ufveland og Nield Lintiørn, som vidnet, at Onsdagen

nest efter sidstleden Kyndelsemessedag dend 4de Februarj 1728 saae de begge med flere dend gaard Øfrebøes u-lychelige ildebrand, saa at ej allene huusene, men end og alt det foor af halm og høe som gaarden tilhørte blef lagt i aske. Huilchet og dend gandsche tingsøgende almue er bekient, og af dem nu tillige omvidnet. Hvorpaæ et tingsvidne blef begieret, for derved at søge deres Ko. Ma. naade til skattefrihed."

Det er ikkje sagt i referatet kven som budde på Øvrabø då, men det var just i den tid at Asbjørn Gunnarson var der. Der er nemnde 2 barn:

- a. Marit, f. 13/10 1726.
- b. Karen, f. 10/9 1730.

10. Børild Olson (Sagland?). Gift i Bjerkreim 1/1 1731 med enkja etter (Asbjørn Sædre) Marete Larsdotter Sædre. Truleg har Asbjørn flytta til Sædre då husa på Øvrebø brann. Som Asbjørn hadde budd på Øvrebø og døde på Sædre, så budde Børild på Sædre og døde på Øvrabø. Han var fødd kring 1700 og døde 24/4 1741. Han hadde ikkje budd lenge på Øvrabø då han døde, for dei 4 barna var f. på Sædre:

- a. Joron, f. 1732.
- b. Asbjørn, f. 1733, død på Øvrabø 1742.
- c. Ola, f. 1737, død på Øvrabø 9/5 1741.
- d. Lars, f. 1739.

11. Lars Omundson var son til Omund Svenson Eikeland p.h. i Bjerkreim. Fødd kring 1697, død 23/12 1746. Gift 21/6 1716 med Guri Johannesdotter Vigesdal som der var skifte etter 21/4 1742. Gift 2) i Ognå 27/3 1742 med enkja Marit Larsdotter Øvrabø. Med den første kona budde han på Eikeland p.h. og med den andre på Øvrabø. Der var skifte etter han 4/3 1747. Han hadde 7 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Ingeborg, f. 1717.
- b. Omund Larsson, budde på Nævlund i Eigersund.
- c. Johannes, f. 1720.
- d. Gard Larsson, f. 1722 (sjå Hadland 19).
- e. Ola, f. 1728, død før 1742.
- f. Elling, f. 1732, død før 1769.
- g. Inger, f. 1736, død 1742.
- h. Lars, f. 1742, død s. å.
- i. Guri, f. 1744, g. 1) m. enk. Ola Pederson Haugseng, g. 2) m. Nils Jensson Haugseng (sjå der 5 og 6).
- j. Johannes, f. 1746, død s. å.
- k. Lars, f. 1747 (sjå Sirevåg 73).

12. Knut Øvrabø kalla seg Knut Feed og var gift med Anna Sonesdr. Sjå meir om han under (Hetland 76). 2 barn er nemnde:

- a. Salomon, f. 19/1 1739, død s. å.
- b. Salomon, f. 23/12 1739.

13. Torkel Hoskuldson var gift med Ragnhild Assersdotter (3 a.). Ho døde 27/11 1740. Meir veit eg ikkje om dei.

14. Asgaut Gullikson (sjå Bogsdalen 4). Han hadde budd på Bogsdalen, og kom til Øvrabø kring 1733. Sidan budde han på Sikveland.

15. Lars Torstenson Steinsland var son til Torsten Larsson Steinsland i Bjerkreim og Karen Gulliksdtr., f. Ognedal. Han var fødd 24/2 1715. Gift 11/12 1735 med Karen Andersdotter Eikeland p.h. Han budde på Øvrabø i 1736 etter Asgaut Gullikson. I 1737 var han komen til Steinsland og er ikkje nemnd seinare. Barn:

- a. Anders, f. på Øvrabø 29/1 1736.
- b. Torstein, f. på Steinsland 1737.

Desse 7: nr. 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15 budde berre ei stutt tid på Øvrabø, anten samstundes med, eller før Lars Omundson. Enkja Marit Larsdtr. brukte garden til 1755. Då gifta ho seg att, truleg for fjerde gongen.

16. Tore Toreson (Matingsdal 6 i.) fødd kring 1701, død 1764. Gift 1) med ukjend. Gift 2) 26/1 1755 med enkja etter Lars Omundson (11) Marit Larsdotter, død 20/4 1768, skifte etter henne 15/10 d.å. Ikkje barn.

17. Lars Larsson, truleg son til Lars Larsson St.-Svela og Anna Rasmusdtr., f. Bjordal. Fødd 24/6 1727. Gift 20/6 1756 med Eli Pedersdotter, fødd 1728, død 29/3 1794, truleg dotter til Peder Svenson Hytland og Eli Kristensdtr., f. Øgrei. Dei tok over Øvrabø etter Tore Toreson i 1766. 5 barn f. i Bjerkreim og 3 på Øvrabø:

- a. Lars, f. 1757.
- b. Peder Larsson, f. 1759 (21).
- c. Anna, f. 1760.
- d. Lars, f. 1766.
- e. Sven, f. 1763.
- f. Marit, f. 1767 i Ogna.
- g. Rakel, f. 1769.
- h. Lars, f. 1770 (var kanskje son til Lars Larsson, 11 k.).

18. Kjetel Olson er førd i futerekneskapen 1778/1781 etter Lars Larsson. Han kan ha vore Kjetel Olson Netland i Bjerkreim, fødd 1736, gift 1761 med Ingeborg Torgersdtr. Ognedal, men det er berre ein tanke utan

minste prov. Han er ikkje nemnd i kyrkjeboka etter 1761, korkje i Bjerkreim eller Ogna.

19. Kjetel Osmundson er førd i 1789 etter Kjetel Olson. Han var truleg identisk med Kjetel Osmundson, husmann på Haugland i Varhaug, død 1792 (sjå der nr. 20). Han var fødd kring 1720, gift med Elen Villadsdotter, fødd kring 1722, død 1792. Ved skiftet etter dei 5/7 1792 er nemnde 4 barn:

- a. Villas Kiddelson (sjå Sirevåg 85).
- b. Osmund Kiddelson (sjå Haver 20).
- c. Helga, f. 1759, g. 1) m. Lars Olson Helvig, g. 2) m. Jon Larsson Rosseland.
- d. Berta Helena, f. 1769.

20. Omund Omundson, son til Omund Bårdson Solberg i Bjerkreim og Inger Omundsdr., f. Gjeitreim. Han var fødd i 1764, død på Øvrabø 27/9 1807. Gift i Bjerkreim 24/6 1790 med Ingeborg Larsdotter (Øvrabø 17). Han er førd på Øvrabø etter nr. 19 1800/1801. I 1801 er han komen til Veshovd i Eigersund, men barna er framleis døypte i Ogna frå Øvrabø. Der er nemnde 5 barn:

- a. Omund, f. på Bue i Bjerkreim 20/3 1791.
- b. Berit, f. på Øvrabø 11/10 1794.
- c. Lars, f. 14/5 1797.
- d. Torkel Omundson, f. 1802 (sjå Sørskog 3).
- e. Ingeborg, f. 1/3 1807.

21. Peder Larsson (17 b.) fødd 1759, død 22/9 1811. Gift i Bjerkreim 24/5 1792 med Ingeborg Torgersdotter, fødd 1769, dotter til Torger Tolleivson Eikeland, Holmen og Gjertrud Børildsdtr. Han er førd 1801 til 1811 etter nr. 20. 3 barn:

- a. Lars, f. på Ødegården (Birkeland?) i Bjerkreim 1/10 1797.
- b. Torger, f. på Øvrabø 29/8 1802.
- c. Tolleiv, f. 5/5 1808.

22. Ambjøm Rasmusson, son til Rasmus Omundson Tengesdal og Torborg Arnbjømsdtr., f. Hetland. Fødd 19/1 1783. Gift i Eigersund 3/12 1822 med Stine Andersdotter, fødd 26/9 1798, dotter til Anders Kristofferson St. Ege og Anna Torgersdtr., f. Tengs.. Arnbjøm er førd i 1823 og 1824, men han heitte Arnbjörn Øvrabø då han vart gift i 1822, og hadde nok budd der ei tid då. Eit barn er nemnd:

- a. Anders, f. 29/1 1823.

23. Eivind Nilsson, son til Nils Eivindson

Egeland p.h. frå Tengesdal og Anna Olsdtr. Eikeland, f. Sagland. Fødd 19/12 1773. Gift 9/11 1801 med Inger Rasmusdotter Tengesdal, fødd 18/3 1778, søster til nr. 22. Dei budde på ymse stader. I 1803 er dei på Ege i Eigersund, på Gåsland i 1807 og i 1810 på Eikeland p.h. I 1814/1818 var dei på Tengesdal, og så møter me dei att på Øvrabø i 1825, etter nr. 22. Der vart det heller ikkje nokon verande stad for dei, berre til kring 1830. Dei 5 barna me har funne, var fødde på dei ymse stadene, men ingen på Øvrabø:

- a. Anna på Ege 1803, g. m. Ola Viljenson (Vatnemot 35).
- b. Rasmus på Gåsland 1807.
- c. Torborg på Eikeland 1810.
- d. Isal 1814 og
- e. Abraham 1818, begge på Tengesdal.

24. Nils Nilsson er førd på Øvrabø 1830/1832.

25. Tollak Torgerson er førd saman med Nils Nilsson 1830/1832.

26. Njædl Øvrabø er nemnd 1836/1837.

27. Osmund Øvrabø skal etter Varden sine oppskrifter ha budd der i 1836. Han kan kanskje ha vore son til Helge Børildson Øksnabø i Eigersund, fødd 16/7 1794. Var visst gift med Valborg Pedersdotter (Grønnefed, Oгна 55 a.) fødd 1799. Han hadde budd på Helvig, men kunne kome til Øvrabø. Ingen barn var f. på Øvrabø, men 3 på Helvig:

- a. Inger, f. 1820. Ho vart g. m. Rasmus Olson (28).
- b. Helge, f. 30/11 1828.
- c. Elisabet, f. 24/9 1832.

28. Rasmus Olson (sjå Vigrestad 40). Eg har grunda lenge på kva dette kunne vera for ein mann. Nå er eg komen til at han var son til Ola Rasmusson Gravdal frå Tengesdal og Torgjerd Pedersdtr. Gravdal. Han var då brorson til nr. 22 og til kona åt nr. 23. Han var fødd 29/4 1824. Gift i Eigersund 20/6 1844, 21 år gml., med Inger Osmundsdotter Helvig (27 a.) fødd kring 1820. Rasmus Olson budde på Øvrabø i 1847 då ei dotter var døypt. Ein son var truleg f. i Eigersund og 3 på Vigrestad:

- a. Ola, f. (i Eigersund?) 1845.
- b. Valborg, f. på Øvrabø 10/4 1847.
- c. Omund, f. 8/12 1849.
- d. Andreas, f. 23/2 1853.
- e. Reinert, f. 20/4 1854.

29. Rasmus Svenson brukte 6 mark talg og

1/2 hud landskuld, bnr. 1, i 1838. Gift med Torgjerd Knutsdotter. Dei hadde tvillingar til dåpen:

- a. Knut, f. 1/1 1839.
- b. Ingeborg, f. 1/1 1839.

Dei var då på Øvrabø før Rasmus Olson. Eg har inga meining om kvar dei var frå.

30. Nils Karlson brukte den andre parten i 1838 samstundes med Rasmus Svenson. Kona og barn er ikkje nemnde, og eg veit ikkje kven han var.

31. Ola Larsson Øvrabø døde 26/9 1861. Noko anna veit eg ikkje om han.

32. Ola Rasmusson. Varden seier at han var saman med Rasmus Svenson i 1838, men det har eg ikkje funne noko anna prov for, og eg er ikkje visare om han enn om dei 3 sistnemnde.

33. Lars Olson Skurve (sjå Hadland 29) brukte heile Øvrabø i 1850/1852.

34. Elias Jakobson var på Øvrabø i 1859, då ei dotter var fødd. Han var gift med Elisabet Olsdotter. Det har vore uråd å finna ut kven desse folka var. Den 4/11 1859 fekk dei ei dotter: Lovisa. Fadrane var: Stine Nilsdtr. Eie, Herborg Hansdtr. Ueland, Anna Maria Omundsdtr. Berglyd, Sven Villasson Sirevåg, Elias Olson Ørslund og Sivert Sigbjørnson Eie. Eg har tenkt meg at Elias kanskje var soneson til Jakob Omundson Berglyd i Sokndal og Inger Ivarsdtr., og at Anna Maria Osmundsdtr. Berglyd var dotter til Ommund Jakobson Berglyd, 5 år i 1801. Elisabet Olsdtr. kan ha vore dotter til den Ola Larsson Øvrabø (31) som døde i 1861, 85 år gml., og mora kanskje den folge-enkja, Kari Larsdtr. frå Bjerkreim, som var hjå Tønnes Klausson i 1875 og døde 13/10 1881. Men dette er berre lause funderingar, og må ikkje tas for anna.

35. Tønnes Klausson Fuglestad var bror til Villas Klausson (sjå Ueland 20). Fødd i Høyland 17. mai 1826, død 1916. Gift i Høyland 3/7 1860 med Johanna Danielsdotter Austvoll, fødd 1832, død 1910, då ein olm stut tok henne av dage. Ho var faster til David Hansson Fossfjell (Vetteland 84). Tønnes Klausson og broren Anders kjøpte Øvrabø av Elias Jakobson i 1860, og då fylgde vel folge-enkja Kari Larsdtr. med. Der er nemnde 6 barn:

- a. Taletta, f. 1862, g. m. Nils Nilson (Vetteland 70F.).

- b. Karl Tønnesson, f. 19/10 1863 (37).
 c. Anna Dorthea, f. 18/12 1865, g. m. Teodor Tønneson Svindland.
 d. Inga Maria, f. 27/9 1868, død 1/3 1876.
 e. Anders, f. 21/12 1870, død 9/3 1876.
 f. Alette Vilhelmine, f. 25/12 1875, død 7/2 1876.
36. Anders Klausson, bror til 35. Fødd i Høyland kring 1820. Kjøpte Øvrabø saman med broren i 1860. Gift 5/11 1868 med enkja etter Sivert Ivarson Skretting, Gjert-rud Gabrielsdtr. Han flytta seinare til Skretting.
37. Karl Tønneson (35 b.) fødd 19/10 1863, død 24/3 1922. Gift 1892 med Anna Hansdtr. Polden, fødd i Helleland 7/6 1864, død 7/6 1951. Søster til sersjant Polden. Han tok over Øvrabø etter faren og er førd der i 1900 og 1906. Barn:
 a. Theodor Johan, f. 1893, død 1972. Budde i Amerika.
 b. Hans Immanuel, f. 8/5 1896 (38).
- c. Anders Bertinius, f. 20/5 1898, g. m. Olga Lintjörn (Lintjörn 30 i.). Busett på Helvig.
 d. Kjell Arnold, f. 3/12 1899. Busett og gift i Amerika.
 e. Amanda Maria, f. 3/8 1901, g. m. Elling Vinningland, Bjerkreim.
 f. Johanna, f. 17/6 1903, g. m. Åsmund Svensen. Budde i Amerika.
 g. Julius, f. 22/2 1904, død 1905.
38. Hans Immanuel Karlson (37 b.) fødd 8/5 1896. Gift med Anna Gunvor Agathe Berge, fødd i Høyland 3/5 1908. Dotter til Lars Omundsen Berge frå Gjesdal og Berta Semsdtr. Lima. Han tok over Øvrabø i 1922. Barn:
 a. Kjell Arthur, f. 14/9 1928.
 b. Lars Bjarne, f. 18/7 1931, g. m. Gerd Mikalsen. Bur på Sandnes.
 c. Helga Gunvor, f. 30/9 1937, g. m. Kåre Hausken. Bur i Torvastad.
 d. Rein, f. 23/4 1945, g. m. Erna Risa. Bur på Vigrestad.
 e. Ester Johanna Torhild, f. 16/2 1950.

*Tillegg og rettinger
til Gards- og Ættesoga for
Varhaug og Vigrestad*

Side 13: Djøseland 47 b. Ole Tjemsland tok over heimebruket på Tjemsland. Det meste av bruket vart selt til skuletomt. Etter hans død overtok broren Tobias resten av eigedomen, og etter at han var død, gav enka Sina den til Varhaug kommune til tomt for gamleheim. Der er nå bygd 6 aldersbustader. Det gamle våningshuset vert nytta til barneparkering.

Djøseland 47 e. Enevald Tjemsland f. 1886, ikkje 1868. Enevald kjøpte eit jordstykke av Olav Bjorland, dyrka eindel og selde sidan til Varhaug meieri.

Side 14: Ole Bertinius Smaahaug, Djøseland 56. Der manglar to born:

- Malena, g. m. Mandius Korneliussen frå Eigersund. Bur i Amerika.
- Selma, g. m. Eilert Eliassen frå Bergen. Bur i Klepp.

Side 15. Djøseland 60. Odd Olsen Aanestad 101 g kjøpte garden av morbroren Johan Djøseland 52 d i 1953. Johan hadde kjøpt den av Andreas Djøseland 53 i 1938.

Odd Aanestad sine barn som ikkje er nemnde:

- c. Jane Kristine, f. 21/4 1961.
- d. Tom Johnny, f. 29/10 1962.
- e. Inger Elise, f. 4/9 1964.
- f. Onar, f. 14/6 1971.

Djøseland 61. Ommund Aarsland 46 e. Fleire barn:

- e. Jan, f. 17/5 1961.
- f. Kristin, f. 24/8 1968.

Djøseland 62. Ole Tønnesen gift 1943 ikkje 1945.

Tillegg på Djøseland:
Andreas Egeland, f. 11/3 1934, foreldre

Dagmar og Halvor Egeland, Ganddal, g. 14/10 1961 m. Bjørg Sleveland, foreldre Teodora og Sven Sleveland, Helleland. Han kjøpte garden gnr. 39, bnr. 9 av enka Elisa Djøseland 59 i 1969 og bygde nye hus opp mot jernbanen.

Side 24: Hobberstad 49. Torsten Tobias Eriksen. Etter konkursen budde han lenge i jentehuset på Hobberstad, som stod litt nordanfor det gamle huset til Erik Rasmusen 45. Han flytte derifrå og leigde på eit par stader på Varhaugstasjonen, men kjøpte til slutt det vesle huset til Lisabet på Revhaug (sjå Varhaug 107) der han døydde i 1933.

Side 26: Hobberstad 66. Erik Olaussen Nord-Varhaug er førd på Hobberstad, skal vera på Nord-Varhaug.

Side 32: Nord-Varhaug 44. Kona Teresia d. 7/3 1963, ikkje 2/3.
44 a. Ingfrid, f. 20/4 1936, ikkje 30/4.

Side 46: Hans Monsen 73 b. Der står at han døydde på Lerbrekk. Det skal vera Reiestad.

Side 48: Kornelius 83 e hadde gard på Haugland i Time og budde der til han døydde.

Side 49: Elen Regina 88 c døydde 3/1 1938, ikkje 26/1 1916.

Side 51-52: Nr. 105 og 106. Det var Lars Nilsen som var bedemann, Jens Jensen var fiskar. Når bedemannen kom til gards, skulle folket på garden samlast i stova og bedemannen stilla seg opp ved døra og seia fram bodet som lydte omlag slik: "Eg skal

helsa frå N.N. og kona og be dykk til brudlaug (gravferd), dag og dato, begge sjølve, adle tenarar og adle boma. Så må de vera gilde og ikkje forsmå bodet.”

Side 52: Erik Olsen 111. Der står at han tok over bnr. 23 etter faren. Det rette er at han kjøpte garden av Ola Olsen 99 b. Mor til Ola, Karen, hadde folga og budde der til ho døydde i 1916.

Side 54. Peder Dalen f. 25/12 1879, ikkje 28/12.

Jakob Nord-Varhaug 123. Her står at Rasmus tok over bnr. 13, det skal vera Jakob.

Side 55: Abraham T. Varhaug 132, gift 1922, ikkje 1923.

Ivar Vold, Varhaug 129. Der står at han kjøpte ymse partar av Varhaug. Det var berre ein liten del som vart kjøpt av Varhaug, det meste var av Bratland.

Varhaug 135 a, Ola Varhaug, g. 1952 m. Sikke Serina Vigre 67 h. Overtok farsgarden i 1969. Barn:

- a. Mary, f. 16/4 1952, g. 3/4 1970 m. Gudmund Rosland.
- b. Keth, f. 20/4 1954.
- c. Olvar, f. 12/7 1958.
- d. Sonja, f. 29/10 1959.
- e. Liv, f. 13/6 1961.
- f. Arvid, f. 21/5 1964.

Hus på Reiestad som er førde under Varhaug:

- 191 Jonas L. Reiestad.
- 193 Dagfinn Ekeland.
- 197 Ragnar Skretting.
- 169 Kias Pederson Haugstad, f. i 1864 ikkje 1964. Det er sonen Eldor ikkje Eldar som no eig huset og er førd på Reiestad 70.

Side 57: Abraham Tjemsland 158 selde huset sitt til Varhaug Forbruksforening.

Sivert Tjemsland 162 var den første styrar av Varhaug Forbruksforening.

Gunnar Pederson Tjemsland sitt vesle hus stod austanfor jernbanestasjonen. Han lappa skor og vart difor kalla Pinna-Gunnar. Lengst sør i stasjonen bygde ein bakar som heitte Gunnar eit hus med bakaromn i kjellaren. Denne Gunnaren vart kalla Stompa-Gunnar avdi han baka stomp, slik at der var eit greitt skilje mellom dei to

Gunnarane. Stompa-Gunnar sitt hus er og nedrive. Det var dette huset som Rasmus S. Haaland og sidan Sven Reiestad åtte.

Magnus Varhaug 154 b. Ei dotter, Eli, f. 24/6 1953.

Side 58: Johan Rasmussen var ei tid styrar av Varhaug Forbruksforening.

Side 62: Tillegg Varhaug:

Mikal Haugstad 46 e, f. 2/6 1861, d. 1923, g. m. Sofia Horpestad frå Klepp, d. 1944. Han var smed på Vigrestad og dreiv seinare handel først på Vigrestad og så på Varhaug i huset som stod der den gamle banken er no.

Side 69: Ola Olsen Nygaard, Bratland 31. Ole — ikkje Ola. Han overtok ikkje plassen etter verfare, men etter ei halvsystem til verfare, Elisabeth Henriksdtr. (sjå Sør-Varhaug 107). Huset som ho budde i på Revhaug, vart slept over markene heilt til Nygård. Etter at ho selde til Ole, bygde ho det vesle huset ved Aanestadvegen, som seinare Tobias Hobberstad 49 budde i, og som no Sina Varhaug 113 c har.

Side 70: Ole R. Hobberstad, Bratland 44, åtte i over 20 år småbruket Sørheim av Reiestad bnr. 15, til han i 1950 vart sjuk og flytta til sonen Abraham der han døydde 9/5 1955. Eldste barnet heiter Rakel — ikkje Rakkell.

Side 76: Lerbrekk 33. Enok Eriksen Reiestad 37 budde på Fidjane av Reiestad, ikkje på Fidjane av Lerbrekk.

Side 77: Olav Lerbrekk 36 h. Handelsmann på Varhaug. Barn:

- a. Odd Toralf, f. 22/2 1937, g. m. Karin Terese Ravndal, foreldre Kaia og Otto Ravndal, Sandnes.
- b. Tron Ansgar, f. 23/6 1945, d. 1946.
- c. Tove Alise, f. 10/6 1947, g. 7/8 1971 m. Asbjørn Abrahamson, Flekkerøy.

Side 80: Lerbrekk 64. Konrad Berland gift med Ingfrid Mo — ikkje Ingrid — i 1950 — ikkje 1951. Eitt barn ikkje nemnd:
Aud, f. 4/9 1954, d. 4/10 1954.

Side 95: Ingeborg Aanestad 97 a. Der står g. m. Petter Olsen Aarrestad fødd i Time, skal vera fødd i Helleland.

Hanna Aanestad 97 e. Det står g. m. Lorets Edvardson i Kanada. Det skal vera i Stavanger.

Side 99: Maria Aanestad 119 a. Der står g. m. Per Skjæveland, politi i Oslo, det rette er kontorsjef i Stavanger.

Magnhild Aanestad 119 b. Politibetjent i Oslo.

Sigrid Kjellaug Aanestad 119, f. 18/8 1937, ikkje 18/7.

Mildrid Aanestad 121 b, f. 10/5 1940, død som barn.

Martin Aanestad 122, f. 6/5 1892, ikkje 24/5 1894. Sonen Eirik 122 e. overtok garden i 1958.

Side 108: Sigvart Ueland, Tvihaug 47. 2 barn til:
e. Oddny, f. 30/3 1958.
f. Sonny Alise, f. 20/3 1962.
Sigvart Ueland har selt garden til Paul Undheim og flytta til Varhaug st.

Side 109: Otto Ueland, Tvihaug 48. 3 barn til:
c. Grete Marion, f. 14/5 1956.
d. Odd Herleif, f. 18/5 1962.
e. Øistein, f. 23/2 1964.
Otto Ueland har flytta til Varhaug st. Fengselsbetjent på Opstad.

Tillegg Tvihaug:

Side 129: Anna Gabrielsen, Ueland 80 b, g. m. Tor Mo som pakta garden til Lars Tvihaug 35 i 10 år. Etterpå bureiste han på Opheim bnr. 21 som seinare Otto Ueland, Tvihaug 48, kjøpte. Sjå elles rettingar Ueland.

Anna Gabrielsen Ueland 80 b, d. 17/2 1951, g. m. Tor Mo, f. 23/11 1901, d. 14/1 1942, foreldre Ingeborg og Tor Mo, Suldal. Barn:

- a. Torleif, f. 6/7 1924, d. 1969, g. m. Lilly Marie Spjelkavik, Ålesund.
- b. Ingfrid, f. 15/1 1931, g. m. Konrad Berland, Lerbrekk 64.
- c. Arne Georg, f. 1932, d. 1934.
- d. Astrid Gudbjørg, f. 12/11 1936, g. m. Karl Østraat, foreldre: Karen og Paulus Martin Pedersen, Østraat, Sandnes.
- e. Aud Torunn, f. 3/11 1940, g. m. Sigvart Frøyland, foreldre Ingeborg og Ingvald Frøyland, Kvemaland.
Sjå elles tillegg på Tvihaug.

Side 148: Luther Omundsen Haugstad, Nord-Tjemsland 40, f. i Helleland, ikkje i Fredrikstad.

Side 149: Kristian Haaland, Tjemsland 45 d. Overtok farsgarden og åtte den i 18 år før han selde den til broren Sverre nr. 57, Kristian bygde seg då hus på eit stykke av utmarka.

Rasmus Nord-Tjemsland 43 d. Ein son Rolf, f. 23/6 1943, g. 6/1 1973 m. Tordis Gunhilda Fløysvik, f. 27/11 1945. Foreldre Tilla og Godtar Fløysvik, Høle.

Side 150. Halvard Runheim, Sør-Tjemsland 48, kjøpte jord av Ole L. Tjemsland, ikkje av Ole Tunheim.
Sjå elles rettingar til Djøseland 47.
Tomta til skulen på Varhaug er både av Tjemsland og Reiestad.

Arthur Tjemsland 53 e, f. 1935, ikkje 1934.

Side 156: Reiestad 18 d. Berit, f. 1738, d. før eller ikring 1795. Gift m. Tørres Olsen Stangeland i Haaland, død før 1784. Dei hadde ei dotter Ingeborg Margrete Tørresdtr., f. kring 1773. Berit hadde ein son, Nils Nilsson som døydde i Vlissingen i 1812. Faren ukjend.

Reiestad 18 e. Anna Knudsdr. f. 1742, g. 1) m. Ola Toreson Husveg 25, g. 2) i Time i 1776 m. Anders Josefsen Haugland. Budde på Oma.

Reiestad 19. Jan Klausen. Det står han budde på "Briarbakken", skal vera "Bruarbakken".

Side 158: Reiestad 32, Ola Olsen, g. m. Berta Kirstina. Nedanfor i same stykket er ho feil nemnd som Anna Kirstine.

Reiestad 33. Enok Enoksen. Det var ikkje heile bruket som Tønnes Eliassen kjøpte, men dette pluss Fidjane vart bnr. 5. Tønnes E. dreiv garden i 1 år og budde då i den søre delen av huset på heimegarden. I den tida bygde han uthus på garden sin. Så selde han til Ola Olsen 39. Den søre delen av heimehuset må ha vore med i kjøpet for då Ola bygde, så tok han med seg alt som var sørom gangen.

33 b. Elias Enoksen var ikkje husmann. Ikkje bygde han noko hus på garden heller.

159. Reiestad 37 h. Elias Enoksen var gift med Anna Regina Mikalsdr. Tjoland, Fasenøy. Dei budde ikkje i Haugesund, men på Fasenøy i dåverande Avaldsnes.

Reiestad 42. Rasmus Larsson er fødd 10/10 1843, ikkje 11/10.

Ola Olsen 39 døydde 2/2 1921, ikkje 1922.

Side 160: Berta Kristina 46 er f. 29/12 1865, ikkje 30/12.

Side 162: Ola Bjorland, Reiestad 55.
Her manglar Judith, f. 3/3 1941.
55 e. Grete er fødd 3/5 1948, ikkje 3/3.

Side 162: Anton Auestad 64, g. m. Margit K. Skrettingland 33 d, ikkje Nord-Tjemsland 44 f.

Reiestad 59. Ved ein eller annan feil er Ragnvald førd opp som Larsson. Det skal sjølvstakt vere Martinsen som han og er førd rett under 46 b.

Magnus Reiestad 59 b. Der står g. m. Anny Oliva Friestad, det skal vera Eny Oliva. Eny d. 30/3 1973.

Tore 67 a, g. m. Terese, skal vera Terese Byberg. Foreldre Andrea og Torvald Byberg, Sola.

Side 163: Amund Reiestad 75. Fleire barn:
f. Valbjørg, f. 19/1 1958.
g. Ann Brit, f. 9/3 1959.
h. Asgeir, f. 12/5 1961.
i. Inge, f. 4/4 1963.

Andreas Lima 77. Eitt barn til:
c. Kristian, f. 9/6 1957.

Side 164: Olav Asbjørnsen 81. Eitt barn til:
Norunn, f. 22/2 1956.

Ragnvald Hoff 88. Der står Ingrid Sofie Helvig, f. 18/12 1918, skal vera 12/2.

Roald 88 b, f. 21/3 1948, ikkje 31/3

Side 165: Kaare Hognestad, Reiestad 89.
Eldste barnet heiter Jone, ikkje Jane.

Side 169: Ola Toresen, Husvegg 25, g. m. Anna Knutsdtr. Reiestad 18 e, f. 1742, ikkje Berit 18 d. Sjå elles retting Reiestad 18 d og 18 e.

Side 179: Erling Madland 28 a. Der står g. m. Ingeborg Olsdtr. Auestad 52 f, skal vera Auestad 30 f. Gjestal.

Helmik Randulf Mandius Olsen, Madland 30. Der står Ingeborg Elisabet, f. 13/8

1875, d. 27/3 1960. Skal vera d. 11/12 1919.

Torleif 33 b. Der står g. m. Einar Mæland, skal vera Eina.

Side 191: Magnus M. Skrettingland, Odland 77. Eitt barn til:
f. Reidar, f. 1/4 1956.

Side 197: Torbjørn A. Nord-Varhaug, Kydland 47. Karen f. 10/1 1916, ikkje 7/1. 47 a Tordis Dorthea, f. 1/6 1946, ikkje 1/7. Eitt barn til:
d. Tone Karin, f. 16/10 1956.

Side 213: Gustav Skretting 111 f. var først ein tur i Amerika, kom så heim og bureiste på gnr. 42, bnr. 78 som han sidan selde til Karl Primstad, Varhaug 152, og reiste til Amerika att.

Side 216: Guri Skretting 128 f er fødd 1904, ikkje 1914.

Side 217: Ludvig Skretting 139 f, gift 12/9 1969.

Regina A. Skretting 137 c, gift i 1960, ikkje 1940.

Side 219: Erik E. Skretting 149. Eitt barn til:
f. Møyfrid, f. 23/4 1952.

Side 228: Karl Øvestad 38 f var g. m. Elisa Svendsen, ikkje Larina Regine.

Jonas Auestad 38 g. Der står død i Amerika. Han handla ei tid på Varhaug st. og var så farmar i Amerika til han kjøpte gard på Austlandet. Bygde så hus på Tjemsland der han var til han døydde. Eitt barn:

Klara, død i november 1973, 82 år gammal.

Side 230 og 231: Elfrida Lobek, Auestad 52 d og 57 er fødd 24/8 1903, ikkje 24/3.

Side 250: Lars Haaland 90 h. Foreldre til kona: Tomine og Hans Elias Gjersdal frå Lund, seinare busett på Hetland i Ogna, men flytta tilbake til Lund då sonen overtok farsgarden. Ein son:

Lars Jan, f. 28/10 1950. Maskin-ingeniør.

Side 251. Martin Ueland, Haaland 101.

Kjøpte garden i 1926, ikkje 1927. Bur nå i Lardal, Vestfold. Kona død. Barn:

- a. Astrid, f. 6/12 1924, død 1968.
- b. Kristi, f. 12/3 1926, pleier på Dale.
- c. Jonas, f. 4/5 1928, Skretting 140.
- d. Gabriel, f. 27/6 1930, død 1959.
- e. Magne, f. 25/6 1932, handelsbetjent.
- f. Ame, f. 20/6 1934, overassistent kontrollag.
- g. Borgny, f. 30/5 1936, sjukepleier.

Peder Pedersen, Haaland 96, var først gift med Kristina Jonasdtr. Nora Hetland 52 e, Oгна. Budde då på Teigane i Oгна. Ein son Jon, f. 27/3 1906, d. i 1960-åra.

Side 252: Gustav R. Haaland 109. Dei tre siste bama i rekkefølge:

- e. John, f. 17/7 1961.
- f. Geir, f. 24/4 1964.
- g. Oddvar, f. 13/4 1966.

Side 261: Sør-Tjemsland, tillegg:

Jon Sivertsen, Ægraa i Oгна 26 a, g. 30/10 1908 med Berta Šerina Skretting 80 h. Dei var dei siste som budde på Kongvaren.

Side 268: Jakob A. Efjestad 62. Der står han bygde hus på Varhaug st. Jakob kjøpte huset som Magnus Skretting hadde bygt på Tjemsland.

Side 281: Jonas Olsen Dubland, Aarsland 39. To barn som døde som små:

- Ole, f. 22/7 1895, d. 2/8 1895.
- Tilla Marie, f. 15/10 1901, d. 7/12 1901.

Side 331: Nils Olsen Braadet, Voll 127.

Kvitlabraatet.

Det har kome spurnad både frå bygda og utanfrå om dette ordet, eller rettare kva det kjem av.

Svaret må vera greitt nok: Ordet som ligg til grunn for namnet er eit kjent ord i vårt gamle språk: Kvisl (ei). Ordet vart nytta om arm eller grein av elv, om ættlina, kluffa greip (av tre) o.a. Det tilsvarande gjerningsordet tyder å greina seg ut — kvislast. Opphavelag skulle då namnet vera Kvislabraatet. Bortfallet av s-er og pyntinga med ein t i staden må kanskje sjåast som ein god eller mindre god spøk. Sjølve namnet siktar til småbekkjer som greinar seg ut nedover bakkane der (Lars M. Reiestad).

Side 357: Jonas Flaaten, Vigrestad 59 f, g. 18/12 1948 m. Aasbjørg Riise, f. 30/11 1923. Elevatorinspektør. Ordinert pastor i den første frikirke av USA.

Side 358: Rose Marie Flaaten 59 k. Adoptivdatter.

Side 369: Kjetil Ommundsen, Haugland 20, var ifrå Heskestad.

Side 385: Ola Tollakson 13. Der står Aniksdal 26, skal vera Herredsvela, Oгна 20 d.

Side 390: Jens Tollakson, Vetteland, Nord-Halleland 50, var fødd i Oгна, Matingsdal 23 c, 20/5 1855. Han og kona var dei siste som budde på Hesten.